Olav Jortveit



Venneslamålet

Ein sentral og standhaftig dialekt på Agder



«He 'kje dykken dokka dykken?»

Astri Jortveit Horn leverte i 1994 inn si hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Oslo. Oppgåva fekk namnet *«Venneslamålet i eit dialektgeografisk og sosiolingvistisk perspektiv»*. I den samanhengen intervjua ho mellom andre ***Olai Eikeland*** (født 1915), ***Tordis Drivenes*** (født 1929) og unggutane ***Bjørn Arild Reber*** og ***Are Bjørnstad*** (begge født i 1974). Her fylgjer nokre korte språkprøver som m.a. syner at det er liten skilnad mellom det språket dei eldre talar og det dei to ungutane preker:

Arbeid på låven

Olai: Æ he jåbba litt på nabogaren dær 'os Sværre. Æ tru æ va tåll og Ivar va væll ti år. Me va mæ og jalp på låven mæ træskinga.

Så va'kje onkel no veldi svær arbeiskar. Han ville kvile litt, og de hadd'kje me brug fårr, tykte me. Så nå han kvilte og sadd og røykte dær, så sprang me i halmen og i støve. Så blei han i ulag på dettæ. Dær va'kje fre å få: «Kan 'kje dykken sidde still? Då æ va på dykkårs allår, så konne æ sidde heile timane og tænke på åssen vêre va i fjåor på dettæ bele».

Aktivitet i bondekvinnelaget

Intervjuaren: Æ de møe aktivitet i detta lage?

Tordis: Jadå, mi he veldi møe aktivitet. I år æ'de frykteli travelt, rætt og slett. Så he ju bondekvinnelage stilt opp på Vigelann Håvedgår. Og dær he mi ju possa opp bryggårhuse. Dær æ sånn en dåbbel steigåvn som dær æ fyring oppe og nerø. Så dær æ steiging i tåo etasje. Så d'æ igrønnen bare dæn øvårste som æ i sjikkeli i brug, mæn dæn andre ska mi au få reparert. Mæn mi he ju prøvt å bakt dær.

Intervjuaren: Og de jekk fint?

Tordis: Å jadå, å di blei så gåoe!

Intervjuaren: Ja, di bli ekstra gåoe di gammeldagse brøane.

Tordis: Jadå, jadå, di va allså så gåoe!

Litt om Vennesladialekten

Intervjuaren: Åssen tykke dykken Vennesladialekten æ?

Are: Dæn æ fin dæn, dæn æ jo heilt egen.

Bjørn Arild: Bare sånn av og te nå en æ ude og træffe østlænninge, så sjønne di'kje allti å du seie.

Intervjuaren: Legge du om då?

Bjørn Arild: Viss di spør oppijænn, då legg' æ om.

Are: D'æ ænkelte or som «jænge ud», «tykke dykken», så stænne di som et spørsmålstein.

Intervjuaren: Mæn i byen, i Kristiansann, legge dykken om dær?

Bjørn Arild: Nei, dær æ mi stålte a dialekta våres.

Intervjuaren: Di læ 'kje a dialekten dykkårs?

Are: Jau, de hænne de, mæn di he'kje noe å læ a egentli.

Olav Jortveit

«Venneslamålet»

EIN SENTRAL OG STANDHAFTIG DIALEKT PÅ AGDER

Olav Jortveit

Takk til

– Vennesla Tidende v/ redaktør Christopher Johansen og journalist Lars Rasdal for hjelp med flyfoto av Vennesla Sentrum i dag.

– Vennesla Frimerkeklubb v/ Jan Jortveit for tilgang til foto i samlinga av gamle postkort frå Vennesla.

– Astri Jortveit Horn fordi ho har gjeve meg lov til å nytte intervju-tekstar frå hovudoppgåva hennar til forsatsen i boka.

– Trygve og Åse Eikeland Jortveit for lånet av ein del eldre foto og for mykje god språkleg støtte.

– kona mi, Åse T. Jortveit, for framifrå og nødvendig konsulentteneste undervegs i arbeidet med boka.

– alle andre venner og kjente som har bidrege i større eller mindre grad til at boka ***«Venneslamålet»*** med undertittelen ***«Ein sentral og standhaftig dialekt på Agder»*** nå kjem ut.

Treungen i oktober 2010

Olav Jortveit

Grafisk produksjon:
Setesdalstrykk as
Satt med Times News Roman 12/13
Omslagsdesign:
Setesdalstrykk as
Illustratør til ordlista:
Åse Jortveit Sagebakken (13)
Medforfattar til språkprøvene:
Trygve Jortveit
ISBN 978-82-303-1641-2

Innhald

Side

Innleiing ... 9
Folkeleg utgåve ... 10
Starten på arbeidet ... 11
Føremål ... 12
Forkortingar ... 13

Lydverket (fonologien) og målgeografisk plassering ... 13
«Musikken» i språket ... 13
Tonegang el. setningsmelodi (intonasjon) ... 13
Stavingstrykk ... 14
Tonelag (el. tonem) ... 14
Høgtone/lågtone ... 15
E-mål ... 16
Endings-r har falle i ub. fl.tal av substantiv ... 17
Grensekart (1957) over dialektskilnader i Torridal Sorenskriveri ... 17
«Dei blaude konsonantane» ... 18
«Gud/gutt» ... 18
«Kjødd/kjød» ... 18
Skarre-r ... 19
Sj-lyden ... 19
Kort -u- ... 20
Kort -o- ... 20
Tvilyden (diftongen) *åo* ... 20
Ø som rotvokal i enkelte ord der skriftmålet har *y* ... 20
Ein del ord som til dels er lite brukte idag, får *å* der skr.spr. har *a* ... 20
I enkelte ord hadde dei gaml *eps* og *pt* der me i dag har *fs* og *ft* ... 20
Vokalisering av konsonanten *g* ... 21
Avlyd ... 21
Assimilasjon ... 22

Synkopetida. ... 23
Omlyd ... 24
a-omlyd ... 24

Side
i-omlyd ... 25
u-omlyd ... 26
Bryting ... 27

Formverket el. Bøyingslæra (Morfologien) ... 28
Substantiv: ... 28
Regelrette substantiv ... 28
Substantiv med vokalskifte i fl.tal ... 29
Verb: ... 30
Presens partisipp ... 30
Svake verb ... 30
a-verb ... 30
e-verb ... 31
svake verb med uregelrett bøying ... 32
Sterke verb ... 32
1. klasse ... 33
2. klasse ... 34
3. klasse ... 36
4. klasse ... 37
5. klasse ... 38
6. klasse ... 39
7. klasse (reduplikasjonsverb i gl.germ. og urnord.) ... 41
Preterito presentiske verb ... 45

Adjektiv: ... 46
Samsvarsbøying ... 46
Gradbøying ... 46

Adverb: ... 50

Pronomen: ... 53
Personlege pronomen og eigedomspronomen ... 53
Peikande pronomen ... 60
Ubundne pronomen ... 63

Artiklar: ... 64
Ubundne artiklar ... 64
Førestilte bundne artiklar ... 64
Etterhengde bundne artiklar ... 65

Talord: ... 65

Side

Ordliste for Venneslamålet, eit utdrag 69
Kvar kjem orda frå? 69
Forord 69
Sjølve ordlista frå A til Å med forklaringar og merknader 71

Språkprøver 312
«Å kneipe» 312
«Då æ skar mæ på abærkspaen» 313
«Å hænte sagelspon» 315
«Hallovei» 319
«Lus på Eikeland» 325
«Honsfåssfilt» 327
«Å vaske klæe neri strånna» 333
«Potetse» 334
«Å sjeise på nåttgammel is» 336
«Bomme og badeliv» 337
«Måseimåonen» 339
«Juletrepønt» 341
«Å tø bile» 344
«Labr og suss» 346
«Å lystre ål» 348

Etterord 350

Litteraturliste 353
Alfabetisk liste over bøker som har vore til hjelp i arbeidet 353

Venneslamålet (vm)

Innleiing

Vennesla har ein særmerkt og interessant dialekt. Det ser ut til at han ber i seg styrke nok til å stå mot påverknader frå "det dannede sprog". Heller ikkje bymålet i Kristiansand synest å ha større innverknad på talemålet i Vennesla.

Sjølvsagt har ein del gamle ord og uttrykk blitt borte, og nye er komne til. Men det opphavlege grunnlaget for dialekten, og sjølve grunntonen i målet er der framleis saman med mange ord og uttrykk som er heilt spesielle for bygda. – Når t.d. ein gammal heimkomen venndøl kjem inn på forretningane i sentrum i dag, kjenner han seg straks igjen fordi han møter heimemålet sitt tala fritt og ledig frå "betjeningen".

Nå er dialekten ikkje ein og den same over alt i bygda. Det finst detaljskilnader mellom det målet som dei eldre talar og det dei yngre bruker. Og målet dei nyttar på Kvarstein , er litt ulikt det du høyrer i øvre delen av bygda. Men skilnadene er ikkje større enn at ein trygt kan tale om eitt Vennesla-mål, éin dialekt som er særeigen for gamle Vennesla kommune.

Dialekten vår har hatt låg status i "alle år" fordi han er eit provinsmål til bymålet i Kristiansand. – Slikt er vanleg for dialektar som finst i bygdene kring ein by – . Både folk frå Kristiansand – og mange venndølar likeeins – , såg på Vennesla-dialekten som udanna og lite pen.

Dette førte til at mange frå bygda var utrygge på sitt eige talemål, og dei vågde ikkje å bruke det beintfram i alle situasjonar . Dei tok ofte til å knote når dei kom saman med framande. Dei begynte å tale "bynsk". Dette er eit godt og råkande uttrykk som er skapt nettopp av det utrygge venndølane kjende på når dei t.d. kom inn i Kristiansands-forretningane. "Bynsk" er ikkje namnet på det målet som byfolket i Kristiansand bruker, men ei nemning på det målet som venndølar – og andre dølar frå bygdene i Kristiansands oppland talar når dei prøver å etterlikne bymålet. "Bynsk" er eit knotemål.

Det har likevel alltid funnest enkelte i bygda som har vore trygge med bruk av målet sitt og har nytta det fritt og utvungent. Og i dag ser det ut til at ein god del av ungdomen i Vennesla er bevisste på dette feltet. Det heng mykje saman med at dialektane generelt har fått høgare status. Det er "tøft" å eige ein dialekt som straks fortel kor du kjem frå. Det gjev identitet. Mykje av identiteten din, kjensla

av kven du er og kvar du høyrer til, er knytt til talemålet ditt. Å oppdage og vere bevisst på denne samanhengen er spennande. Det er ein lærdom som gjer deg trygg, og som er viktig å ha med seg for den som er ung og skal stri seg til ein plass i eit brokut samfunn.

Det finst ei gruppe menneske som tykker Vennesla-målet er fint. Det er venndølar som er fødde og vaksne opp i bygda, og som sidan har flytta ut. Dei ser ofte meir fordomsfritt på dialekten sin og gjev seg til å reflektere omkring han når dei sidan møter folk frå heimbygda igjen og gode minne frå barneåra blir vekte på ny.

Vennesla-dialekten er nok verken finare eller mindre fin enn andre dialektar. Men han er særmerkt, som sagt. Han har eit tonefall som skil seg tydeleg ut. Han har ein del ord og uttrykk som er særeigne. Ein del allmenne ord får sin spesielle uttale. Både lydverk (vokalar, konsonantar, diftongar osv.) og formverk (bøying av verb og substantiv m.m.) har sine spesialitetar.

Enkelte målmerke er kan hende ikkje så tydelege lenger, eller dei er mest tydelege hos eldre menneske. I skriftet her ser eg det likevel som rett og viktig å få fram det opphavlege i målet, t.d. slikt som har si rot i gammalt norsk mål. – Men det er også interessant å skjegle til nyare endringar i målet, – slike som har kome av påverknad frå framveksten av Vennesla som industribygd t.d. Kanskje har rallarsvenskane t.d. kome med noe nytt i så måte?

Folkeleg utgåve

Eg legg vekt på at skriftet kan lesast av alle, – med faguttrykk som høyrer heime under allmennlærdomen til folk. Meir spesielle faguttrykk vil bli forklarte.
Og då uttalen av dei ulike lydane i Vennesla-målet stort sett ligg nær opp til den vanlege uttalen av lydane i normert norsk, gjev eg ikkje att dialektorda med noko form for lydskrift, men nyttar dei alminnelege skriftteikna i det norske alfabetet. Likevel, visse unnatak gjer eg til denne regelen: Ord som blir uttalte nøyaktig likt, men har ulik meining, blir skrivne med vanleg skriftform, t.d. *og* (konjunksjon) – *å* (infinitivsmerke), *godt* (adj, inkjekj.form av *god*) – *gått* (v, perf. part av *å gå*.).

Vidare så erstattar eg ein lyd som fell bort, med apostrof – dersom slikt bortfall skjer i ord som me i andre høve uttaler fullt ut, t.d. *ikkje – 'kje* (adverb), *han – 'an* (pron.), *ho – 'o* (pron.), "De likt' 'an 'kje no' særli" (= «Det likte han ikkje noe særlig»).

Somme ord i dialekten vår har "mista" lydar som ein ikkje finn att i noka form av orda . Dei "bortkomne" lydane markerer eg ikkje med apostrof, *t.d. da (s,m)* (= dag) – *daen – dae – daane, ti (s,f)* (= tid) – *tia – tie – tiane, de (pron)* (= det), *særli (adv)* (= særlig), *a (prep)* (= av).

Innsynet i Vennesla-dialekten har eg fyrst og fremst frå oppvekstmiljøet i Nesane i 30-, 40- og 50-åra. Nesten alle som budde der den gongen, kom frå gamle

Vennesla-slekter, delvis eller fullt ut. – Det er nær sagt tale om kunnskap som sit meg i kroppen, ein organisk innlevd kunnskap. Dette innsynet er viktigaste grunnlaget for skriftet her.

Starten på arbeidet

Lærar Olaf Hagens vesle samling av Vennesla-ord er det eigentlege utgangspunktet for at eg tok til med arbeidet. Idéen om å lage eit vel gjennomarbeidd skrift med vidare samling av ord, uttrykk og anna dialektstoff danna seg litt om senn etter at Trygve, bror min, i 1982 sende meg Hagens vesle maskinskrivne ordliste som han hadde fått til gjennomsyn frå det kommunale biblioteket.

Trygve hadde den gongen permisjon frå arbeidet sitt ved ingeniørhøgskolen i Grimstad for å løyse ei konsulentoppgåve han hadde teke på seg ved Hunsfos Fabriker. Som hybelbuar skreiv han nokre artiklar på Vennesla-dialekt for "Hunsfosposten". Denne skrivinga var nok årsaken til at han blei beden om å sjå nærare på ordlista til gamle lærar Olaf Hagen. – Trygve ønskte at me saman skulle vurdere om ordlista kunne danne grunnlag for vidare arbeid med Vennesla-målet. Etter at *Det Norske Målførearkivet* var kontakta, arbeidde me ut ein såkalla *"Setel for målføreord og –ordbruk"*. Same hausten starta eg som skulesjef i Fyresdal. Fyrste halvåret var eg vekependlar. Det fall då naturleg å bruke friettermiddagane til å begynne arbeidet med å fylle ut rubrikkane i setelen. Og det viste seg snart å vere ein mykje interessant fritidssyssel. Fyrste setelen eg skreiv ferdig, er datert 17/10 –82. Sidan den gongen har ordmengda auka utruleg både gjennom eigne observasjonar og ved hjelp frå mange interesserte venndølar. Og i alt har eg skrive ut om lag 3300 setlar. Kvar setel behandlar eitt ord eller eitt uttrykk. Av desse har eg valt ut om lag 800 til artiklane om Vennesla-målet i årsskrifta til Vennesla Historielag. Men, som sagt, så dreg eg vekslar på mange andre au: Særskilt nemner eg Toralf Askedal som eg brevveksla med i åra før han døydde. Han grov fram mange ord og uttrykk frå eige minne, men også gjennom god kontakt med venndølar som var eldre enn han sjølv.

Trygve, bror min, har vore ein framifrå støttespelar heile vegen, ikkje minst med sine forteljingar skrivne på dialekt.

Eg har au fått tilgang til språkstoff om Vennesla-målet som har kome fram i Radio Loland.

Og sist, men ikkje minst, nemner eg at Astri Jortveit Horns hovudoppgåve om Vennesla-målet har skaffa viktige og grunnleggande element til skriftet, særleg om utviklinga dialekten vår har vore gjennom i seinare tid.

Eg vil her og nå takke alle som har gjeve sine bidrag til samlinga!

Elles syner litteraturlista bak i skriftet kva for annan litteratur eg har hatt å stø meg til.

Føremål

Nyleg tala eg med ei eldre kvinne frå Søgne. Ho brukte Søgne-målet slik det var då ho voks opp i 1930-åra. Ho klaga over at born og unge i Søgne ikkje nytta det opphavlege Søgne-målet lenger, men hadde gått over til å snakke rein Kristiansands-dialekt.

Om det truleg ikkje har kome retteleg så langt, så er det nær sanninga.

Ei tilsvarande utvikling har ikkje Vennesla-dialekten gått gjennom ennå. Bare i liten grad har bymålet i Kristiansand hatt innverknad på målet i Vennesla. – I forretningar, på "gada" og i offentlege og private verksemder her bruker folk heimedialekten naturleg og rett fram når dei snakkar.

Og sjølv om Astri Jortveit Horn har funne ein viss påverknad frå Kristiansands-målet – fyrst og fremst i særskilde ordformer – konkluderer ho med fylgjande i hovudoppgåva si:

> "Mange nyare talemålsundersøkingar har vist at ein del bygdemål er iferd med å verte utviska under påverknad av bymålet i nærleiken. Dette meiner eg ikkje er tilfellet med Vennesla-målet. Formverket i denne dialekten har ikkje endra seg nemneverdig sidan Inger Frøyset undersøkte Torridals-målet i 1957. Ein av dei viktigaste årsakane til dette trur eg må vere at venndølane i dag har ein felles identitet dei er trygge på, og som bind dei saman."

Dette tyder i tilfelle at venndølane er bevisste om talemålet sitt, at dei har sett verdien i det kvardagslege, heimslege og trygge som ein særmerkt dialekt står for.

Dette medvitet har vakse, trur eg, i takt med den aukande dialekttoleransen generelt, og det har samstundes fått støare grunn å stå på ved at Vennesla-dialekten har blitt gjenstand for gransking både i tale og skrift.

Me ønsker at nye venndølar skal arve den medvitne og positive sansen for dette målet slik at dei held fast ved det når dei talar seg imellom, og når dei talar med andre nordmenn.

Fordi dialekten vår dagleg må stå imot utruleg mange og sterke språklege påverknader, er det vesentleg at borna som veks opp i Vennesla, får inngåande kunnskap om han.

Her har skulen ansvar. Ved å nytte dialekten som grunnlag i norskundervisninga, og såleis take talemålet til elevane på alvor heilt frå dei fyrste skuledagane, vil borna bli opptekne av og medvitne om kva dei seier og korleis dei seier det. Ei slik bevisstgjering vil i sin tur slå positivt ut for norskundervisninga generelt.

Men sjølvsagt er kunnskap om heimemålet like viktig for dei vaksne venndølane. Det pirrar vitehugen å sjå og høyre vår næraste og viktigaste åndseigedom sett inn i meiningsfulle samanhengar.

Og samstundes vil ein grundig og påliteleg dokumentasjon av Vennesla-dialekten som ein særmerkt, sterkt oppegåande og levande norsk dialekt gje det vørdnad og prestisje utanfor bygda.

Forkortingar:

s = substantiv, v = verb, adj. = adjektiv, adv. = adverb, pron. = pronomen, prep = preposisjon
b.f. = bunden / bestemt form, ub.f. = ubunden / ubestemt form,
m = maskulinum (hankjønn), f = femininum (hokjønn), n = nøytrum (inkjekjønn),
sg. = singularis (eintal), pl. = pluralis (fleirtal),
nyn. = nynorsk, bm. = bokmål, da = dansk, sv = svensk, eng = engelsk, ty = tysk, fr = fransk, nl = nederlandsk, fris = frisisk, lat = latin, gr = gresk, germ = germansk, norr = norrønt (gammalnorsk), isl = islandsk, russ = russisk, Aasen = Ivar Aasen, Ross = Hans Ross.
vm = Vennesla-målet.

Ordformer som er merkte med stjerne *, er sannsynlege former som ein ikkje har funne i skriftlege kjelder, men som forskarane har rekonstruert på grunnlag av inngåande kunnskap om strukturen i vedkomande oldtidsspråk.

Staving som har hovudtrykket i eit ord som er omhandla i ordlista, er understrekt. Ord av norsk opphav har som regel trykk på fyrste stavinga.

Lydverket (fonologien) og målgeografisk plassering

Stort sett har Vennesla-målet (vm.) dei same språklydane / språkelementa (vokalar, konsonantar, diftongar, stavingstrykk, tonegang m.v.) som me finn hos dei to skriftspråka våre. Men vm. har likevel eit litt anna mønster i bruken av desse elementa, noe som er med og skaffar fram det særmerkte.

"Musikken" i språket
Kvart språk og kvar dialekt har sin meir eller mindre særeigne tonegang, sin "musikk" med lyd– el. tonevariasjonar opp eller ned langs skalaen.

Me (dvs. Åse, kona mi, og eg) stod for ei tid sidan i kø for ombordstiging i fly på Gardermoen. Nokre steg framom oss prata to damer ivrig saman. Åse dunka meg i sida og sa stilt: "Hør! – Dei dær æ ifrå Vennesla!" Og då me tok kontakt med dei og spurde "Æ dykken frå Vennesla?" – var svaret: "Ja, de æ me. Og de æ dykken au, tru æ!"

Dermed var kontakten der. Og så blei kø-tida korta ned med spørsmål og svar om felles kjente og familie osv. "– Æ æ ju i fameli' mæ hale Vennesla!" var m.a. ein av replikkane me fekk høre. – – Ja, Vennesla-målet har sin særeigne tonegang som er lett å kjenne igjen.

Tonegangen blir danna av ulike kategoriar språkpåverknader som saman lagar ein heilskap. Slike "påverknader" er t.d. *trykk, tonelag (tonem)* og *tonefall* med *"høgtone"* el. *"lågtone"* .

Tonegang er au kalla *'setningsmelodi'* – eller *'intonasjon'*. "Setningsmelodi"

er eit ord som markerer at me har med setningar el. lengre periodar av talestraumen å gjere – med sitt skiftande "utval" av ord med trykktunge og trykklette stavingar som er nær knytta til tonema (tonelaga) med sine høgtoner eller lågtoner.
Innom denne skiftinga i tonegangen finn me det som er med og gjev Vennesla-målet særpreget sitt, – det som gjer til at me kjenner igjen heimemålet vårt. Men før eg lagar ein konklusjon her, skal eg seie litt om kvart av desse tri emna:

Stavingstrykk
Tonelag (Tonem)
Høgtone / lågtone

Stavingstrykk
I ord med meir enn éi staving er til vanleg éi av stavingane *trykktung* medan den / dei andre er *trykklette.* Ordet 'fjellane' er sett saman av tri stavingar 'fjell-an-e'. 'Fjell-' er den trykktunge stavinga, '-an-' og '-e' er begge trykklette.

Kvar staving er bygd opp kring ein kjerne som vanlegvis er ein vokal eller diftong. Alle diftongar og vokalar kan sjølv, aleine, vere ei staving slik '-e' er det her. I dette dømet er elles dei to trykklette stavingane saman identiske med den bundne fleirtalsendinga til substantivet 'fjell'(n) i vm. Slike grammatiske endingar er som regel trykklette.

Også i eit samansett ord som'lastehåggår' er fyrste stavinga 'last-' trykktung medan dei tri siste stavingane '-e-hågg-år' er trykklette. Men det er likevel klart at stavinga '-hågg-', som kjem av verbet 'å hågge', har større tyngd enn dei grammatiske leddstavingane '-e-' og '-år'.

'Lastehåggår' er sett saman av dei to substantiva 'last' (f) og 'hågggår' (m). Samansette ord av norsk opphav har hovudtrykket på fyrste stavinga i vm, – ein regel som gjeld dei fleste norske dialektane.

Når det gjeld framandord og lånord, så fylgjer venndølane reglane for eit stavingstrykk som orda har med seg frå heimlandet – slik det stort sett er også hos andre nordmenn (nasjon, gitar, direktør osv.). Enkelte målføre, særleg på Austlandet, har likevel lykkast i å gje uttalen av mange av desse orda eit visst norsk preg ved å leggje hovudtrykket på fyrste stavinga (nassjon, gittar, dirrektør osv.). For det meste er prefiks (førestavingar) trykklette. Det gjeld fyrst og fremst typiske prefiks som er komne til oss som "lån" frå dansk og tysk – eller andre språk (be-stæmme, in-vadere, ær-kjænne, je-vær, ge-biss).

Men me finn au ein del prefiks som er trykktunge i enkelte ord og trykklette i andre [missbruge (v – inf.) – misunne (v – inf.), fårrdel (s,m) – fårdele (v – inf.), uvêr (s,n) – uåonli (adj.)].

Tonelag (el. tonem).
Norsk er eitt av dei få språka i Europa som har *tonelag.* Me har *einstavings to-*

nelag (tonem 1) og *tostavings tonelag (tonem 2)*. Dei to tonema er aleine tydingsskiljande i ord med meir enn éi staving og ei fyrstestaving, som er trykktung, – men har identisk uttale elles. Mange av oss minnest kanskje desse klassiske døma:

> "bønne" [= bønder (s,m, ub., pl.)] med tonem 1 og
> "bønne" [= bønner (s,f, ub., pl.)] med tonem 2 *(pluralis (pl) = fleirtal (fl.tal))*.

sola (s,f, bf., sg.) med tonem 1 og
Sola (stadnamn og namn på flyplass) med tonem 2. *(singularis (sg) = eintal (eint.))*.

Klare og konkrete døme på dei to tonema i vm. finn me elles hos bøyingane av dei sterke verba lengre ut i boka:

> å «*bide*» [= å *bite* (inf.)] med tonem 2 – «*bide*» [= *bit* (presens)] med tonem 1
> å «*hålle*» [= å *halde* (inf.)] med tonem 2 – «*hølle*» [= held (presens)] med tonem 1.

Me skal seinare sjå at
– infinitivar med meir enn éi staving i vm blir uttalte med tonem 2,
– presensformene av sterke verb blir uttalte med tonem 1 i vm.

Eksempelordet *'fjellane'* under avsnittet "Stavingstrykk" ovanfor har einstavings tonelag (tonem 1) i vm. , *'lastehåggår'* har tostavings tonelag (tonem 2). Det har ikkje noe å seie om begge orda har meir enn to stavingar. Men samansette ord har som regel tostavings tonelag.

Høgtone / lågtone
Desse nemningane siktar til høgdenivået på tona me startar på i den trykktunge stavinga – sett i forhold til nivået på tona / tonene i trykklette stavingar som fylgjer etter – når me skal uttale einskildord med meir enn éi staving. Til vanleg reknar ein dialektane på Vestlandet og i Nord-Noreg med til målføra som har høgtone. Austlandet (og Trøndelag) har målføre med lågtone. Grensa mellom målføra med høgtone og dei med lågtone går så nokolunde langs grensa mellom Aust– og Vest-Agder.

Vennesla ligg i Vest-Agder, men grensar mot Aust-Agder. Det tyder i samanhengen her at vm. kan reknast som ein høgtone-dialekt. – Men så enkelt er det ikkje. Rett nok har me høgtone i fleirstavingsord med tonem 2, men ord med tonem 1 har lågtone i vm. Vennesla-dialekten er såleis korkje reint høgtone-mål eller reint lågtone-mål, men ligg i eit "grenseland" i så måte.

Utgreiinga her har eg frå Astri J. Horns hovudoppgåve om vm. Eg siterer litt frå side 31 i oppgåva hennar:

> "Etter mi vurdering har vm. høgtone berre i fleirstavingsord med tonem 2. Ord med tonem 1 har derimot lågtone i vm.. Dette er kan hende ikkje så unaturleg ettersom Vennesla grensar tett opp til Aust-Agder. Også Sig Tove Aasen er inne på at tonefallet i vm. er meir likt austegdsk enn vestegdsk (*jf. S.T. Aasen 1981:14)".

Eg legg elles til at A.J. Horn meiner skilnaden i tonehøgd mellom trykktung fyrstestaving og etterfylgjande trykklette stavingar er liten både i ord med tonem 1 og tonem 2 i vm..

Her fylgjer ein enkel illustrasjon av tonegangen i vm. når det gjeld høgtone/lågtone i einskildord med meir enn éi staving. Illustrasjonen gjeld presensforma *'hølle'* som har einstavings tonelag (tonem 1) og infinitiven *'hålle'* som har tostavings tonelag (tonem 2). (Sjå under avsnittet "Tonelag (el. tonem)" ovanfor!):

hølle __/ (lågtone-ord) **hålle** __ (høgtone-ord)

*Sig Tove Aasen har skrive om "Hægelands-målet" i si hovudoppgåve i norsk.

E-mål

Vennesla-dialekten høyrer til område med e-mål. Det tyder at den opphavlege norrøne endestavinga *-a* i infinitiv og i ub. eint. av svake hokjønnsord er redusert til ein veik *–e* (med litt farge av *ø*) i dialekten vår: *å bere, å kaste, å leide – ei vege, ei vise, ei reise.*

E-mål finn me i tri område i landet vårt. Vennesla-dialekten høyrer til det sørlege området som strekkjer seg langs kysten omlag frå Mandals-kanten til Larvik. Herifrå går grensa vestover og innover i landet heilt til Øvre Sirdal og så sørover igjen langs grensa mellom Aust– og Vest-Agder ned til gamle Hægeland kommune og til sist i ein sving sør– og vestover til Mandals-kanten igjen. Såleis høyrer dei sørlege og sør-vestlege kommunane av Telemark, heile Aust-Agder(med unnatak av Bykle) og det meste av dei sør-austlege kommunane av Vest-Agder med til det sørlege e-målsområdet. Også den sørlege snyten av Østfold fylke har e-mål og høyrer til dette området. Med unnatak for enkelte små overgangsområde har me vest for denne grensa det vestlandske a-målsområdet, og i nord og aust for grensa finn me jamvekts-målføra som har a– eller e– endingar i infinitiv og i ub. eint. av svake hokjønnsord – i samsvar med eldgamle språklover for stavingstrykk i norrønt.


E-mål finn me elles på Nordvest-landet (nordlege delen av Sogn og Fjordane og sørlege delen av Møre og Romsdal) – og i Nord-Troms og Aust-Finnmark.

Endings-r har falle i ub. fl.tal av substantiv

Mange *gude, – bile, – veie, – tænne* (flt. av *tann*), *– bøge, – bjørke, – huse, – bilde, – mænneske* (Jfr. substantivbøyinga lengre ut i skriftet her!).

Denne regelen er ein klar og grei regel au for bygdene vestafor Vennesla. I bygdene austafor – i Birkenes og Tveit – og likeeins i Kristiansand t.d. har talemåla endings-r i denne bøyingsforma, og vokalen i endinga blir uttalt med farge av *å : bilår, bøgår, husår* osv.

Som ståande ending vil *-ar (-er)* bli uttalt *-år* au i Vennesla. Det gjeld t.d. namn



Frå Torridal Sorenskriveris «Venneslaboka» 1957.

på yrke, ulike titlar og enkelte plantenamn: *bagår, skomagår, abotekår, fiskår, dåktår, – brydår, sjyttår, syndår, lyttår, – viår, einår.*

Det same gjeld manns- og kvinnenamn på -er: *Birgår, Stenår, Pettår, Estår.* Men me seier *Steinar* og *Einar* utan å-farging av *a.*

"Dei blaude konsonantane"

Vennesla-dialekten høyrer til målområdet som har "blaude" konsonantar. Dette området strekker seg frå Arendal i aust til Karmøy nord for Boknafjorden i vest. Og særleg i den vestlege delen av Vest-Agder og i Rogaland er "blaude" konsonantar typisk målmerke for dialektane eit godt stykke inn i landet.

Til vanleg er det dei stemte bokstavlydane *b, d, g* som har nemninga "dei blaude konsonantane". I vm.finn me dei i visse stillingar i ord der skriftspråka har dei tilsvarande ustemte bokstavlydane *p, t, k :*

I innlyd når dei kjem mellom to vokalar eller mellom diftong og vokal: *gabe* (v), *pude* (s,f), *lige* (v og adj. pl.), *steige* (v), *nauden* (adj. sg.), *støybe* (v), *måode* (s,m).

I innlyd mellom vokal og stemt konsonant: *naudne* (adj. pl.), *stybne* (adj. pl.), *bagre* (adj.sg.).

I utlyd etter vokal eller diftong*:* *skåb* (s,n), *tud* (s,m), *rig* (adj.sg.), *graud* (s,m), *beid* (v.pret.), *gud (= gut)* (s,m), *fåod* (s,m), *krøyb* (v.pret.).

Men dersom den omtalte konsonanten kjem mellom vokal og ustemt *t* i bøyingsending, vil han sjølv hardne til ustemt konsonantlyd – samstundes som rotvokalen kan bli kort:

– tabe – tappte (v), bage – bakte (el. bakkte) (v), rig – rikt (el. rikkt) (adj)

Som regel er vokalen lang framføre den "blaude" konsonanten medan konsonanten sjølv er kort. Unnatak har me likevel i ord som *kjødd* (s,n), *nødd* (s,f,), *tyddeber* (s,n), *nyggel /nøggel* (s,m), *døbbel* (s,m), *dabbe* (s,m), *abbelsin* (s,m), *sidde* (v).

Gud / gutt: Dei unge i Vennesla bruker stort sett desse bøyingsformene i dag: *gutt – gutten – gutte – guttane*. Formene syner påverknad frå Kristiansands-dialekten og bokmålet. Men kanskje har dei vunne fram hos oss i nyare tid m.a. fordi det har vore behov for å skilje dei tydeleg frå dei meir opphavlege Vennesla-formene: *gud – guden – gude – gudane* som er heilt identiske med formene for det vanlege namnet på "de høyere makter". – Desse gamle formene, som dei eldre i bygda framleis bruker, har behalde den lange rotvokalen som i nyn. *gut*, men påverknaden sørfrå med "bløyding" av konsonantane, har ein gong i Dansketida endra *gut* til *gud* i dialekten vår.

Kjødd / kjød: Dei fleste av dei nemnde unntaka med "blaud" dobbelkonsonant ovanfor har opphavleg lang rotvokal i norsk: *kjødd* (norr: *kjót*), *nødd* (norr: *nót*), *tyddeber* (nyn: *tytebær*, norr: *– – ber*), *nyggel / nøggel* (mellomnorsk: *nykill*), *døbbel* (norr: *depill*), *dabbe* (norr: *dapi*) .

Jfr. elles uttrykket "Kjøde æ skrøbeli" som dei gamle predikantane frå Ven-

nesla brukte når dei tala om det syndige mennesket. Dette var ei setning dei hadde frå ei gammal dansk/norsk omsetjing av Bibelen, og "kjøde" med sin lange rotvokal og gammaldagse svip hadde eit innhald med sakral høgtid over seg, i motsetnad til det jordnære og daglegdagse "kjødde". – Elles har dansk *kød* lang rotvokal medan tilsvarande vokal i svensk *kött* er kort.

Me kan rekne med at den korte vokalen i *kjødd* har kome austfrå og erstatta den opphavlege lange vokalen som me hadde frå norrønt og seinare frå dansk.

Skarre-r

Ein reknar med at skarre-r oppstod i Paris ein gong på 1600-talet, – kanskje som produkt av ein talefeil hos ein sentral person ved hoffet i Louvre.

Sidan har han spreidd seg til store delar av Europa. I dag finn me skarre-r i heile Frankrike, storparten av Tyskland, i område i Sveits som er fransk- og tysktalande, i Belgia, Danmark, i sørlege delen av Sverige og altså hos oss i eit breitt belte som strekkjer seg frå Risør i sør-aust til Florø i nord-vest med storparten av Agder, heile Rogaland, det meste av Hordaland og delar av Ytre Sogn

Skarre-r breier seg raskt innover i landet og nordover langs kysten. Men det ser ut til at han ikkje når lenger aust-over enn til der grensa går i dag (ved Risør). Språkforskaren Arne Torp meiner grunnen er at skarre-r her møter *tjukk l* og andre *retrofleks-lydar*.

Tjukk *'l'* blir til ved å heve tungeryggen mot ganen samstundes som tungespissen blir bøygd raskt bakover og fram att med ein snøgg snert mot tannryggen (Jfr. uttale av tjukk *l* i *blå, gul, hard, gard!*). Dei andre retrofleksane blir danna med tungespissen bakover mot den bakre delen av tannryggen eller mot den harde ganen (Jfr. korleis austlendingar uttaler *bart, surt, hardt, gult, fælt*! – *Retrofleks* kjem av lat. *retroflectere* = "bøye bakover"). Å kombinere skarre-r med retrofleksar fell svært unaturleg. Derfor kan ein rekne med at utbreiinga av skarre-r har vanskar med å nå lenger enn til grensa for retrofleksane.

Skarre-r er ein lyd som kjem fram ved å heve bakre del av tunga opp mot drøvelen og presse luft gjennom spalta som då blir danna. Han kan vere stemt eller ustemt alt etter kva for andre lydar han står saman med. Hos oss er han noe veik. Ein framand kan t.d. ha problem med å høyre skilnaden på tala *tri (3)* og *ti (10)* når ein venndøl seier dei på vanleg måte i ei setning.

Det finst elles ein tydeleg ustemt skarre-lyd som blir danna på same staden i munnhola som vår skarre-r. Tyskarane t.d. uttaler *ch* i ord som *machen, noch* osv. med slik lyd.

Sj-lyden

Sj-lyden i ord som *sjø* (s,m), *sjella* (= sjeldan (adv)), *hesje* (s,f) blir uttalt med to lydar – *s* og *j* kvar for seg, (– ikkje som ein einstonig hysjelyd slik folk på Austlandet uttalar han). Dette er elles eit klart språkmerke for dei ytre bygdene på Agder.

Kort u
Opphavleg kort *u* blir som regel uttalt som kort og trong o-lyd – så sant ordet ikkje er avleidd av ei grunnform som me uttaler med lang *u* : *honn* (hund (s,m)), *tonge* (tunge (s,f)), *skonne sæ* (skunde seg (v)), *poff* (puff (s,m)), *soppe* (suppe (s,f)), *logga* (pret. og perf.part. av *logge* = lugge (v)), opp – oppe (upp – uppe (adv)).

Men : *trudde – trudd* (av *tru* (v)), *budde – budd* (av *bu* (v)).

Kort o
Kort *'o'* blir som regel uttalt som kort å-lyd : *kårt* (kort (s,n og adj)), *hågge* (hogge (v)), *kårtståkk* (kortstokk (s,m)), *hånnkjyr* (ku med horn).

Diftongen åo
Denne tvilyden har Vennesla-målet for lang og trong o-lyd : *stasjåon* (s,m), *hallåo* (interj.), *skåoane* (s,m – b.pl.), *båor* (s,n), *ståol* (s,m), *gåo* (god (adj)), *måoro* (s,f).

Å-en i denne diftongen er kort og nokså trong. Undersøkingane Astri Jortveit Horn har gjort i hovudoppgåva si om dialekten i gamle Vennesla kommune, viser at det fyrst og fremst er hos den eldre generasjonen venndølar at bruken av denne diftong-lyden er gjennomgåande og klar. Ho seier vidare at han vanskeleg kan reknast som sjølvstendig diftong på line med *ei, øy, au* t.d., men nemner han som variant av lang o-lyd.

– Tvilyden er elles utbreidd t.d. i Setesdalen og i ein del av nabo-bygdene til Vennesla.

Monoftongering (monoftong = enkellyd) av denne tvilyden hos ein del av den yngre generasjonen skuldast truleg påverknad frå Kristiansands-målet og ulike media.

'Ø' som rotvokal i ein del ord der skriftmålet har 'y':

> *sønn* (synd (s,f)), *tønn* (tynn (adj)), *sønge* (synge (v)), *pønte sæ* (pynte seg (v)), *tølle i sæ* (tylle i seg (v)), *tøsst* (tyrst (adj)), *føsst* (fyrst (adv)), *brøst* (bryst (s,n)).

Ein del ord som til dels er lite brukte i dag, har 'å' der skriftspråket har 'a':

> *'håmmår'* (hammar), *'nåvår'* (navar), *'åbål'* (apal), *'tråvår'* (travar), *'åsål'* (asal).
>
> (Sjå også under avsnittet om *assimilasjon* nedanfor! Noen av orda finn du også i ordlista.)

I enkelte ord brukte dei gamle venndølane ps og pt der det er vanleg å ha fs og ft i dag:

låpte (loftet (s,n – b.sg.)), *jipte sæ* (gifte seg (v)), *topt* (tuft (s,f)), *løpse* (lefse (s,f)), *røpt – kvilerøpt* (rift (s,f) = stund), *knivskapt* (knivskaft (s,n)).
Og framleis seier me *'ops'* (ufs, takskjegg), *'opsedråbane'* og *'Heptekjerr'* (hepte = hefte (v), «bli verande»).

Vokalisering av konsonanten 'g'
Presensforma *'drege'*(av 'å dra') og partisippformene *'lege'* (av 'å ligge') og *'slege'* (av 'å slå') har vore i bruk i vm. heilt opp mot vår tid, og kanskje finn me dei framleis i bruk hos ein og annan av dei eldre i bygda. Formene blir (blei) uttalte med diftongen *'ei'* som "rotvokal" . – Legg elles merke til at substantivet *'veg'* har *'ei'* som "rotvokal" i alle bøyingsformer hos oss i dag:

"Hå æ de du *'dreie'* mæ dæ heim?"
"Æ he *'leie'* og dåvna mæ altfårr længe i da!"
"Han he *'sleie'* heile jåore mæ jå på onne tåo time!"
"Hå æ de i *'veien'* mæ dæ i da då? – Du æ så rar i fjæse!"

Ein reknar med at dei omtalte formene her i si tid hadde palatal uttale av *'g'* hos dei gamle venndølane. Palatallyden (halvvokalen *'j'*) har så etter kvart gått over til fullvokalen *'i'* i ein periode med sterk avpalataliserіng elles i språket vårt. Kan hende kan utviklinga illustrerast slik:

lege (utt.: *leje*) > *leie.*

Truleg var g-lyden i grunnforma *'veg'* (ub.eint.) utan palatalisering i "gammal tid" hos oss medan bøyingsforma *vegen* (b.eint.) hadde palatalisert *'g'* – slik ein finn det hos eldre i dei indre bygdene av Agder og Telemark i dag, og endringa *veg* > *vei* skuldast antakeleg analogi.

Det er altså *palatal 'g' i innlyd* som har blitt avpalatalisert fram mot vår tid.

Til slutt under denne overskriften nemner eg fire ord der me har fått overgangen -eg– > -ei– – truleg ved analogi – der vanleg (velar) 'g' er involvert. Også her står g-en i innlyd, – denne gongen ikkje mellom to vokalar, men mellom vokal og stemt konsonant – og konsonanten er i alle fire døma nasalen 'n':

regn > rein, degn > dein, bregne > breine, segne om > seine om

Avlyd
Avlyd er ein type vokalveksling som me finn hos ord og ordformer som kjem av same rot og såleis er i slekt med kvarandre (ordfamiliar). T.d. står verbet *bere* og substantiva *båre* (f) og *byrd* el. *bør* (f) (vm. *byr*) i avlydsforhold til kvarandre. Denne vokalvekslinga har også blitt kalla 'lydsprang' for å skilje ho klart frå 'omlyd' (Sjå nedanfor!)

Tradisjonelt er dette vokalskiftet samla i såkalla avlydsrekkjer som er faste

rekkjer av skiftande rotvokalar i bøying og avleiing. Den vanlege inndelinga av dei sterke verba gjev eit klart bilde av slike rekkjer med sine lydovergangar. I norrønt og nynorsk mål reknar ein tradisjonelt med 6 (7) avlydsrekkjer. Desse rekkjene ligg til grunn for inndelinga i 6 (7) ulike bøyingsklasser av dei sterke verba. Eg viser fram noko tilsvarande for Vennesla-målet under verbbøyinga lengre ut i språkdelen av boka.

Avlyden er eldgammal, og han blei truleg til i tida for danninga av det indoeuropeiske urspråket. Me veit ikkje *korleis* han er blitt til fordi me manglar direkte skriftlege kjelder frå språket den gongen . Men forskarane prøver å rekonstruere det indoeuropeiske urspråket ved å jamføre gammalt skriftleg materiale frå dei ulike språka innom den indo-europeiske språkfamilien, dvs. dei fleste eldre og nyare språka i Europa, i Midt-Austen og vidare austover heilt til India. Germansk er ei viktig grein av dette urspråket, og me finn spor etter avlyden i alle germanske språk, både dei gamle og dei meir moderne.

Men avlyden har for lang tid sidan slutta å påverke språket vårt, samstundes som han sjølv blei påverka av nyare trendar. Ein reknar med at nyskapande påverknad frå avlyden var slutt alt i norrøn tid etter som nye ord som kom hit til landet saman med kristendomen t.d. ikkje fekk former som samsvara med avlydsrekkjene. Eit verb som *skíra* (= døype) t.d. blei bøygd svakt *(skíra – skírði)*. Og me skal sjå lengre bak i dette skriftet, under bøyinga av dei sterke verba i vm, at avlydsrekkjene har måtta tåle harde åtak frå nyare språktrendar som er levande og aktive.

Avlyden er likevel standhaftig og har stor evne til å tilpasse seg. Kan hende fordi han med sine, stundom til dels bråe, vokalskiftingar gjev særeigen farge til språket.

Assimilasjon

Nemninga *assimilasjon* kjem av lat. *assimilare* (v) som tyder "gjere lik".

I språkleg samanheng har me assimilasjon når éin språklyd påverkar ein annan språklyd som står tett innmed (kontaktassimilasjon) eller i nærleiken (fjernassimilasjon), slik at denne blir lik (eller nesten lik) den fyrste:

Nokre døme frå vm:

ld > ll	sild > *sill* (s,f), kveld > *kvell* (s,m), melde > *melle* (v).
nd > nn	band > *bann* (s,n), sende > *sænne* (v), hund > *honn* (s,m), skunde seg > *skonne sæ* (v).
rn > nn	korn > *kånn* (s,n), born > *bånn* (s,n – ub.pl), bjørn > *bjønn* (s,m), gjerne > *jønne* (adv), kjerne > *kjånne* (s,f).

Liknande endringar, men i eit større perspektiv, hadde me langt tilbake i språkhistoria.

Både før og etter inngangen til vikingtida utvikla det germanske grunnspråket seg i ei vest-germansk, ei aust-germansk og ei nordisk grein.

For å illustrere assimilasjon som eitt av mange moment som var med på å danne dette skiljet, kan nemnast overgangen ht > tt:

> Tysk , som er eit vest-germansk språk, har t.d. halde på opphavleg *'h'* i ord som *Nacht* (= natt (s,f)) og *acht* (= åtte (talord)) medan dei nordiske landa har utvikla assimilerte former med dobbelkonsonanten *'tt'*: *nátt* (norr), *natt* (sv, da og no) og *átta* (norr), *åtta* (sv), *åtte* (da og no). I Vennesla seier me *nått* og *åtte.*

Assimilasjon har også vore viktig ved utvikling av skiljet mellom språka i dei nordiske landa (dansk, svensk, norsk, islandsk og færøysk). Det eldste skiljet i så måte var ei todeling i ei aust-nordisk og ei vest– nordisk språkgrein.. Moderne dansk og svensk har utvikla seg innom den aust-nordiske greina, – norsk, islandsk og færøysk innom den vest-nordiske.

Assimilasjonsdøme som illustrerer dette skiljet (aust-nordisk > vest-nordisk):

nk > kk:	*synke* (v) > *søkke*, *lenke* (s,n) > *lekke*
mp > pp:	*svamp* (s,m) > *sopp*, *kamp* (s,m) > *kapp* (t.d. 'kapp-gang')
nt > tt:	brant (adj) > bratt, vante (s,m) > vott

Mange av orda med aust-nordiske former har gjennom hundreåra av ulike grunnar glide inn i vårt eige mål, – men stundom med litt endra tyding. Eit *lenke* t.d. er for mange av oss gjerne nemnt i samband med smykke, medan eit *lekke* er ein grovare gjenstand.

Assimilasjonsdøma ovanfor, syner kva *kontaktassimilasjon* er.

Dialekten vår har au gode døme på *fjernassimilasjon*:

Håmmår, nåvår, åmbår (av hammar, navar, ambar)

Venndølane uttaler den ståande endinga *–er* (eller *–ar*) som *–år* (Birgår, Estår, lystår, ellår, lærår, bagår) I dei tri døma (*håmmår* osv.) har å-lyden til endingsvokalen truleg påverka rotvokalen slik at denne har fått same kvalitet som endingsvokalen. Fordi påverknaden peiker *tilbake* frå endestavinga mot fyrste stavinga i orda, blir denne prosessen au kalla *regressiv assimilasjon* (regressiv = tilbakeverkande). Me bruker også den gode norske nemninga *jamning* for denne prosessen.

Synkopetida

Synkopetida varte i omlag 300 år (500 – 800 e. Kr.). Språkleg var det ein svært turbulent periode, ein tidbolk då språket vårt gjekk gjennom store endringar som førte til framveksten av eit langt smidigare og enklare språk enn det dei tidlegaste runeinnskriftene syner fram. Me talar om *overgangen frå urnordisk til norrønt mål.*

Synkope tyder 'samanslåing', og i språkleg samanheng tyder det at ein lyd eller ei staving inne i ordet fell vekk slik at det blir kortare.

Bakgrunnen for endringane er at hovudtrykket (aksenten) i germansk etter kvart festa seg på fyrste stavinga i orda, noe som førte til at endestavinga blei sterkt svekka og ofte fall vekk. Ein reknar med at ordaksenten i indo-europeisk tid, før synkopen sette inn, var friare plassert.

Døme:	**urnordisk >**	**norrønt >**	**nynorsk**	**/ vennesladialekt**
	laukaR >	*laukr >*	*lauk el. løk*	*/ løg* (s.m)
	**wigan >*	*vega >*	*vega el. vege*	*/ veie* (st. v inf.)
	**sofiR >*	*søfr >*	*søv*	*/ søve* (sterkt v pres.)
	**hurna >*	*horn >*	*horn*	*/ hånn* (s. n)
	**brautijan >*	*breyta >*	*brøyta el. brøyte*	*/ brøyde* (sv. v inf)
	**singwan >*	*syngva >*	*synga el. synge*	*/ sønge* (st. v inf)
	**saru >*	*sár >*	*sår*	*/ sår* (s, n)

(Ordformene med * er sannsynlege former som språkforskarane har kome fram til på bakgrunn av grundige granskingar av m.a. runetekstar frå eldre germansk og urnordisk tid).

Oppsettet ovanfor vil eg au bruke som døme for å illustrere enkelte forhold innom det fyrste emnet eg tek opp nedanfor: *Omlyd.*

Eg kjem au inn på kva ein meiner med *bryting* i språkhistorisk samanheng. Både *omlyd* og *bryting* er nøye knytte til dei store språkendringane i Synkopetida (yngre.urnordisk tid).

Omlyd

Omlyd er namnet på eit særskilt vokalskifte som syner seg i rotvokalen i orda (Jf. rotvokalovergangane *i > e, o > ø, au >ey (øy), i > y, a > á (å) og u > o* i døme-oppsettet ovanfor!). Det som har skjedd, er at den trykktunge rotvokalen i orda er blitt påverka av og har tilpassa seg klangfargen i den trykklette endingsvokalen.

Ein *'a'* i ending vil *senke* klangfargen på rotvokalen og gje ordet ein mørkare og romslegare dåm.

Ein *'i'* vil *heve* klangen og gje ordet eit lysare preg.

Og ein *'u'* i ending vil *runde* rotvokalen og gje han eit noe lågare lydpreg.

Nemningane *'senke'* og *'heve'* fortel korleis tungeryggen blir plassert i munnen når me skal uttale høvesvis *'a'* eller *'i'*. Og for å uttale *'u'* må me *'runde'* lippene.

Til vanleg seier me at me har tri typar av omlyd: **a**-omlyd, **i**-omlyd og **u**-omlyd.

Endingsvokalen som laga omlyden, fall som oftast bort etter at prosessen var over.

a-omlyd

a-omlyd er eldst av dei tri omlydstypane, og han virka bare på *kort 'i'* og *kort 'u'* ved at desse blei *senka* til *kort 'e'* og *kort 'o'*.

Overgangane **wigan > vega / vege* og **hurna > horn* syner typiske døme på a-omlyd (Sjå døma ovanfor!).

Vennesla-formene 'veie' og 'hånn' er også a-omlydte former, men har vore gjennom andre og nyare endringar: I-en i 'veie' markerer vokalisering av konsonanten 'g', og 'hånn' har vore gjennom assimilasjonen rn > nn.

Andre a-omlydte former i vm er t.d. *måll* (mold s,f)), *hål* (hol s,n), *gålv* (golv s,n), *ådde* (odde s,m), *båre* (bore /,båret v, perf. part.). I alle desse døma har ein 'a' i ending påverka rotvokalen 'u' slik at denne blei senka til 'å' ('o').

I bokmålet kan ein framleis også skrive dei tri fyrste døma med 'u' som rotvokal: *muld, hull, gulv*. Desse formene er lånte frå dansk (Svenskane skriv *mull, hål* og *golv*).

Svenskane skriv elles *udde* (for 'odde') og *burit* (for 'bore' / 'båret'). – I det heile er a-omlyd lite utbreidd i dansk og svensk. I nynorsk og vm. er han fullt gjennomført i døma her:

nynorsk	**bokmål**	**vm.**	**svensk**	**dansk**
mold	*mold / muld*	*måll*	*mull*	*muld* (s,f)
hol	*hol / hull*	*hål*	*hål*	*hull* (s,n)
golv	*golv / gulv*	*gålv*	*golv*	*gulv* (s,n)
odde	*odde*	*ådde*	*udde*	*odde* (s,m)
bore	*båret*	*båre*	*burit*	*båret* (sterkt v, perf. part.)

i-omlyd

Ved i-omlyd blei rotvokalen *heva* og skuvd framover i munnen: a > e, o > ø, u > y, au > ey (øy). Både lange og korte rotvokalar blei råka.

To av omlydsdøma i innleiinga om Synkopetida har i-omlyd:

urnordisk	**norrønt**	**nynorsk**	**vm.**	
*sofiR >	søfr >	søv	/ søve	(sterkt verb, presens)
*brautijan >	breyta >	brøyta el. brøyte	/ brøyde	(svakt verb,infinitiv)

Andre døme:

gastiR >	gestr >	gjest	/ jest	(subst., eint., ub.form)
*flutjan >	flytja >	flytja el. flytte	/ flytte	(svakt verb, infinitiv).

Både 'i' og 'j' kan virke omlyd. Som oftast fell dei altså vekk (blir synkoperte) når omlydsprosessen er gjennomført. Men når ordet endar på ein nasal lyd (t.d. 'n'), kan denne hindre slikt bortfall. I overgangsprosessen **flutjan* (urnordisk) > *flytja* (norr) har *n-en* gjort til at *j-en* ikkje fell. – Men *n-en* sjølv blir borte.

gastiR er ei urnordisk form som ein fann som del av innskrifta på dei vidgjetne gullhorna frå Gallehus ved Tønder i Sør-Jylland (funne i 1639 og 1734). Dei er frå urnordisk tid (før 400 e.Kr.). Ein har såleis belegg for at denne ordforma eksisterte den gongen, og ho er derfor sett opp utan stjerne (*).

flytja er altså ei form som fortel at 'j' er ein lyd som au gjev i-omlyd (u > y). 'j' har tilnærma same uttalen som 'i' og er tidt blitt kalla ein 'halvvokal'. *'Flytja'*

er ikkje lenger skriftleg form i nynorsk, men står sterkt som dialektform mange stader enno. Vennesla-forma *'flytte'* er au i-omlydt form.

Søve som er ei typisk presens-form i Vennesla, endar på tilleggsvokalen eller hjelpevokalen '-e'. I spåkleg samanheng blir han ofte kalla *svarabhaktivokal* . Ordet *svarabhakti–* har me lånt frå sanskrit, og det tyder noe slikt som 'del av ein vokal'. Me finn han i endingar som er trykklette og "svake" – I vårt tilfelle hjelper han oss til å få litt lyd i r-en som me har som ending i den norrøne presensforma *søfr*. Me talar altså om overgangen *søfr* (norr) > *søve* (vm). – Presensformene av dei sterke verba endar som regel på svarabhaktivokal i dialekten vår *(sidde, kjæme, sjyde, stænne, jænge osv.)*.

I tillegg til å vere ei i-omlydt form , har vårt heimlege ord *'brøyde'*au "blaud konsonant" i innlyd (t > d).

***u**-omlyd*

u-omlyd er yngst av dei tri vanlege omlydstypane. Ein 'u' i ending verkar til at urunda vokalar framanfor (særleg rotvokalar) blir runda: *a* > *ǫ(å), i* > *y, e* > *ø*. U-omlyden har verka både på korte og lange stavingar. ("ǫ har kallenamnet *"o med kvist"*. Me uttalar han som *ein open 'å'*).

I motsetnad til a-omlyd og i-omlyd som ein finn spor av i alle dei germanske landa, høyrer u-omlyden stort sett heime i Norden – og mest i dei vestnordiske språkområda (Vest-Noreg, Island og Færøyane).

Frå gammalt av er Agder rekna som ein del av Vest-Noreg, og Vennesla-målet har ei lang rekkje ordformer med u-omlyd. Det er særleg overgangen a > å (o) som det er enkelt å finne døme på: – 'tång' (tang), 'strånn' (strand), 'tånn' (tann), 'stång' (stang), 'bånn' (barn).

I to av døma i innleiinga om Synkopetida ovanfor har me u-omlyd:

urn.	norr.	nyn.	vm.
**saru* >	*sár* >	*sår*	*/ sår (s, n, sg. og pl.).*
**singwan*>	*syngva el. syngja* >	*syngje el. synge*	*/ sønge (st. v inf.)*

Andre døme:

**tangu* >	*tǫng*	> *tong*	*/ tång (s f sg)*
**tánþu* >	*tǫnn*	> *tann el. tonn*	*/ tånn (s f sg)*
**handú* >	*hǫnd*	> *hand*	*/ hånn (s f sg)*
**barnu* >	*bǫrn*	> *born*	*/ bånn (s n pl).*

Også 'w' kan verka u-omlyd. Frå gammalt av hadde denne lyden ein uttale som låg nær opp til uttalen av 'u'(Jamfør uttalen av 'w' i moderne engelsk!). Til liks med *j-en* er også *w-en* blitt kalla ein 'halvvokal'.

**singwan* har ei eldre form **sengwan* (med rotvokalen 'e'). Verknaden av u-omlyd på denne forma ville gje overgangen **sengwan* (urn) > **søngva* (norr). Truleg har vårt heimlege *sønge* utvikla seg frå ei norrøn form **søngva* eller **søngja.*

Også her ser me at nasalen 'n' hindrar bortfall (synkopering) av den omlydsgjevande vokalen (halvvokalen *w her*) slik det er vist i dømet **flutjan* > *flytja* under avsnittet om i-omlyd ovanfor.

hånn er ei Vennesla-form som kjem av den norrøne eintalsforma *hǫnd* (nominativ og akkusativ) og med assimilasjon nd > nn.

Den danske forma *hånd* har det same norrøne opphavet. Men medan det norske bokmålet har teke over den danske forma, er det sannsynleg at vårt heimlege *hånn* har kome beinveges frå norrønt. – Forma *hand* frå tida før u-omlyden sette inn, er elles godkjend skrift-form i bokmålet ved sida av *hånd*. Den nynorske forma er *hand*.

bånn er den norrøne fleirtalsforma *bǫrn* (nominativ og akkusativ), men med assimilasjonen rn > nn. Eintalsforma i vm er *bån* (med lang 'å').

Nynorsk har fleirtalsforma *barn* ved sida av *born*.

Bryting

Også *bryting* høyrer nøye saman med dei gjennomgripande lydendringane som råka det urnordiske språket i Synkopetida. Det var kort, trykktung *'e'* i urnordisk som blei broten (segmentert) og gjekk over til *'ja'* (Då fylgde ofte ein –a– i neste staving):

*hertan	> hjarta (s,n,sg.)
*helpan	> hjalpa (sterkt verb, infinitiv).
*skeldu–	> *skjaldu (subst., m, pl, akkusativ).

Produktet *'ja'* kunne så i neste omgang, i norrøn tid, endrast til *'jǫ'* i bøyingsformer som hadde ein *'u'* som endingsvokal (u-omlyd):

hjartu	> *hjǫrtu* (subst., n, pl, nominativ og akkusativ).
**skjaldu*	> *skjǫldu* (subst., m, pl, akkusativ).

I nyare tid finn me ofte att brytings-produkta *'ja'* og *'jǫ'* som *'je'* og *'jø'*. Vokallydane har altså blitt heva, noe som kan skuldast ein "reaksjon" frå j-en i brytingsprodukta (i-omlyd):

hjarta (*hjerte*), skjoldr (isl.. *skjõldur*), hjalpa (*hjelpe*), sjaldan (*sjeldan*), bjǫrn (*bjørn*), jafn (bm. *jevn*), bjǫrg (i særnamnet *Bjørg* t.d.).

Som med omlyd, så er også bryting typisk for dei nordiske språka innom det germanske området. Tysk språk har såleis ikkje bryting, noko desse døma vitnar om: Tyske former som *selten, Herz, helfen, Erde, eben, Bãr* har alle bryting på norsk (*sjeldan, hjarte, hjelpe, jord, jamn, bjørn).*

Vennesla-målet har sjølvsagt bryting slik me finn det i andre norske dialektar og i dei norske skriftmåla. *Sjella, jærte, jælpe, jåor, jævn* el. *jamn, bjønn, sjåll* er alle Vennesla-former. Her er brytings-produkta 'je', 'jæ', 'jåo', 'ja', 'jø' og 'jå'.

I same ordrekka finn me elles døme på assimilasjonane ld > ll (sjella, sjåll) og rn > nn (bjønn).

Til sist under dette avsnittet seier eg litt om det personlege pronomenet me bruker mest av alle pronomen som finst, nemleg *'eg'* eller *'jeg'* med alle sine avleiingar (1.person eintal).

Båe kjem av urnordisk **eka.*

'eg' er skriftform i nynorsk, islandsk og færøysk. Forma er ubroten. Det same gjeld desse avleiingane som me finn i dialektane: *'ek', 'æg', 'e', 'i', 'æ'* (Vennesla-forma 'æ' er altså ubroten form).

'ich' (ty), *'I'* (eng) og *'ik'* (nl) er også ubrotne former.

'jeg' er skriftform i bokmål og dansk. Det er ei broten form. Ho har dialektformer som *'jei', 'jai', 'je', 'ja', 'jæ'*. Den svenske skriftforma *'jag'* høyrer også heime her.

Formverket el. Bøyingslæra (Morfologien)

Substantiv

1. Regelrette substantiv

Bøyinga av dei regelrette substantiva er enkel i Vennesla-dialekten. I *eintal* har dei stort sett same bøyinga som i nynorsk:

Hankjønnsord: *ein bil – bilen*
Hokjønnsord: *ei båg (= bok) – båga*
Inkjekjønnsord: *et tau – taue (= tauet)*

I *fleirtal* blir hankjønns– og hokjønnsorda bøygde langt enklare enn i nynorsk, – med endinga *-e* i ubunden form og *-ane* i bunden form.

Dei fleste inkjekjønnsorda får inga ending i ubunden form fleirtal – som i nynorsk, men svært mange av dei kan i tillegg ha endinga *-e* i denne forma. Me seier såleis t.d. *mange hus* eller *mange huse*. I bunden form fleirtal endar au inkjekjønnsorda på *-ane*.

Bøyingsmønsteret for dei regelrette substantiva i Vennesla-målet ser då slik ut:

ein stud – studen – stude – studane (tonem 1 i b.eint., tonem 2 i båe fl.talsformene)
ein kjælke – kjælken – kjælke – kjælkane (tonem 2 i alle fire formene)

ei spann – spanna – spanne – spannane (tonem 1 i b. eint., tonem 2 i båe fl.t.formene)
ei jænte – jænta – jænte – jæntane (tonem 2 i alle fire formene)

et hus – huse – huse (el. *hus*) – *husane* (tonem 1 i b.eint., tonem 2 i båe fl.talsformene)
et jære – jære – jære – jærane (tonem 2 i alle fire formene).

Vm. har ingen tonelagsskilnad i trykksterke einstavingsord.(*stud, spann, hus*).

Einstava substantiv får som regel einstavings tonelag i b.form eintal (*studen, spanna, huse* (= huset)) og tostavings tonelag i fleirtal.

Substantiv med svak bøying har tostavings tonelag i alle fire bøyingsformene i vm.

Døme på substantiv som bare har ubundne fleirtalsformer utan ending:

Hankjønnsord: mange *feil, ting, skåo, litår, fåod, metår*
Hokjønnsord: mange *mil*
Inkjekjønnsord: mange *lamm, kått, egg, fjell, tonn*

Litår, fåod, metår, mil og *tonn* er måleeiningar, og slike ord har som regel inga ending i ub. fl.tal.

Ein del einstava inkjekjønnsord med kort rotvokal har inga ending i ub. fl.tal i vm.

2. Substantiv med vokalskifte i fleirtal.
Somme av desse er såkalla slektskapsord.

Hannkjønnsord:

ein far – faren – fedre – fedrane
ein bråor – bråoren – brødre – brødrane
ein mann – mannen – menne – mennane
ein fåod – fåoden – føde – fødane

Hokjønnsord:

ei måor – måora – mødre – mødrane
ei dattår – dattåra – døtre – døtrane
(gamal form: ei dåotte – dåottera – døtre – døtrane)
ei mus – musa – mysne – mysnane
ei tå – tåa (tåna) – tæe (tæne) – tæane (tænane)
ei tånn –tånna – tænne – tænnane
ei kråon – kråona – krønne – krønnane
ei glåo – glåoa – glønne – glønnane
ei ån – åna – æne – ænane (Eigelannsåna, Rågåna, Ståoråna)

Inkjekjønnsord:

et bån – båne – bånn – bånnane (Vokalskiftet her gjeld bare lengda på rotvokalen: – lang vokal i eintal og kort vokal i fleirtal).

Ei spesiell gruppe hokjønnsord:

Ein del einstava hokjønnsord som i skriftspråket endar på rotvokal i ub. eintal, har i Vennesla-dialekten ei bøying som tydeleg viser samanhengen med gammalnorsk:

ei ån – åna – æne – ænane
ei tå – tåna – tæne – tænane
ei kråon – kråona – krønne – krønnane
ei øy – øyna (Honsøyna, Drivenesøyna)
ei brun – bruna (hængebruna, Samkombruna)

Utviklinga frå gammalnorsk på forma *bruna* tenker ein seg slik:
bru hina > *bru ina* > *bruna* (*hina* er den etterhengde bundne hokjønnsartikkelen i gammalnorsk).

Merk: ei liknande bøying har hankjønnsordet *måon* (= mo):
ein måon – måonen – måone – måonane (Måseimåonen,Vennesla-måonen, Tjovmåonen).

Verb
Me har tidlegare vore inne på at Vennesla-dialekten er eit e-mål (Sjå under 'Lydverket' ovanfor!). Det tyder m.a. at dei aller fleste verba har infinitivsendinga – e.*: å leide, å sidde, å kåmme, å finne* osv..

Som i dei norske skriftspråka, endar ein del verb i vm på rotvokalen i infinitiv*: å nå, gli, bu, råo, bla, sje, gå, fly*. Me finn både svake og sterke verb i denne gruppa.

Det ser elles ut til å vere ein utviklingstendens at dialekten vår etter kvart får fleir svake former inn i bøyingane av dei sterke verba. Men samstundes viser det seg at *det særeigne tonefallet (tonem 1) hos presensformene av dei sterke verba*, er det som held seg lengst og fortel når me har med eit *opphavleg* sterkt verb å gjere. Me skal få døme på dette under avsnittet om dei sterke verba.

Presensformene hos opphavleg svake verb har tonem 2.

Presens partisipp endar i vm. vanlegvis på *–anes: syklanes, plystranes, læanes*. Men Astri Jortveit Horn har funne at presens partisippformer, som er brukte som forsterkingsledd til eit adjektiv t.d., av og til mistar endings-s i eldre Vennesla-mål: *"Æ blei håppanne gla då Jåon sa 'an ville kåmme på besøg!"* – Endinga – *anne* er uttaleform av den opphavlege presens partisipp-endinga *–andi* i norrønt (*-ande* i nynorsk). Truleg syner overgangen *hoppande* > *håppanne* nest siste steget i utviklinga av presens partisipp-forma i vm. – med assimilasjonen *nd* > *nn*. Siste steget i denne prosessen ser me då i dømet *hoppanne* > *hoppanes*.

1. Svake verb
a-verb (med –a som ending i preteritum):

å kaste – (nå) kaste (du) – (i går) kasta (æ) – (æ he) kasta
å labbe – labbe – labba – labba
å sykle – sykle – sykla – sykla

e-verb (med -te som ending i preteritum):

å tænke – tænke – tænkte – tænkt
å lyse – lyse – lyste –lyst
å kjænne – kjænne – kjænte – kjænt

Me har etter måten få a-verb i Vennesla-målet. Mange av verba som har – eller kan ha – bøying som a-verb i det nynorske skriftspråket, blir ofte bøygde som e-verb i vm.. Og det er ein del vakling hos venndølane når dei skal velje mellom a-verbformer eller e-verbformer, syner Astri Jortveit Horn i oppgåva si. Dei tryggaste a-verbformene i vm. er dei som har rotstavingar med "problematiske" konsonantsamband som t.d. –dn– i *rådne*, -gl– i *mogle*, -gr– i *spigre*. Her "tvingar" a-verbformene i preteritum og perf.part. seg fram: *rådna, mogla, spigra.*

Denne tendensen til at enkelte a-verb etter kvart får bøying som e-verb er endå sterkare i kystbygdene omkring og vest for Kristiansand. Der kan ein t.d. treffe på "vanskelege" preteritumsformer som 'syklte' (av *å sykle*) og 'labde' (av *å labbe*).

e-verb (med –de som ending i preteritum):

å bygge – bygge – bygde – bygd
å stræve – stræve – strævde – strævd (*stræfte – stræft* hos eldre)
å feie – feie – feide – feid
Som *bygge* gjeng t.d. *sjygge* og *våge.*
Som *stræve* gjeng m.a. *prøve, love* og *leve.*
Som *feie* gjeng *bøye, greie, veie, leie* og *pløye.*

Verba her har rotstavingar som endar på 'g', 'v' eller diftong. Desse endingane kan altså gje verba preteritumsendinga –de . Samstundes har dei tostavings tonelag på presensformene, noko som syner at dei er *opphavleg* svake. Verb med desse bøyingskriteria er ikkje særleg mange i vm..

e-verb (med –dde som ending i preteritum):

nå – nå – nådde – nådd
bu – bu – budde – budd
grue (sæ) – grue – grudde – grudd

Som *'nå'* og *'bu'* bøyer me dei fleste svake verba som endar på lang rotvokal i infinitiv, t.d. *su, træ, tru, sku, flå, spå smi, sy, dø, skåo, råo, spy, bry.*

-*'spy'* og *'bry'* kan ved sida av dei svake formene *'spydde'* og *'brydde'* ha dei sterke formene '*spøy'* og *'brøy'* i preteritum. Desse er analoge former til preteritumsformene i 2. klassa av dei sterke verba.

– Legg elles merke til korleis diftongen 'åo' endrar seg til kort 'o' eller 'å' i preteritum og perf. part, av verba 'skåo' og 'råo':

skåo – skåo – skodde – skodd ("Nå håb' æ du he skodd hesten godt!").
råo –råo – rådde – rådd ("Me he rådd te saga på Gråvane mange gånge fårr å hænte sagelspon.").

Med skarre-r som nærmaste nabo har tronge vokalar ein tendens til å bli opnare i vm.. Dette gjer nok til at me her får formene *rådde* og *rådd* i staden for dei meir sannsynlege og venta formene *rodde* og *rodd* .

Som *'grue'* bøyer me ei lita gruppe svake verb som i infinitiv endar på -e etter lang rotvokal:

å grue: Per *grudde* sæ fælt te å gå på skulen dænn daen.
å kvie: Ho *kvidde* sæ fårr å seie nei takk te maden som tanta setta fram te 'o.
å tie: Bånnane *tidde* då læråren kåmm inn.
å vie: "Præsten he *vidd* dei te mann og kåne fårr længe sia. Så dei lev' ikkj' i synn!"

Svake verb med uregelrett bøying:

å spør – spør – spørte – he spørt
å jårr – jårr – jåore – he jårt
å seie – seie – sa – he sagt
å tåre – tår – tårte – he tårt ("Tår du værkeli klatre i de fjelle?")
(å tare) – tar – tarte – he tart ("Tar dykken bråge sånn? Æ fær' ikkje såve!").

Sjå om (*'tare'*) i ordlista!

2. Sterke verb.

Sterke verb har *einstava former i preteritum* som kjenneteikn. Dessutan har dei fleste sterke verba *vokalskifte i rotvokalen frå infinitiv til preteritum og perfektum partisipp* – i samsvar med dei ulike avlydsrekkjene.

Hos dei regelrette sterke verba gjeng også dei same konsonantane att i dei ulike a verbo-formene. Som oftast har desse verba også same rotvokalen i infinitiv og presens (dvs. på presenssteget). Dersom presensforma har annan rotvokal enn infinitiven, skuldast det omlyd .

I vm. finn me ein god del omlydte presensformer blant dei sterke verba, [t.d. *søve* (av 'å såve') og *te* (av 'å ta')], – slik det også er i nynorsk. Dette gjeld t.d. dei fleste sterke verba med rotvokalane *'å' ('o')* og *'a'* i infinitiv.

Dei aller fleste sterke verba i vm.endar elles på ein svak -e i presens. Denne e-en er ein tilleggsvokal (svarabhaktivokal). Han har kome i staden for ein -r som

var ei presens-ending i norrønt, (norrønt *'kemr'* har t.d. blitt *'kjæme'* i Vennesla-målet).

Under avsnittet om **avlyd** ovanfor nemnde eg at eg ville leggje bøyinga av dei sterke verba i Vennesla-målet inn i eit bøyingsmønster med 6 (7) klasser slik det er vanleg i norrønt og nynorsk mål. Saman med Vennesla-formene set eg for kvar klasse au opp typiske norrøne og nynorske døme-former for å syne endring og utvikling fram mot Vennesla-formene. Endringane vil bli kommenterte.

I norrønt mål (gammalnorsk) fanst det fleire former av verbet både i presens og i preteritum. Dei kunne t.d. førast opp i *'eintal indikativ'*, i *'fleirtal indikativ'* og i *'konjunktiv'*. Me kjenner igjen slike nemningar frå moderne tysk grammatikk med t.d. fleire ulike former av verbet både i eintal og fleirtal. Det er altså tale om eit gammalt germansk fenomen.

I moderne norsk er det svært lite tilbake av dette meir innfløkte bøyingssystemet, og i oppsettet nedanfor fører eg opp bare éi av dei nemnde presens- og preteritumsformene i norrønt, nemleg *eintal indikativ* som ligg til grunn for presens- og preteritumsformene som me har i det nynorske skriftspråket vårt i dag.

Indikativ, konjunktiv og *imperativ* er nemningar for verbkategoriar (modi) som ved nyansar i tonefall og styrke i talestraumen t.d. er med på å fortelje kva vedkomande talar legg i det han seier fram.

Indikativ er den vanlegaste verbalkategorien (modus-en) i moderne norsk. Han blir brukt i alle alminnelege *'forteljande'* utsegner og påstandar.

Imperativ blir til vanleg kalla *'bydeform'*. Det er ein verbalkategori som fortel klart kor bestemt talaren er på at det verbet uttrykkjer skal gjennomførast. I moderne norsk er imperativformene som oftast identiske med rotformene av verba*:* *Kom* hit! *Sit* ned! *Reis* din veg!

Konjunktiv er ein kategori det er heller lite att av i språket vårt i dag. Me finn han t.d. i faste uttrykk som "*Signe* maten!" "*Leve* Kongen!" Han uttrykkjer ofte ynskje hos den som talar. Og me finn mange døme på konjunktivformer i eldre poesi og i høgtidelege vendingar.

[*Modus* sg – *modi* pl (lat. 'måte', 'mål')].

Nedanfor fører eg opp dei vanlege a verbo-formene *infinitiv – presens – preteritum – perfektum partisipp* der

- tankestrek markerer overgang til neste a-verbo-form.
- skråstrek syner at det finst fleir likestilte former på same a-verbo-steget.
- hakeparentes markerer tillatne sideformer i nynorsk.
- vanleg parentes rundt ei Vennesla-form fortel at ho er lite brukt eller ute av bruk no.

(Under vm. set eg opp *perfektum-forma* saman med hjelpeverbet 'he').

1. klasse [med vokalvekslinga ***i*** — ***ei*** — ***i*** i gammalnorsk].

norr: at bita – bitr – beit – bitit
at riða – riðr – reið – riðit
at síga – sígr –seig – sígit

nyn: å bite / bita – bit – beit – bite
å ride / rida / ri – rid / rir – reid / rei – ride / ridd
å sige / siga – sig – seig – sige

vm: å bide (tonem 2) – bide (tonem 1) – beid – he bede
å ri – ri – rei – he ridd
å si – si – sei – he sidd

Til denne klassa reknar me au det mykje brukte å *'bli'* som i vm. er bøygd slik:

å bli – bli – blei – he blitt. Me har fått det frå lågtysk *'bliven'* via dansk *'blive'*. 'Å bli' har erstatta det norske 'å verta' i dialekten vår.

2. klasse [med vokalvekslingane ***ú, jó, jú — au — o*** i gammalnorsk].

norr: at bjóða – býðr – bauð – boðit
at brjóta – brýtr – braut – brotit
at fljúga – flýgr – flaug – flogit
at skjóta – skýtr – skaut – skotit
at súga – sýg – saug – sogit

nyn: å byde / byda / by [bjode / bjoda] – byd / byr – baud – bode / bodi
å bryte / bryta – bryt / [bryter] – braut – brote / broti
å fly / flyge / flyga – flyr / flyg [flyger] – flaug – floge / flogi
å skyte /skyta [skjote / skjota] – skyt – skaut – skote / skoti
å suge – syg – saug – soge / sogi

vm: å by – by –bøy (bau) – he bydd
å bryde (tonem 2) – bryde (tonem 1) – brøyd (braud) – he brøde (bråde)
å fly – fly – fløy (flau) – he flydd
å sjyde (tonem 2) – sjyde (tonem 1) – sjøyd (skaud) – he sjøde (skåde)
å su – su – sudde – he sudd

Merknader til 1. og 2. klasse av dei sterke verba:
Som *'bide'* gjeng m.a. *'drive', 'pibe', 'gribe', 'skrive', 'hive', 'skrige', 'slide', 'trive', 'grine'.*
Som *'bryde'* og *'sjyde'* gjeng t.d. *'flyde', 'fyge', 'krybe', 'stryge', 'fryse', 'drybe'*.
Som 'fly' og 'by' gjeng t.d. 'ly' (= 'lyge') og 'smy' (='smyge').

Som 'si' og 'ri' gjeng m.a. *'gli', 'svi', 'vri', 'skli', 'skri', 'li'* [= 'lide' el. 'gå' (om tida) – "De li alt langt på daen".],
'Su' er i dag fullt ut eit svakt verb i vm. og høyrer saman med klassa av svake verb som endar på rotvokalen i infinitiv (t.d. 'bu', 'nå', 'tru', 'sy' osv.).

Me ser at Vennesla-formene har "blaude" konsonantar i samsvar med dei vanlege reglane.

Partisipp-formene *ridd* (av *'ri'*), *glidd* (av *'gli'*), *svidd* (av *'svi'*), *flydd* (av *'fly'*), *bydd* (av *'by'*) osv. er svake former som er analoge med tilsvarande former av dei svake verba som i infinitiv endar på rotvokalen, t.d. *trudd* (av *'tru'*), *nådd* (av *'nå'*) osv..

Rotformene (el. infinitivsformene her) som i vm. endar på vokalane -i eller -y, endar i norrønt, som me ser, på konsonantane 'g' eller 'ð' ("stungen" 'd') etter rotvokalen. I vm. blir dei to lydane ('d' og 'g') stundom borte når dei kjem i denne posisjonen. Der er elles ein viss tendens i dialekten vår til slikt bortfall også i rotformene til andre ordklasser enn verb – så lenge det er tale om opphavleg norske former.. [Jfr. t.d. overgangane *dagr– s,m* (norr) > *dag* (nyn.) > *da* (vm.), *tið – s,f* (norr.) > *tid* (nyn.) > *ti* (vm.), *bliðr – adj.* (norr) > *blid* (nyn.) > *bli* (vm.)].

brøyd – brøde, sjøyd – sjøde, frøys – frøse osv. er yngre former som etter kvart skuver ut dei eldre formene *braud – bråde, skaud – skåde, fraus – fråse* osv. i Vennesla-målet . – I hovudoppgåva si har Astrid J. Horn gjennom informantintervjua funne at denne prosessen har kome svært langt i dag. Hennar slutning er denne: " – Også dei eldre informantane mine bruker så godt som berre dei nye formene. Eit unntak finn ein i bøyinga av verbet *'å sjyde'* der dei eldre og somme i mellomgenerasjonen kan ha pret.- og perf. part.-formene *'skaud'* og *'skode'* ved sida av dei nye formene ".

Ein kan rekne med at yngre venndølar konsekvent nyttar formene *brøyd – brøde, sjøyd – sjøde* osv. i dag.

Dei yngre formene *brøyd – brøde* osv. finn me i dialektane langs heile Agderkysten med dei næraste innlandsbygdene, i dialektane kring Oslo-fjorden (*brøyt – bryti* osv.) og elles i ei rekkje av bymåla våre. Det er laga ulike teoriar på korleis og kvifor desse formene har vakse fram.

I språkutviklinga er det ein tendens til at formverket etter kvart blir enklare, og den mest tillitvekkande teorien i dette høvet går ut på at det nye bøyingsmønsteret i 2. klassa av dei sterke verba *(bryde–brøyd–brøde / bryte–brøyt–bryti)* har blitt analogisk påverka, gjort meir lik, måten dei sterke verba i 1. klassa er bøygde på *(bide–beid–bede / bite–beit–biti)*. Når denne prosessen er over, er einaste skilnaden mellom bøyingsmønstra i dei to klassene at rotvokalane i a verbo-formene i 2. klassa *(y,øy,ø)* er runda vokalar, – hos 1. klassa er dei framleis urunda. Det tyder, reint konkret, at tunga har same posisjonen i munnhola anten du uttaler 'i' eller 'y'. Men for å få fram ein riktig 'y', må du samstundes runde lippene (Prøv det same med *ei-øy* og *e-ø* !).

Denne påverknaden har altså gått frå 1. kl. mot 2. kl., dei einaste klassene av

sterke verb som opphavleg har diftong som rotvokal i preteritum. Ein kan ikkje vise til ein liknande påverknad mot klasser av sterke verb med monoftong som rotvokal i preteritum. Ein finn heller ikkje slik påverknad hos desse klassene seg imellom.

Det finst såleis gode argument for å meine at dei to klassene av sterke verb med diftong i preteritum kan reknast som éi klasse når den nemnde endringsprosessen er over i dialekten vår.

Det er dialektforskaren Arne Torp som står bak denne teorien som han utviklar grundig i "Maal og Minne" for 1980 (ss. 185 – 190) og i boka "Landvikmålet" som han gav ut i 1986 (ss. 92 – 95).

3. klasse [med vokalveksling ***e (i, ja, y, ø) — a/ ǫ — o/u*** i gammalnorsk].
Rotvokalane utanfor parentesane er dei opphavlege.

norr: at bjarga – bergr – barg – borgit
at detta – dettr – datt – dottit
at finna – finnr – fann – funnit
at syngva – syngr – sǫng – sungit
at søkkva – søkkr – sǫkk – sokkit

nyn: å berge / berga – bergar – berga – berga
å dette / detta – dett – datt – dotte / dotti
å finne / finna – finn – fann – funne / funni
å syngje / syngja / [synge / synga] – syng [synger] – song – sunge / sungi
å søkke / søkka – søkk [søkker] – sokk – sokke / sokki

vm: å bærge – bærge – bærga – he bærga
å dette – dette– datt – he dåtte / dotte
å finne – finne – fant – he fonne / fånne
å sønge/synge – sønge /synge – sang / sång – he songe / sånge (søngt/syngt)
å søkke – søkke – såkk – he søkkt (såkke)

Merknader til 3.klassa av dei sterke verba:
'Bjarga' har einstava preteritumsform i gammalnorsk og er såleis sterkt verb. Rotproduktet *'ja'* i infinitiv har kome ved bryting av opphavleg *'e'* i urnordisk (*bergan > bjarga), medan presensforma framleis held på *'e'* (bergr).

I moderne tysk har dette verbet dei opphavlege lydovergangane som sterkt verb: *bergen – barg – geborgen.*

Som tidlegare nemnt, er bryting fyrst og fremst eit nordisk fenomen. I så måte har danskane forma *'bjærge'* med brytingsproduktet *'jæ'*, og gammal riksmålsform er *'bjerge'* med brytingsproduktet *'je'* .

I skriftmåla våre er dette verbet blitt svakt (a-verb). Denne overgangen er gjennomført fullt ut ved at også presensforma har fått tonem 2-uttale. Slik er det også i vm.

Rotvokalen 'æ' i vm har blitt til ved påverknad av nabolyden 'r' (skarre-r).

Verba *'snørte'* (= 'snerte'), *'velte'* og *'værpe'* som opphavleg høyrer denne klassa til, er au fullt ut svakt bøygde i vm. (a-verb).

Verba *'hjalpa'* (= 'hjelpe') og *'skjalfa'* (= 'skjelve') blei i norrønt bøygde som *'bjarga'*. Hos mange eldre venndølar finn me att mykje av dei gamle sterke formene:

å jælpe – jælpe – jalp – he jolpe / jålpe (med mange ulike brytingsprodukt)
å sjelve – sjelve – skalv – he skålve

Som *'dette'* gjeng m.a. *'knekke'*, *'kvekke'*, *'række'*, *'skvette'*, *'sleppe'*, *'smelle'*, *'sprække'*, | *'sprætte'*, og *'strække'* i Vennesla-målet.

Men 'smelle' skil seg litt ut ved at preteritumsforma er 'smalt' (ikkje 'small'). Og skarre-r som nabolyd gjev også her lydovergangen e>æ i somme av døma.

Som *'finne'* gjeng t.d. *'binne'* (= binde), *'spinne'*, *'fårrsvinne'*, *'vinne'*, *'brænne'* og *'rænne'*. Alle preteritumsformene her endar på –t i vm: *spant, fårrsvant* osv.

Som *'sønge'/'synge'* gjeng t.d. *'hænge'*, *'slænge'*, og *'trænge'*.
Som *'søkke'* gjeng t.d. *'røkke'*, *'støkke'* og *'tygge'*.

<u>*4.klasse*</u> [med vokalveksling ***e (o, i) – a – o (u)*** i gammalnorsk].

norr: at bera – berr – bar – borit

nyn.: å bere / bera – ber – bar – bore /bori

vm.: å bere – bere – bar – he båre / bert

Merknader til 4. klassa av dei sterke verba:
Som *'bere'* gjeng *'stele'* / *'stjele'* og *'skjere'*.:

å stele / stjele – stele / stjele – stal / stjal – he ståle / stjåle (stjelt)

å sjere – sjere – skar – he skåre (sjert)

Ein del sterke verb med avvikande bøying høyrer frå gammalt heime her:

å kåmme – kjæme – kåmm – he kåmme	(norr: *koma – kemr / kømr – kom – komit*)
å såve – søve – såv – he såve	(norr: *sofa – sefr / søfr – svaf – sofit*)
å veve – veve – vefte – he veft	(norr: *vefa – vefr – vaf / of – vofit / ofit*)
å sømme – sømme – sømte – he sømt	(norr: *svima – svim – svam –svimit/sumit*)

Presensformene *'veve'* og *'sømme'* blir uttalte med tonem 1 og har såleis sterk bøying i vm.

Preteritum og perf. part.av dei same to verba er svake former.

5. klasse [med vokalvekslinga ***e (i) — a — e*** i gammalnorsk].

norr: at lesa – lesr – las– lesit
at sitja – sitr – sat – setit

nyn: å lese /lesa – les [leser] – las – lese / lesi
å sitje / sitja / [sitte /sitta] – sit [siter / sitt / sitter] – sat – sete / seti

vm.: å lese – lese – las (leste) – he lest
å sidde – sidde – sadd – he sådde / sodde / sidde (sede)

Merknader til 5. klassa av dei sterke verba.
Som *'lese'* gjeng *'je', 'be', 'ede'* og *'drebe'* (men *ede* har rotvokalen *å* i preteritum. Sjå nedanfor!):

å je – je – ga – he jett	(norr: *gefa – gefr – gaf – gefit*)
å be – be – ba – he bedd	(norr: *biđja – biđr – bað – beđit*)
å ede – ede – åd – he ede	(norr: *eta – etr – át – etit*)
å drebe – drebe – drab – he drept	(norr: *drepa – drepr – drap – drepit*)

Som *'sidde'* bøyer me *'ligge'* , men med rotvokalen 'å' i preteritum:

å ligge – ligge – lå – he lågge / logge / ligge / (leie) (norr: *liggja – liggr – lá – legit*)

Parentesforma *'leie'* er gammal Vennesla-form som truleg ikkje lenger er i bruk. Det er tale om den nynorske perf.part.-forma *'lege'* som ein reknar med i si tid hadde palatal uttale av 'g' i vm.. Palatallyden (halvvokalen 'j') gjekk så etter kvart over til fullvokalen 'i' då diftongen 'ei'.blei danna Utviklinga kan kanskje illustrerast slik:

lege (utt.:leje) > leie.

(Sjå under avsnittet Vokalisering av konsonanten 'g' lengre framme!)

To verb som er mykje brukte (*'vere'* og *'se'*) høyrer 5. klassa til. Dei har enkelte litt spesielle bøyingsformer:

norr: at vera – er – var – verit (eldre former med 's' : vesa – es – vas – vesit)
at sjá – sér – sá – sét

nyn: å vere / vera – er – var – vore /vori
å sjå – ser – såg – sett

vm: å vere – æ – va – he vore / vort / vært
å se – ser – så – he sett

Dei eldre norrøne / germanske formene av ***'vera'*** med 's' i stamma finn me i dag t.d. att i eng. 'is' og 'was' og i tysk 'gewesen' (Sjå nærare om dette under *'vere'* i ordboka!).

Preteritumsformene med rotvokalen 'å' her (*åd, lå, så* i vm.) hadde opphavleg lang 'a' i rota – slik det "skulle" vere etter den 5. avlydsrekka. Lang lyd blei i norrøn tid markert med aksent (á = lang 'a'). Men frå om lag 1200 og utetter fekk denne lange á-en etter kvart eit mørkare og rundare preg som endte med at han til slutt blei uttalt som vår 'å' i dag, Når me les norrøne tekstar i dag , er det vanleg å uttale 'á' som 'å'.

Infinitiven 'se' i vm. har me truleg fått frå dansk. Han er avkorta (synkopert) form av eit eldre 'séa'.

Overgangen *séa* > *sjá* (sjå) har blitt til ved trykkoverføring og hiatus mellom rotvokalen -e og infinitivsendinga -a. Med hovudtrykket på endingsvokalen er *'é'* blitt redusert til halvvokalen *'j'*. Utviklinga kan ha vore slik: séa > seá > siá > sjá (sjå)

Me talar om ***hiatus*** i språkleg samanheng dersom to vokalar støyter saman utan at dei dannar diftong. I ordet *koffein* t.d. lagar *'e'* og *'i'* ingen diftong, men dannar kvar si staving og må uttalast som dei vokalane dei er.

<u>6. klasse</u> (med vokalvekslinga ***a – o – a*** i gammalnorsk).
Vokalvekslinga som er vist her, er i samsvar med den 6. avlydsrekka. Det tyder at ***'a'*** er rotvokal på presenssteget [dvs.*infinitiv + presens*] og i *perfektum partisipp*, og ***'o'*** i *preteritum*. Men det er mange unntak, noko som ofte skuldast i-omlyd i presens . – Eg legg elles vekt på å syne verb av denne klassa som har litt spesielle former i vm.:

norr: at fara – ferr – fór – farit
at standa – stendr – stóð – staðit
at taka – tekr – tók – tekit
at grafa – grefr – gróf – grafit
sverja – sverr – sór – svarit / sorit
deyja – deyr – dó – dáit

nyn: å fare / fara – fer [ferer] – fór – fare / fari
å stå – står – stod [sto] – stått *[stande / standa – stend* el. *stender – stod* el. *sto – stade / stadi]*
å ta el. take / taka – tek [tar el. teker] – tok – teke / teki [tatt]
å grave / grava – grev [grever] – grov – grave / gravi
å sverje / sverja – sver [sverer] – svor – svore / svori
å døy [dø] – døyr [dør] – døydde [dødde] – døydd el. døytt [dødd el. døtt]

vm.: (å fare) – fere – fåor – he (fare) / (fart)
å stå – stænne – ståo – he ståtт
å ta – te el. ter – tåo – he tatt
å grave – grave (greve) – grafte (gråov) – he graft
å sværge (sværje) – sværge (sværje / svere) – svåor (sværga / sværja) – he sværga / sværja (svåre)
å dø – dø – dødde (dø'e) – he dødd

Merknader til 6. klassa av dei sterke verba:
'fare' har halde godt på den opphavlege bøyinga i vm.. Men enkelte av formene er lite i bruk i dag. Preteritumsforma er kanskje mest nytta. ("Han fåor som et ålja lyn nerøve bakkane."). Men me høyrer også presensforma brukt i uttrykk som "Håssen æ de du fere!" t.d. når ein uforsiktig gutunge tippar mjølkeglaset og søler til bordduken..

Me eig bøyingsformer frå både ***'stå'*** og ***'stande'*** i dialekten vår (Sjå bøyingane i norrønt og nynorsk ovanfor!). *'stande'* er eldst av dei to infinitivane hos oss. Han går tilbake på ein sannsynleg germansk infinitiv **standán*.

'stå' er eigentleg ei forholdsvis gammal sideform til *'stande'* og kan ha kome til oss frå lågtysk via Danmark og Sverige. Men sume meiner formene med 'å' som rotvokal har blitt til her heime ved analogisk påverknad frå tilsvarande former av *'gå'* (= 'gange' – Sjå under klassa nedanfor her!).

Presensforma *'stænne'* (= 'stend') er i-omlydt form av *'stande'*.

Preteritumsforma *'ståo'* (= stod) høyrer heime blant a verbo-formene til båe infinitivane, men ho var på plass lenge før formene med 'å' som rotvokal trengde ut infinitiven 'stande' og perf.part.-forma 'stae' (= stade) i dialekten vår.

Presensformene *'te'* og *'ter'* til verbet ***'å ta'*** vitnar igjen om kor "uviljuge" venndølane er til å gje slepp på det gjennomgåande gamle preget presensformene av dei sterke verba har i målet sitt. Sume, kanskje helst dei unge, har gått så langt at dei har sleppt til endingskonsonanten 'r' frå skriftforma 'tar', men den gamle rotvokalen 'e' frå den norrøne presensforma 'tekr' (av 'taka') er framleis på plass i 'ter'.

Truleg har presensforma tidlegare vore *'tege'* (med vanleg velar g-lyd) i vm., – slik ho t.d. er i delar av Marnardal i dag.

Og kanskje har ein eller annan venndøl i eldre tid sagt t.d. "He du *teie* mæ dæ nåkk niste?" – Altså med ei perf.part.-form med vokalisering av 'g' (Jfr. perf.part.-forma 'sleie' under verbet 'slå' nedanfor!).

Som 'å ta' gjeng 'å dra':

vm: å dra – dreie – dråo – he dradd (norr: draga – dregr – dró – dregit)

Presensforma *'dreie'* er spesiell. Ho blir uttalt med tonem 1, det typiske presenstonemet for dei sterke verba. Ho er ekte "etterkomar" av den norrøne presens-

forma 'dregr', og har truleg vore gjennom fylgjande utvikling: *'dregr > drege (dreje) > dreie.* – Ettersom endingsvokalen er tilleggsvokal (svarabhaktivokal), kan ho ha blitt til ved analogi – t.d. ved påverknad av gamle perf.part.-former som har vore gjennom prosessen med vokalisering av 'g'.

Som ***'grave'*** gjeng t.d. *'gale', 'male'* og *'gnage'* som alle har svak bøying i vm. i dag.

Me skal likevel ikkje langt tilbake i tid då me framleis høyrde presensformene som har *i-omlyd* og blir uttalte med *tonem 1*: 'greve', 'jele', 'mele', og 'gnege'.

'sværge' ('sværje') er svakt verb hos oss i dag (a-verb), men dei sterke formene 'svere' (presens) og 'svåor' (preteritum) kjem nok fram ein gong imellom ("Han svåor på at de va sant.").

Svak bøying har også ***'dø'.*** I dag høyrer det heime blant verb som endar på lang rotvokal i infinitiv. – I preteritum og perf.part. er rotvokalen kort framføre endingane *–dde* og *–dd.*

Bokmålsforma 'døde' med lang rotvokal i preteritum er elles mykje brukt i daglegtalen, men med bortfall av d-en i preteritumsendinga (dø'e).

7. klasse (reduplikasjonsverb i gammalgermansk og urnordisk tid).

Ein reknar med at dei såkalla *reduplikasjonsverba* i si tid danna preteritumsformer ved at rotstavinga blei teken opp att (blei reduplisert). Me har belegg for slike verbformer på gotisk i Wulfilas bibelomsetjingar (om lag 360 e.Kr.). Denne måten å lage fortidsformer på fall bort etter kvart som utviklinga mot eit norrønt mål hos oss gjekk sin gang i Synkopetida.

Nokre døme på denne overgangen kan vere:

gl.germ./urnord.	gotisk		norrønt
**he-heit*	*(haihait)*	>	*hét* (av *'heita'*).
**le-láik*	*(lailaik)*	>	*lék* (av *'leika'*).
**e-áuk*	*(aiauk)*	>	*jók* (av *'auka'*).
**fe-banh (> *fe-fanh)*		>	*fekk (av fá)*
**he-haw*		>	*hjó* (av *'hoggva'*).
**ge-gáng*		>	*gekk* (av *'ganga'*).
**he-hald*	*(haihald)*	>	*helt* (av *'halda'*).

Eit anna sams merke hos desse verba var at *presenssteget* og *perf.part.* frå gammalt av hadde same rotvokalen, og preteritum ein annan vokal (Jfr. parentesane til verbrekkjene nedanfor!). Men det varierte vokalskiftet i avlydsrekkjene med omlydar, fl.talsformer osv. skapar likevel eit litt brokut bilete av desse verba som eiga klasse.

Mange av verba høyrer elles til dei som er med på å gje Vennesla-målet noe av særpreget sitt. Her kjem eit utval:

norr.: at heita – heitr – hét – heitit	(ei – é – ei)
at leika – leikr – lék – leikit	(ei – é – ei)
at auka – eykr – jók – aukit	(au – jó – au)
at hoggva – høggr – hjó (pl. hjoggu) – hoggvit	(o – jó – o)
at fá – fær – fekk – fengit (Jf. sv 'fångit')	(a – e – a)
at ganga – gengr – gekk – gengit (< gangit)	(a – e – a)
at halda – heldr – helt – haldit	(a – e – a)
at hanga – hengr – hekk – hangit	(a – e – a)
at blása – blæss – blés – blásit	(á – é – á)

nyn.: å heite /heita – heiter – heitte / het – heitt
å leike / leika – leikar – leika – leika
å auke / auka – aukar – auka – auka
å hogge / hogga – høgg [høgger] – hogg – hogge / hoggi
(el.: å hogge – hogger – hogde – hogd / hogt)
å få – får [fær] – fekk [fikk] – fått [fenge / fengi]
å gå – går – gjekk [gikk] – gått
[å gange / ganga – gjeng / gjenger – gjekk – gjenge / gjengi]
å halde / halda – held [helder] – heldt – halde / haldi
å hange / hanga (henge / henga) – heng [henger] – hang (hekk)
hange / hangi
å blåse / blåsa – blæs [blæser] – bles – blåse / blåsi
(el.: å blåse /blåsa – blåser – blåste – blåst).

vm.: å heide – heide – hette – he hett
å lege – lege – lekte – he lekt (el. å leike – leike – leika – he leika)
å auge – auge – aukte /auga – he aukt / auga (el. øge – øge – økte – he økt)
å hågge – høgge – hågg / hågde – he hågd
å få – fære – fekk – he fått
å gå – jænge – jekk – he gått
å hålle – hølle – hålt – he hålt
å hænge – hænge – hång / hang – he hængt / hånge
å blåse – blæse – blåste – he blåst

Merknader til 7. klassa av dei sterke verba (reduplikasjonsverba).
Me ser at '**heide'** er ei form med "blaud" konsonant ('d') i innlyd – mellom diftongen 'ei' og endingsvokalen 'e'.

I preteritum og perf. part. har 'ei' som "rotvokal" blitt redusert til 'e' ved monoftongering. (Sjå i ordlista under *'vede'* om monoftongering!). Verbet har svak bøying i vm..

Av dei to formene '**lege'** og '**leike'** er den fyrste av dansk opphav, den andre

er norsk. *'Lege'* er i alminneleg bruk i vm. når det er tale om born som leikar ("Vil du lege mæ mæ?"). *'Leike'* brukar me når me talar om storfugl som leikar ("Du kann høre årren leike vær mårra innpå myra hær!").

Elles legg me merke til at den "blaude" konsonanten *'g'* i *'lege'* hardnar til *'k'* framføre bøyingsendingane som tek til med hard og ustemt konsonant (i dette tilfellet *'-te'* og *'-t'* i henholdsvis preteritum og perf.part.). Både *'lege'* og *'leike'* er svakt bøygde i dag. Det fyrste er e-verb, det andre er a-verb.

Svakt bøygd er også **'auge'** . Men det er nok ein del vingling i bruken av anten a-verbsformene eller e-verbsformene i preteritum og perf. part..

'Øge' er dansk form som i vm. blir bøygd på same måten som *'lege'* .

Presensformene er dei mest standhaftige mot endringar hos dei igjenverande verba med "venneslabøying" ovanfor. Nesten alle har framleis dei gammalnorske *i-omlydte* rotvokalane, og alle blir uttalte med *tonem 1*. Den slappe e-lyden i ending er *svarabhaktivokal.*

Også enkelte av dei gammalnorske preteritumsformene er lette å kjenne igjen i desse verba.

– Men nedanfor her får kvart av dei sine kommentarar:

'Hågge': I presensforma *'høgge'* har me i-omlyden *o* > *ø*.
'Hjoggu' som er preteritum fleirtal av dette verbet i norrønt (Sjå ovanfor!), ligg med sin korte rotvokal og doble konsonant truleg til grunn for "vår" preteritumsform *'hågg'*. *'Hågde'* og *'hågd'* er nyare former i vm.. Dei har svak bøying.

'Få' er ei nordisk infinitivsform som kjem av den gammalgerm. infinitiven **fánhan.* Denne ligg au til grunn for m.a. dei nordvestgerm. infinitivane *'fangen'*(ty), *'vangen'* (nl) og *'fange' (fris)*. Desse finn me i dag igjen som lån i "vår" infinitiv *'fange' (= 'få tak i', 'take til fange')*.

Vår nordiske form *'få'* – er kan hende resultatet av ein del endringar i samband med synkopetida.

'Fangen' (ty) har m.a. vore innom konsonantendringa *h* > *g*. (Sjå i eit leksikon om Verners lov og den tyske lydforskyvinga, t.d. i «Store Norske» under *'Verner, Carl'* og *'lydforskyvning'* !).

Presensforma *'fære'* har i-omlyden a / *á(å)* > *æ*.

Også preteritumsforma *'fekk'* er svært så nordisk og norrøn. Dobbelkonsonanten *'-kk'* har blitt til ved lydforskyvning og assimilasjon slik: *ng* > *nk* > *kk*. – Den aktuelle konsonantkombinasjonen *'-ng'* finn me t.d. att i den norrøne partisippforma *'fengit'* (av 'fá') og i den tyske preteritumsforma *'fing'* (av 'fangen').

'Gå' er truleg ei gammal sideform til norr. ***'ganga'*** (av germ. **gangan–*) og har gjennomgått ei utvikling som liknar den verbet *'å få'* har hatt. (Sjå ovanfor!). Også denne kortforma synest å vere nordisk fyrst og fremst. Ho høyrer heime i Danmark, Sverige – og på Færøyane au. Elles har engelskmennene si korte form *'go'* som kjem av same rota.

Vennesla-forma *'jænge'* i presens har i-omlyd a > e(æ) og kjem av infinitiven *'gange'*. Det tyder at vm. tidlegare har brukt denne infinitiven dagleg saman med resten av bøyingsformene som høyrer til (*å gange – jænge – jekk – he jænge*) slik det er i nynorsk og i dialektar lengre inne i landet i dag.

Framveksten av preteritumsforma *'jekk'* kan samanliknast med utviklinga av *'fekk'* (Jf. den tyske fortidsforma *'ging'* (av *'gehen'*) og sjå under *'få'* om danning av dobbelkonsonanten *–kk* !).

'Hålle' er eit lån av dansk *'holde'*, men med assimilasjonen *ld* > *ll.* Svensk form er *'hålla'*.

"Vår" presensform *'hølle'* har i-omlyd [*o(å)* > *ø*] og *svarabhaktivokal,* – og blir uttalt med *tonem 1*. På den måten er ho ikkje dansk, men typisk for dei sterke presensformene i vm.. Den danske presensforma *'holder'* (uttalt *'hållår'* i Kristiansand t.d.) har altså ikkje slått igjennom hos venndølane. Dette syner igjen kor motstandsdyktige presensformene av dei sterke verba i vm. er for påverknad utanfrå.

Dei eldre bøyingsformene for dette verbet i vm. har truleg vore
å halle – helle – helt – he halle.

'Hænge' er også ei infinitivsform som høyrer austnordisk mål til. Den danske forma er'hænge', den svenske er 'hänga'. Vestnordisk form er 'hanga'. Skriftform i norsk bokmål er 'henge' som i preteritum har den sterke forma 'hang' som intransitivt verb og den svake forma'hengte' som transitivt verb.

'Hange' og *'henge'* er likestilte infinitivsformer til det same sterke verbet **i nynorsk**. Det er intransitivt (Sjå ovanfor om dei ulike a verbo-formene!). 'Henge' (el.'hengje') blir au bøygd svakt og er då transitivt verb i nynorsk.

'Hænge' som presensform av eit sterkt verb i vm. har *tonem 1* – uttale , og endings-e-en er *tilleggsvokal el. svarabhaktivokal.*

Preteritumsformene *'hång'* og *'hang'* blir brukte både intransitivt og transitivt **i vm.**. Den svake forma *'hængte'* blir bare brukt i setningar med objekt (transitivt). Såleis kan ein høyre fylgjande framsagt med eitt av tri alternativ i vm.: *"Ho 'hang' (el. 'hång' el. 'hængte') klæane på snåora".* – Men det heiter alltid: *"Klæane 'hång'(el. 'hang') på snåora".*

Også når det gjeld bruken av partisippformene *'hængt'* og *'hånge'* er det ein del vingling:

"Æ he just hængt klæane ud på snåora". Men: *"Klæane he 'hånge' (el. 'hængt') ude i heile da".*

Det er særleg dei eldre som nyttar formene *'hång'* og *'hånge' intransitivt.*

'Blåse' er opphavleg sterkt verb, men har etter kvart utvikla analogiske former som hos svake verb med endingane '–te' og '–t' i preteritum og perf. part.. I bokmål er dei svake formene dei einaste tillatne etter rettskrivingsreglane. I nynorsk er sterk og svak bøying sidestilte.

Vennesla-målet har også dei svake formene *'blåste'* og *'blåst'* i høvesvis preteritum og perf. part., men den sterke presensforma *'blæse'* er framleis på plass med *i-omlyd å > æ, svarabhaktivokal* som endingsvokal og *tonem 1 - uttale*. Og så lenge statsmeteorolog Kristen Gislefoss bruker forma *'blæse'* i vêrmeldingane sine på NRK 1, byter nok ikkje venndølane dette ordet ut med *'blåsår'*.

Preterito-presentiske verb.

Eg sluttar avsnittet om verba ved å seie ein del om ei lita, men spesiell og interessant gruppe verb. I norrønt er gruppa på 10 verb.

Namnet fortel at presensformene av desse verba er danna etter mønster av preteritumsformene hos sterke verb, – dvs. former med éi staving. Dét har skjedd at den opphavleg sterke preteritumsforma hos desse verba har fått presens-tyding og såleis kome i staden for den "gamle" presensforma som var danna av infinitiven Samstundes har både preteritum og perf.part. utvikla "nye" former med suffiks frå dei svake verba.

Dei modale hjelpeverba høyrer heime her. Det gjer også *'å eie'* (= å eige). Men *'å vede'* (= å vite) er mest brukt for å illustrere kva eit preterito-presentisk verb er. Eg fører opp dette a verbo saman med eit par av dei modale hjelpeverba (Sjå også under *'vede'* i ordlista!):

norr.: at vita – *veit* – vissi – vitat
at kunna – *kann* – kunni – kunna
at thurfa – *tharf* – thurfti – thurft

nyn.: å vite /vete [å vita / veta] – *veit* – visste – visst
å kunne / å kunna – *kan* – kunne – kunna
å turve / turva – *tarv* – turvte – turvt

vm.: å vede – *veid (vette el. vett)* – visste – he visst
å konne – *kann* – konne – he kont / konna
(å tare) – *tar* – tarte – he tart

Presensformene *'veit'* og *'veid'* kan vere danna etter mønster av preteritumsformer hos dei sterke verba i 1. klassa: *beit (beid), skreik (skreig), peip (peib) osv.* (Om presensforma 'vett' sjå under 'vede' i ordlista!)

Presensformene *'kan'* og *'kann'* er truleg danna etter mønster av preteritumsformer hos dei sterke verba i 3.klassa t.d. *fann (fant), vann (vant) osv.*

Også presensformene *'tharf'*, *'tarv'* og *'tar'* reknar ein med er utvikla etter mønster av preteritumsformer hos dei sterke verba i 3. klassa t.d. *hjalp (jalp), skalv osv.*

Presensforma *'vette'* er ei nokså ny form som etter kvart erstattar det "gamle" *'veid'*. *'Vette'* kan reknast som analog form til presensformene av dei sterke verba med *tonem 1-uttale* og *svarabhaktivokal* som endingsvokal og har såleis langt på

veg dei kriteria som skal til for å vere med å danne eit "riktig" presenssteg med sterk bøying i vm. *(å vede – vette).*

Adjektiv

Eit godt norsk namn på denne ordklassa er **eigenskapsord.**

Når me ynskjer å fortelje kva for eigenskapar eit menneske har som me kjenner godt, så bruker me adjektiva. – *Snill, blid, positiv* er adjektiv / eigenskapsord som høver vel når du t.d. fortel om ein nær venn.

Ordet 'adjektiv' er av latinsk opphav og tyder noe slikt som 'tillegg'. – Adjektiv blir lagt til eit substantiv (namnord) for å avgrense og gje nærare forklaring – t.d. når du fortel vennen din om ein person som du kjenner godt, men som er ukjend for han / ho.

Me har to bøyingskategoriar for adjektiva:

1. Samsvarsbøying (el. kongruensbøying)
2. Gradbøying

Når eit adjektiv rettar seg etter kva for *kjønn* og *tal* substantivet har som det står saman med, talar me om ***samsvarsbøying***.

I gammalnorsk blei adjektiva også bøygde i samsvar med kva for *kasus* substantivet stod i, og eit oppsett over samsvarsbøying av eit norrønt adjektiv er ganske komplisert når ein skal take omsyn til *fire kasus* og *tri kjønn* både i *eintal og fleirtal.* Adjektivet *'gamall'* som er hankjønnsform i nominativ eintal, har t.d. heile 13 ulike former som skal passast inn i dei (4 x 3 x 2) = 24 "plassane" i oppsettet.

I moderne norsk har ein stort sett bare tri former å take omsyn til i ubunden form og bare éi i bunden form:

Nyn.:	Ub. form:	*gam(m)al* (hankj. og hokj.)	– *gam(m)alt* (inkjekj.)	– *gamle* (fl.tal)
	B. form:	*den gamle – – –*	– *det gamle – – –*	– *dei gamle – – –*
Vm.:	Ub. form:	*gammel*	– *gammelt*	– *gamle*
	B. form:	*dænn gamle – – –*	– *de gamle – – –*	– *dei gamle – – –*

Men det finst enkelte adjektiv med særskilde former også for hankj. og hokj.. Dette gjeld au for vm. som me skal sjå nedanfor her. Og stort sett fylgjer vm. mønsteret for samsvarsbøyinga slik me finn ho i nynorsk og radikalt bokmål. Men det finst også her "Vennesla-spesialitetar" som skal trekkast fram.

Adjektiva i vm. har også ei ***gradbøying*** som skil seg lite frå den me finn i nynorsk**.** Gradbøyinga har tri former. *Positiv* er grunnforma med høg grad. Ho har ulike former for kjønn og tal (samsvarsbøying). *Komparativ* er samanliknings-form med høgare grad enn positiv. – Komparativ blir som regel brukt i samanlikning mellom to – saman med konjunksjonen *'enn'* (*høgare enn*) –. *Superlativ* er forma som kan nyttast både i samanlikning mellom to og fleire, – gjerne saman

med preposisjonen *'av'* (*høgast av*) og har den høgaste graden av dei tri bøyingsformene.

	positiv	komparativ	superlativ
Nyn.:	trygg /trygt /trygge	tryggare	tryggast
	raten /rate [-ent] /ratne	ratnare	ratnast
	ròten /ròte [-ent] /rotne	rotnare	rotnast
	stor /stort /store	større	størst
	tung /tungt /tunge	tyngre	tyngst
	låg /lågt /låge	lægre (el. lågare)	lægst (el. lågast)
	gam(m)mal/gammalt/gamle	eldre	eldst
	god /godt /gode	betre	best
	liten /lita /lite / små	mindre	minst
	mykje (el. mye)	meir	mest
	mange	fleire	flest
	lang / langt / lange	lengre	lengst
vm.:	trygg / trygt /trygge	tryggåre / -are	tryggast
	raden /radent (rade) /ratne	ratnåre / -are	ratnast
	rådden /råddent /råddne	råddnåre /-are	råddnast
	(råden /rådent /råtne	råtnare	råtnast)
	ståor /ståort /ståore	større	støsst
	tong /tongt /tonge	tyngre	tyngst
	låg /lågt /låge	lågåre / -are	lågast
	gammel /gammelt /gamle	ellre	ellst
	gåo / godt /gåoe	bære / bær	best
	liden / lida / lide /små	minnre	minnst
	møe	meir	mest
	mange / fleira	fleire (fleir' enn)	flest
	lang / langt / lange	længår / (længre)	længst

Merknader til dei gradbøygde adjektiva her.

'Trygg' / trygt / trygge har regelrett gradbøying som i vm. gjev endingane *–åre* el. *-are* i komparativ og *-ast* i superlativ. Det er elles stort sett hos ein del eldre menneske i Vennesla me framleis finn komparativar med endinga *-are*.

Uttalen av inkjekjønnsforma i vm. er "trykt" på grunn av påverknad frå den klanglause t-en i endinga som fører til at også g-en blir klanglaus. Me får altså lydovergangen g > k i stamma. Eg skriv 'trygt' for ikkje å endre stamma i forhold til den me finn i dei andre bøyingsformene av ordet, – og for å markere avstanden til partisippet 'trykt' (av 'å trykke').

'Raden' / radent (rade) / ratne tyder *'vondskapsfull', 'vrang', "umauli"*. Når stamme-e-en er borte i formene *'ratne', 'ratnåre'* og *'ratnast'* vil konsonantsambandet -nt- som då kjem fram, påverke rotvokalen -a- slik at denne blir kort.

Overgangen inneber også "herding" av stammekonsonanten 'd' og at bøyingsformene blir uttalte med einstava tonelag (tonem 1).

Nøytrumsforma *'rade'* (i parentesen) har fått tydingar som *'trist', 'leitt', "søndeli"* i vm. og blir nytta som predikativ (predikatsord) i setningar som

"De va *rade* at de skolle gå sånn mæ Jåon, han som va så grei ein gudonge!"
"De bli så *rade* hær heime nå dykken reise så langt vekk!"

Om ein ynskjer å gradbøye denne parentesforma, vil det kjennast unaturleg å nytte former med endingane –are og –ast. Omskriving med *meir* og *mest* – eller *minnre* og *minnst* tykkest å høve betre:

"De bli *minnre rade* viss dykken love å kåmme heim te jul."

'Rådden' / råddent / råddne (med kort vokal og dobbelkonsonant i rota) er ei form på dette adjektivet som me har fått frå Danmark.

Men grunnforma **'råden' (**og **rådent)** med "blaud" konsonant i stamma og med opphavleg lang rotvokal (norr: *'rotinn'*), er au å høyre mellom venndølane. Bøying som for *'raden'*.

'Ståor' / ståort / ståore merkar seg ut med diftongen **–åo–** som "rotvokal" i vm. der skriftmåla har lang **–o–** . Omlyden i komparativ og superlativ er såleis *i-omlyd o > ø.*

Ein skal likeeins merke seg skilnaden i uttalen av ø-ane i *'større'* og *'støsst'*:

Ø-lyden i *'større'* er kort og open og blir "tvungen" bakover i munnhola av skarre-r-en som fylgjer like bak. Han har om lag same valør som endings-e-en i ordet, men er trykksterk.

Ø-lyden i *'støsst'* er også kort, men trongare og meir runda. Og han blir forma lengre framme i munnhola, nærmare staden der s-lyden blir til. – I *'støsst'* finn me elles assimilasjonen *rs > ss* (størst > støsst).

"Kort *u* blir som regel uttalt som kort og trong o-lyd i vm", er det sagt under avsnittet om lydverket. **'Tong' / tongt / tonge** er eitt av orda denne regelen gjeld for. Både komparativ **'tyngre'** og superlativ **'tyngst'** er derfor i-omlydte former med overgangen *u > y* i rotvokalen.

'Låg' / lågt / låge. Sjå nærare om "herding" av 'g' framføre 't' under *'trygg'* ovanfor! – Eg fører ikkje opp den munnlege inkjekjønnsforma 'låkt' med konsonant-overgangen g > k i stamma her fordi skrivemåten er identisk med skriftforma *'låkt'* (av *'låk'*) som tyder *simpelt, dårleg, ringt.*

Det kan elles nemnast at den danske forma **'lav'** for dette adjektivet er å høyre hos ein del venndølar. Me må rekne med at ho har kome til oss via Kristiansand.

'Gammel' / gammelt / gamle er au litt danskfarga former medan Venneslaformene i komparativ og superlativ har behalde klar e-lyd som rotvokal der danskane har brei æ-lyd. **'Ellre'** og **'ellst'** held elles på dobbelkonsonanten -ll- frå dei gammalnorske formene *'ellri' og 'ellztr'*. Desse formene markerer au at dette

adjektivet har *stammeskifte i gradbøyinga*. Slikt skifte har også 'gåo', 'liden', 'mange' og 'møe' (Sjå nedanfor!).

'Gåo' / godt / gåoe. Her har eg nytta inkjekjønnsforma 'godt' frå skriftspråket for å markere avstanden til partisippet 'gått' .Dei to orda blir uttalte heilt likt i vm..

Komparativen 'bære' / 'bær' har nok endra rotvokalen frå opphavleg 'e' til "vår" 'æ' etter kvart som skarre-r-en trengde inn i Vennesla. Når skarre-r-en står like føre eller like etter tronge vokalar, har han tendens til å gjere dei opnare samstundes som dei blir dregne bakover i munnhola, noe nærmare staden der skarre-r-en blir laga. Det finst mange døme i vm. på lydovergangane i > e/æ, e > æ, y > ø som truleg har kome av påverknad frå skarre-r:

"brælle" (= brille), "skrælle" (= skrelle), "sjære merakkelse" (= skire mirakelet), "færi" (= ferdig), "brænne" (= brenne), "træne" (= trene), "hær og dær" (= her og der), "kjørke" (= kyrkje), "drøppe" (= dryppe).

'Liden' / lida / lide // små. Her har me eit adjektiv med heile fire ulike *positiv*-former: Èi form for kvart av kjønna i eintal + ei eiga form med *stammeskifte i fleirtal*.

Formene *'minnre'* og *'minnst'* markerer også *stammeskifte i gradbøyinga*.

I språkleg samanheng er *'stammen'* den delen av ordet som er igjen når ein har teke bort bøyingsendinga.

I bøyingane av adjektivet her har me tri ulike stammer: *'lid-'*, *'små-'* og *'minn-'*.

'Møe' har lydovergangen y > ø i rotvokalen. Dette kan skuldast påverknad frå endings-e-en som me uttaler som ein ø-farga vokal. Me talar då om *regressiv assimilasjon*.

I bygdene vest for Vennesla har dei *'møje'* som tilsvarande grunnform, med lenisering av den "harde" og ustemte kj-lyden ('mykje'/'møkje' > 'møje'). – Me talar om *lenisering* i samband med danninga av dei "blaude" konsonantane. Forholdet mellom *kj-lyden* og *j-lyden* er i så måte det same som t.d. mellom *t-lyden* og *d-lyden*. I slike høve kan 'j' reknast til dei "blaude" konsonantane.

Truleg har venndølane hatt forma *'møje'* i målet sitt tidlegare – i tida etter at leniseringa av dei harde konsonantane hadde starta hos oss. Men skrift-forma (el. Kristiansands-forma) 'mye' kan ha virka til at j-lyden er blitt borte.

Norr. grunnform er *'mikill' / 'mykill'* (= stor, mykje) med inkjekjønns-forma *'mikit' / 'mykit'*.

'Møe' er også adverb: "Æ he bygd møe sjæl a de du ser ront hær."

'Mange' / 'fleira'. *'Fleira'* (med tonem 2) har same tyding i vm.som *'mange'*.

Døme: "Va alle mæ på turen i år?" "Ikkje alle, mæn *fleira* va mæ. – Ijallfall *fleir' enn* i fjåor."

"Æ he 'kje ti' te å jælpe dæ nå. Æ he *fleira potetssekke* æ må få i hus før de bli mørrt."

Me ser at 'fleira' både fungerer som *sjølvstendig ubunde pronomen* (substantivisk) og som *adjektiv med positiv form* [fleira (= mange) potetssekke]

(adjektivisk) . 'Fleira' er såleis inga komparativform som kan nyttast i samanlikningar. Komparativforma til både 'fleira' og 'mange' er 'fleire' *('fleir' føre vokallyd).*

'Lang' / langt / lange

'Længår' blir i vm. altså brukt som komparativform til adjektivet 'lang'. Den skriftriktige forma 'lengre' (uttalt *'længre'*) er tilfeldig i bruk hos venndølar som ein gong (el. mange gonger!) har fått raude strekar under 'lenger' brukt som adjektivisk komparativform i skriftlege skuleoppgåver. *'Længår'* (= lenger) er elles "rett" komparativform til adverbet *'længe'*. Likeeins har nøytrumsforma *'langt'* også den vanlege funksjonen som adverb (Sjå nedanfor!).

Adverb

Til vanleg seier me at *'adverb'* tyder "til verbet" (frå lat.: *ad* = "til", *verb* = "ord"). Og som oftast er adverbet underordna eit verb: *"trø tongt", "gå trygt", "træffe lågt".*

Dei tri adverba i døma her finn me att som inkjekjønnsformer blant adjektiva ovanfor. – Inkjekjønnsformene til mange adjektiv har også funksjon som adverb. Det gjeld også formene i komparativ og superlativ:

"Han trø tyngre enn ho."	"Han trø tyngst av alle."
"Han jænge tryggåre enn ho."	"Han jænge tryggast av alle."
"Han træffe lågare enn ho."	"Han træffe lågast av alle."

Mange adverb blir altså gradbøygde. Men same kva form dei har, så er dei oftast underordna eit verb. Her fylgjer fleire – til dels med litt særeigne former i vm.:

nyn: lenge / langt – lenger – lengst
sjeldan – sjeldnare – sjeldnast
gjerne – heller – helst
ille – verre – verst
titt – tiare – tiast

vm: længe / langt – længår – længst
sjella – sjellnåre – sjellnast
jønne – hellår – helst
illa – værre – værst
titt – tiåre – tiast
hitt / hitte – (– – –) – hittårst
hænn / hænne – (– – –) – hænnårst

Merknader til dei gradbøygde adverba her:

'Længe' / 'langt' – længår – længst.
'Længe' med gradbøyingsformene *'længår'* og *'længst'* er i-omlydte former av 'lang'(adj.). Ordet er eit adverb som fortel om *lang tid* og blir knytta til verb som *'sidde', 'vænte', 'vare', 'stå', 'drøye'* (sidde længe, vænte længe osv.). Norrøn grunnform er *'lengi'*.

'Langt' er nøytrumsform av adjektivet 'lang', men har også adverbial funksjon og markerer då *avstandar og lengder: "Han jekk langt og længår enn langt". "Finn høppe langt! Han høppe længst a alle gudongane i klassen."*

'Sjella' – sjellnåre / sjellnare – sjellnast.
Me ser at "våre" former av ordet har vore innom assimilasjonen *ld* > *ll* . Likeeins er endings-n-en borte i grunnforma, men han er attende i komparativ og superlativ.

Ordet kjem av ein germansk adj.-stamme **selda*. Norrøn grunnform er *'sjaldan'*. Her møter me igjen lydovergangen *bryting* (*selda > sjaldan) som var med på å prege dei store endringane i språket vårt i Synkopetida.(Sjå nærare om *bryting* i eige avsnitt ovanfor!).

Bryting er eit nordisk fenomen: *sjaldan (norr), sjeldan (nyn). sjelden (bm), sjælden (da), sjaldan (isl), sialdan (gl. svensk).* – Men moderne svensk har *'sällan'* som er ei ubroten form.

Andre norske dialektformer er t.d. *sjelda, sjalda, sjællom, sjøllå.*

Germanske land nede i Europa har ubrotne former for dette adverbet: *selten (ty), zelden (nl), seldom (eng).*

'Jønne' – hellår – helst.
Her har me stammeskifte i gradbøyinga.

Grunnforma *'jønne'* er gammal, men blir framleis brukt i daglegtalen av mange –ved sida av forma *'jærne'*. *'Jønne'* syner også lydovergangen (assimilasjonen) *rn* > *nn* . – Det må elles nemnast her at gamle Vennesla-ord som *'sjønne'* (= stjerne) og *'jønn'* (= jern) har hatt same lydutviklinga som *'jønne'* (-ern > -ønn).

'Illa' – værre – værst.
"Jekk de illa mæ Jåon?" –"Jau, de jekk illa fårr 'an, stakkar, mæn fårr Per jekk de værre !"

'Illa' er gammal form som ein framleis kan høyre i bruk blant eldre. – Ho er identisk med norrøn form –. Dei fleste venndølane bruker 'ille'i staden nå.

Også her møter me stammeskifte i gradbøyinga.

'Titt' (– tiåre / tiare – tiast).
'Titt' (= tidt) var tidlegare det vanlegaste ordet i bruk med tyding *'ofte', 'hyppig', 'gong på gong' osv.* I dag har 'ofte' teke over denne plassen. Men

'titt' er framleis i bruk – kanskje fordi adverbkombinasjonen "titt og ofte" er med i all daglegtale. Formene i komparativ og superlativ høyrer ein svært lite til i dag.

'Hitt / hitte' tyder 'bort / borte' i vm. Superlativen **'hittårst'** tyder 'borterst' eller 'lengst vekke'. Komparativform til dette adverbet manglar i vm.

Døme: "Ska me ta ein tur *hitt te* Gonnårsen og prate litt mæ Jæns?" – "Nei, Jæns æ 'kje heime. Æ så 'an just *hitte hos* Rålf. Dei skolle på butikken, sa dei".

Me møter her grunnformene *'hitt'* og *'hitte'*. Forma utan -e i ending markerer at noe skjer frå ein stad til ein annan: *hitt te* ("til staden"). Forma med e-ending fortel at noe skjer på ein og same staden: *hitte hos* ("på staden").

Vm.har ein del andre adverb med *"til staden / på staden-bøying"* som med 'hitt / hitte' her:

inn	/	inne	ud	/	ude
fram	/	framme	heim	/	heime
opp	/	oppe	ner	/	nere

Hittårst – hittårste.

Døme: "Finne du 'kje Jåon? – Mæn han *stænne* ju *hittårst a* mannfålkane du sere dær, lige mæ sia Pedår!"

"Du kan sette dæ på *dæn hittårste ståolen* . Dær bli du 'kje fårrstyrra."

Superlativformene *'hittårst'* (utan e-ending) og *'hittårste'* (med e-ending) skil ikkje mellom noe som skjer "til staden" eller "på staden" i døma her, men *'hittårst'* er adverb som er underordna verbet *'stænne'* medan *'hittårste'* er adjektiv som seier noe om substantivet *'ståolen'*.

'Hænn / hænne' – (– – –) – hænnårst.

Tydingane på desse formene er mykje dei same som for tilsvarande former under *'hitt'* ovanfor. 'Hitt' og 'hænn' kan såleis godt kallast synonymar. Men 'hænn' har likevel eit breiare bruksfelt enn 'hitt' hos oss, noe som kan illustrerast med eit kjent Vennesla-uttrykk som lokalavisa ofte bruker: "Å i heiane æ detta *hænn(e)*!" – I eit slikt høve ville det vere umogeleg å erstatte *hænn(e)* med *hitt(e)*.

'Hitt' har nordisk opphav medan 'hænn' er eit lån frå lågtysk, men båe kjem av same germanske rot. I moderne tysk har det forma *'hin'* (med tyding "dit bort" og uttalt med kort vokal).

'Hitt' er sterkt i familie med det gamle poetiske danske uttrykket 'hist'(el. 'hisset') som me t.d. finn att i ein velkjend bedehussong med strofa " – Hist i himmelen en gang – –". (Norrøne former til *'hist'* er *'hize'* og *'hizig'* med tydinga "der borte").

Adverbet kan også vere underordna eit adjektiv:

Mange adverb kan t.d. brukast til å forsterke, presisere, forklare nærmare det som

adjektivet fortel om eit substantiv eller eit pronomen (Adverba i døma er understrekte.):

"– ein veldi flink sjufør"
"– et godt synli sjilt"
"– ei spesielt heldi plassering"

Og så ein liten monolog ved kaffi-bordet:

"D'æ ei ualminneli gåo kage du særvere åss i da! – Dæn æ fekk hos bagåren i går va 'kje særli gåo. Ho va altfårr sød, tykt' æ.. Mæn dænna hærane æ ju heilt nydeli!"

Sjå i ordboka om dei spesielle adverbformene *'hæra' / 'hærane'* og *'dæra' / 'dærane'* !

Pronomen

Når Åola og Jåon samtaler t.d. om Pettår og Gorine som bur på ein av grannegardane, ville det vere tungvint heile tida å nemne dei med namn kvar gong det var nødvendig. Og endå verre ville det bli når namnord (substantiv) som *traktoren, kyrne, høyet, fjøset, enga, borna, låven osv. osv.* kom inn i samtalen og måtte repeterast om att og om att.

Då har Åola og Jåon *pronomena* å hjelpe seg med. For å sleppe å take opp att og opp att namna el. namnorda kan dei bruke

han	i staden for *Pettår, traktoren, låven osv.*
ho	i staden for *Gorine, enga, kyra osv.*
det	i staden for *barnet, høyet, fjøset osv.*

Når Åola eller Jåon i samtalen pratar *om seg sjølv*, kan dei bruke *eg* eller *meg* i staden for namnet sitt. Og seier den eine eitkvart *om den andre*, brukar han gjerne *du* eller *deg* i staden for namnet hans.

Og dersom Jåon er interessert i korleis *Åola m/familie* har det, spør han truleg med pronomenformene *de* eller *dykk*. – Og Åola vil svare ved å nytte formene *me* eller *oss*.

Og i løpet av samtalen har Åola og Jåon sikkert sagt *dei* fleire gonger i staden for *Gorine og Pettår*.

'Pronomen' er ei latinsk nemning og tyder noe slikt som "I staden for namnet / namnordet".

Me har ulike typer av pronomen. Dei eig namn etter kva "erstattarrolle" dei har. Alle dei understrekte orda ovanfor her er *personlege pronomen i subjektsform og objektsform* slik me finn dei i det nynorske skriftmålet. Nedanfor her fører eg opp dei personlege pronomena for Vennesla-målet i dei to nemnde formene + *eigeform* (nynorsk i parentes).

Personlege pronomen:

		subj.form	obj.form	eigeform el. genitiv
eintal	1.pers.	*æ (eg)*	*mæ (meg)*	– – – – – -
	2. "	*du (du)*	*dæ (deg)*	– – – – – –
	3. "	*han (han)*	*han (han / [honom])*	*hanses (hans)*
		ho (ho)	*ho (ho / [henne])*	*hosses (hennar / hennes)*
		de (det)	*de (det)*	*desses / de sin – – – (dess)*
fl.tal	1.pers.	*me/mi (me / vi)*	*åss / åkke (oss)*	*våres / åkkås (– – – – – -)*
	2. "	*dykken /dykke (de)*	*dykken /dykke (dykk)*	*dykkårs (dykkar)*
	3. "	*dei (dei)*	*dei (dei)*	*deiårs/deises (deira/deires)*

I *norrønt (gammalnorsk)* hadde me desse formene:

		Nominativ (subj.f.)	akkusativ (obj.f.)	genitiv (eigef.)	dativ
eintal	1.pers.	*ek*	*mik*	*mín*	*mér*
sg.	2. "	*þú*	*þik*	*þín*	*þér*
	3. " mask.	*hann*	*hann*	*hans*	*honum*
	fem.	*hon*	*hana*	*hennar*	*henni*
	nøytr.	*þat*	*þat*	*þess*	*þvi*
dualis	1.pers.	*vit*	*ok(k)r*	*okkar*	*ok(k)r*
	2. "	*it, þit*	*yk(k)r*	*ykkar*	*yk(k)r*

(Les om *dualisformene* under avsnittet 1. pers. dualis / fl.tal nedanfor!)

fl.tal	1.pers.	*vér*	*oss*	*vár*	*oss*
pl.	2. "	*ér, þér*	*yðr*	*yð(v)ar*	*yðr*
	3.pers. mask.	*þeir*	*þá*	*þeir(r)a*	*þeim*
	fem.	*þær*	*þær*	*þeir(r)a*	*þeim*
	nøytr.	*þau*	*þau*	*þeir(r)a*	*þeim*

Merknader til dei personlege pronomena:
Fordi eigedomspronomena som eigeformer (genitivar) er nær knytta til dei personlege pronomena, blir dei handsama under merknadene her.

Vm. manglar eigeformer (genitivar) for 1. og 2. person eintal av dei personlege pronomena (sjølv om me i barnespråket kanskje har høyrt former som *" minses"* eller *"dusses"* t.d.).

Også skriftspråka våre vantar desse eigeformene, og dei har heller inga eigeform for 1. person fl.tal.

For å bøte på dette, kjem *dei opphavlege eigedomspronomena* *'min', 'din', 'sin'* og *'vår'* inn med sine former. I tillegg til å vere eigedomspronomen er *'sin'* refleksivt og syner til subjektet i ei setning, slik det refleksive pronomenet *'seg'* også gjer.

Medan dei personlege pronomena opphavleg er substantiviske og såleis utan samsvarsbøying, men har eigne særskilde subjektsformer (nominativ), objektsformer (akkusativ) og eigeformer (genitiv), så fungerer dei opphavlege eige-

domspronomena adjektivisk som genitivsformer med bøying etter kjønn og tal *(samsvarsbøying)*.

Vennesla-dialekten har dei same formene av desse eigedomspronomena som nynorsk og radikalt bokmål har:

		hankj	hokj.	inkjekj.	fl.tal
eintal	1.pers.	*min*	*mi*	*mitt*	*mine*
	2. »	*din*	*di*	*ditt*	*dine*
	3. »	*sin*	*si*	*sitt*	*sine* (refleksive former)
fl.tal	1. pers.	*vår*	*vår*	*vårt*	*våre*

Også dei opphavlege eigeformene av dei personlege pronomena i vm.(hanses, hosses, desses, våres/åkkås, dykkårs, deiårs/deises) er i dag brukte som adjektiviske eigedomspronomen, men utan å bli bøygde i samsvar med kjønn og tal.

I så måte fylgjer vm. stort sett skriftspråka. Men eigeforma "våres" til 1. pers. fl.tal av dei personlege pronomena er altså ubøygd og kan i vm.stå i staden for dei ulike formene av eigedomspronomenet 'vår': sønnen *vår/våres*, dattåra *vår/våres*, huse *vårt/våres*, bånnane *våre/våres* .

Vår/våres kan i vm.også stå *framføre* substantivet det høyrer saman med: *vår/våres* sønn, osv.. Eigedomspronomenet står då gjerne i trykktung stilling, og substantivet har ubunden form: *«Våre / våres bånn kann' ikkje ha fonne på no' sånn no', kan du sjønne!»*

I **norrønt** skilde dei klart mellom bruken av eigedomspronomena og genitivsformene av dei personlege pronomena:

Eigedomspronomena hadde *adjektivisk funksjon* og blei bøygde som (sterke) adjektiv.–Genitivsformene av dei personlege pronomena stod *i staden for substantiv* og var såleis *substantiviske former* på linje med former i dei andre kasusa (nominativ, akkusativ, dativ).

Døme: 1. Ek kem til *míns lands*. (= "Eg kjem til landet mitt").
2. Hann kemr til *mín*. (= "Han kjem til meg").

I fyrste setninga står *'míns'* adjektivisk, dvs. at det er eit eigedomspronomen som blir brukt som underledd til – og "fortel" noe om – substantivet *'lands'*. Det tyder også at *'mins'* som adjektiv er bøygd i samsvar med forma til dette substantivet (genitiv, eint., inkjekj.). Kasusforma er bestemt av preposisjonen 'til' som i gammalnorsk styrte genitiv. Endings-s-ane markerer genitiv som kasus.

I andre setninga er *'mín'* eit personleg pronomen i eigeform (genitiv). Det har substantivisk funksjon fordi det står *i staden for eit høveleg substantiv* (t.d. namnet på ein gard) *med genitiv som kasusform.* Om slik bruk av genitivsformer av dei personlege pronomena i seinare tid seier Ivar Aasen fylgjande i sin "Norsk grammatikk" frå 1864:

"Genitiv *'min'* og *'din'* findes som forældet i enkelte Talemaader, saaledes: *kom hit til min (Nhl.); velkomen hit til min (Landstad, Folkev. 153).*"

I setning nr. 2 skal me elles merke oss at *'min'* blir omsett med *'meg'* som er objektsform til 1. pers. eintal av dei personlege pronomena i moderne norsk. Det tyder at preposisjonen 'til' i dag ikkje lenger bestemmer at substantivet eller pronomenet som fylgjer etter skal stå i genitiv. Me har likevel minningar i moderne norsk om 'til' som "kasusstyrar" i faste uttrykk som *'til skogs', 'til sjøs', 'til sengs'* osv.

I dag har eigedomspronomena i vm. (og i skriftmåla våre) for så vidt au ein substantivisk funksjon (står i staden for substantiv) i tilfelle der dei er trykksterke og står aleine. Men den adjektiviske funksjonen er likevel underforstått.

Døme: "Væmses ball (båg, spel, bøge) æ detta?"

D'æ *min (mi, mitt, mine)*
– " *din (di, ditt, dine)*
– " *hanses / hosses / desses*
– " *vår (vår, vårt, våre) / våres*
– " *dykkårs*
– " *deiårs/deises*

Me ser at eigedomspronomenet *sin (si, sitt, sine)* ikkje kan markere eigedomstilhøve i 3. pers. eintal i dømet her (Prøv!). Desse formene er refleksive former som syner tilbake på subjektet i setninga.

Men sjå nærare på desse to setningane:

1. "Gorine tåo paraplyen *sin* og jekk ud i reinvêre".
2. "Gorine tåo paraplyen *hosses* og jekk ud i reinvêre" .

I fyrste setninga er me ikkje i tvil om at 'sin' viser tilbake på subjektet, og at det er Gorine som eig paraplyen.

Når det gjeld setning nr. 2 er me kan hende litt usikre på om Gorine verkeleg eig den paraplyen ho tek med seg, og om 'hosses' reflekterer subjektet (Gorine). Det kan t.d. vere paraplyen til nabokona ho tek med seg. – Dette problemet kan me kome noe nærmare løysinga på ved å byte ut 'hosses' med eitt av dei andre eigedomspronomena i døme-oppsettet ovanfor , t.d. med 'min' eller 'våres':

"Gorine tåo paraplyen *min (våres)* og jekk ud i reinvêre".

Her er me ikkje i tvil om kven som eig paraplyen. Og det er heilt klart at verken 'min' eller 'våres' syner tilbake på subjektet i setninga. På same måten er det med 'hosses'. Om ein skal vere konsekvent i tolkinga av innhaldet i den 2. setninga, så "låntek" Gorine paraplyen til ei anna kvinne (som bør vere nemnd tidlegare) for å berge seg gjennom regnvêret. Men fordi 'hosses' er nær knytt til det personlege pronomenet 'ho' som i sin tur kan stå i staden for Gorine som er sub-

jekt i setning 2, er me framleis i tvil. Og det er nok slik at me i daglegtalen vår vinglar litt når me møter språkproblem som dette.

Kva for norrøne former ligg til grunn for Vennesla-formene av dei personlege pronomena?
Svaret synest å vere enkelt, men blir vanskelegare når endringane skal forklarast som har skjedd med desse små viktige orda i perioden mellom norrøn tid og no-tida.

1. person eintal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*ek*	>	*æ*
obj.f. (akk.)	*mik*	>	*mæ*

Overgangane markerer at utviklinga har gått mot former med opnare og sterkare uttale. Vennesla-formene er fleksible med lange og korte variantar både i trykktung og trykklett stilling – Les elles om subj.forma til 1. pers. eint. under overskrifta "Bryting" lenger framme i skriftet!

2. person eintal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*þu*	>	*du*
obj.f. (akk.)	*þik*	>	*dæ*

Konsonanten *'þ'* har vanlegvis blitt til *'t'* i nynorsk mål, men i pronomen, som ofte stend i trykklett stilling, har han utvikla seg til *'d'*.

3.person eintal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*hann (m), hon (f), þat (n)*	>	*han, ho, de*
obj.f. (akk)	*hann, hana, þat*	>	*han, ho, de*

– Den norrøne inkjekjønnsforma *'þat'* (='det') er eigentleg peikande pronomen som her gjer teneste som personleg pronomen.

Me ser at subj.formene og obj.formene i vm. er identiske. Trykklette former til desse er *'an, 'o, de/d'/dø* for høvesvis hannkj.(m), hokj.(f) og inkjekj.(n). Inkjekjønn har , som me ser, tri ulike trykklette former. Astrid J. Horn gjev på s. 57 i dialektoppgåva si døme på bruken av desse:

de "*De* sje veldi møe på skulen".
d' "*D'*æ 'kje te å tru".
dø "Me he-*dø* veldi travelt" ('ø' markerer her den slappe "ø-farga" e-lyden som me t.d. finn i uttalen av infinitivsendinga i vm.).

Det veike *'de'* i fyrste setninga stend framføre eit trykksterkt ord eller ei trykksterk ordgruppe. Med eit framandord blir denne stillinga kalla proklitisk. Det

tyder at *'de'* er sterkt knytta til ordgruppa som fylgjer etter og blir nær sagt eit tolleg uvesentleg vedheng til den.

'd' i andre setninga stend au proklitisk, men her har 'e'-en i pronomenet 'de' blitt "slukt" av den sterkare verbalforma 'æ' (presens av 'å vere') som fylgjer etter.

I tredje setninga stend forma *'dø'* enklitisk, som tyder at ho kjem etter det trykksterke ordet ('he') som ho er festa til og blir som ein del av.

1. pers. dualis / fl.tal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*vit / vér*	>	*me, mi*
obj.f. (akk.dat.)	*okkr / oss*	>	*åss, åkke*

Dualis er ei grammatisk form-nemning som fortel at me har med *ei eining på to personar* å gjere. For dei personlege pronomena i norrønt tyder det at me i 1. og 2. person fl.tal har to ulike "sett" bøingsformer – eitt "sett" for *dualisformene* som omfattar *bare to menneske* og eit anna "sett" for *pluralisformene* som omfattar *meir enn to menneske.*

I oppsettet ovanfor er dei norrøne formene *'vit'* og *'okkr'* dualisformer, *'vér'* og *'oss'* er pluralisformer.

I vm. er alle dei oppførte formene pluralisformer i dag. Men det er klart at forma *'åkke'* er ein arv frå den gammalnorske dualisforma *'okkr'*. *'åkke'* er ei form som høyrer heime i "Indre Agder" og finst kanskje framleis hos enkelte eldre i dei øvre bygdene av gamle Vennesla kommune. Subj.forma *'mi'* er truleg ein arv frå den norrøne dualisforma *'vit'*, men ein skal ikkje sjå bort frå at påverknad frå forma *'vi'*, som i dag både er skriftmålsform – og rådande talemålsform i byane, gjer sitt til at 'i' erstattar 'e' i den eldre og meir tradisjonelle forma 'me' i vm., og at me slik har fått ein overgangstrend *me* > *mi* som me ser tydeleg i dialekten vår i dag.

Pluralisforma *'vér'* reknar ein ligg til grunn for forma *'me'*.

Om framlydsendringa *v-* > *m-* skriv Martin Skjekkeland i boka si "Dialektar i Noreg" (Høyskoleforlaget 2005 s. 110):

"Tidleg kom det i nom. opp former med *m-* i framlyd ved assimilasjon mellom siste konsonanten i verbet og *-v* i pronomenet, døme: *kǫllum vit* > *kǫllum mit"*.

I denne samanhengen kan det au vere interessant å sitere litt frå Ivar Aasens "Norsk Grammatikk" (U-bøkene: Etter fyrsteutgåva frå 1864, s.169):

"En anden Afvigelse er det, at Formen 'me' for ve (*vér*) er bleven herskende i de bedste Landskabsmaal; men denne Brug viser sig allerede i de gamle Breve ved Aaret 1300, da *mit* (*mid*) og *mér* afvexler med *vit* og *vér*, og senere bliver endnu mere sædvanligt. Formerne 'me' og 'de' synes fremkomne ved en Tillempning efter Eentallet, hvor man allerede havde et Par Former med 'm' i første og 'd' i anden Person; desuden kunde de ogsaa bestyrkes ved den tilsvarende Endelse i Verberne, f.Ex. *erum vér* (= ere vi) og *eruð ér* (= ere I)".

Endingane *-um* og *-uð* er presensendingar i norrønt for henholdsvis 1. og 2. person fl.tal av *'vera'*.

Ut frå døma til Aasen kan ein tenke seg ei utvikling fram mot det nynorske målet slik:

1. pers. fl.t.: *erum vér > erum mér > eru mér > er me* (vm: *æ me*)
2. pers. fl.t.: *eruð ér (þér) > eruð þér > eru þér > er de* (vm: *æ dykke / dykken*)

2. pers. dualis / fl.tal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*it, þit / ér, þér*	>	*dykke, dykken*
obj.f. (akk.dat.)	*ykkr / yðr*	>	*dykke, dykken*

Me ser at subjektsformene og objektsformene er identiske i vm., og ut frå det som er sagt i sitata ovanfor og nedanfor her, har dei utvikla sin *'d'* i framlyd frå endingskonsonanten *'þ'* i den gamle verbalendinga. Det synest også klart at den gamle dualisforma *'ykkr'* (objektsform akk./dat.) ligg til grunn for Vennesla-formene. Men ende-lyden '-n' i *dykken* gjer oss likevel i tvil. Det finst mange pronomenformer i norrønt som endar på '-n', – og det er mykje truleg at eigedomspronomenet *þykkarn* (hannkj./eint./akk.) ligg til grunn for denne forma.

I det som er sagt her, stør eg meg også til fylgjande utsegner frå professor Martin Skjekkeland i boka "Dialektar i Noreg" (s.111):

> "Tidleg fekk ein former med *þ* i framlyd, der konsonanten var overført frå verbalendinga." – – – -
>
> "Desse objektsformene *(dekk, døkk, dåkk, dekkan, dikka, dòkke* osb.*)* har truleg opphav i norr. *þykkr* (dualis akk./dat.), men formene med -n (dekkan, døkkån o.l.) kan også ha opphav i eigedomspronomenet *þykkarn* i norr." – – – –
>
> "Elles i landet har ein i 2. pers.flt. til vanleg same forma i subjekts- og objekts-funksjonen. Oftast er det då slik at objektsformene har teke over i subjekts-funksjonen."

3. pers. fl.tal	norr.		vm.
subj.f. (nom.)	*þeir (m), þær (f), þau (n)*	>	*dei*
obj.f. (akk.//dat.)	*þá (m), þær (f), þau (n) // þeim*	>	*dei*

Subjektsforma *'þeir'* (m) i norrønt er opphav til *'dei'* (med den trykklette forma *'di'* i Vennesla-dialekten).

Som under 3. pers. eint. ovanfor markerer eg også her kva for kjønn dei norrøne formene har. Og som for nøytrumsforma *'þat'* er alle formene her opphavleg peikande pronomen som gjer teneste som personlege pronomen. *'þeim'* er dativform som gjeld som genus-form for alle tri kjønna. Dette *'þeim'* møter du i dag att som ei arkaisk objektsform *'deim'* – særleg i den eldre nynorske litteraturen. I dialektane møter me ho att i former som t.d. *'dæm'*, *'dåm'*, og *'døm'*, – ofte både med subjekts- og objektsfunksjon.

Subj.form og obj.form er heilt lik kvarandre i vm.. Det gjeld au forma *'di'* som blir brukt i trykklett stilling.

Peikande pronomen
Under avsnittet ovanfor har me sett at ein del av dei personlege pronomena i gammalnorsk hadde former som opphavleg kom frå dei peikande pronomena. Det gjeld nøytrumsforma *þat* (nom./akk. eint.) og maskulinumforma *þeir* (nom. fl.tal).

Peikande pronomen blir brukte til – å skilje ut / vise tydeleg / peike på – den / det / dei som har størst interesse her og no. Derfor blir dei au kalla *demonstrativ.* Fleire Vennesla-former av dei peikande pronomena (demonstrativa) er ganske spesielle. Me startar med 'denne ' som i vm. heiter *'dænnæ'* eller *'dænna'* og har fylgjande bøyingsformer:

hannkj. og hokj.:	dænnæ / dænna (hæran/hærane)		dænnen (dæran/dærane)
inkjekj.	dettæ / detta	”	detten ”
fl.tal	dessæ / dessa	”	dessen ”

I sin ”Norsk Grammatikk” (1864) seier Ivar Aasen fylgjande om denne særeigne bøyinga:

”En besynderlig Egenhed ved Ordet 'denne' er det ellers, at det paa mange Steder har to Former, hvoraf den ene bruges om en nærmere Ting og den anden (som altid ender paa 'a') om en fjernere”.

Formene Aasen skriv om her, kjem frå ulike stader i landet vårt, men former frå Agder er ikkje førte opp. Uttrykket ”paa mange Steder” syner likevel at me har med eit tolleg generelt trekk å gjere, og me må rekne med at andre bygder på Agder også har liknande former for det peikande pronomenet 'denne'. Aasen nemner at suffikset (partikkelen) '–na', som ofte stend saman med einskilde adverb og pronomen i norrønt for å få fram spesielle språklege nyansar, ligg til grunn for endinga '-a' som er nemnd i sitatet ovanfor. Me kan rekne med at dette suffikset også er opphav til dei spesielle endingane hos dei ulike formene av pronomenet 'denne' og adverba 'her' og 'der' i oppsettet. Tydelegare og eldre Vennesla-former i denne samanhengen er 'dænna-ne' (> 'dænnen'), 'detta-ne' (> 'detten') og 'dessa-ne' (> 'dessen').

– Dei norrøne akkusativane *'þenna'* (m. eint.), *'þetta'* (n. eint.) og *'þessa'* (m. flt.) ligg til grunn for variantane av dei tri formene i oppsettet.

'dænn', 'de', 'dei (= den, det , dei)
Desse pronomena har au danna former i vm.som ”bruges om fjernere Ting”: *'dænnen', 'detten'* og *'deien'* – truleg etter mønster av formene under *'dænnæ' /'dænna'*. Men i skriftmåla er det frå gammalt av likevel slik at *'denne'/ 'dette'/ 'desse'* peikar på dei nærmare tinga og høyrer saman med adverbet *'her'* (denne her), medan *'den'/ 'det'/ 'dei'* peikar på fjernare ting og høyrer saman med adverbet *'der'* (den der). Det er såleis vanskeleg å seie i kva for retning påverknaden her gjekk opphavleg i vm.

I bokmål har *'den'* tri ulike funksjonar:
- som peikande pronomen i trykktung stilling: "Den bilen er ikke særlig pen".
- som bunden artikkel framføre eit adjektiv i trykklett stilling: "Den pene bilen er ikke til salgs".
- som personleg pronomen for eit han– eller hokjønnsord når det er trykklett og stend aleine: "Jo, den er til salgs likevel, ser det ut til".

Også nynorsk har dei to fyrste funksjonane for bruken av *'den'*. I den tredje funksjonen har nynorsk *'han'* og *'ho'* som personlege pronomen for alle han- og hokjønnsord og for alle person-namn og -nemningar.

I vm. er det stort sett som for nynorsk.Men enkelte unnatak finst:
- Med *'dænn'* som pers. pron. i trykktung stilling har me tradisjon for fylgjande setningstype: "Du og da, *dænn* æ nauden, allså!" "Hør på *dænn! Dænn* æ nydeli, allså!" (om ein melodi). – Ein kan likevel vere i tvil om me her verkeleg har med pers. pron. å gjere. Det er ikkje lange vegen å gå frå *'dænn'* til *'dænn dær'* i desse tilfella, – og 'dænn' såleis blir gjort om til eit peikande pronomen.
- Av og til vinglar venndølane litt i bruken av anten *han/ho* eller *dænn* i trykklett stilling: – Om du for eksempel baud kameraten din ein banan som ikkje såg heilt bra ut, og kameraten din vegra seg litt før han tok imot, ville du truleg spørje anten " Vil du 'kje ha *dænn*?"– eller " Vil du 'kje ha *'an*?

Arne Torp skriv om bruken av *han/ho* og *den* som pers. pron. i norsk mål på sidene 114 –115 i boka si "Landvikmålet, eit norsk skagerakmål". Der seier han m.a. fylgjande:

> *"Bruken av 'han' og 'ho' om alle slags han– og hokjønnsord er det opphavlige i norsk. Bruken av 'den' i bm. er ein arv frå dansk, som bare har to kjønn i namnord (inkjekjønn – f. eks. 'huset' – og såkalla felleskjønn – f. eks. 'bogen', 'maden'.*
>
> Og lenger nede:
> *"Det er altså likt til at 'den' kan brukast trykktungt ved alle slags namnord i nedenesmål, og dessutan trykklett ved namnord som ikkje er personnemningar. 'Han' og 'ho' kan brukast både trykklett og trykktungt ved personnemningar, men bare trykklett ved andre slags namnord.*

Vennesla-målet har i så måte mykje felles med nedenesmåla.

Av andre peikande pronomen skriv eg litt om ***'sjæl'*** *(= sjølv)* og ***'sånn'*** *(= slik).*

Sjæl. "Du må jårr de *'sjæl'* om du vil bli årntli fårrnøyd" (= Du må gjere det aleine el. personleg om – – – – –)

Fonetisk er *sjæl* ei broten form (Sjå avsnittet **Bryting** ovanfor!). Dei fleste nordiske formene av ordet er brotne: *sjalfr* (norr), *sjálfur* (isl), *själv* (sv), *sjølv* (nyn), *sjøl* (radikalt bm), siælf (gml. dansk). I Setesdalen og Vest-Telemark bøyer dei ordet etter kjønn og tal: *'sjav' (m), 'sjov' (f), 'sjavt' (n), 'sjave' (pl)*. Det er tale om bryting av opphavleg 'e' i germ. grunnform **selba-*, og brytingsprodukta er 'ja', 'já', 'iæ' osv.

Bokmålsforma *selv* er lånt frå dansk. Ho er ubroten slik me finn det hos andre germ. språk nede i Europa: *-self* (eng), *selb-* (ty), *zelf* (nl), *sels* (fris).

Det er mykje mogeleg at påverknad til heimeforma 'sjæl' (el. 'sjel'), som Ivar Aasen fann i Lister og Mandals Amt, kan ha kome over havet med sjøfolka frå vestkysten av Sør-Sverige eller frå nordkysten av Jylland gjennom formene *'själv '* eller *'siælf'*, som hos oss så har utvikla seg til ei enklare form utan 'v' (el. 'f') i ending (Jf. overgangen *'sjølv'> 'sjøl'*).

Sånn. "Du må jårr de *'sånn'*. Då bli de seanes sjebeli ud." (= Du må gjere det slik el. på det viset. Då blir det sjåande skipeleg ut).

'Sånn' er igjen eit ord som me finn opphavet til på andre sida av Skagerak. Me talar om eit lån av det danske *'sådan'* som gjennom bruk hos oss har utvikla seg til den enklare forma *'sånn'*, – kanskje slik: *sådan > såd'n > sånn* (Den veike uttalen av dansk 'd' kan ha spelt ei rolle ved denne overgangen).

Danskane har sitt *sådan* frå lågtysk *'sodan'* der andrestavinga *-dan* er perf. part. av det lågtyske verbet *don* (= gjere, lage, danne). I moderne tysk (høgtysk) er dette same verbet som *tun* med a-verbo–bøyinga *tun – tat – getan.* Endinga *-tan* i partisippforma *getan* svarer til den nemnde lågtyske partisippforma *–dan.* (Jfr. også partisippforma *done* (uttalt *'dann'*) av det engelske verbet 'to do'!)

Og så, – ein liten episode frå småskuletida mi ved Vennesla skule i 1940:

"Larinde" vår, Frøken Birkeland, strevde med å lære oss å skrive ein "ny" stor bokstav ein dag. Med alle krusedullane som skulle til den gongen, var det inga enkel oppgåve. Og "Larinda" måtte gong på gong opp til tavla for å vise og presisere korleis bokstaven skulle skrivast. Då kom ho til å bruke det peikande pronomenet *'slik'* ("Slik må du jårr!") i staden for *'sånn'* ("Sånn må du jårr!").

Fleire av elevane reagerte på ordet *'slik'*. Det kjende dei ikkje til. Og så måtte "Larinda" korrigere seg sjølv og forklare at *'slik'* og *'sånn'* "betydde" det same.

Av dei to orda var *sånn* det fastgrodde, heimslege kvardagsordet for borna på Vennesla skule den gongen. Og sånn er det nok i dag au.

'Slik' (el. *'slig'*) kom til oss via skriftspråka eller med "fræmmene fålk" som flytta til bygda. Det har norrønt opphav med grunnform *'slikr'*, og sjølv om det er norsk, har det ikkje greidd å slå rot i dialekten vår – nok til å skyve *'sånn'* ut av posisjonen sin.

Frøken Birkeland, som var frå Birkenes, nabokommunen til Vennesla, hadde nok sitt *'sånn'* trygt festa i dialekten sin, ho au, medan *'slik'* var eit ord ho hadde lært grundig å bruke då ho var lærarskuleelev.

Det kan elles nemnast at 'sånn' ikkje er å finne i dei tidlege nynorske ordlistene. Men det er teke inn i den nynorske varmen i seinare tid.

Ubundne pronomen

Bokmålsformene *'man'* eller *'en'* (nyn *'ein'*) er kanskje dei mest brukte av alle ubundne pronomenformer hos oss. Dei blir fyrst og fremst nytta om personar, har substantivisk funksjon ("står aleine"), er generaliserande (– og blir mykje nytta i kryssordoppgåver!).

I Vennesla er bokmålsforma *'en'* (med kortforma *'-n'*) vår dialektform i denne samanhengen. Men det er au slik at dei personlege pronomena (t.d. 'du' og 'me') kan fungere som ubundne pronomen og erstatte 'en', t.d. i generaliserande setningar som denne:

"D'æ 'kje ståort *en (du, me)* ska seie før *en (du, me)* kjæme på bygda!"

Nedanfor fører eg opp ein del ubundne pronomen som er brukte i vm..Enkelte blir bøygde i kjønn og tal, og somme har litt spesielle former. Dei har *både substantivisk og adjektivisk funksjon.*

hankj.	hokj.	inkjekj.	fl.tal
noen (no'n)	no'	noe (no')	none
all	all	alt	alle
mang ein	mang ei	mangt (et)	mange / fleira
ann	ann	ant	andre
		somt	somme
ingen	inga (ingen)	ikkje noe ('kje no') / (ingenting)	
		lide /litt	

møe

ekkå (= ein eller annan / ei eller anna / eit eller anna / noen)

Ub. pron. i substantivisk funksjon:

"*Noen* må ha jårt ein feil. Æ kan 'kje sjønne *ant.*"

"Nå æ *alt* i ården, ser de ud te, og *alle* fær' sæ mad."

"*Fleira* tåo bussen heim ijænn, mæns *andre* kåmm sæ inn på et stappfollt tåg."

"*Somme* he de sånn at *ingenting* æ sønn,lissom.. Heldivis he æ *lide* mæ *sånnnone* å jårr!"

"Du he *litt* å stå i mæ, ser'æ. He du fått *ekkå* mæ dæ som kan jælpe dæ?"

"Ja, dær æ *mangt* og *møe* som ska årdnes om våren."

Ub pron. i adjektivisk funksjon

– "Ja, mæn æ he 'kje jårt *no'n* feil! – Du finne nåkk ein *ann* syndår, tænk' æ!"

– "Ja, nå he di ede opp *alle* potetsane, *all* pølsa, *alt* fladdbrøe og *all* sausen, – mæn livæll mase *somme* gudonge om *ekkå* desær attete. – Ellår, he me *no'ant* godt å by dei?"

– "Æ tykke me he *lide* lønn fårr *alt* stræve, – sjæl om æ ju ser at *none* mannfålk som snige sæ onna arbeie rætt som de æ, ikkje fårrtjene *no'ant.*"

– "Å ja du, æ jåore nåkk *mangt et* kast sjæl då æ va ong. Mæn nå som æ he blitt gammel, æ æ livæll så bekjymra fårr *mange* ongdomme i bygda. Dærfårr he

æ grene mæ jænnom *mang ein* da, og leie vagen *mang ei* nått, og tænkt og tænkt – –."

– "Sjæl om han træffe *møe* fålk heile tia, så he Jåon ænnå ikkje fonne sæ *no'* jænte han kan lige."

Artiklane

Vm. har tri ulike typar av artiklar, – slik det er i skriftspråka våre:

Ubundne artiklar.
Førestilte bundne artiklar.
Etterhengde bundne artiklar.

Ubundne artiklar

Dei ubundne artiklane i vm. er *'ein'* i hankj. (m), *'ei'* i hokj. (f) og *'et'* i inkjekj. (n). Dei tilsvarande formene i nynorsk er *'ein', 'ei'* og *'eit'*. Bare inkjekjønnsforma (nøytrumsforma) i vm skil seg såleis frå tilsvarande nynorsk form. Her har me døme på *monoftongering av 'ei' framføre lang 't'* i vm..Andre døme er *'hette'*(pret. av *'heide'*, verb) og*'lette'* (pret. av *'leide'*, verb).

Det norrøne talordet *'einn'* blir bøygd som eit sterkt adjektiv med former for kasus, kjønn og tal – i alt 13 ulike former –. Det er opphav til både talorda éin, éi, eitt og dei ubundne artiklane i moderne norsk (og i vm., sjølvsagt). Fyrst kom altså *talordsformene – som er trykktunge*. Dei var grunnlag for utvikling av *dei ubundne artiklane som me finn i meir trykklett stilling*.

Ei slik utvikling starta nok tidleg, men bruk av ubunden artikkel er likevel sjeldan å finne i eldre norrønt. I staden stend som regel substantivet aleine i ubunden stilling: *"þorsteinn hét maðr"* (= Torstein heitte *ein* mann). Her er 'maðr' sjølve grunnforma (nominativ, eintal, hankj.) av substantivet. Det har heile sju ulike bøyingsformer – kvar til sitt bruk – i det gamle språket.

Dei fleste germanske språka har utvikla sine ubundne artiklar med grunnlag i det gamle *talordet for éin* i det enkelte landet – slik det har vore hos oss –, og resultatet har blitt *'a'* og *'an'* i engelsk, *'ein'* i tysk, *'en'* i dansk og svensk, *'een'* i nederlandsk. Gammal germansk form **aina-* ligg til grunn for alle desse formene, våre medrekna.

Islandsk har enno ikkje utvikla ubundne artiklar i vår meining av ordet, men held på eit system som stort sett samsvarer med det ein finn i norrønt.

Førestilte bundne artiklar

Dei førestilte bundne artiklane i vm. er *'dænn'* (m), *'dænn'* (f), *'de'* (n) og *'dei'* (pl). Dei same orda er også peikande pronomen (Sjå ovanfor!) og stend då framføre substantivet saman med eit adjektiv. Artiklane blir difor også kalla *"adjektivets bundne artiklar"* :

Ho grudde sæ litt te *dænn lange bilturen*, mæn gledde sæ te å ta *dænn nye hytta* innmæ *de fine vanne* i brug, – og ikkje å fårrgløyme *dei nydelie fjellane* på hi sia a vanne!

Dei førestilte bundne artiklane er "etterkomarar" av fylgjande former av dei peikande pronomena i norrønt: *'þann'* (m, akk, sg), *'þat'* (n, nom/akk, sg) og *'þeir'* (m, nom, pl).

Etterhengde bundne artiklar.
Venneslamålet har fylgjande etterhengde bundne artiklar i eintal:

-en i hankjønn (elg-*en*, mann-*en*, ståol-*en*)
-a i hokjønn (kjyr-*a*, lamp-*a*, bygd-*a*, øy-*na*)
-e i inkjekjønn (lamm-e, bån-e, fjøs-e).

I fleirtal er den bundne etterhengde artikkelen *-ane* i alle kjønn (menn-*ane*, kån-*ane*, bånn-*ane*, bygd-*ane* osv.).

Dei etterhengde bundne artiklane kjem av det peikande pronomenet (demonstrativet) *'hinn'* (eller dei enklare formene *'inn'* el. *'enn'*) i gammalnorsk. Det blir lagt til dei bøygde formene av substantivet og er sjølv bøygd i samsvar med dette i kjønn, tal og kasus. Endingane "våre" (*-en, -a, -e* og *-ane*) er "restar" av dei gamle nominativs- el. akkusativsendingane.

Frå døma under avsnittet om dei førestilte bundne artiklane ser me at substantiva er bundne både med førestilte og etterhengde artiklar:

dænn lange biltur-*en*
dænn nye hytt-*a*
de fine vann-*e*
dei nydelie fjell-*ane*

Me får såleis *dobbel binding* el. *"overbestemthet"* av substantivet.

Talord
Talorda deler me inn i grunntal og rekketal. Nedanfor fører eg opp ein del former som i vm. blir uttalte med større eller mindre avvik frå vanleg uttale av dei tilsvarande skriftformene. Tala 1 – 4 kommenterer eg særskilt her sjølv om dei også er omtalte i ordlista. – I ordlista finn du merknader også til andre tal frå rekkene her.

Grunntal:	*Rekketal:*
éin	fysste / føsste
tåo	andre / annre
tri	tredje / tre-e
fire	fjære
fæmm	fæmmte
seks	sjette
syv	syv(e)n(d)e

Grunntal:	*Rekketal:*	
åtte	åtte(e)n(d)e	
ni	ni(e)n(d)e	
ti	ti(e)n(d)e	
ellve / øllau	ellefte	
tåll	tållte	
trætten	trætt(e)n(d)e	
fjåorten	fjåort(e)n(d)e	
fæmmten	fæmmt(e)n(d)e	
seisten	seist(e)n(d)e	
søtten	søtt(e)n(d)e	
atten	att(e)n(d)e	
nitten	nitt(e)n(d)e	
tyve	tyv(e)n(d)e	
éin-og-tyve	éin-og-tyv(e)n(d)e	
– – –		
syv-og-tyve	syv-og-tyv(e)n(d)e	
– – –		
trædve	træddefte	
éin-og-trædve	éin-og-træddefte	
– – –		
førrti / førr	førrtian(d)e / førrtien(d)e	
– – –		
søtti	søttian(d)e / søttien(d)e	
– – –		
honnre	honnrede	(”Detta sei’ æ fårr honnrede gång!”)
honnr’-og-éin	honnr’-og-fysste	
– – –		
tusen	tusen(d)e	
– – –		
milljåon	milljåonte	

Merknader til talorda:
Oppsettet ovanfor er i samsvar med den eldre offisielle teljemåten – omlag slik han høyrdest ut når venndølane brukte han i ”trædve-årane”.

Noverande offisielle teljemåte fekk me i 1951. Og sjølv om det er tolleg lenge sidan, har han hatt problem med å slå skikkeleg gjennom i dagleglivet både hos venndølane og elles hos alle andre dølar i landet vårt. Og det er nok slik at den eldre teljemåten framleis er mykje i bruk – jamvel blant borna og dei unge. Og nordmenn kommuniserer i dag greitt ved hjelp av både gammal og ny teljemåte – eller med ei blanding av desse.

Éin (= 1) er einaste grunntalet som har ulike former for kjønn i vm.: *éin (m), éi (f), ett (n).* Slik er det også i skriftspråka våre. – Det er eigentleg dei

same formene me bruker som ubundne artiklar (Sjå ovanfor om *dei ubundne artiklane* !).

'Fysste / føsste (= fyrste / første). Me ser her at dialektordet har utvikla assimilasjonen *rs* > *ss*. Både *'fysste'* og *'føsste'* er former som er i bruk i vm. i dag.

Som talord (rekketal) kan det stå både substantivisk og adjektivisk:

Jakob æ dænn fysste i mål. Jakob æ *fysste junior i mål. Jakob æ fysste junioren i mål. Jakob æ dænn fysste junioren i mål.* (Jfr. *'fysst / føsst'* i ordlista!).

Fysst / føsst kan ha rolle som eit adverb med superlativ form. Grunnforma er då eit adverbialt *'fårr* (='for'). Gradbøyinga blir

fårr – føre – fysst :
"Tore jænge *fårr* sæ sjæl".
"Jakob jænge *føre* Tore".
"Jåon jænge *fysst*".

'Fus' er eit ord borna bruker når dei bestemmer kven som er *fyrstemann i ein leik*, dvs. – *kven som skal starte leiken*. Då ropar dei "Fus!" "Ann!" "Tredj!" "Fjær!" osv. Den som er fyrst til å rope "Fus!" startar opp. Dette gjeld i leikar der ein må lage ei rekkefylgje av deltakarane, t.d. når ein skal "kaste på stikka".

Ordet har truleg vandra hit frå austsvensk der *'en fus'* tyder *'en kakse'* (= godseigar, storbonde). – *'Kakse'* er eit anna ord som blir brukt når ein avgjer kven som skal starte opp eit spel eller ein leik.

Tåo (= 2).Vennesla-målet har diftongen *'åo'* der skriftmåla har lang o-lyd).

Diftongen finn me i forma 'tvåo' for same talordet lengre inne i Agder-bygdene. Me kan rekne med at også vm. har hatt denne forma (med 'v') tidlegare. 'V'-en er opphavleg, og dei fleste germanske skriftspråka har halde på han, sjølv om han ikkje alltid er med som vanleg v-lyd i uttalen av ordet: 'två' (sv), 'two' (eng), 'twa' (fris), 'twee' (nl), 'zwei' (ty), 'tveir' (mask. form i islandsk).

Setesdal og Vennesla er nære naboar. Språket der øvst i dalføret vårt kjennest på mange måtar heimsleg for venndølane. Det må vere rett å vise til enkelte særeigne drag i Setesdalmålet for å peike på kor nær knytta også Vennesladialekten er til "det gamle språket", norrønt.

I norrønt var talordet 2 bøygd i kjønn og kasus. Nominativformene var 'tveir' (m), 'tvær' (f) og 'tvau' (n). – Desse ulike formene for kvart kjønn finn me framleis att i levande tale i Setesdal – bare med mindre endringar: *'tvei' (m), 'tvæ' (f), 'tvau' (n)* (uttalt "tvao"). – Her er det nøytrumsforma som liknar mest på vårt "tåo".

Andre / annre (= 2.). 'Andre' (med tydeleg 'd') er den forma me vil bruke i trykktung stilling, – også når ordet fungerer som ubunde pronomen: "De probleme fær' *andre* ta sæ a."

'Annre' har assimilasjonen 'nd' > 'nn'og er nok den mest alminnelege å høyre av dei to formene.

Tri (= 3). – Lang *'i '* er den opphavlege rotvokalen i dette talordet, som kjem av den norrøne grunnforma *'þrír'* (nom. hankj.). Også gammal dansk og gammal svensk hadde grunnformer med lang 'i' som rotvokal.

Skriftspråka i Danmark, Sverige og Noreg brukar alle forma *'tre'* for dette talordet nå. Det gjeld også nynorsk. Der har ein likevel halde på *'tri'* som sideform.

Også for talordet 3 prøver setesdølane å halde dei gammalnorske nominativsformene levande – tilnærma uendra:

norr.:	*þrír (m)*	*þrjár (f)*	*þrjú (n)*
Set.:	*tri (m)*	*trjå (f)*	*trju (n)*

Fire (= 4) Dette talordet har kome til oss sørfrå, over havet frå det danske språket.

I norrønt hadde også 4 som talord ulike former for kjønn og kasus, Nominativsformene er framleis haldne levande hos enkelte setesdølar:

norr.:	*fjórir (m)*	*fjórar (f)*	*fjǫgur (n)*
Set.:	*fjore (m)*	*fjora (f)*	*fjågo (n)*

Vokalen 'ǫ' som ofte blir kalla *"o med kvist"*, blir uttalt som ein open å-lyd. *Lang 'i'* og *lang 'o'* blir oftast diftongerte hos setesdølane*: i > ei ("trei" = 3), o > åo ("fjåore / fjåora" = 4).* Tala 5,11 og 12 er omhandla i ordlista (Sjå under fæmm og øllau !).

Ordliste for Venneslamålet, eit utdrag

Forord

Ein del av orda i denne ordlista er kan hende litt gammaldagse og best kjende og mest brukte av den eldre generasjonen venndølar. Men dei er ekte og opphavlege og derfor interessante au for dei unge.

Som tidlegare nemnt, er det vesle maskinskrivne heftet med "venneslaord" som gamle lærar Olav Hagen let etter seg, det viktigaste tilskuvet som fekk meg, og fleire med meg, til å starte det breiare og meir inngåande språkarbeidet som blir lagt fram her.

Undervegs har ordmengda til ordlista auka monaleg, og resultatet er om lag 3300 ord, Kvart ord er skrive ned på ein målføresetel med dialektuttale, lydskrift (Norvegia), ordklasse, grammatisk form med bøying, kva ordet tyder; – og ordet er sett inn i ei meiningsgjevande setning / setningar som døme – m.m..

I ordlista her fylgjer eit utval på ca. 800 ord. Dei fleste har fått ei vidare og grundigare utgreiing enn det me finn på setlane, og dei er valde ut fordi dei har sine særmerke. Etymologien, kunnskapen om opphavet til orda, er eit tema eg har lagt brett på, og ein god del nemningar og uttrykk i denne samlinga har gjeve høve til å få fram motiverande lærdom som opnar spennande rom bakover i tid.

Kvar kjem orda frå?

På ei tilstelling i Vennesla Historielag blei det spurt om det finst ord som reint og uforfalska har sitt opphav i Vennesla.

Dei finst kanskje, men dei er i tilfelle svært få. Det viktige i denne samanhengen er likevel at orda som me kallar vennesla-ord, har fått sin spesielle svip. Denne blir skapt ved at venndølane legg inn i ord og setningar sine eigne særskilde språkelement som er typiske for bygda. Mange av desse elementa er i sin tur kan hende ikkje typiske bare for Vennesla, men au for andre norske dialektar, og då særleg for dialektane i grannebygdene.

Slik kan ein halde på å gå inn og inn i målet vårt for å finne kva som fører til at me i det heile talar om ein eigen dialekt for Vennesla. Og til slutt vil me t.d. ende opp med at det er måten dei ulike språkelementa er sette saman på eller sjølve tonen i målet som er det ekte og reine grunnlaget for den retten me har til å kalle dialekten vår for ein original dialekt.

Orda eg legg fram i ordlista, har opphavet sitt i vårt eige gammalnorske mål og i framande språk som har påverka norsk mål gjennom tidene, men dei har blitt smidd og forma til ved hjelp av dette ekte og reine språkgrunnlaget og såleis blitt typiske vennesla-ord.

Det er etymologane som granskar og leitar for å finne opphavet til orda, og ein god del av orda er svært gamle og kjem frå land langt borte. Mange av dei har kome til oss m.a. via tysk – eller lågtysk. Ord med forstavinga *be–* t.d. kan me rekne med kjem frå den delen av Europa som har vore tyskspråkleg gjennom tidene.

For å illustrere noe av det som er sagt ovanfor, skal me sjå nærare på eitt særskilt ord under bokstaven B:

bosseråon (= busserull).

Dette ordet kjem via det lågtyske ordet 'busserun' frå fransk 'bourgeron'.

Mange vil seie at *'bosseråon'* er eit typisk vennesla-ord, – og det er det då!

Men det har fått ei form og ein uttale i vm. som ligg ein god del nærare lågtysk og fransk enn den forma me finn i norsk skriftspråk (busserull), truleg fordi vedkomande språkelement i Vennesla-målet for dette eine ordet samsvarer bra med tilsvarande element i dei to språka – ved å uttale tysk kort 'u' som kort 'o' i fyrste stavinga. Og den lange o-lyden i siste stavinga har fått "riktig" Vennesla-uttale med diftongen 'åo'. Denne diftongen finn me som regel i trykktunge stavingar, og det er nettopp siste stavinga i *'bosseråon'* som har hovudtrykket. Denne trykkplasseringa er elles ein språkfarge ordet har behalde frå sitt franske opphav.

A

a (prep) – av ('v' blir for det meste ikkje uttalt) (Aasen: av, norr: af og áf, sv: av, da: af, eng: of, ty: ab, nl: af, fris: of, germ: *abá, gr: apó).

Døme: Sjiane æ lagt *a ask.*
Han *brøyd a* none kviste te å fyre mæ.

Me ser at største skilnadene mellom dei ulike formene av denne preposisjonen finn me hos den sentrale konsonanten. Ein reknar med at p-en i den greske forma 'apó' også høyrer heime i ei opphavleg og liknande indoeuropeisk form. I samsvar med germanske språklover (lydforskyving) har denne ustemte lippeplosiven etter kvart gått over til 'f' som er ustemt lippefrikativ (Jf. formene 'af' og 'of') eller til 'b' og 'v' som er stemte konsonantar til henholdsvis 'p' og 'f' (Jf. formene 'ab' og 'av').

Ettersom Vennesla-forma av denne preposisjonen ikkje har noen konsonant-lyd knytt til seg, kan me, – med eit glimt i auget –, seie at han har nådd eit nytt utviklingssteg hos oss.

Likevel, i fyrste dømet ovanfor står preposisjonen framføre vokal, og for å få uttalt både preposisjonen 'a' og vokalen 'a' i 'ask' tydeleg, må ein gjere ein ørliten stans i talestraumen. Me lagar såleis ein plosiv 'h' på den staden i munnhola der den "vanlege" (frikative) h-lyden elles blir til («a – h – ask») .

plosiv = konsonant som blir til ved å stenge og lynsnart opne att for talestraumen i munnhola. (Jf. den meir allmenne nemninga 'eksplosiv')

frikativ = språklyd som ein får fram ved å presse talestraumen gjennom ei trong spalte som er danna i munnhola eller med lippene. (Jf. den meir allmenne nemninga 'friksjon').



a-be-se-a (s,f, b.f.) – Folkeleg namn på fyrste læreboka eleven får i lesing.(Aasen: Abesa)

Døme: Larinda delte ud *a-be-se-ane* te none veldi spænte fyssteklassinge.

abe (s,m og v)



– 1. ape, apekatt. 2. gjere narr av, halde moro med, spotte (norr: apa (v), api (s)).

Døme: 1. Rålf klatra lige fårt *som ein abe* oppøve dænn digre bjørka.

2. «Du *ska 'kje abe mæ* mæ på dænn måden! *Æ* konne bli sinna!»

Jf. elles uttrykket 'å drive ab mæ' som har same meininga som 'å abe mæ' i setning 2. 'Ab' er inkjekjønnsord.

ablegøye (s,m)

– morosamt påfunn, apestrek (jf. da. *'abeløyer* og no. *'gøy'*).

Døme: "Ska me 'kje *jårr none ablegøye* mæ Per i kvell!?"

abægeli (adj og adv)

– vanskeleg, vrien, avbakleg ; avsides, langt av lei, som det er vanskeleg å komme til (Aasen: avbakleg).

Døme: "D'æ ein *abægeli jåbb* du he jett mæ hær! Æ tru 'kj' æ grei' 'an!".

Gåren ligge *abægeli langt* innpå heia. Skruen sadd *abægeli* te.

abærkspae (s,m)

– barkespade, spadeforma verktøy til å skave av borken med når ein høgg tømmer (jf. *bærke* (v) = skave bork).

Døme: Fysst styve me tree, ettepå karte me de og te slott bærke me de mæ *abærkspaen*.

adamseple (s,n)

– Utviding av pusterøyret der stemmebanda er festa. Er typisk hos menn. Heng saman med bibelforteljinga då Eva gav Adam eit eple av kunnskapstreet. – Eplet blei visst sitjande fast i halsen.
Adamseplet utvidar seg sterkt i stemmeskiftet hos ungguten.

Døme: Nils hadde et digårt *adamseple* og ei gråv røst.

agevitt (s,m)

– skandinavisk krydra brennevin med om lag 40 volumprosent alkohol (lat. aqua vitae = livsens vatn).
Døme: Stømpåren ståo dær og tølla i sæ *agevitt* då kjæresten hanses hadde reist sin vei.

agost (s,m) -august månad, åttande månaden i året, oppkalla etter keisar Augustus i det gamle Romarriket.

Døme: Skulen bjønn' ijænn i *agost.*

agåre (adv) – av stad, bort frå, av garde (norr: af garði).

Døme: Lille-Gonnår fåor *agåre* som ein vinn då 'an fekk se Bestefar bårti svingen.
"Kåmm dæ nå *agåre*, du æ alt seint ude!."

Ordet er sett saman av preposisjonen 'av' og substantivet 'gård'. Forma 'gåre' med endinga –e og tostavings tonelag syner at me har med ein gammal dativ å gjere. Preposisjonen 'av' styrte dativ i norrønt.

akkedas (s,m) – disputt, ordstrid, trette, drøfting (Jf. 'akkedere' nedanfor!).

Døme: Åola og Kari hadde ein årntli *akkedas* om å hænne skåbe skolle stå..

Substantiv med endinga –as har gjerne litt nedsettande tyding – som t.d. i 'kjekkas' og 'tjukkas'.

akkedere (v) – drøfte, ordskiftast, tinge, stridast med ord, diskutere, – same ordet som 'akkordere' (lat. accordare = 'bli samde om' – av ad = 'til' og cor = 'hjarte').

aksltånn (s,f) – jeksel, kinntann (Aasen: Jaksle, norr: jaxl).

Døme: Tannlægen trækte ud ei *aksltånn* som va gårr-råden.

Me tek med to norrøne nemningar som passar godt inn her:
jaxlaverkr = verk i jekslane
jaxlgarðr = rad av jekslar

akte sæ (v) – passe seg, vere forsiktig, anse.
Døme: "Du *må akte dæ* væl fårr hå du seie i ei sånn fårr-samling!"

aktejænte (s,f) – jente som passar småborn.

Døme: Ho tjente litt småpænge som *aktejænte.*

ale (s,m) – den inste, harde, brungule veden i t.d. ei furu, kjerneved. "malm", al; gode eigenskapar hos ein person (Aasen: Adel, norr: aðal el. óðal = kjerneved, natur, vesen, "hått").

Døme: Dær va møe *ale* i dei gamle fåorane som blei sendt te saga.
"Dær æ gåo *ale* i dænn guden!" sa bestefaren. Han va kry a sønne-sønnen sin.

alivæll (adv) – likevel, sjølv om, endå om (bm: allikevel, da: alligevel, frå lågtysk: allike wol = "alt like vel").

Døme: "Æ kan 'kje bli mæ dæ på heia *alivæll*. Æ æ blitt så safti fårrkjøla i løbe a nåtta at –."
"Du jårr 'kje som æ seie, *alivæll* du he låft de mange gånge!"

allestess (adv) – over alt, allstad (Aasen: allstad, allstadar og allestass, norr: allsstaðar).

Dette dialektordet har me frå dansk 'allesteds'. Det har gjerne glide inn i dialekten vår via det ofte brukte sitatet "Gud æ allestess nærværende!" Dobbelkonsonanten til slutt er ein assimilasjon -ds > -ss .

Me kan rekne med at 'allestad' har vore det opphavlege ordet for vm. i denne samanhengen. For 'Allestad' blei i Vennesla brukt som kalle-etternamn på personar som heldt seg mykje ute blant folk, og som du kunne møte kvar som helst i bygda. Han kunne t.d. få kallenamnet Åola Allestad.

I den gammalnorske forma er '-staðar' genitiv eint. av 'stað'.(s,m) Tilsvarande er '-steds' / '-stess' genitiv eint. av 'sted' (s,n). Genitivsendingane er høvesvis -ar og -s.

*'Sted' er elles inkjekjønnsord med i-omlyd. 'Stað' / 'stad' er hankj.ord utan omlyd . Begge kjem av den urnordiske forma *staðiR (s,m).*

allgodt (adv) – tilleggsord som tidlegare blei brukt til å understreke det som blei sagt (forsterkingsadverb).

Kjem nok av det norrøne adjektivet *'allgoðr'* som tyder *'svært god', 'fullgod'.*

allmannsvei (s,m) – hovudveg, allmannaveg, allfarveg (Aasen: Aalmannveg, norr: almannavegr).

Døme: "Me te ein tur bårt på *allmannsveien* og kjikke litt på trafikken!"

'-manna-' er ein gammalnorsk genitiv fl.tal av substantivet 'mann'. I dialekten vår er a-genitiven blitt erstatta av ein s-genitiv.

allskens (adj. og adv) – allslags, alskens (norr: allskyns, da: alskjens).

Døme: "Du dreie mæ dæ heim *allskens* rare og unyttie ting, tykk' æ. Du må slotte mæ de, me he 'kje plass te alt muli hellår!"

Den norrøne endinga '-kyns' er genitiv eint. av 'kyn' (s,n) som tyder 'kjønn', 'slag', 'art'.

alltiss (adv) – gjerne, godt, nok, alltids (lågtysk: alletit = alltid).

Døme: "Æ kan *alltiss* gå mæ dæ, sia du mase sånn!"
"Du he *alltiss* noe æ kan jælpe dæ mæ i da. – He du 'kje?"

Også her møter me assimilasjonen -ds > -ss. Elles har me med ei austnordisk (dansk) genitivsform å gjere (s-genitiv).

altår (s,n) – alter / altar, "bord" bygd av stein til ofring i religiøs samanheng, offerstad; bord framme i kyrkjekoret der presten utfører ulike kyrkjelege handlingar (Aasen: Altar, norr: altari , frå lat. 'altare' = offerstad).



Døme: Der va mange som *jekk te altårs* dænn sønndaen.

annføddes (adv) – med føtene mot kvarandre, andføttes, motføttes (Aasen: andføttes, isl: andfætis).



Døme: Dei måtte *ligge annføddes* i ektesænga fårrde dei snårka fælt begge tåo.

– I si "Norsk Ordbog" (1864) har Ivar Aasen slik forklaring på uttrykket ***'Liggja andføttes'****: "ligge saaledes, at den Enes Fødder vende til samme Kant som den Andens Hoved".*

*Den korte rotvokalen og doble konsonanten i '-føddes' har me frå austnordisk (dansk) mål. Me finn også assimilasjonen nd > nn (and- > ann-) i vennesla-*forma.

annled (s,n) – ansikt, fjes, andlet (Aasen: Andlit, norr: andlit).



Døme: Han frøys så 'an va blå i *annlede.*

Me har her med ei norrøn nemning å gjere (andlit > annled). Forstavinga '-and' tyder 'mot' (prep), '-lit' har tydinga 'syn', 'auge' (subst.). Også her møter me assimilasjonen nd > nn (and- > ann-).

'Annled' er gammal vennesla-form, og kanskje bruker enkelte eldre venndølar ho framleis . Men det er i tilfelle svært få.

I dag nyttar me nemninga 'ansikt', som er eit lån frå lågtysk, – eller 'fjæs', som kjem av same rota som eng. 'face' (lat. facies).

annevær (ub pron m/f)
annevært (n) – annankvar (m), annakvar (f), annakvart (n) (Aasen: annankvar (m), onnorkvar (f), annatkvart (n), norr: annarr hverr, isl: annar hver, bm: annenhver (m/f), annethvert (n); da: hver anden (m/f), hvert andet (n), sv: varannan (m/f) og vartannat (n)).

Døme: Berit jekk på skulen *annevær* da då 'o va lida – sånn som de va i lannsfålkeskulen føritia.

Legg merke til skilnaden mellom dei norrøne / norske / islandske (vest-nordiske) formene på eine sida og dei danske / svenske (aust-nordiske) på andre sida når det gjeld måten dette ordet er sett saman på, og at hovud-

trykket fylgjer leddet 'annan-', '-anden' osv. anten det er fyrste– eller sisteledd. Det viser at dette leddet er sett på som viktigast i ordet / uttrykket.

Fyrsteleddet 'onnor-' i hokjønns-forma 'onnorkvar', som Aasen har notert, er eit ledd med u-omlyd. Det har hatt slik utvikling frå norrønt: annur- > ǫnnur- > onnor- (ånnor-). U-påverknaden har gått mot 'a' i 'annur' slik at 'a' har blitt runda til ein open å-lyd (ǫ). 'Onnor' syner elles at 'u' i ending i mange vestlandske dialektar (t.d. i Setesdal) blir uttalt som ein trong o-lyd ("europeisk" 'u' – jf. uttalen av tysk 'u'). Vennesla-målet har "europeisk" uttale på sin korte 'u' (t.d. 'tong', 'ronn' = tung, rund).

annsless (adv.) – annleis, på ulik / anna vis (Aasen: onnorleid /annarleides, norr: ǫnnur leið / aðra leið, da: anderledes, sv: annorlunda / annorledes).

Døme: Ho så *annsless* ud enn dei andre jæntane. Så møe finare, lissom.

Endingane '-less', '-leid', '-leides', '-ledes' har det norrøne 'leið' (= veg, retning, lei) i botnen.

Jamfør fyrsteleddet 'onnor-' (hos Aasen) med fyrsteleddet 'annor-' hos dei svenske formene! – 'onnor' er ei form med u-omlyd. Den svenske forma er utan u-omlyd. Som før nemnt, så er u-omlyden oftast å finne i Vest-Noreg og på Island og Færøyane. Les meir om u-omlyden under ordet 'annevær' ovanfor og i eige avsnitt under 'Lydverket (Fonologien)'!

Endinga '-lunda' i det svenske synonymet 'annorlunda', er i familie med vårt 'lune' (= sinn, sinnelag, hug og hått; humør, sinns-stemning, huglag).
Lynne' er ei i-omlydt sideform til 'lune'.

Både 'lune' og 'lynne' kjem av lat. 'luna' = 'måne'. Dette har samanheng med at dei i eldre tid trudde at månen og månefasane virka inn på humør og sinnelag hos menneska (Den gamle romerske "månegudinna" heitte Luna).

arj (adj) – arg, vond og grinete, vanskeleg og vrang, sinna og sur (Aasen: arg, norr: argr = reddhuga, umandig, sanseleg og sedlaus),

Døme: Jåon æ så *arj* at han æ 'kje te å kåmme i nærheden a.

Her har me eit ord der enkelte eldre venndølar framleis held på palatal 'g' (= 'j'-lyd).

Innhaldet som ordet hadde i gammalnorsk tid, og som syner ein stakkarsleg og umoralsk mannsperson, ligg ikkje til dette adjektivet i vm., – sjølv om eigenskapane som er nemnde på "tydingslinja" ovanfor, jammen er grove nok.

armbann (s,n)




– lenke el ring – gjerne av gull eller sølv – som ein ber som pyntegjenstand kring handleddet eller høgare opp på armen, armband (bm: armband el. armbånd, da: armbånd, sv: armband, ty: Armband, nl: armband; – norr: armbaugr = armring).

Døme: Ho blei så fårrstøkt då 'o fekk et *armbann a goll* a kjæresten sin te jul. De va ju altfårr møe, kann du sjønne!

*Andreleddet '-bann' har assimilasjonen 'nd'> 'nn'. Den norrøne forma er 'band' (av germ. *banda-).*

Den danske forma '-bånd' svarar til den norrøne fleirtalsforma 'bǫnd' som er u-omlydt form (isl: 'bönd').

armbåge (s,m)



– olboge, leddet der overarm og underarm møtest (Aasen: Olboge, norr: ǫlbogi el. ǫlnbogi, bm: alboge el. albue, da: albue, sv: armbåge, isl: ölnbogi el. olbogi, eng: elbow, ty: Ellenbogen, nl: elleboog).

Døme: Han brugte begge *armbågane* så godt 'an konne då 'an trængte sæ fram i køen.

*Dei oppførte formene frå vest- og nord-germanske land, – med unnatak for den svenske forma (og Vennesla-forma) 'armbåge'-, er alle opphavleg sette saman av to ord der fyrsteleddet tyder 'alen' og andreleddet 'boge' (av germ. *alinõ- og *bugan).*

'Alen' veit me er nemning for eit gammalt lengdemål (= avstanden mellom olbogen og ytste fingerspissen). Men 'alen' har frå gammalt også tydinga "underarm",

og blant dei gamle skaldane blei ordet brukt synonymt med 'armr' i former med u-omlyd ('ǫlun' el. 'ǫln').

Kan hende har venndølane fått si form 'armbåge' over havet frå Sverige der denne er offisiell skriftform? 'Armbåge' har kanskje blitt til fordi det høyrest naturleg å knyte ordet 'arm' til namnet på dette leddet, – og ikkje minst fordi rotvokalane i 'alen' og 'arm' også opphavleg var identiske. Om det er tilfellet, kan ein tale om at ordet er blitt til ved "folkeetymologi".

armskåd (s,n) – rikeleg plass så ein kan få bruke armane sine uhindra når eit viktig arbeid skal gjennomførast.

Kan også nyttast i overført tyding når ein treng rikeleg tilgjenge til ressursar for å løyse meir abstrakte oppgåver, armrom, armslag, armskot.

Døme: "Hær må noe jårres! La mæ få *armskåd*!"

Hans Ross har funne nemninga 'armskot' / 'armskåd' i Lista- / Mandals-området.

I "Gamalt or Setesdal" er 'armskot' nemnt som ein kraftig støyt med armen, – kanskje ein støyt som liknar på boksing?

armåo (s,f) – fattigdom, naud, elende, armod (Aasen: Armod, sv: armod, lågty: armot, ty: Armut, norr: armœða = møde, "møye og besvær").

Døme: De va *reine armåoa* (el. armoa) hos Pedår og dei onne krigen.

Utgangspunktet for "vårt" ord er den lågtyske forma 'armot', men det har mista endingskonsonanten 'd' ('t').

– Opphavleg 'd' i ending etter lang vokal blir som regel ikkje uttalt i vm.: ve = ved (s,m), mæ = med (prep), rå = råd (s,n), bla = blad (s,n), dø = død (adj. sg), rei =reid (v, pret), bli = blid (adj. sg.) osv.. – Regelen gjeld som oftast også om ein legg til ei bøyingsending som tek til med vokal: ve'en (b. form sg.), rå'e el. råde (b. form sg.), bla'ane (b.form pl.), dø'e (adj.pl.), bli'e (adj.pl.).

Mange venndølar vil nok velje 'armoa' (b.form sg.) i

staden for 'armåoa' når dei må bruke denne forma, – rett og slett fordi den fyrstnemnde er lettare å uttale.


armodsli (adj) – veik, maktlaus, armodsleg (Aasen: armodsleg).

Døme: «Bestemåor ser så *bleig og armodsli* ud i da. Æ 'o 'kje fræsk?»

Den stumme d-en i 'armo(d)' vil bli uttalt når ordet ligg til grunn for danninga av dette adjektivet. – Noe liknande vil skje dersom me lagar same typen adjektiv av 'bli(d)' og 'dø(d)': "blideli" og "dødeli" (Jf. 'armåo' ovanfor!).

attete (prep) – inntil, innåt, ved sida av, attåt (Aasen: att-til, att-te).

Døme: «Æ lure på hå me ska ha *attete kaffien* i da!»
«– Æ dær 'kje no' ijænn a blaudkaga ifrå sønndaen, tru? No' bær kan du 'kje *få attete*!»



Dette ordet tykkest å vere heilt spesielt for Vennesla. Aasens 'att-te' er den forma som ligg nærast "vår" form. Hos Aasen er 'att-te' lagd under oppslagsordet 'att-aat'. –Eg gjev att siste setninga av det han skriv der: "I Tel. og Rbg. hedder det: ***attat****, og tildeels:* ***attil (att-te)****."*
(Tel. er forkorting for Telemark, sjølvsagt. Rbg. er forkorting for Robyggjelaget som frå gammalt er nemning for storparten av bygdene i Indre Agder).

aue (s,n) – auge, synsorgan (Aasen: Auga, norr: auga, bm: øye, da: øje, sv: öga).



Døme: Finn hadde fått rosk i *de eine aue*, og måora prøvt' å få de ud mæ spissen a et reint lommetørklæ.

I gammalnorsk hadde dette substantivet svak bøying i eintal og sterk bøying i fleirtal. Noe av dette går att i nynorskformene i dag:
auga (ub.sg.) – auga (b.sg.) – augo (ub.pl.) – augo (b.pl.).
Men nynorsk har også ei bøying som er svak i alle fire ledda:
auge – auget – auge – auga

Også vm. har den svake bøyinga på dette substantivet, – etter bøyingsreglane som ligg til dialekten vår: aue – aue – aue – auane .

I dag bruker dei fleste venndølane forma 'øye': øye – øye – øy(n)e – øyane

ausekar (s,n) – eit kar som er forma som ein liten hol handspade til å ause – el. lense ein pråm tom for vatn, ausefat, ausekar (Aasen: Auskjer, norr: ausker, bm: øsekar / ausekar, sv: öskar, da: øsekar).



Døme: A et einaste trestykke lagte Bestefar *et fint ausekar*. De hadde et ront skaft som va godt å hålle i. – Då va de bare måoro å ause båden!

Me ser at dei aust-nordiske formene har monoftongen 'ö' / 'ø' der dei vest-nordiske har diftongen 'au'. Dette peiker på eit typisk språkleg skiljemerke mellom aust- og vestnordisk. Dei tri vanlegaste diftongane i vest-nordisk, 'au', 'ei' og 'øy', møter me ofte igjen som monoftongane 'ö'/'ø', 'e' og 'ö'/'ø' i svensk og dansk (og tildels i norsk bokmål).

a'vea (adj) – om ei planke, ei fjøl eller eit treskaft t.d. der veden (årane el. årringane) går meir eller mindre på tvers av lengda og derfor har lett for å brekke, avveda.

Døme: Då Karl bjønt' å spigre, brøyd planka rætt a fårrde ho va *a'vea*.

avåde (s,n) – snyltedyr, parasittar, insekt m.m. som gjer skade på plantar, treverk, tøy m.m. ved å gnage eller suge, avåt (Aasen: Avaat, norr: afát = oveting , fråtsing). – Jf. elles uttrykket "å ha åd i håre".

Døme: "De va møe *avåde på grønnsagane* i fjåor. Me hadde lide ellår ingenting ijænn fårr alt stræve mæ di!"

I tillegg til forma 'af-át' har norrønt formene 'of-át' (n) og 'of-áta' (f) med same tyding. Forstavinga 'of-' finn me att som forstavinga 'ov-' i moderne norsk i ord som ov-mengd, ov-lang, ov-eting osv..

Forstavinga 'ov-' er såleis ein "avleggar" (ved omlyd

t'an godt, konn' en se. – Mæn Magne fekk allri lov te å sidde på mæ 'an.

barbeint (adj og adv) – utan fottøy, berrføtt , berrbeint (Aasen: berrføtt, norr: berbeinn og berfœttr, sv: barbent og barfota).

Døme: Onne krigen konne du møde *barbeinte bånn* te langt udøve høsten. Dei sparte på skåotøye så godt dei konne i dei årane.

Og mange våksne og dei aller fleste *bånnane jekk barbeint* heile sommåren.

Som adjektiv har 'barbeint' samsvarsbøying. Det er påkravt og naturleg for oss å bruke fleirtalsforma 'barbeinte' framføre 'bånn' – som er eit substantiv i fleirtal.

Som adverb er denne samsvarsbøyinga ikkje påkravd og nødvendig. Og det er kanskje vel så naturleg for oss å seie "bånnane jekk barbeint heile sommåren" som "bånnane jekk barbeinte heile sommåren".

barfråst (s,m) – hard kulde før snøen legg seg – slik at telen set seg skikkeleg (Aasen: Berrfrost).

Døme: Klagen hadde setta sæ beinhart øve alt ette tri vege mæ knallhar *barfråst.*

barhenna (adj og adv) – utan noe på hendene (når kulda set inn), barhendt (Aasen: berrhendt, berrhendes).

Døme: Om du æ ein *barhænna* gudonge, mæn he gåoe bokselomme, så behøve du 'kj' å fryse på nevane.

barhaua (adj og adv) – utan plagg på hovudet, berrhovda (Aasen: berrhovdad, norr: berhofði, sv: barhuvad, bm: barhodet).



Døme: D' æ vonnt å møde *ein barhaua og fleinskalla mann* langs veien i tyve kuldegrade!

Han fåor barbeint, barhaua og barhenna ud i kulda, galningen!


'Barhenna' og 'barhaua' blir ikkje samsvarsbøygde i vm.

verken som adjektiv eller adverb. Om ein skulle skjegle attende mot gammalnorske termar, så er dei svakt bøygde.

I så måte er 'barbeint' sterkt bøygd.

Ingen av dei tri – 'barbeint', barhenna' eller 'barhaua' – har gradbøying (Er du t.d. barhaua, ja, så er du det – verken meir eller mindre!).

bede (s,m) – brødskive med smør og pålegg, smørbrød, matbit (Aasen: Bite, norr: biti, da: bid, sv: bit).



Døme: "Mamma, Mamma, må æ få *ein bede*!" råpte Berit jænnom kjykkendøra, "Æ æ så solten atte!"

Ordet kjem av det sterke verbet 'bite' (vm: 'bide') = "bruke tennene". Det er eit svært gammalt ord som ein lett kjenner igjen i dei germanske språka: norr., isl. og fær.: bíta, sv: bita, da: bide, nl: bijden, ty: beissen, fris: bite, eng: bite.

'Bite' har også avleiingar som ein straks ser høyrer til same slekta: 'beite'(vm: "beide" verb og subst.) "Kyrane beide i skauen". "Sauane jænge på beide i fjelle".

'beite-makk' (vm: "beide-makk" eller bare "beide") "Du må sette ein ny beide på krågen fårr å få fisk!" Her kan også det engelske 'bait' nemnast. Det tyder "agn" el. "lokkemat" og er eit lån frå dei nordiske landa.

beg (s,n) – svart rest etter destillering av tjøre, bek (Aasen: Bek, norr: bikk, lat: pix).

Døme: Me tette jønne trebådane mæ *beg*. Då seie me at dei æ blitt *bega*.

Den latinske nemninga finn me i vårt 'harpiks'.

Elles nyttar me 'beg-' som forstaving i ord som 'begsvart', 'begsøym', 'begtrå(d)'.

begrædeli (adj) – lei, trist, sorgsam; som er til å gråte av (da: begrædelig).

Døme: Han møtte opp mæ et *begrædeli* annled, Noe fælt måtte ha sjedd!

begsøymskåo (s,m) – solide og varme lêrsko der solane er festa til overlêret med kraftig beka tråd.



Døme: Du frys 'kje nå du he ollsåkke og *begsøymskåo* på beinane.

beinlag (s,n) – måte å bruke beina på når ein gjeng, og måten beina er forma på. – Har noe av same tydinga som 'ganglag'.

Døme: "Æ så 'an bare bagenifrå. De va Nils! – Æ kjent' 'an på *beinlage*".

beinvei (s,m) – snarveg, veg som går rett (beint) over eit jorde t.d., kortaste avstanden mellom to stader (Aasen: Beinveg, norr: beinn = rett, rak, bm: benvei).

Døme: Gudongane tåo *beinveien*, øve jærane og jømmel potetsågåren.

beiskeli (adj og adv) – bitter, vond; veldig, svært, forferdeleg, (Aasen: beiskleg, norr :beiskligr)

Døme: "De va ein *beiskeli smag* på dænn næba!"

"Du må vere *beiskeli nauden* som kann seie noe så domt!"

beje (v)
beje – bega -bejett – slutte, halde opp; gje avkall på, gje opp (Aasen: be giva, ty: begeben).

Døme: "Hå længe ska dykken hålle på å diskutere detta? Nå tykk' æ dykken ska *beje* før dykken bjønn' å krangle årntli!"

be'elag (s,n) – nemning på eit meir eller mindre fast "lag" av innbyggarar – i ein krets eller eit grannelag – som bed kvarandre til gjestebods (Aasen: Bidlag).

Døme: Æ kåm 'kje mæ i brølløbe te Jåon fårrde æ ikkje hørte te de rætte *be'elage*.

belæmre (v) – plage, pådytte, bry (ty: belemmern, bm: belemre).

Døme: "Me *he belæmra* fårrmannen mæ altfårr møe a arbeie te mødane!"

Ordet heng saman med adjektivet 'lam' og tyder eig. 'lamme' = «gjere hjelpelaus, maktstele».

bere ner (v) – regne, sludde, snø, hagle – kraftig (Aasen: bera ned).
bere – bar – båre

Døme: "Ska seie de *bere ner* i kvell. Æ tru de he kåmme tyve sentimetår mæ snø på onne tåo time!"

Det er retningsadverbet 'ner' (= ned) som får hovudtrykket i dette samansette verbet i vm..
Noe tilsvarande skjer med preposisjonen 'te' (= til) i verbuttrykket 'bere te' nedanfor her. Preposisjonen fungerer som eit adverb.

bere sæ (v) – 1. bråke, lage larm og ulyd, klage – t.d. for å få folk til å legge merke til ein (Aasen: bera seg).
– 2. løne seg, gje innkome.

Døme: 1. "Du *bere dæ* som ein onge sånn som du klage! En skoll' ikkje tru du va tyve år fårr et halt år sia!"
"Du *bar dæ* så i søvne i nått. Hadde du mara?"
2. De *bere sæ 'kj'* å drive jåorbrug på gamlemåden længår!

bere te (v) – bar te – he båre te – skje, hende; ta til på ny, kome i gang igjen (Aasen: bera til).

Døme: "Håssen konne detta *bere te*?"
"De *bar te* på dænn måden at . . . .
" *Nå bere de visst te ijænn*, ser de ud te. – Ja, ja, d'æ nå lie godt å bli færi mæ dænna drittjåbben!"

besne – besna (v) – bli betre, friskne til, lysne opp (om vêret).(Aasen: besna).

Døme: "Gamle Bård he vore sjug længe. Mæn nå bjønn' 'an visst å *besne*. – Han spørt'ette mad just!"
"De *he besna* betrakteli! (om vêret)

Verbet er laga av komparativen 'betre' (av 'god' (adj)) – slik 'versne' er laga av komparativen 'verre' (av 'vond' (adj)).

besnegen (adj) – skuffa, narra, sviken, lurt.

Døme: Ho følte sæ *besnegen* då 'o ændeli va blitt jipt.

Ordet heng saman med verbet 'snige' (= snike)

betiss (adv) – på rett tidspunkt, i tide (bm: betids).

Døme: "De må æ seie va godt bereint. Du kåmm akkorat *betiss* te åbninga a festen".

Ordet kjem frå lågty 'bi tiden' (= "tidsnok") gjennom eldre da 'betiden'.
Me ser at venneslaforma har assimilasjonen ds > ss.

bie – bidde (v) – vente, gje tol, halde seg i ro, bli verande, bie (Aasen: bida, norr: biða).

Døme: Me *bidde (bia)* længe før bussen ændeli kåmm.

Dette verbet er svakt bøygd i vm og går etter bøyingsreglane til svake verb som endar på rotvokalen i infinitiv (å tru, å så osv.): å bie – bie – bidde – he bidd
Tilsvarande bøying av dette verbet finn me i andre dialektar på Agder. Men elles blir det bøygd (svakt) som averb mange stader – også hos oss. Denne vinglinga syner at ordet er svært lite brukt i vm. i dag: å bia – biar – bia – bia (vm.: bie – bie – bia – he bia)
Men uttrykket "Bi litt!" (= "Vent litt!") kjenner me. 'Bi' er bydeform (imperativ) som er identisk med verb-rota.
I gammalnorsk har verbet (med tydinga 'vente') både svak og sterk bøying. Men med tydinga 'finnast' har det bare sterk bøying. Og i "Norrøn Ordbok" har forfattaren late tydingsskilnaden mellom 'vente' og 'finnast' avgjere at 'biða' får eit avsnitt for kvar av desse tydingane i ordboka.

Noe tilsvarande finn me i ordboka til Ivar Aasen. Han bøyer 'bida' slik: bida – bid – beid – bidet som er sterk bøying etter 1. avlydsrekka av dei sterke verba.

I Ivar Aasens song "Tidt eg minnest ein gamal gard – – –" finn me denne strofa: "Staren song i kvar ein topp der beid, – – –." Som me ser, så er 'beid' fortidsform (preteritum) av 'bida'. Det tyder 'fanst' som er fortidsform av 'finnast'. Innhaldsmessig er verba 'venta' og 'finnast' nært knytta til kvarandre slik at dei båe kan ha 'bida' som synonym: "– – kvar ein topp der beid – -" (= " – – kvar ein topp som fanst – –"). Og tretoppane, t.d. i tunet til Ivar Aasen, "bidde" (stod på same staden) lenge, lenge – før det blei noe endring.

bie-bede (s,m) – mat-bit som du får for å døyve den verste svolten mens du *bier* (= ventar) på at mat for eit større måltid kjem på bordet – t.d. når du kjem til gards etter ein lang arbeidsdag i skogen – eller etter ein lang tur på heia.

Døme: "Se hær, Jåon! Hær æ ein liden *bie-bede* du kann kose dæ mæ. D'æ ,kje så længe før midda'n æ færi. – Du ser trøytt ud, tykk' æ!"

Her har me eit uttrykk som er svært lite eller ikkje i bruk hos oss i dag, kanskje fordi dagleglivet artar seg på ein annan måte enn før.


Då gamle lærar Olav Hagen skreiv det ned, var det framleis i levande bruk. Det illustrerer godt, og det ber omsorg med seg. Kanskje finst det ein høveleg plass for det også i vårt moderne vokabular?

bisla(g) (s,n) – forgang, vindfang (lty: 'bislach' = "det som er slått fast (festa) til noe anna").



Døme: Han setta frå sæ støvlane i *bisla(g)e* då 'an kåmm heim frå skauen.

bismal (el. bismår) (s,m) – bismar, handvekt der ein nyttar vektstong-prinsippet. Bismaren er lite i bruk i dag. Han blei nytta til å vege mindre kvanta – særleg av kjøt og fisk (Aasen: Bismar, norr: bismari, bm: bismer lty: bisemer, da: bismer, sv dial.: besmar og bismal, sv riksspr.: besman, russ: bezmen).



Bismal' (el. 'bismår') er eit gammalt ord som har vore ute på lang vandring. Truleg kjem det opphavleg frå Lisle-Asia (Tyrkia). Så har det vore innom dei slaviske landa (Russland t.d.) og så til Tyskland før det kom til Norden.

Den svenske rikksspråks-forma 'besman' er truleg danna ut frå russ 'bezmen' (Sjå ovanfor!) og ligg såleis nærmare opphavleg form enn dei andre nordiske formene som har blitt danna (og omforma) via lågtysk.

Vårt 'bismal' kan vere eit lån av den svenske dialektforma (Sjå ovanfor!). Etymologen Hellquist peikar på at 'l'-en i endinga frå fyrst av truleg var ein 'r' som blei uttalt som "tjukk l" – og som etter kvart festa seg til ordet som vanleg l-lyd i område der "tjukk l" ikkje høyrer heime.

bismårponn (s,n) – eldre vekteining (Aasen: Bismarpund, norr: bismarapund).

Døme: "Et *bismårponn* æ så møe som tåll vanlie ponn = 5,977 kg"

bitte syn (adv) – svært lite, ørlite, "bitte grann", – så lite at det snautt kan sjåast ('bitte' kjem frå lty og har same tyding som no. 'bete').

Døme: "Me he *bitte syn* ijænn før me æ færie. – De te 'kje lange tia".

bjønne – bjønte - he bjønt – begynne, starte, take til, byrje, gå i gang (Aasen: begynda, da: begynde, sv: begynna, nl og ty: beginnen, eng: begin).

Døme: Ette midda *bjønte* de å reine.

Ordet har kome til oss frå det lågtyske 'beginnen' via dansk. Vennesla-forma har "mista" vokalen i den opp-

havlege forstavinga 'be-'. Det fører til at ordet får hovudtrykket på fyrste stavinga, og såleis fylgjer det hovudregelen for trykkplassering i ord av norsk opphav. Me kan godt kalle dette ei fornorsking av ordet.

Bla'e (s,n) – Eit folkeleg namn på *'avisa'*.

Døme: "Se hær! – De stænne ju i *Bla'e*, og då må du tru på de, kann du då begribe!"

blænne (s,f) – blandingsdrikk av surmjølk el. kinnemjølk og vatn, blende (norr: blanda).

Døme: D'æ godt å drikke *blænne* fårr ein tysst slåttekar!

I enkelte dialektar har denne drikken nemninga 'bleng' som truleg er eit kortord for 'blending' med tydinga 'blanda masse'.

Verbet 'blande' ligg til grunn for nemningane (med i-omlyd a > e/æ).

blø (s,n) – saftig bladverk av kulturplantar som gulrot, potet, kålrot osv., blød.



Døme: Me bar *bløe* a kolrabiane hen te kjyrane. Dei åd så de datt i di!

'Blø' er eit mengdeord som bare finst i eintal: et blø – bløe (eit blød – blødet). Det er eit dialektord som fyrst og fremst høyrer heime på Agder. – Ei sideform til 'blad'.

bløy (s,m) – kile til å kløyve med eller til å drive inn i ei øks t.d. slik at øksehammaren blir skikkeleg festa til skaftet, blei el. bleig, bløyg, sprengkile (Aasen: Bløyg, norr: bleðgi, isl: blegði, sv dialekt: bläje, da dialekt: blejr).



Døme: Lars måtte slå inn ein årntli *jønn-bløy* i øksa fårrde 'o bare datt a sjefte.

bløyre (s,f) – blære, vassblemme i huda, vable (Aasen: bløyra, norr: blaðra, sv: bläddra. da: blære, nl: blaar, eng: bladder, ty: Blatter).

Døme: Han brænte neven på dænn glåoheide åmnen og fekk ei fæl *bløyre* mæ éi gång.

"Vår" form 'bløyre' kjem ikkje direkte av norrønt 'blaðra' (som er nominativ grunnform eintal hokjønn), men truleg frå 'blǫðru' som er ei av dei andre kasusformene til ordet (Akkusativ, genitiv og dativ i norrønt har gjerne samnemninga 'oblike kasus' (av lat. obliquus = "bøygd", "avhengig").

*Opphavleg germ. verbalrot til alle formene ovanfor er truleg * 'blë-' = "blåse opp".*


Vårt eige sterke verb 'å blåse' kjem av denne rota. Det same gjer hokjønnsordet 'ei blåse'. – Mange av oss eldre minnest kan hende at 'ei blåse' for borna i gamle dagar var namnet på det me i dag kallar 'ballong' som har kome til oss frå italiensk 'palla' (= 'ball') via fr. 'ballon'.

blåled (s,m) – blåfarge, blålet (Aasen: blålit, norr: – litr = let, farge,kulør).

Døme: Kjåolen va så nydeli – mæ ein slags *mjug blåled*

Den norrøne nemninga 'litr' har samanheng med 'lit' = "syn", "auge". Sjå under 'annled' ovanfor!


bongne – bongna (v) – bugne el. bogne, bøye seg (i ein boge), vere rikeleg av, finnast i store mengder (norr: bogna).



Døme: Treane bongne a frokt i år. Og i skauen he de *bongna a blåbber* i fleire år nå.

Legg merke til at me har ng-lyden (ŋ) som del av ordstamma i dette "vennesla-ordet".

bonning (s,m) – bunding, strikketøy, spøt (Aasen: Bunding).



Døme: Berte sadd mæ *bonningen* støtt, – ijallfall så snart 'o hadd' ei lida stonn..

Ordet heng saman med det sterke verbet 'binde' som er bøygd slik: binde – bind – batt – bunde (vm: binne – binne – bant – bonne). – Rotvokalen i 'bonning' har me i partisippforma. Også her finn me assimilasjonen nd > nn . Infinitiven blir uttalt med tonem 2, presensforma med tonem 1 – slik reglane for bøying av dei sterke verba seier.

(i) bonn og gronn – (i) bunn og grunn, når alt kjem til alt.

Døme:"*I bonn og gronn* så høres de du seie dær tæmmeli naudent ud!"

Me bruker gjerne uttrykket når me ynskjer å kome til ein konklusjon.

bosseråon (s,m) – busserull, arbeidsbluse utan krage og med bare litt knapping i halsen.(lty. 'busserun' frå fr. 'bourgeron').



Døme:Ivar dråo *bosseråonen* nerøve haue og kråppen i foll fart. Han hadde lida ti,.skolle vere på jåbben om ein hal time.

Jf. eige avsnitt om dette ordet i innleiinga til ordlista!

brække (s,f) – bratt, stor bakke – gjerne mellom to flater (to nivå) i lendet (Aasen: Brekka, norr: brekka, sv, da, nl og eng: brink = kant, bakke, stup ovanfor ei strand).

Døme: *Røssbrækka* æ ein går innpå Venneslaheia.

Røssbrækka < Ruds-brekka = brekke (bakke) som er rydda (rudd).

Jf. elles verbet 'brække' nedanfor her og gardsnamnet Brokke (Setesdal). 'Brokke' er sideform til 'Brekke'.

*Germ. grunnform er '*brinkón'.*

*Overgangen (assimilasjonen) nk > kk (brink > brekk el. brekke) er eit særnordisk fenomen. Eit anna døme i så måte er 'Dank' (ty) > 'takk' (no) av germ. rotform '*þankó' (lydforskyving).*

brække – brakk – bråkke (v) – bryte av, knekke, brekke (ty: brechen, eng: break, nl: breken, lty: bréken, da: brække, sv: bräcka).

Døme: Hans *brakk* sjistaven sin. Sjistaven *he bråkke* tværs a i tåo bede.
"He du så vont i armen? – Du *he væl 'kje bråkk' 'an (brækt 'an)?*"

"Kåre *brækte (brakk)*sæ fleire gånge på rad. Æ lure på om han he dråkke fårr møe!" "*Æ he brækt gulfarven* litt, – han va altfårr skriganes."

Verbet er eit lån frå lty.

Svensk og nynorsk skriftspråk har det ikkje som sterkt verb.

Vm. har fått det til låns både som sterkt og svakt verb. Begge blir nytta både transitivt og intransitivt – slik det også er i norsk bokmål.

*Dei germanske landa nede i Europa har det som opphavleg sterkt verb. Germ. grunnform er '*brekan-'.*

brodoll (s,m) – brudulje, forvirring, spetakkel, leven (lty: bruddelije, Aust-Telem.: brudul).

Døme: "Du træng' 'kje å lage *brodoll* om så lide!"

Ordet har kome til oss via lågtysk frå gml. fransk. Vår heimlege form syner framleis sitt franske opphav ved at hovudtrykket ligg på siste stavinga. Rotvokalen 'o' fortel at venndølane uttaler kort 'u' som kort 'o'-lyd ("europeisk 'u' ").

bronke (s,f – [adj] og v) – 1. Innslegen kul i eit kar eller ei plate av metall, bunk, bulk (Aasen: Brank (s,n) = "Bræk", "Brøst", "Forslidelse", Ivelandsdial.: branke (s,f) = brest, skrukke, bunk).



– 2. bulka (adj)
– 3. lage kul, bunke, bulke (Aasen: branka (v) = "beskadige, "brække", "forvride", "slide").

Døme: 1. Sinkbalja hadde fått *ei jyb bronke* i bonnen.
2. Spanna va *gammel og bronka.*
3. "*He* du nå *bronka* bilen ijænn!"

Venneslaforma 'bronke' ser ut til å ha blitt laga av element frå substantiva 'brank(e)' og 'bunk' – og/eller verba 'branke' og 'bunke'.

bru(n) (s,f)
(ei bru(n) – bruna)

– byggverk som lagar veg over ulike hindringar som elvar, sund, dalsøkk (Aasen: Bru, norr: brú).

Døme: De va allti spænnanes å gå øve *hængebruna* mellom Ståorbrakkane og Honsøyna då me va små.



Formene 'brun' og 'bruna' har restar igjen av den gammalnorske hokjønnsartikkelen 'hina'. Den bundne forma 'bruna' har utvikla seg om lag slik gjennom hundreåra: bru hina > bru-ina > bruna .

Ei tilsvarande utvikling har andre hokjønnsord med grunnformer som endar på rotvokalen hatt, t.d. 'øy-na', 'å-na', 'kråo-na', tråo-na', 'tå-na'.

(Sjå nærare under substantivbøying i språkdelen av boka!)

brælle (s,pl)

– briller, to linseglas til styrking av synet på begge augo. Blir haldne saman og på plass med ei tynn spong over nasa og med stenger bakom øyro (Aasen: Brilla (s,f), sv: brillor (s,f pl), ty: Brille (s,f), dial. i Øvre Telem.: bryllur (s,f pl).



Døme: «He du brælle mæ dæ sånn at du kan jælpe mæ å lese sjiltane?»
"Ikkje konn' æ finne *brællane*, og *brællehuse* va au vekke. – Fårr ei plage!"

'Brille' og 'beryll' er eigentleg same ordet. Det har kome til oss frå eit indisk språk via gresk. 'Brille' er hokjønnsord, men blir for det meste brukt i fleirtal. Rotvokalen 'y' møter me i dialektforma 'bryllur' i Øvre Telemark.

'Beryll' kjenner me i dag som namnet på ein vakker, grøn edelstein (gr: beryllos, lat: beryllus).

Rotvokalen 'æ' i vårt 'brælle' har me antakeleg fått ved påverknad frå skarre-r. I tilfelle der denne blir nabolyd til 'i' som rotvokal, får me av og til overgangen i > æ. (Jf. "særrop", "trællebår", "ræste" t.d.!). Grunnen til dette kan vere at både skarre-r og 'æ' blir danna langt bak i munnhola og såleis er lette å uttale saman.

brølløb (s,n) (el.**brøllop)** – bryllaup, eigl. 'heimføring av brura i raskt laup', fest og gjestebod i samband med giftarmål (Aasen: Brudlaup, norr: brúðlaup, da: bryllup, bm: bryllup).

Døme: D' æ 'kje mange som feire *brølløb* "trio heile dagar til endes" længår. D' æ som regel jårt i løbe a éin da og éi nått.

bråd (s,n) – brot, det å bryte el. bli broten t.d. i samansettingar som 'beinbrot', 'nybrot', 'lovbrot', 'avbrot', 'straumbrot' osv.; – bratt bakke; – brekkstong; – avbroten toppende av ein lastestokk (Aasen: Brot, norr: brot, sv: brott, da: brud).

Døme: – Han sleid daen lang i *nybråde*.

Dei samla *bråd* som kåmm drivanes nerøve elva. De blei ve som konne vere gåo å ha te vintåren.

Hesten va på vei nerøve *Bråde* mæ et tongt velass.

Dei greidde å velte dæn ståore steinen mæ jælp a et *langt og seit bråd.*

Ordet heng saman med det sterke verbet 'bryte' (vm: bryde, norr: brjóta). Om bøying av verbet – sjå under 2. klassa av dei sterke verba!

*Germ grunnform er *breutan.*

Adjektivet 'sei – seit – seie' (=seig – seigt – seige) er eit av orda som har "mista" endings-g-en i vm. (Jf. 'ein da – daen – dae – daane' (= ein dag – dagen – dagar – dagane)).

bråde (s,m) – 1. brotne el hogne kvistar, greiner og småtre m.m. som ein om våren rydder og samlar saman til å brennast, brote [bråte] (Aasen: Brote, norr: broti).
– 2. ei stor mengd, ein heil hop, ei stor skrei, "ein heil hau"

Døme: 1. Me *brænne bråde* tili om våren ("brådebrænning").
2. Dær va *ein bråde mæ ongdomme* og kjikka i brølløbe.

bråne – brånte (v) – smelte, tine, bræ (Aasen: braadna, norr: bráðna).

Døme: Snøen *he bránt* tiliåre fårr vært år i de siste.
Smile hosses *brånte* alle jærtane.
"Ta dænn lille gryda og *brån litt smør* som me kann bruge som doppe innte middaen!".

bynsk (s,n) – særskilt namn på det knotemålet som venndølar og andre dølar pratar når dei er flaue for å bruke dialekten sin, t.d.i forretningar i "byen".
– lokalt namn på "finmålet" i Kristiansand.

Døme: Kjellfrid æ så fin på de at 'o prate *bynsk.*

byr (s,f) – byrd el. byrde el. bør; så mykje som ein kan bere på éin gong; eit lass som er passeleg til å bere på ryggen (Aasen: Byrd, norr: byrðr, da: byrde, sv: börda, isl: byrði).



Døme: Han bar inn *ti byre* mæ høy ett' at 'an kåmm heim frå arbei. Han brugte *byretau* å bere mæ.

Dette substantivet høyrer saman med det sterke verbet 'bere' som ligg under 4. klassa av dei sterke verba. 'Bere' er nærare behandla under denne klassa i språkdelen av boka. Sjå også under avsnittet "Avlyd"!

bænnel (s,m) – bendel, "band" av halmstrå kring eit kornband, mjuk kvist som held saman kvistane i ein lauvkjerv (Aasen: Bendel, norr: bendill , da: bændel, ty: Bändel)



Døme: "Tåone æ så flink mæ bænlane nå 'o binne kånnbannane. D' æ bare måoro å se på 'o mæns 'o arbeie!"

Ein kan merke seg at ordet har assimilasjonen nd > nn mens fyrsteleddet 'bændel-' i det samansette venneslaordet ***bændelbann*** *er utan slik assimilasjon. Kan hende blir d-en i dette ordet uttalt fordi ein ikkje utan vidare*

oppfattar den tette samanhengen det er mellom det "gamle" 'bænnel' og fyrstestavinga 'bændel-' i eit "nyare" samansett ord som har kome inn i språket. Noe tilsvarande har ikkje skjedd med assimilasjonen nd > nn i sisteleddet '-bann'. Det er ikkje naturleg for venndølane – slik det er for vestlendingane –, nemleg å uttale d-en i kombinasjonen -nd dersom denne kjem i slutten av ordet.

Bære mæ! – Uttrykk el. munnhell som blir brukt når ein oiar seg og er redd at noe gale skal hende (= "Betre meg!").

Bære dæ! Ein seier "Bære dæ!" til ein som driv på med å gjere – eller har gjort noe gale, gjerne for å skræme han (= "Betre deg!").

Døme: "*Bære mæ!* Håssen ska de gå hær heime nå Gonil reise sin vei!"
"*Bære dæ!*. Hå æ de du jårr!. – Se å få slotta mæ de dærre!"

bøde – bødte (v) – bøte, reparere, gjere heil, sette i stand, lappe; stå til rettes, betale, sone (Aasen: bøta, norr: bœta, sv: böta, da: bøde, ty: büssen, nl: boeten, got: bôtjan).

Døme: Måora sadd innmæ symasjinen og *bødte* boksane te gudongane sine.
"Han Jåon kjæme nåkk te å måtte *bøde* ei gång fårr alle dei galne påfonnane sine!"

bødevåon (s,f) – von om å få bøtt ein ting.
– von om å gjere eit skikkeleg menneske av ein som har kome på kant med dei som han lever saman med.

Døme: "Hær æ 'kje *bødevåon* i dessa boksane. Dei æ bare fille!"
"Dænn gudongen æ så rampete at æ tru 'kje dær æ *bødevåon* mæ 'an længår!"

bøke (s,m) – eitt eller anna uklart, vondt vette som ein har brukt å skræme ungane med.

Døme: "Kjæme du 'kje heim mæ éi gång, så ska *bøken* kåmme og ta dæ!"

bøle (s,n) – reir for ei samling ungar av små dyr, kull, bol (Aasen: Bøle, norr: bœli, sv dial.: böle, shetl.: bøli = reirplass for sjøfugl);
– vanvyrdsleg nemning på ei samling menneske som ein ser ned på.

Døme: – Småbånnane tykte de va måoro å leid' ette *muse-bøle* på jåorane mæns slåttånna ståo på.
"De va et fælt *bøle*, kan du tru. Dei tura og drakk heile vega!"

bøling (s,m) – flokk med krøter, buskap(Aasen: Bøling).
– På spøk: – ein flokk med livlege born eller ungdomar.

Døme: Kjuringane hadde et svare stræv mæ å hålle *bølingen* samla fysste daen dei dråo på heia om våren.
"Greie du å hålle styr på dænna *bølingen* då?" spørte Bestefar mæ et glimt i auane då 'an møtte læråren som va på vei te Fjåoren mæ klassen sin fårr å bade.

bøll (s,m) – byll, svull, kong (da: byld, sv: böld).

Døme: Svein hadd'ein fæl *bøll* i nakken som værka innmari.

'Bøll' er nok eit ord som har kome til oss frå svensk el. dansk. Eldre norsk sideform – med same tyding – er 'bolde' (Aasen: Bolde, norr: boldi, da: bulde, sv: bolde).
'Ball' og 'bolle' er velkjende substantiv som høyrer denne ordfamilien til (Jf. t.d. da: 'bold'!).
*Indoeuropeisk verbalrot er *bhel = "svelle".*

børte sæ – børta sæ – he børta sæ (v) – briske seg, vere trassig, yppe seg, skryte på seg større styrke og meir krefter og mot enn ein eigentleg har, – særleg om ein gutunge el. ein unggut som er sinna på ein som er eldre og sterkare enn han sjølv, – og som han ynskjer å banke opp, byrte seg (Aasen: byrta seg, norr: birta sik = "syne seg fram"),

Døme: "Håffår grine Pettår?" spørte Rålf då han kåmm

hænn te båneflåkken. "Jau, han *børta sæ* måod Lars, og så fekk 'an juling, dommingen!" va svare han fekk.

'Børte sæ' er refleksiv verbform. 'Børte' el. 'byrte' (utan det refleksive pronomenet) tyder opphavleg «få noe (t.d. ei parafinlampe) til å lyse klarare», «få noe (t.d. eit bål) til å brenne skikkeleg».

Som abstrakt verb tyder det m.a. ' oppklare' 'kaste lys over', 'klargjere', 'opplyse'.
Eg kjenner ikkje til om 'børte' er i slik bruk hos venndølane i dag .

'Bjart' er eit adjektiv som kjem av den norrøne verbforma 'birta'. Det har broten form (i > ja). Hos oss finn me det i klubbnamnet Vindbjart. 'Bjart' tyder 'klar', 'lysande', 'skinande'. Men det kan au ha tydinga 'overmodig'. Og ei slik tyding passar godt til vår bruk av verbet "børte sæ".

bøse – bøste (v)



– strø sagflis, høyrusk o.a. utover eit underlag der "krætture" held til i fjøset, bysje (Aasen: bysja, sv dial.: byssja).

Døme: De va vanli at me *bøste* mæ sagelspon onne kjyrane så dei skolle ligge kjørt og godt.

Jamfør med 'bøss' nedanfor her! 'Bøss' og 'bøse' kjem av same rota.

bøss (s,n)

– bos el. boss, botnfall i løa, avfall av høy og halm (Aasen: Bos, sv: boss, bm: bøss el. boss, no dial.: bys).

Døme: Om våren feide me opp *bøsse* på bonnen a løa. Så brugte me de te å bøse mæ none dae.

bøyge – bøygte (v)

– kyrne "bøyge" når dei spring av stad i vill fart for å kome unna plagsam klegg på varme sommardagar, bøykje, skjene.


Døme: Litago setta rompa i vêre og *bøygte* hænnøve jåorane og nerøve måod åna.

I-omlydt verb som kjem av norr. 'bauka' = rote og grave planlaust og med mykje ståk og mas (sv: böka).

Til norr. 'bauka' og nyn. 'bøykja' knyter ein også namnordet ' ein bøyk' = ein som er stri, viljesterk og påhalden, og som ikkje vik unna same kva han møter. – Men 'bøyk' har også tydinga 'hestebrems' el. 'hesteklegg', eit insekt som eig nettopp desse eigenskapane når det plagar eit dyr.

'Bøyk' er ei nemning som frå gammalt av høyrer heime i vårt distrikt. Med "blaud" konsonant er forma 'bøyg'. – Ein kan ikkje anna enn å lure på om Ibsen i si tid greip nettopp dette dialektordet med glede då han leita etter eit høveleg namn til sin "Bøygen" i skodespelet "Peer Gynt"? – Ibsen kjende nok ordet frå den tida han arbeidde som apotekarlærling i Grimstad.

båge (s,m)



– krumming, kurve,våpen til å skyte piler med, del av ei sirkellinje, reiskap til å drage over strengene for å få tonar frå eit strykeinstrument osv., boge (Aasen: boge, norr: bogi, bm: bue, sv: båge; da: bue).

Døme: Å sjyde mæ *pil og båge* he blitt ein populær sport.

Spelemannen tåo none kraftie drag mæ *bågen* øve strængane før 'an bjønt' å spele fårr årntli.

Me finn ordet i mange samansette nemningar, t.d. 'reinbåge' (el. 'ringnbåge'), 'bågesag, 'brubåge', 'felebåge', 'rænnebåge' (= "armbrøst").

bån (s,n)
(et bån – båne – bånn – bånnane)



– barn, unge, "avkom" (Aasen: Barn, norr: barn, sv: barn, da: barn, gml. eng: bearn

Døme: Jåon og Marie fekk *et bån* sammen sjæl om dei va tæmmeli godt opp i årane då dei jifta sæ.

Fleirtalsformene 'born' i nynorsk og 'børn' i dansk har bakgrunnen sin i den norrøne fl.talsforma 'bǫrn'.

Det gammalengelske 'bearn' kan vere eit lån frå nordisk.

båol el. bol (s,m) – bul, kropp (utan armar, bein og hovud), den delen av eit plagg (t.d. ein genser) som omsluttar kroppen (Aasen: Bul, norr: bolr el. bulr, sv: bål, da: bul, ty: Bohle = 'grov og tung planke', eng: bole = 'tjukk planke').

Døme: "Ett' at du æ færi mæ båolen, kan du bjønne mæ armane".

Dei fleste språkformene i parentesen ovanfor er også gamle nemningar for "trestamme". Då ser ein gjerne føre seg ein kraftig og tung stamme.

I engelsk og tysk er dette innhaldet i ordet redusert til "grov og tjukk planke".

Tydinga "trestamme" ligg ikkje til dette ordet i vm. i dag, men kan ha gjort det tidlegare.

båsshage (s,m) – båtshake, viktigaste reiskapen til tømmerfløytaren.



Båtshake er ei lang stong som i eine enden har eit beslag av jern el. stål forma både med hake og spiss som tømmerfløytaren kan hogge fast i stokken for å skuve han frå seg eller drage han til seg. – Båtshaken har namnet sitt fordi han au er brukt, og opphavleg blei brukt, til å skuve båtar ut frå – eller å drage dei inn til landingsplassen (norr: bátshaki).

Døme: Fåsskarane passa allti på å ha sjikkelie båsshage mæ lange og spænstie skapt a hassel.

D

dabbe (s,m) – grunn liten pytt eller dam som t.d. dannar seg i vegen når det regner – eller ved at ein søler vatn eller ei anna væske på eit golv, dape (Aasen: Dape, norr: dapi, sv dial.: dape).



Døme: Ongane lig' å plaske i dabbane nå de ringne / reine.

dabbe a (v) – minke i styrke, avta, dovne hen, veikne, spakne, davre (Aasen: dabba, norr: dafna = dovne, veikne).

Døme: Ringne / Reine dabba a ette vært, og snart sjein såola.

dalje (v) – slå, banke, delje (Aasen: dalga, sv dial.: dalja, lågty: dalgen el. daljen).

Døme: " Tru du 'kj' 'an *dalja* te mæ i haue mæ et ve'tre!"

Ordet har kome til oss frå lågtysk 'dalgen' el. 'daljen', – kanskje via Sverige. Me brukar det helst for å markere at ein slår uforsiktig, gjerne i sinne for å skade.

da'tila (adv.) – tidleg på morgonen i dag.

Døme: "Dei reiste på tur i *da'tila*, længe før æ ståo opp".

daueblåo (s,n) – blod som kjem fram under huda og lagar blå-svarte flekkar når du har klemt deg eller slege deg kraftig (Aasen: Daudblod).

Døme:Per klæmte lillefingåren så krafti at de kåmm *daueblåo* onne neggelen.

dauår (s,m) – måltid på føremiddagen eller midt på dagen, dugurd, dagverd (Aasen: Dagverd, norr: dagverðr el.dǫgurðr, sv: dagvard, da: davre = morgonmat).

Døme: De va vanli å ede fladdbrø-såll *te dauårs* i slåttånna dænn tia de va nåkk a kjyre på alle gårane.

Det finst utruleg mange dialektvariantar av dette ordet bare på Agder.

Dei norrøne formene 'dagverðr' (el. 'dǫgurðr') ligg til grunn for alle dei nordiske formene. Ordet tyder eig."dagmåltid" (Jf. 'kveldsverd' og 'nattverd'!).

Dei aust-nordiske formene (no: dagverd, sv: dagvard og da: davre) er danna av forma 'dagverðr' mens 'dǫgurðr' ligg til grunn for dei fleste formene som me finn i fjellbygdene og på Vestlandet (dugurd, doggur; dògure t.d.).

Vår variant høyrer også heime i nabobygda Tveit og i nærliggande bygder i Aust-Agder. Denne forma er nok påverka av det danske 'davre' (utt: 'daore'). Lengre vest i Agder finn ein endå tydelegare dansk påverknad i dei gamle formene 'dovre' og 'dâvre'.

Elles må me vedgå at dette namnet på "dagmåltidet" vårt er gammalt og lite aktuelt i dag. "Mæn de æ då måoro å vede om de li'væll".

dein (s,m) – Degn, kyrkjesongar, klokkar, medhjelpar for presten (Aasen: Dekn, norr: djakn el. djakni – av lat: diaconus).

Døme: Ein a læråranе mæ Vennesla skule stilte i gamle dae au opp som dein i kjørka, – te og mæ midt i vega somti. Då måtte elevane greie sæ sjæl ei stonn. Og de jekk ju greitt, fårr dæn strænge larinda i naboromme kjikka innom av og te fårr å se håssen de bar i vei.

deirås, deiårs, deises (pers. pron. 3. pers. gen. pl.) – deira (Aasen: deira, norr: þeirra, bm:deres, sv: deras, da: deres).

Døme: "Æ minnes at dykkårs hus æ lysegrått, mæn håssen æ farven på deiårs hus ?"
"Deiårs æ kvitt øve de heile".

Alle tri vennesla-formene er eller har vore i bruk. Truleg er 'deirås' eldst og 'deises' yngst. 'Deises' har kan hende blitt til etter påverknad av 'disses' som er kristiansands-form.

Ordet kan stå både adjektivisk og substantivisk, som døma viser.

dekken (s,n) – fillerye, grovvevd golvteppe; overbreisle; hesteklede; dekken (lty: dek(k)en, da: dækken).



Døme: "Me he 'kje kon *dekken* på gålvane heime", sa Pedår, "me he 'kje rå te vegg-te-vegg-teppe. – Mæn *dekkenane* æ ju så koselie au. Æ he slettes ikkje løst te å sjifte dei ud».

Ordet har me fått frå lågtysk 'dek(k)en'. Det høyrer saman med verbet 'dekke'.

dilte (v)



– småspringe like i hælane på ein eller annan, – slik småborn heng etter mor si, springe roleg og avslappa. (Aasen: dilta = løpe, trave).

Døme: Tore likt' ikkj' at minstebråoren dilta ett' 'an øve alt.

dolte (v)

– puffe, skubbe, dytte, kome uforvarande borti, dulte (Aasen: dulte = springe med stutte steg, småtrave).

Døme: Berit *dolta* bårti mannen sin og sa: "Du he væll 'kje gløymt pængane, Gonnår?"
"Neidå, æ he alle pængane!", svart' 'an, "mæn du må *slott' å dolte bårti mæ* sånn te stadihed. Fålk tykke de ser snåodi ud!"

donnår el. dondår (s,m)

– 1. dundrande, ramlande lyd (Aasen: Dunder, lty: dunner el. dönner = torevêr, da: dunder, sv: dunder, nl: donder).
Jf. verbet 'dundre' (vm: ***donnre****).*
Døme: Me hørte *donnår* langt vekke. Nå kåmm nåk tåorenvêre me hadde vænta på!

– 2. namn på "den vonde", her identifisert med den norrøne kraftguden Tor som ifølgje gammal overtru er den som lagar torevêr.
Døme: "De jænge visst *te dondårs* mæ heile greia!" sa bonen. Han ståo og så på at husane brant.

– 3. heimebrend spritblanding.
Døme: Dei sadd og tølla i sæ *dondår* og bjønte så smått å bli folle.

doppe (s,f)

– smelta smør, saus el. sky til å dyppe potetene i ved middagsbordet, duppe (Aasen: Duppa).

Døme: Isteden fårr bare å døppe potetsane i *doppa*, så graust' 'an dei sånn at han fekk ei gåosli blanning a potetse og *doppe.*

Ordet er nær knytta til verbet "døppe". Sjå nedanfor!

drabeli (adj og adv) – veldig, svær, enorm; dugande, gjæv; drabelig / drapeleg (frå lty. 'draplik' – av verbet 'drapen' = 'treffe', 'drepe').

Døme: De blei ein *drabeli kamp* mellom tåo jamgåoe lag.
Han kjæmpa *drabeli* fårr å kåmme sæ laus.

drafslå (v **slå – slære – slåo – slått)** – slå ein eller annan til han ligg der, slå til småbitar, dravslå, skamslå (Aasen: Drav = avfall etter brygging med malt, "sjeldnere annet Avfald", norr: draf = avfall, boss; mengd av småbitar, sv: drav = botnfall, eng: draff = botnfall, avfall, berme; utskot).

Døme: "Æ kjæme te å *drafslå* dæ om du ikkje jårr som æ seie!"

Fyrsteleddet 'draf-' el. 'drav-' er altså namn på botnfallet el. restane etter ølbrygging med malt. Dette er også kalla 'mask' – som blir brukt til "krætturfôr". 'Mask' inneheld m.a. agner og snerp – og små spirer frå kornet som er brukt i bryggingsprosessen. Av 'mask' har me laga verbet "meske sæ" (= ete og drikke grådig).
'Draf' og 'drav' ligg også til grunn for substantivet 'dravle'. Sjå nedanfor!
*Indoeur. verbalrot er *dh(e)rebh = "bli halvfast", "klumpe seg".*

dralte (v) – gå klosset og tungt, vagge, slenge (sv dial.: drallta el. drällta = slepe og bere noe på ein uvøren og tungvinn måte).
Døme: Tomas *dralta* a gåre så godt 'an konne mæ dæn gamle, svære kråppen sin. Og lige bag kåmm kåna *draltanes* mæ tåo folle taie mæ maddvare. Stømpårs fålk! De så så søndeli ud!

drankår (s,m) fyllefant, fyllik, drankar, alkoholmisbrukar (Aasen: Drankar; lty: drenker).
Døme: De lå ein drankår i grøfta og spøy noe så jænnvårdi!

Det lågtyske 'drank' ligg til grunn for dette ordet. Det

tyder eigentleg "drikk", men er ein vellingliknande rest som blir igjen etter brennevinsbrenning. 'Drank' er også brukt som nemning på dette "produktet" hos oss og kan nyttast som krøterfôr. Men hos oss er det også namn på ikkje fullmogen sats som utolmodige "brennarar" har sett.

*Etymologisk er *drank– preteritumsform til det germ. verbet *drenkan (= å drikke) og svarar då til vårt nordiske 'drakk' (med assimilasjonen nk > kk).*

drasse (v) – bere tungt og slepande, dra med seg, dragse (Aasen: drassa og dragsa = "drage eller flytte noget med Møie", sv: drassa = dra eller bere (noe tungt), Bornholm: drassa = vere doven).

Døme:"D' æ då fælt så møe du he å *drasse* på i da! Ska du reise langt vekk?"

Gonil *drassa* mæ sæ dæn nye kjæresten sin øve alt.

Ordet kjem av verbet 'drage' el. 'dra'. 'Drasse' er nok ei tolleg ny form som er gjort smidigare å uttale enn 'dragse' med assimilasjonen gs > ss.

dravle (s,f) – ostemasse av kokt mjølk som er skilt ved at ein t.d. har tilsett surmjølk (Aasen: Dravle, norr: drafli).

Døme: "Ta dæ litt *dravle* og myse i skåla hær før æ lage de om te møssmår", sa Bestemåor som ståo innmæ komfyren og rørt' i ei gryde, "du finn' ei sjei i øvste skoffa i bænken!"

Ordet svarar til gr: 'trophalis' = fersk ost. – Det er ei avleiing av 'drav' (Sjå under 'drafslå' ovanfor!).

dreden (adj) – spydig, hånande, spottande, "ufårrdrageli", som seier noe for å såre.

Døme: "Æ kan 'kje fårrdra Torstein længår. Han he vore så *dreden* mæ mæ heilt sia i sommår".

'Dreden' er eigentleg perf. part. til verbet "dride". Her er det brukt som adjektiv med hankjønns-/hokjønnsform.

dregte (v) – gjere til at farten på ein farkost aukar, – eller held seg oppe lenge.

Døme:Dæn tonge ve'en og sle'en *dregta* veldi då me kåmm te dei lange onnabakkane. De va mæ naua hesten greidde å hålle ijænn!

'Dregte' er verb-varianten til 'dregt' (s,f) som me har fått via da: 'drægt' frå lty: 'dracht' = det å presse el. trenge på – på grunn av tyngdekraft.

drongne (v) – drukne, blive, kjøvast i vatn (el. i ei anna væske); få til å drukne (Aasen: drukna, .norr: drukna, da: drukne (utt.: 'drågne'), sv: drunkna (intrans.) og dränka (trans.)).

Døme: " Du fær' 'kje lov te å gå på isen ænnå. Du risikere *å drongne*!"

"Tru du 'kje Tomas *drongna* dei fine små kattongane mæ å hålle dei onne vann i ein pøs!" fårrtelte Småen mæ none ståore aue på måora si..

– Når ein har konsonant-kombinasjonen -kn- eller -gn- i rota av eit ord, så er det ein viss tendens i vm. til at denne blir uttal -ngn-:

bugne > bongne, teikne > tingne el. tengne (el. teine), rekne > ringne el. rengne (el. reine), regn > ringn (el. rein), likne > lingne, rogn > rångn, lygn > lyngn el. løngn (el. løyn), Søgne > Søngne. – Slik også med det aktuelle ordet her: drukne > drongne.

Legg elles merke til at den svenske intransitive verbforma 'drunkna' har ei liknande samansetting av konsonantar, medan den transitive forma 'dränka' ikkje har det slik.

*«Drongne'»kjem av same rot som 'drikke' (germ. *drenkan) og er danna av partisippforma. Det var intransitivt verb opphavleg , men blir no brukt både intransitivt og transitivt.*

drosteli (adj) – stor og røsleg, staseleg og flott, prektig, ageleg, drusteleg (Aasen: drusteleg, flamsk(nederlandsk i Flandern, Belgia): druistig = veldig, energisk, dugande til å arbeide.

Døme: Dei va *drostelie* begge tåo, både buna'en og sætesdølen inni han.

Substantivet 'drust' (= stas, prakt, glans, rikdom) ligg til grunn for dette adjektivet. Den lågtyske versjonen 'druust' tyder "pågåande kraft"

dræft (s,f) – drift, flokk av dyr som driv – eller blir driven av stad; menneskemengd (Aasen: Drift, norr: drift, lty: drift = driving, fedrift).
Døme: "Æ møtte ei heil *dræft* mæ fålk som hadde vore på foddballkamp".

I vanleg norsk skriftspråk har altså dette ordet 'i' som rotvokal. Det finst ein del ord i vm. der me har eit slikt skifte: 'ræps' (rips), 'fræsk' (frisk), 'rækti' (riktig), 'sjær' (skir = rein. Eks: "De dær æ sjære trålldommen!")
Sjå også under 'brælle' ovanfor!


dræsse sæ opp (v) – kjøpe seg nye klede frå topp til tå.
– ha på seg finkleda når ein skal ut på ei eller anna tilstelling.

Døme: Åola måtte *dræsse sæ opp* før 'an reiste te sjøs.

Verbuttrykket er laga ut frå eng. 'dress' (v) = kle på seg. Som substantiv tyder 'dress' hos oss fyrst og fremst "heil mannskledning" – med jakke, bukse og (av og til) vest.

drætte (s,f) – drag, dragetre, skokle (Aasen: Drætte, norr: dráttr (m) (dat.:drætti) = dråtт, draging; samandraging).

Døme: *Drættane* på ei kjærre bli festa te hesteselen m.a. mæ jælp a selepinnane.



drybe (v) – **drybe** – **drøyb (draub)** – **drøbe (drobe / drypt)** – falle i dropar, gje frå seg dropar,drype (Aasen: drjupa, norr: drjúpa, sv: drypa, eldre da: drybe, ty: triefen, nl: druipen).

Døme: "De *drybe* litt i da, heldivis. Me he 'kje hatt ein dråbe mæ rein på allri dæn ti!"

"Gudongen æ så fårrkjøla. De he *drøbe (drypt)* a nasa hanses i heile da. Æ må snart te å vaske lommetørklæ ijænn!"

'Drybe' er intransitivt verb med sterk bøying. Men den svakt bøygde forma 'dryppe' (el. 'drøppe') ser ut til etter kvart å ta over det intransitive virkeområdet til det sterke verbet, slik det t.d. har skjedd med det eldre danske sterke verbet 'drybe' som ikkje lenger er med i nyare danske ordbøker.

Det tilsvarande svenske verbet 'drypa' er framleis sterkt bøygt: drypa – dryper – dröp – drupit el. drypt

Men partisippforma 'drypt' fortel nok om ei utvikling mot fleir svake verbformer også i svensk.

Sjå elles 'dryppe' nedanfor!

drypp el. **drøpp** (s,n) – kraftig drope som fell frå tolleg stor høgd, t.d. frå takufs eller høge tre (Jf. 'dråbe' nedanfor!).

Døme: "Æ fekk et par sjikkelie *drypp (drøpp)* i nakken då æ jekk onne dæn reinvåde gamlebjørka".

dryppe el. **drøppe** (v)– la drope el dropar falle, drype; få drope el. dropar til å falle, drøype (Aasen: drjupa og drøypa, norr: drjúpa og dreypa, sv: drypa og droppa da: dryppe, bm: dryppe, lågty: drüppen (el. droppen), ty: tropfen (el. tröpfeln), eng: drip).

Døme: "De *he drypt (drøpt)* så smått i heile nått, så dær æ nåkk litt kjasseli i skauen nå".

"Æ tru du må jælpe mæ å *dryppe (drøppe)* auane. D'æ så vanskeli å træffe rækti nå æ jårr de sjæl".

Verbet i fyrste setninga i dømet har intransitiv funksjon ("tek ikkje objekt"). Det er perf. part. hos dei sterke verba i vm. som ein har "lettast" for å endre til svak form i denne funksjonen. – Men enno fell det lite natur-

leg – særleg for eldre venndølar – å bruke dei svake preteritumsformene intransitivt. Kva meiner du? – Samanlikne desse to setningane for vårt tilfelle her!:
– og svetten drypte (drøpte) frå panna mæns han arbeidde.
– og svetten draub (drøyb) frå panna mæns han arbeidde.

Verbet i andre dømesetninga har transitiv funksjon ("tek objekt"). Ein reknar med at 'dryppe' / 'drøppe' har kome til oss frå lågtysk 'drüppen' / 'droppen' via dansk 'dryppe'. Men ein kan ikkje sjå bort frå at våre former også har utvikla seg med grunnlag i det norrøne transitive verbet 'dreypa' (nyn. 'drøype') som tyder "få dropar til å falle", "væte med dropar" Dette er eit verb som framleis er i levande bruk i "dei indre bygdene".
*Sannsynleg germ. rotform er *dreup– .*

drøy el. **dry** (adj) – som held lenge, lang og slitsam, tung, kraftig, grov, dryg (Aasen: drjug og dryg, norr: drjúgr, sv: dryg, da: drøj, isl: drjúgur).

Døme: Me hadde *et drøyt (drytt) stykke* ijænn før me va heime.
"Dæn påstannen du kjæme mæ dær æ *altfårr drøy (dry)*!"

'Drøy' svarar til den danske forma 'drøj' mens 'dry' er den norske (el. svenske) forma 'dryg'. – Venneslaformer har "lett" for å miste endings-g etter rotvokal i einstavingsord (Jf. "da" = 'dag').
*Germ. grunnform for dette adjektivet er *dreuga = "som står på og held ut".*

drøym (s,m) – sansebilde i medvitet når ein søv, draum, draumsyn; glansfulle og innbilte forestillingar (Aasen: Draum, norr: draumr, da: drøm, sv: drøm, nl: droom, ty: Traum, eng: dream).

Døme: Per fårrtelte *ein nifs drøym* han hadde hatt om nåtta.
"Æ he ein drøym om å bli mæ i "Idol" ein da", sa Judit te vænninnane sine.

*Alle formene i parentesen – med unnatak for eng. 'dream' – kan førast attende til ei germ. grunnform *drauma – og har det "vanlege" og opphavlege tydingsinnhaldet av ordet.*

At også den engelske forma har fått dette innhaldet, kan skuldast nordisk påverknad i Vikingtida.

Opphavleg tyder 'dream' – "glede, fryd, song, jubel", eit innhald som vårt 'draum' har fått frå engelsk, truleg i nyare tid.

dråbe (s,m) – rund, liten væskepartikkel, drope (Aasen: Draapa, norr: dropi, sv: droppe, da: dråbe, bm: dråpe, isl: dropi, nl: drop, eng: drop).

Døme: Dær va 'kje éin *dråbe* ijænn på flaska då Pedår hadde hatt 'o ei stonn.

"Pyse-dråben" va ænnå varm a kråppsvarmen hos kjyra.

*Germ. grunnform er *drupan til formene med lang rotvokal. Rotvokalendringa *u > o(å) skuldast a-omlyd. – Sjå også 'dryppe' som høyrer nært saman med dette namnordet.*

drågsle'e (s,m) – stutt slede til å drage tømmer med, drog , drogslede, stytting (Aasen: Drog).

Døme: Hesten konne dra opp te fire gåoe ståkke a gånga på *drågsle'en*.

"Drågsle'en" blei for det meste brukt på barmark til å trekke lastestokkane fram frå der dei var felt.

Det sterke verbet 'drage' (– dreg – drog – drege) ligg til grunn for nemninga 'drog' / 'dråg' (Jf. preteritumsforma 'drog').

*Germansk grunnform er *dragan– (inf.).*

du' te noe (v) – vere brukande til –, kunne greie –, vere flink til –, duge til noe (Aasen: duga, norr: duga, sv: duga, da: du).

Døme: Han va ein slask og *dudd'* ikkje te noen værdens ting.

I vm. har verbet "mista" både endingskonsonanten i

stamma og infinitivsendinga og står tilbake med infinitiven 'å du'. Me får såleis eit einstavingsverb som endar på rotvokalen. I vm. blir det derfor bøygd i samsvar med "tru-klassa": å du – du (el. due) – dudde – dudd.

dy (s,n) – søyle, gjørme, mudder (Aasen: Dy, norr: dý, sv: dy, da: dynd).

Døme: Han va *våd som dy* då 'an kåmm heim frå skauen.

Jf. adjektiva "dy-våd" og "dy-blaud" !

dy sæ (v) – halde seg, la vere, "bare seg", "hjelpe seg"(da: dy sig, da dial: dygge sig).

Døme: Ho konn' ikkje *dy sæ*. Ho måtte bårt i vinnøye og kjikke på dænn fræmmene mannen som jekk fårrbi!

Dette verbuttrykket har me frå dansk. Det heng kanskje saman med det gammalnorske verbet 'duga' med tydinga "vere dugande nok til å halde kontroll på seg sjølv".
Også 'dy' blir i vm. bøygd etter "tru-klassa" (Sjå under 'du' te noe' ovanfor!): å dy – dy – dydde – dydd

dykke el. **dykken** – **dykkårs** (pers.pron.) – de – dykk – dykkar (norr: þit – ykkr – ykkar)

Døme: «*He dykken (dykke)* kjykken heime *'os dykken (dykke)*?»
«Nei, me he bare et skåb i et råodehål».

Dei tri formene markerer dei personlege pronomena i 2. pers. fl.tal.
'Dykke' og 'dykken' blir begge nytta både som subjektform og objektform i vm.. 'Dykkårs' er eigeform.

dytte bonnen (v) – få så mykje ber i bytta at botnen er dekt (Aasen:dytta, norr: dytta, sv. dial.: dötta).

Døme: Tåone hadde så vidt *dytta bonnen* a spanna mæ tyddeber då de bjønt' å ringne (reine).
'Dytte' er avleidd av substantivet 'dott'(m) og tyder noe slikt som "tette el. stoppe ved hjelp av ein dott".

Ordet 'bonn' i dette verbuttrykket er bokmålsnemninga 'bunn' (el. dansk 'bund') framsagt med vennesla-uttale, dvs. at kort 'u' som rotvokal blir uttalt som kort og trong o-lyd.

dænnæ (el.**dænna**) – **dænnen** (m/f)
dettæ (el. **detta**) – **detten** (n)
dessæ(el.**dessa**)– **dessen** (**deien**)(pl) (peik. pron.)

– dænnæ (el. dænna) hæra(ne) – dænnen dæra(ne)
– dettæ (el. detta) hæra(ne) – detten dæra(ne)
– dessæ (el. dessa) hæra(ne) – dessen dæra(ne)

Døme: "*Dænnæ (dænna)* båga *hæra(ne)* he æ alt lest, mæn *dænnen dæra(ne)* he æ 'kje sett i ennå. – Kan æ lån' 'o?

"*Dænnæ (dænna)*ståolen *hera(ne)* æ 'kje no' gåo å sidde i. Kan æ prøve *dænnen dæra(ne)*?

"Meinte du værkeli at æ konne fårrsyne mæ både mæ *dettæ (detta)* egge æ he *hæra(ne)* og *detten* du he *dæra(ne)*?

"Ja, nå æ de rækti! – *Dessæ (dessa)* papirane *hæra(ne)* æ mine og *dessen (deien) dæra(ne)* æ dine".

Les meir om 'dei peikande pronomena' i språkdelen (grammatikken) av boka!

dærre (adv)

– 'der borte'

Ordet blir t.d. brukt når ein har vanskar med å minnast eit namn og derfor kjem med forklaringar og opplysningar som hjelper ein på rett spor.

Døme: "Æ kan 'kje kåmm' i håg navne på han *dærre* som just he flytta inn i de nye huse te kommynen!"

døbe (v)

– kristne, innvie ved dåp, døype (Aasen: døypa, norr: deypa = duppe ned i vatn, sv:döpa, da: døbe. nl: dopen, ty: taufen, færøysk: doypa).

Døme: "Per og Alice *blei døpt* i kjørka vår – på same daen og i same vanne! – D'æ 'kje rart at dei hølle sammen som ærteris!"

*Eit germ. kausativ (= avleidd transitivt verb) *daupíjan ligg truleg til grunn for dei mange formene ovanfor. – I Wulfilas bibelomsetting er denne grunnforma*

blitt til 'daupjan' som er ei direkte omsetting til gotisk av 'baptízdein', det greske ordet for 'å duppe i vatn' el. 'døype'.

Engelskmennene har valt å bruke denne greske verbforma til å lage sine ord som har med 'dåp' å gjere: 'baptize'= 'døype', 'baptism'= 'dåp', 'baptist'= 'døypar'. Også den kristne trusretninga Baptistane har namnet sitt frå denne greske grunnforma.

***'Dåb'** (Aasen: Daap, sv: dop, da: dåb, nl: doop, ty: Taufe) er substantivet som høyrer saman med dette verbet. Dei nordiske formene er lånte frå lågtysk 'dõpe'.*


døbbel (s,m) – vasspytt, lita tjønn, dam, depel, pytt (Aasen: Depel, norr: depill).

I Vennesla er ordet lite eller ikkje brukt i dag. Men me nyttar det framleis i sœrnamnet Tvi-døblane. I bustadområdet med dette namnet var der, før utbygginga starta, to småtjønnar som låg like innmed kvarandre. – Dei heitte Tvidøblane.

Opphavleg var 'depill' ("døbbel") diminutiv (minskingsord) til 'dapi' ("dabbe"). Men det bildet venndølane dannar seg av ein "dabbe" i dag har svœrt små dimensjonar: Ein "dabbe" er i vm. som regel det same som ein små-pytt som har danna seg i ein dump i tunet eller i grusvegen.

Ein 'diminutiv' er eit avleidd ord som syner ein mindre variant av grunnordet.

døl (s,f) – liten dal, langstrekt søkk i lendet, deld.(Aasen: Døl, norr: dœl).



Ordet er ei avlydsform til 'dal'.

Det er lite i bruk i dag. Men i Vennesla har me det t.d. i stadnamnet Engdøl som var eit markert søkk tvers gjennom Moseidmonen frå Moseidgardane til der "Bruna" har festet sitt på Moseidmon-sida.

dønn (s,f) – dør, opning inn i eit hus t.d., gjennomgangsopning i ein vegg mellom to rom.(Aasen: Dyr, norr: dyrr, Vest-Telem: dynn, sv: dörr, da: dør, ty: Tür, eng: door, nl: deur).

Døme: " Sett opp *dønna* så me fær' inn no' fræsk lopt!"

Dei germanske formene er komne frå gamle fleirtalsformer fordi "døra" opphavleg var sett saman av to eller fleire delar. Det gjeld også 'dønn' og 'dynn' – som kjem av norr. 'dyrr' . Men dei er i tillegg utvikla gjennom påverknad av den etterhengde bundne artikkelen i norrønt.

døppe (v) – stikke eitt eller anna raskt ned i og opp igjen av ei væske, duppe, dyppe; «nikke» (Aasen: duppa, sv: doppa, da: dyppe, lty: düppen).

Døme: Frædrik *døppa* ståoretåna fårrsikti i vanne. De va altfårr kalt å bade i , tykt' 'an. – Mæn Frædrik æ ein pyse!

Den norske forma 'duppe' som både er verb og substantiv har framleis den opphavlege rotvokalen -u- (Sjå under "doppe" ovanfor!).

*Den sannsynlege indoeuropeiske verbalrota er *dhubh som i sin tur ligg til grunn for den germ. grunnforma *duppian (v).*

Frå denne kjem både den lågtyske og dei nordiske verbformene som er førte opp ovanfor.

Formene 'düppen' og 'dyppe' har i-omlyd. Den norske forma 'duppe' har ikkje vore gjennom ein slik omlydsprosess. Det same gjeld vårt heimlege hokjønnsord "ei doppe". – Som kjent, så uttaler me kort -u- som ein trong og kort o-lyd.

"Døppe", som er transitivt verb, har truleg hatt slik utvikling: duppe > dyppe > døppe.

Rotvokalen har såleis vore gjennom to endringar: Fyrst i-omlydsprosessen, så overgangen y > ø , ein endringstendens som ligg i vennesla-dialekten for ord med kort y-lyd i rota (fjernassimilasjon, påverknad frå e-endinga i «døppe»).

– Men setninga "Bestefar sadd i gåoståolen sin og 'doppa' " viser at vm. også har ei intransitiv form av

dette verbet som framleis har den opphavlege rotvokalen -u- (= stutt og trong o-lyd i vm.) .

Til denne ordfamilien høyrer elles ord som 'døype' (v), 'dåp'(s), 'djup'(s og adj), 'duve' (v):

Om 'døype' og 'dåp' – sjå under 'døbe'!

Om 'djup' – sjå under 'jyb'!

Duve' er sideform til 'duppe'. Småbåtar som ligg i hamn, duvar (= "nikkar") i takt med bylgjene.

døybe (v) – dukke og gnure ein eller annan ned i snøen mens snøleiken står på.

Døme: Ongane fekk 'kje lov te å *døybe* verandre fårrde snøen va "svart"og våd.

*Blant borna er det vanleg å bruke ordet **'døybe'** når det er tale om å dytte ein ned i snøhaugen og gnure han inn med snø.*

*Men når det er snakk om eit barn som skal til dåpen, blir forma **'døbe'** nytta.*

Eg har ein liten teori om håffår det blei slik:
'Døybe' (el. 'døype') er nok den opphavlege forma av desse to i Vennesla-dialekten. Men ho har "tapt terreng" i forhold til 'døbe' fordi ein i Dansketida og heilt opp mot vår tid fann 'døbe' på trykk i Bibelen, og det blei alltid brukt av presten ved dåpshandlingane i kyrkja. Det var ei form med større prestisje enn den norske forma 'døybe' (døype).

Men den norske forma greidde altså å overleve i barnemiljøet vårt med den særskilde tydinga ho fekk der.

dåne (v) – **dånte – dånt** – svime av, "besvime", uvite (Aasen: daana, da: dåne, sv: dåna).

Døme: "Æ tru æ *dåne*!" sa 'o då ho så de stygge såre gudongen hosses hadde fått i haue.

Verbet er danna av partisippforma 'dåen' (norr: 'dáinn) som høyrer til verbet 'døy' (norr: 'deyja').

dåon (s,m) – dump og tung lyd, drønn, dun (Aasen: Dun, norr: dynr, sv: dån, da: døn, germ. rotform: *dun).

Døme: Me hørte *ein dåon* frå langt vekke ein plass. – De konn' 'kje vere tåoren detta? – De måtte vere frå kanåonane på Møvig!

dåotte (s,f) – jentebarn, dotter (Aasen: Dotter, norr: dóttir, sv: dotter, da: datter, ty: Tochter, eng: daughter, nl: dochter).

Døme: Ho va *dåotte* te Nils i Nesane.

Snautt noen venndøl bruker denne forma lenger. I dag seier me 'dattår' – ei form me nok har fått frå dansk. Men 'dåotte' finn me framleis i bruk lengre opp i Otradalføret og i Setesdalen.

Runeinnskrifta på Tunesteinen (Tune i Østfold) er frå eldre urnordisk tid (400-åra). Der finn me ordet vårt her skrive slik: ***dohtriR*** *(nom. fl.tal) Denne forma markerer eit utviklingssteg mellom eldre germansk* ****duhtriz*** *og norrønt* ***døtr****:* ****duhtriz > dohtriR > døtr*** *(pl. av 'dóttir')*

Fleirtal er markert med endingane ***-z*** *og* ***-R*** *i dei to eldste formene. Desse syner også at kort -u- føre -h- er senka til -o-.*

Den norrøne forma har vore gjennom store endringar i Synkopetida:

i-omlyd (o > ø) i rotvokalen
assimilasjonen ht > tt
bortfall av endestavinga

(Les nærare om Synkopetida i språkdelen av boka!).

dårme (v) – halvsove, slumre, døse, "blunde", dorme (Aasen: dorma, sv dial. dorma, lty: dormen = "sove", lat: dormire = "sove", fr: dormir = "sove").



Døme: "Æ søv' ikkje. Æ ligge bar' og *dårme* litt".

dåse (s,f) – lita øske med lok (Aasen : Daase og Daasa og Dos, da: dåse = "lita øske", "hermetikkboks", sv dial.: dåsa, ty: Dose).



Døme: Han åbna *snusdåsa* mæ et elegant knips mæ fingrane.

Nelly hadde allti mæ sæ *puddårdåsa* nå ho skolle på dans.

Ordet er eit lån frå lågtysk 'Dose'. Truleg er 'dåse' og 'dose' (= "porsjon") same ordet. Dobbeltydinga kan ha kome av at apoteka tidlegare gjerne leverte ut medisindosar i små øsker (el. "dåser").

Hos oss er 'dose' eit hankjønnsord og blir uttalt med lang og trong o-lyd.

'Dåse' er hokj.ord i vm., men hannkj.ord i skriftspråka våre og i mange andre norske dialektar.

E

ede (v) – take til seg mat, ete, "spise"; tære, gnage (Aasen: eta, norr: eta, sv: äta, da: æde, nl: eten, ty: essen, eng: eat).

Døme: Heile famelien *åd* mårramaden sammen om søndaane.

"Nå *he æ ede* mæ stappmett", sa vesle Trond som hadde smelt i sæ tri ståore kompe.

Sjærmane på bilen va nesten *oppedne* a rost.

'Ede' høyrer til 5. klassa av dei sterke verba (Sjå nærare under dei sterke verba i språkdelen!). Det blir bøygd slik a-verbo i vm.: å ede – ede – åd – he ede.

*Den germanske infinitiven *etan- ligg til grunn for alle formene i parentesen ovanfor her.*

Det har alt lenge vore slik at såkalla "finfolk" hos oss ikkje lenger 'et', men dei "spiser". Og verbet "spise" et seg praktisk talt etter kvart inn i dei fleste miljø her heime, – slik det har skjedd i Danmark tidlegare.

"Spise" har me som lån via Danmark frå lågtysk 'spísen' (ty: 'speisen'). Verbet kjem frå nyare latinsk 'spésa' av eit eldre 'spénsa' som høyrer saman med det latinske 'expénsa' (s,n, pl) = "utgifter" (dvs. "utgifter til mat").

Det latinske 'expénsa' kjenner me igjen i dei engelske glosene 'expense' (subst.) = kostnad, utlegg – og 'expensive' (adj) = dyr, kostbar. – Så "spise" er eit verkeleg "fint" ord.

*På andre sida er det litt leitt at dei nordiske formene som kjem av den germanske infinitiven *etan– etter kvart får meir vulgære tydingar som 'ete grådig' 'sluke maten'.*

Tyskarane har greidd å bevare sitt 'essen' når det gjeld denne aktiviteten hos folk flest ved å lage eit eige verb 'fressen' for etinga til dyra ('fressen' = 'veressen' = "forete"). Det må vere svært gode grunnar for å bruke dette verbet om folks eting.

ege sæ – flytte seg forsiktig framover eller til sida, gjerne i liggjande eller sitjande stilling, gli seg, ake seg (Aasen: aka seg, norr: aka sér).

Døme: Han *egte sæ* fårrsikti fram te kanten a stube og kjikka ner..

Verbet er svakt bøygd i vm. (e-verb). Det er eigentleg same ordet som 'ake' (vm.: 'age') = t.d. "kjøre på kjelke i bakkane".

'Ake' er sterkt bøygd i nyn: å ake – ek – ok – eke (norr: aka – ekr –ók – ekit), og sjølv om også vårt 'age' i dag er svakt bøygd, så har det truleg hatt fylgjande sterke bøying tidlegare: Å age – ege – åog – he ege.

*Den i-omlydte infinitiven 'ege (sæ)' har nok blitt til ved analogi. Både presensforma og partisippforma i denne antatte a-verbo-rekka talar for det. Germansk verbal grunnform er *akan.*

eggels (s,n) – Person som er fæl til å halde på med å erte og terge – eller egle seg inn på ein for å få til leven, ertekrok.

Døme: "Nå må du slotte mæ å ærte og plage gudongen sånn! – Du æ de værste *eggelse* æ he vore ude fårr!"

Heng saman med verba 'egge' og 'egle' – og substantiva 'egg' = "skarp kant" og 'agg' = "motvilje", "nag".

eige (s,f)



– pråm, småbåt med rundla botn (Aasen: Eikja, norr: eikja, sv: eka, da: ege).

Døme: Dæn ronla bonnen jårr møe te at eiga greie sæ godt i fåssestryg og i høge bølge.

Kanskje er ordet eit lån frå lty.'éke'= "lang elvebåt med flat botn". Det er avleidd av treslagnamnet 'eik' og blir uttalt med tonem to.

Opphavleg var "eiga" ein farkost som var holt ut av ein eikestamme.

*Det germanske grunnordet for treslaget 'eik' er *aik (f).*

1. ein, ei, et
2. éin, éi, ett

1. Den ubundne artikkelen som markerer kva for grammatisk kjønn eit namnord (substantiv) har i Vennesla-målet.

Hankjønn: ein gudonge, ein såkk.
Hokjønn: ei jænte, ei snåor.
Inkjekjønn: et bån, et fårklæ.

2. Talord – som blir brukt når ein skal seie tydeleg (med trykk) at ein har bare med eitt eksemplar / eitt tilfelle å gjere. Det er bøygd etter kva kjønn substantivet har som det står saman med: éin, éi, ett (Aasen: ein, ei, eitt. norr: einn, ein, eitt).

Døme: "Me he 'kje meir enn *éin bil*, heldivis".
"Æ greie ikkje meir enn *éi kompe*. Dei æ så ståore!"
"Du he bare *ett liv*. Katten he visst ni."

Dei seinare talorda (tåo, tri, fire osv.) har ikkje særskilde former for kjønn i vm. – slik talet éin har det. Men som eit interessant innsmett nemner eg at Valledialekten i Setesdal har eigne former for dei ulike kjønna (hankjønn, hokjønn og inkjekjønn) også for tala 2 og 3 (og 4):

2: tvei – tvæ – tvau
3: tri – trjå – trju


Desse formene ligg nær opp til dei tilsvarande gamalnorske formene.

(Les meir om dei ubundne artiklane og talorda i språkdelen av skriftet!).

einsless (adv) – eine og aleine, eins ærend, bare for éin ting (Aasen: einsleides el. einslest).

Døme: "He du reist dæn lange veien *einsless* fårr å træffe Pedår?"

einårlåge (s,m) – einelog, utkok av einer el. brisk, brukt m.a. som vaske- og reinsemiddel for trekjerald.



Døme: Bestemåor kåkte *einårlåge* i ei ståor gryde. Då lokta de reint og stært øve heile huse.

Fyrsteleddet' "einår" ('einer', m), er ein velkjend nålebusk som me finn over alt i skogane våre. Han høyrer til cypressfamilien (Aasen: Eine, norr: einir, da: ene, sv: en).

Andreleddet "låge" ('log', m) har fleire tydingar – t.d. 'vatn', 'væske', 'innsjø', 'elv' (Aasen: Log, norr: lǫgr, da. dial: 'lou' = vatn som blir kokt og tømt varmt på malt under ølbryggingsprosessen, sv. dial: 'lag' = blandingsdrikke av høy og vatn for "krætture").

*Den germanske grunnforma *lagu svarar til lat. 'lacus' = sjø. Dette finn me att som lån t.d. i eng. 'lake' = innsjø.*

Ei velkjend sideform til norr. 'logr' er 'laug' (s,n) med om lag same tyding. Men det tyder også 'bad' og har danna verbet 'å lauge' = 'å bade'. Og det har gjeve namn til vekedagen laurdag / laugardag (norr: laugardagr).

Det er elles interessant å merke seg stadnamn som ber i seg ledda '-laug' el. '-log' ('-låg'): Kvinlog / Kvinlaug som er danna i samanheng med elvenamnet Kvina i Kvinesdal kommune, Nelaug (norr: Niðarlaug = "innsjøen til elva Nið") i Åmli kommune, Nordmannslågen, innsjø på Hardangervidda og vasskjelde for Lågen (Numedalslågen), Lågaros, namn på turisthytte og på osen der Lågen renn ut av Nordmannslågen, Lågen som renn gjennom Gudbrandsdalen (Gudbrandsdalslågen).

éi te gång – éin gong til, enno ein gong, på nytt, om att. (uttrykk)

Døme:: "Jårr de *éi te gång*. De va så måoro!"

Ho måtte spele plada *éi te gång*. De va sånn-ein nydeli melodi!

ekkå (ub. pron.) – einkvan, eikor, eitkvart (Aasen: einkvar, norr: einnhverr), éin – éi – eitt eller anna, noe, noen.

Døme: "He du fått jårt *ekkå* mæ dæn gamle sykkelen som du skolle reparere?"
"Dær må då vere *ekkå* som kan jælpe dæ om du æ uheldi på detta glatte føre!"

ekkåless (adv) – på ein eller annan måte, sånn om lag, alltids (Aasen: i eikor Leid = eikorleides = eig.: "i ei eller anna lei").

Døme: "Æ jårr de sånn, *ekkåless*", sa Bestefar då 'an skolle vise gudongen håssen han ska teine (tingne) ein hest.
"Tru du 'kje me fære de te, *ekkåless*?", spørrte gudongen,

ellsmell (s,n) – passeleg med ved i omnen, eldsmål (Aasen: Eldsmaal, Telem.: eldsmæle).

Døme: "Vil du legg' et *ellsmell* i åmnen. Hær æ litt kalt, tykk' æ".

Noen knyter kanskje dette ordet til knitring og smell i omnen når ein t.d. fyrer med tjurr granved. Men ordet er ei avleiing av 'eldsmæle', dvs. eit passeleg mål for kor mykje ved ein skal leggje i omnen. Ordet venndølane har brukt tidlegare i denne samanhengen, er altså 'eldsmæle' –slik det var elles i Agder og Telemark. – "Mistydinga" kan skuldast at 'smell' også er inkjekjønnsord i vår dialekt – slik 'eldsmæle' er det. Samtidig fell endings-e i 'eldsmæle' bort i setninga som er vanleg å bruke i dette høvet: "Vil du legg' et ellsmæl' i åmnen?" Og vegen er kort frå "ellsmæl' " til "ellsmell".*
Elles syner ordet vårt her at verbet 'å mæle' har vore i vanleg bruk hos venndølane tidlegare – i staden for 'å måle'. Slik er det framleis i mange av dei indre bygdene.
**(For det meste er 'smell' hankjønnsord i norsk: 'ein smell').*

epta (s,m) – ettermiddag og tidleg kveld, kveld før høgtidsdag (nyn: aftan og eftan, Aasen: Aftan og Efta, norr: aptann og eptann, da: aften, sv: afton, gsv: apton).

Døme: *Julepta* æ i gronnen jillaste daen i åre.

'Epta' er eit ord som "dei gamle venndølane" brukte. I dag nyttar me nemningane 'ettemidda', 'kvell', 'julafta', 'nyttårsaften' osv.. 'Aften' er ei form me låner frå dansk.

*Ein reknar med at dei tri urnordiske avlydsvariantane *aftanaR,, *aftinaR, og *aftunaR ligg til grunn for dei nordiske (nordgermanske) formene i parentesen ovanfor:*

*Norr. 'aptann', nyn. 'aftan' og da. 'aften' kjem av *aftanaR.*

*Norr. 'eptann', nyn. 'eftan' og vårt eige 'epta' kjem av *aftinaR og er i-omlydte former (a > e).*

*Sv. 'afton' og gammalsv. 'apton' kjem av *aftunaR og er a-omlydte former (u > o (å)).*

Me ser også at den urnordiske endinga '-aR' er blitt borte i løpet av Synkopetida.

espe – espane (s,f – ub. og b. fl.tal) – osper – ospene, lauvtre som høyrer til poppelslekta.

Desse fleirtalsformene høyrer saman med trenamnet "åsp" (norr: ǫsp) og er gamle i-omlydte former i vm. Dei kan ha opphavet sitt (som analoge former) i ei norrøn nøytrumsform 'espi' som tyder "ospeskog", og som me finn i ei rekkje samansette stadnamn, t.d. Espeland, Espeli, Espevik.

*Germ. grunnform er *áspija.*

I dag nyttar venndølane truleg bare fleirtalsformene "åspe – åspane".

ettepåslæng (s,m) – lokal nemning på yngstebarn som er født fleire år etter nestyngste i ein søskenflokk, minstebarn, "skrapekake".

Døme: Tore va ein typisk *"ettepåslæng"* .Yngste søståra hanses va ti år ellre og trudde visst ho va måora hanses. Sånn oppført' 'o sæ ijallfall!

evindeli (adj og adv) – alltid, æveleg, evig, uendeleg, vedvarande, som varer lenge, som tek seg oppatt og oppatt og virkar trøyttande i lengda (bm: evinnelig, da: evindelig, sv: evinnerlig).

Døme: "Me kjæm 'kje te å *leve evindeli*".

"En bli så indårli lei a *de evindelie reine*, – da ud og da inn!"
"D'æ no' *evindeli råod* du he fått i stann, tykk' æ!"

Ordet har me frå dansk. Det heng saman med norr. 'ævi' (s,f) = "levetid", "livssoge".

F

fameli (s,m) – huslyd, familie, nær slekt, foreldre og born (som ei eining)

Døme: Heile *famelien* dråo a gåre på tur.
"Sei mæ, æ du au i *fameli* mæ Jåon?"

Ordet har kome til oss via tysk frå lat. 'familia' som er ei avleiing av lat. 'famulus' = "tenar".

fari (interj.) – kraftuttrykk som blir rekna som eit slag halvbanning. Det er mykje utbreidd og finst i mange bygdemål – også med formene 'farin' og 'farian'.

farje (s,m) – farge, let, kulør (Aasen: Farge (utt. 'farje'), sv: färg (utt. 'färj'), da: farve, ty: Farbe (f), lty: 'varwe'(f) og 'verwe' (f), nl: verf, fris: 'varve' og 'verve').

Døme: "Hå slags *farje* he du på auane dine?"

Ordet er eit lån frå lågtysk. Forma her er gammal og opphavleg i vm., og truleg framleis i bruk hos enkelte eldre. Men dei fleste bruker formene 'farve' eller 'farge' i dag.

Me har her eitt av dei få orda som i vm. enno held på den palatale lyden 'j' der det er vanleg å bruke 'g' (farge). Andre ord med slik palatal-lyd er verba 'bærje' (berge), 'værje' (verge), 'sværje' (sverge) – og substantivet 'mærj' (merg, da: marv). Desse gamle formene med 'j' i rota er nok på veg ut hos oss i dag.

I dei øvre bygdene i Agder og Telemark finn me framleis palatallydar i innlyd i mange ord, t.d. 'bakkje' s,m (bakke), 'liggje' v (ligge), 'sitje' v (sitte), 'rekkje' s,f (rekke), 'rikje' s,n (rike), 'vejen' s,m b,sg (vegen) osv..

Men dei palatale formene ser ut til å vere på veg ut mange stader også i desse bygdene.

'Palatal' kjem av lat. 'palatum' som tyder "gane". J-lyden og kj-lyden er palatalar. Dei blir uttalte med tungeryggen opp mot den framre delen av ganen.

fei (s,m) – hast, skunding, fart (Aasen: Fei (s,m)).

Døme: Rangnil jåore onna husarbeie i *ein fei* før 'o jekk te butikken.

Ordet er ei norsk nydanning laga av rota til verbet 'feie' (= "sope", "bruke feiekost") som me har som lån frå lty. 'vegen' (ty. 'fegen') via da. 'feje'.

fele (v)
felte – felt – mangle, vere borte (om noe som elles brukar å vere på plass) ;vere ufrisk (Aasen: feila el. fela, sv: fela, da: fejle).


Døme: "Se de! Då tru æ me he fått mæ åss alt! – Kan dykken se at me *fele* noe nå?"

"Det *felte* møe på at æ va fårrnøyd då me kåmm heim seint på nåtta!"

"Hå æ de som *fele* dæ? Æ du 'kje fræsk?"

"Fele" er eit forholdsvis nytt ord i norsk. Me har det frå ty. 'fehlen' Det franske verbet 'faillir' (= svikte, feile) ligg til grunn (Jf. lat.'fallere'= svike, bedra, narre).

fennår (s,m) – småfe, sauer og geiter, fenad (Aasen: Fenad og Fænaar, norr: fenaðr, sv: fänad)..



Døme: *Fennåren* beida sammen mæ de annre krætture på de nye kulturbeide.

Den eldre nemninga 'fe' ligg til grunn for dette ordet.

*'Fe' (germ: *féhu, got: faihu) tydde opphavleg "krøter", "buskap", – ei tyding som høvde vel i eit samfunn der det å eige ein stor krøterflokk gav vørnad og makt.*

Men etter kvart fekk "fe" også den meir generelle tydinga "rikdom", "jordisk gods og gull", – eit innhald Wulfila har gjeve den gotiske forma 'faihu' i sine Bibelomsetjingar (ca.350 e.Kr.).

fettlêrskåo (s,m)

– Vintersko / skisko / terrengsko laga av kraftig lêr. Skorne har fått namnet sitt fordi dei må smørjast inn med feitt slik at væta blir halden ute.

Døme: Skomagåren hallsåolte *fettlêrskåoane* hanses rætt som de va. Tore sleid fælt på di nå de ikkje hadde kåmme snø.

fingebår (s,f)



– hette laga av metall og forma som ein ørliten kopp til å setje på fingertuppen når ein syr for hand. Vernar fingertuppen når ein pressar nåla gjennom tøyet, fingerbjørg (Aasen: Fingerbjørg, da: fingerbøl el. fingerbølle, sv: fingerborg, isl: fingrbjörg, færøysk: fingurbolli).

Døme:Tåone hadde ei *fingebår* a søll mæ none bittesmå bonke i ænnen som nålehaue konne få plass i.

Endingane -bjørg, -björg, -borg og -bår er ulike avleiingsformer som heng saman med verbet 'berge' (norr: bjarga) og substantiva 'berg' og 'borg' og har tydinga "vern", "verje", "forsvar" [I gamle dagar berga (forsvarte) ein seg best frå ei borg oppå ei høgd (Jf. 'bygdeborgene')].

Endingane -bøl el. -bølle i dansk og -bolli i færøysk er av same rot som vårt 'bolle' og tyder "ball" og fortel om forma på "fingebåra". Den færøyske forma er eit lån frå dansk.

fingårvette (s,m, – ub.fl.tal)

– fingervottar, strikte vottar med eige "rom" for kvar finger.

Døme: "D'æ kåna hanses som he strikt dei gåoslie *fingårvettane* Jåon he på sæ. Han æ litt kry a di, ser du – sånn som han sprige mæ fingrane!"

Fleirtalsforma 'vette' var i bruk i Vennesla "føritia". Ho svarar til den gammalnorske fleirtalsforma 'vettir'. I dag bruker venndølane truleg bare forma 'våtte' som slik fleirtalsform (Sjå 'vått' (s,m) lengre ut i ordlista!) .

fisi (adj)

– egen, lite samarbeidsvillig, lumpen, fisig.

Døme: "Æ tykke du æ *fisi* som ikkje vil vere mæ på ein sånn fin tur!"

fislartud (s,m) – jente el gut som er fæl til å fisle (sladre), sladrehank, fisletut.

Døme: "*Fislartuden* mæ granbar på snuden", seie ongane om éin ellår éi som æ fæl te å fisle.

fjagg (s,m) – mannleg kjærast, friar , gromgut (Aasen: Fjagg = "liten, uanselig person, smågut", Setesdal: ein fjagge (med svarabhaktivokal)).

Døme: "Dei seie om Gonil at 'o he ein ny *fjagg* vær vege!"

Ordet høyrer saman med verbet 'fjagge' som i Agder og Telemark har tydingane 'pusle', 'kludre', 'kjæle med'.

fjams (s,m) – 1. Person som virrar ikring tilsynelatande utan mål og meining, vims.
Døme: "Kåre, du æ ein *fjams*!" sa kåna hanses, "de jæng' ikkje an å gløyme så møe på éin og same da som de du he jårt i da!"

– 2. Forvirra sinnstilstand når ein har lite tid og har det travelt.
Døme: *I fjamsen* hadde han gått frå veska si på hylla i bussen.

fjamsen (adj) – vimsen, tankelaus; fortumla, forvirra, fjomsen (Aasen: fjamsen, dansk dialekt: fjamsk).

Døme: Dæn nye arbeiskaren va altfårr *fjamsen* te å få jårt ein sjikkeli jåbb.
Ho rymte *fjamsen* og rædd fårr dæn galne guden.

'Fjamsen' (b.eint. av 'fjams') blir uttalt med tonem 1.
'Fjamsen' (adj.) uttaler me med tonem 2.
'Fårrfjamsa' er elles eit adjektiv som i dag erstattar 'fjamsen' for det meste.

fjång (adj) – flott og fin, elegant, som tek seg godt ut, staseleg (fr. sjargong: 'fion' = "eleganse").

Døme: "Æ ska seie ho æ blitt *fjång* mæ dei nye klæane ho he skaffa sæ!"

fjåod (adj) – sprek og rask, snar, fljot (Aasen: fljot, norr: fljótr, Set.: fjóte).

Døme: "Markos æ jammæn *fjåod* te å vere øve søtti. Han æ ju mjug som ein katt i bevegelsane mæns 'an arbei'!"

Ordet kjem av norr. 'fljóta' (v) = 'flyte'. 'Fjåod' fortel særleg om evner ein person har til å få arbeid og andre aktivitetar unna i ein fart og med godt resultat. På våre kantar handlar det kanskje oftast om å vere rask til beins (Ein som spring raskt, "flyt" liksom av garde). Men ordet kan også tyde 'frisk' t.d.: "De va godt å se at du he blitt så 'fjåod' ijænn".

*Germ. grunnrot er *flut (indoeur.*plud).*

fjåru (adj) – spenstig, spretten, fjørug, frisk og rask, livsfrisk, full av liv (Aasen: fjørug)



Døme: Pettår va *fjåru* og flott, ein som jæntane konne lige.

Dette er eit ord som var i bruk "føritia" i vm.. – Det kjem av norr.

'fjǫr' (isl: fjör) s,n = "liv", "kraft".

fladbrøsøll (s,n) – flatbrødsoll, ei blanding av mjølk (gjerne surmjølk) og små flatbrødflak i ein djup tallerk, ofte med litt sukker strøydd over.

Døme: "D'æ lett å få metta si mæ ein pårsjåon *fladbrøsøll".*

fladpråm (s,m) – robåt med flat botn, bygd av tre. Blir for det meste brukt i innlandsvatn der vind og bylgjer ikkje tek altfor hardt.

Døme: De va greitt mæ *fladpråm* i Venneslafjåoren, særli på dæn tia då dei støyda last dær og en måtte råo øve bommane. Og nå en skolle fiske mæ flua på Drivenes-gronna, va *fladpråmen* umistanes gåo og stø å stå i mæns du slængte rontfårrbi i fårrsjellie rætninge.

fleskesvåor (s,f) – grisehud, fleskesvor (Aasen: Fleskesvord).

Døme: Hær æ fleira som lig' å ha litt sprøsteikt *fleskesvåor* innte ein midda mæ svinesteig og surkål.

flæbe (v)
(flæbte – flæbt) – grine og mase, sutre, flepe, henge med lippa og tykke vondt om seg sjølv, surmule for lite og ingenting (Aasen: flipa, sv dial: flepa, da: flæbe, lågtysk: flipen = "surmule", "late lippa henge").



Døme: "D'æ jønne sånn at bånn som he lett fårr *å flæbe*, dei æ som regel tæmmeli bårtsjæmte. – Mæn de kan au hænne at dei æ sjuge. Då ska dær 'kje møe te før dei *flæbe*!"

Utan tvil ser vårt 'flæbe' svært dansk ut, og truleg har denne forma kome til oss over Skagerak – kanskje med danske sjøfolk ikkje altfor langt tilbake i tid. Og danskane har nok før den tid fått ordet som lån frå lågtysk.
Elles meiner Ivar Aasen at det norske 'flipa' (= eig. "henge med lippa") kan ha vore bøygd som sterkt verb i si tid:
flipa – flip – fleip – flipi (1.kl. av dei sterke verba).

Avlydsformer til 'flipe' er t.d. 'fleipe' (v) = "slenge med lippa" og 'flipp' (s,m) = "noe (t.d. 'ein lapp') som heng" (eks.: 'øyreflipp').

flødebytte (s,f) – rømmekolle, mjølkeringe.



Døme: Nå du he nysilt mjælk i ein jyb tallærken og led 'an stå inni et skåb et par dae te mjælka æ sur og fløden ligge oppå som et låg, då fære du *ei flødebytte*.
– Så strø du litt sokkår på, og dær he du ein gåosli dessær som du ede mæ sjei.


fodre (v)
(fodre – fodra)

– krevje, gjere krav på, fordre; trenge, "behøve" (Aasen: fodra, ty: fordern, lågty: vorderen = "føre fram", eldre da: fodre).

Døme: "Du kan 'kje *fodre* all værdens a ein liden gudonge!"
"Hå slags udstyr *fodre* du te ein sånn tur?"

Frå eldre tysk 'fodern' via eldre dansk 'fodre'.

foggel (s,m)
(foggel – foglen - fogle – foglane)



– fugl (Aasen: Fugl, norr: fugl og fogl, da: fugl (utt.: fúl), sv: fågel, ty: Vogel).

Døme: "De sidd' *ein liden foggel* på foglebrætte. Æ tru d'æ ei blåmeis som æ på besøg".
D'æ *møe foggel* å se på jåorane om våren.

Andre talemålsformer ein del venndølar bruker for dette ordet, er 'faul' og 'ful' (Jf. parentesen ovanfor om dansk uttale av 'fugl'!).

'Foggel' er nok den forma som er mest nytta i Vennesla, og det er au den forma som ein finn i bygdelaga vest for oss.

I bygdene aust for Vennesla, t.d. på Birkeland, i Tveit og Randesund er 'faul' den vanlege forma å høyre.

'Ful' er ei form me finn t.d. i byane Kristiansand og Mandal.

"Foglane au!" er eit folkeleg uttrykk som blir brukt når ein har vore uheldig og er ergeleg på seg sjølv. Variantane er "Faulane au!" eller "Fulane åssåi!"
Ordet er nemning både for den enkelte fuglen og som mengdeord.

*Det heng saman med verbet 'flyge' som har germ. rotform *fléuh (inf. *fléuhan).*

*Sannsynleg rotform for substantivet 'fugl' er eit *fugla som truleg kjem av eit eldre *flugla.*

*Overgangen *flugla > *fugla reknar ein med har kome ved såkalla dissimilasjon (av lat. 'dissimilis' = "ulik"). Som ein ser, så er dissimilasjonen her markert ved bortfall av den fyrste *l i *flugla (ein *l som også høyrer heime i infinitiven *fléuhan = 'flyge'). Suffikset med den andre l-en fortel kva for ordklasse el."ordgruppe" nemninga høyrer heime i.*

Det engelske 'fowl' som kjem av same rot som vårt 'foggel' har i dag meir spesielle tydingar som 'hønsefugl', 'storfugl' 'fugl som ein jaktar på', og har blitt ei nemning som er mykje knytta til den populære fuglejakta i England. Den generelle engelske nemninga for 'fugl' er 'bird' som frå fyrst av tydde 'fugleunge'.

Bird' og 'birth' (= fødsel) kjem av same rot som vårt 'byrd' (= fødsel, slekt) – eig. "det å bere fram og føde ungar". Såleis høyrer verbet 'å bere' og substantivet 'barn' (pl. 'born') også til denne ordfamilien. I denne samanhengen er det interessant å samanlikne a-verboformene til vårt verb 'bere' og det engelske 'bear' (= bere fram, føde) – og sjå den nære slektskapen mellom dei:

å bere – bar – bore
to bear – bore – borne (el. 'born').

folling (s,m) – ein som er sterkt påvirka av alkohol, full mann, drankar, drukkenbolt.



Døme: Ein *folling* kåmm sjanglanes nerøve veien mæ ei flaske i hånna.

Ordet høyrde / høyrer helst heime i barnespråket.

frege (v)
frege – fregte – spørje og grave for å få greie på noe som du er spesielt nysgjerrig på; fritte, få vite (Aasen: frega, norr: fregna, sv: fråga, ty: fragen).

Døme: Gonnår bjønt' å *frege* mæ ud om famelien te Berit, kjæresten hanses.

fræ (s,n) – frø, sæd, såkorn (Aasen: Frjo, Fro og Fræ, norr: frjó og fræ, isl: frjó og fræ, sv: frö, da: frø, got: fraiw).

Døme: Han skolle legge ud ei ny ægre og sådde *høyfræ* sammen mæ havren.

*Eit germ. *fraiwa (s. n) ligg til grunn for ordet. Me finn denne grunnforma tydeleg att i den gotiske forma 'fraiw' og i nyn. 'fræv' (adj) = "spiredyktig", "fruktbar", 'fræve' (v) = "befrukte", "gje liv" og 'fræving' (s,f) = "øksling", "befrukting".*

fræmmen (adj og s,m)

– 1. framand, ukjend
– 2. sjeldsynte folk, framandfolk, gjester
(Aasen: framand og fremmende, isl: framandi, sv: främmande, da: fremmed, lty: vremede).

Døme:
1. "Dær stænne ein *fræmmen* mann ude på trappa. Han spør ette dæ, Pappa".
2. "Hær kjæme ein *fræmmen* te kaffi i da, seie Mamma. – Og i måra kjæme dær minst *fire fræmmene* te kaffi, sei' 'o. Då må me sidde stille på divanen. Mæn d' æ måoro å høre på *fræmmenane* nå dei preke!"

fræsk (adj)

– frisk og ny, som ikkje er skjemd på noe vis, sunn og sprek, fri for sjukdom, ubrukt, rein, skarp (Aasen: frisk, ty: frisch, eng: fresh, lty: vrisch, da: frisk, sv: 'frisk' og 'fräsch').

Døme:"De va none nydelie jåorber du hadde mæ te mæ, *fræske* i smagen, faste og fine. He du just pelt dei?"
"Æ fekk sånn-none gåoe tablette a dåktåren førdass. Dei jælpte veldi, så nå æ æ *fræsk* som ein fisk ijænn!"
"Vêre va sjikkeli *fræsst* på mårraen. De va mæ naua æ greidde å hålle på hatten då æ jekk på arbei!"

'Færsk' er sideform til 'fræsk'. Begge formene har me truleg frå lty 'vrisch' og angelsaksisk 'fersc' (eng. 'fresh) via dansk.
*Sannsynleg germ. grunnform er *friska– .*
Legg elles merke til nøytrumsforma 'fræsst' (med bortfall av stammekonsonanten 'k')!

fråstål (adj)

– som har lett for å fryse på kroppen, som toler lite kulde,"frysen a sæ", frostal, frostvar (Aasen: frostall).

Døme: Bestefar va blitt så sjelven og *fråstål* i de siste.

*Eit germ. verbalsubstantiv *frusta– til det sterke verbet *freusan = 'fryse' ligg til grunn for substantivet 'frost'/ "fråst" (norr: frost). Rotvokalen -u- har blitt til -o- ("-å-") ved a-omlyd.*
Endinga -al er ei vanleg adjektivending i nynorsk: sorgal, gammal, tagal. I vm. (og i andre Agder-mål) finn me endinga -ål i dette høvet. Såleis er 'fråstål' og 'sydål' ord som framleis er i bruk hos enkelte i Vennesla. Og for ikkje altfor lang tid attende brukte nok venndølane adjektiv-forma 'gåmål' (for 'gammel') slik det enno er lengre inn i Agder-bygdene.

fye (v)
fye – fydde

– komme etter, gå med, gå i lag, gå langsetter, vere med, fylgje (Aasen:
fylgja, norr: fylgja, sv:följa).

Døme: Jens spørte Astri om 'an konne *fy' 'o heim*.
Tellef *fydde elva nerøve* te 'an kåmm te ein fåss mæ høge fjell på begge siane.
"Nå må dykken *fye mæ*!" sa læråren strængt.

I dag er nok forma 'fye' mykje mindre brukt enn tidlegare i vm.. Men ho er den opphavlege og gamle forma hos oss. Den mest brukte forma i dag er 'følle' (med assimilasjonen lg > ll). Denne har me frå dansk (og bm.) 'følge'.

fykj (interj.)

– ord som du bruker for å seie frå når du synest eitt eller anna er vemmeleg, fysj, fy, "fy te grisen".

Døme: "*Fykj* å krækseli!. Og så vonnt som de lokte au!"

fysstens (adv)

– endeleg, omsider, (Aasen: fyrsta).

Døme: "Pedår æ ein dåvenslamp! *Fysstens* nå æ 'an færi mæ vårånna. – De bli 'kje rare potetshøsten han fære!"

fælihed (s,f)

– fælsleg tilstand, noe ubestemmeleg som ser vemmeleg ut, noe fælt og stygt.

Døme: "D'æ no' *fælihed* mæ all dænna drikkinga!"
"Hå æ de fårr no' *fælihed* du he blanna ihåb dæra?"
Han så ud som sjæle *fæliheda* dær 'an lå, mørbanka og mæ blåo-flekke udøve klæane.

fæmm (talord)



– talordet fem (5) (Aasen: 'fem' og 'fimm', Setesdal: fimm, norr: fimm, sv: fem, da: fem, nl: vijf, eng: five, ty: fünf).

*Sannsynleg germ. grunnform er *fimf av ei eldre *fémfe (< indoeuropeisk *pénkwe).*

5 er eit tal som ofte blir nytta som avrundingstal:
– "Klåkka æ fæmm øve hal åttel" (for t.d. kl. 7.33).
– "Nå fårrkjene me et fæmm-menutt. Me ska då 'kje arbei' åss i hæl hellår!"

Femtalet finn me også i enkelte faste uttrykk:
- *"Dær jekk du fæmm på!" (om å bli lurt).*
- *"En skoll' ikkje tru du va mæ dine folle fæmm!" (når du har gjort noe som er svært dumt).*
- *"Æ he 'kje løst te å vere fæmte jule på vångna!" (t.d. når du ein laurdagskveld kjem saman med to kjærastepar, og det ser ut til at du sjølv blir utan kjærast).*

førdass (adv)

– for to dagar sidan, i forgårs, førdags (Aasen: fyredags).

Døme:"Nå he æ 'kje fått kaffi sia *førdass* då me reiste. Æ ska sette kjelen øve mæ éi gång me kjæme heim ijænn".

Me ser at vår form av ordet har assimilasjonen gs > ss.

Somme av oss eldre brukar framleis uttrykket "sette øve kjelen" når me er kaffi-tyrste. Uttrykket er nok frå den tida då ein kokte kaffi over open eld i grua.

På same viset seier me "Æ må visst hive på et par bøne te" når me er redde for at kaffien ikkje blir sterk nok. – Då minnest me den gamle "kaffikvenna" og den fine angen av dei ny-malte kaffibønene.

føritia (adv)

– i gamle dagar.

Døme: Me hadde de godt *føritia* au.

Ordet er sjølvsagt ei samandraging av 'før i tida'. – I Vennesla-målet er dei tri orda uttalte så tett saman at eg har valt å lage eit eige ord av dei.

få (v) -
<u>fæ</u>re – fekk – fått

– ta imot, bli tildelt, skaffe seg, få (Aasen: faa, norr:fá, sv. og da: få, nl: vangen, ty: fangen, fris:fange).

<u>Døme:</u> Kåna hanses *fær* allti vont i haue a tobakksrøygen.
Jørgen *fekk* møe fint te jul.
Gorine *he fått* møe kjyd fårr dei fine teppane ho veve.

Les nærare om dette verbet i språkdelen av boka under 7. klassa av dei sterke verba (reduplikasjonsverba)!

fåg (s, n / f)

– føyke, drev, gov, fyking, fok; fart, "travelhet", annsemd, hast, skunding (Aasen: Fok, norr: fok, da: fog).

<u>Døme:</u> "D'æ snøstårm ude. – Lofta stænne i et einaste *fåg*!"
"Æ ska seie du æ i *fåga* i da! Hå æ de du he de så travelt mæ?"

Ordet heng saman med verbet 'fyke' (norr: fjúka, vm: «fyge») Verbet høyrer til 2. klassa av dei sterke verba. "Å vere i fåga" er eit vanleg uttrykk i vm. frå gammalt av. 'Fåga' kan ha fått si hokjønnsform ved påverknad frå hokjønnsorda "føyge" og "fyging" i vm..

<u>få</u>llau (s,m)

– avtalte ytingar som ny eigar av ein gard må "betale" til tidlegare eigar, som oftast ein avtale som blei gjort mellom foreldra og sonen som tok over garden, – forlog, kår, føderåd (Aasen: Forlog, norr: forlag (sg) – forlǫg (pl)).

<u>Døme:</u> D' æ 'kje så vanli mæ *fållau* i da. Nå fære dei gamle pensjåon isteden.

*Endingane -lau (i 'follau'), -lag (i 'forlag') og -log (i 'forlog') går tilbake på norr. 'lag' (sg) og 'lǫg' (pl). (= "lov, lovbod, påbod etter lova"). Desse formene kjem i sin tur av germ. *lagõ som etymologisk er knytta til verba 'legge' og 'ligge' og substantivet 'lag' (= m.a. "lag, fellesskap, noe som ligg lagvis").*
Me finn elles forma 'lag' att i samansette nemningar som 'lagrett', 'lagting', 'lagmann'.

'Forlog' el. 'forloge' har også tydinga 'lagnad' (Merk forstavinga 'lag-'!) og er såleis knytta til dei mytiske "lovene", – "lovene" som er fastlagde frå opphavet av og som ingen slepp unna, – som det er sagt i den gamle folkevisa: "Ingen kan si forloge fly".

fånn (s,f) – **fånna - fænne – fænnane**


– samanfoken snømengd, skavl, bre (Aasen: Fonn, norr: fǫnn, – svensk målføre: fann).

Døme: "Ei heil *fånn* mæ snø hadde blåst sammen framfårr dønna heime så ho ikkje va te å få opp. Og på veien te skulen måtte me krabbe øve minst tyve *fænne* før me kåmm fram!"

Her har me døme på i-omlyden å > æ som er ganske vanleg i vm. Andre døme er 'hånn (= hand) – hænne's, 'tånn (= tann) – tænne's, 'bårk' (= bark) s – 'bærke'v, 'rånn (= rand) – rænne's, 'tå – tæne's .

fåod (s,m)
fåod – fåoden – fød(d)e – fød(d)ane

– fot (kroppsdel), fotblad, nedste del av strømpe som dekker fotbladet, fundament eller underlag for noe (Aasen: Fot, norr: fótr, sv: fot, da: fod, nl: voet, eng: foot, ty: Fuss).



Døme: Pettår hadde fått ei fæl blåoblæmme frampå vrista på vænstre *fåoden* og none stygge gnagsår bagpå hælane på begge *fødane / føddane.*

Til lengdemålet 'fot' seier me også 'fåod', men her er fleirtalsforma lik eintalsforma: "Båden min æ fjåorten fåod lang".

Elles brukar venndølane 'bein' synonymt med 'fåod' samstundes som 'bein' også er nemning for den større kroppsdelen med lår, kne, legg og fot. – Det er ikkje vanleg i vm. å nemne denne større kroppsdelen med ordet 'fot' ("fåod") slik det er i einskilde andre målføre.

*Germ. grunnstamme er *fõt- av indoeur. *põd-. Rekonstruerte germ. former er:*

*eintal nominativ *fõt-s / *fõss (av indoeur. *põd-s)*
*fl.tal nominativ *fõtiz (av indoeur. * põd-es)*

*Overgangane *p > *f og *d > *t skuldast "lydforskyvning" (Jf. "Den germanske lydforskyvningen"). Over-*

*gangen *s > *z (dvs. ustemt s > stemt s) er i samsvar med "Verners lov".*

Utviklinga fram til norrøne former:
*eintal: *fõt-s /*fõss > fótr*
*fleirt.: *fõtiz > føtr (med i-omlyd).*

fåore (s,f) – furu, bartre i furufamilien (Pinus), furuskog, materiale av furu (Aasen: Fura, norr: fura).



Døme: "Me hågg *fåore* heile daen, none små, mæn dei fleste ståore".
"Me velge helst *fåore-møble*. De æ så heimsli at – ".
"De ståo tett i tett mæ *veldie fåore* heile veien innøve".

fårrjårdi (adj) – "forgjordig", fordømt; forgjord, "besatt".

Døme: "*Fårrjårdie* knegelus!"
"Dei *fårrjårdie* svænskane!"

Adjektivet er ei avleiing av verbet 'forgjere' = skade, øydeleggje, fare ille med; fortrolle, forhekse, dåre (Aasen: forgjera, norr: fyrirgera, bm: forgjøre, da: forgøre).

fårk (s,m) – kraftig kjepp el.stav, lurk, staur (Aasen: Fork, norr. forkr = båtshake, sv. målføre: fork = høygaffel, ty: Furka, eng: fork = gaffel).

Døme: Han skar sæ ein gåo *fårk* te å jage kjyrane mæ

Ordet er eit lån frå lat. 'furca' som tyder "totinda gaffel", "stav med to tindar av tre i enden".

fårrleien (adj) – forlegen, flau; sjenert, brydd; som ikkje veit kva ein

skal gjere; som er lens (tom) for eitt eller anna (Aasen: forlegen, da: forlegen, ty: verlegen = flau, sjenert).

Døme: Ingrid bli allti *fårrleien* nå none kjyd' a 'o.
Torkel så heilt *fårrleien* ud dær 'an ståo. Nå visst' 'an ikkje hå 'an skolle jårr, stakkar!
"Æ æ så *fårrleien* fårr smør. Du må gå hænn te Susanne og låne ein hal kjilo fårr mæ!"

Ordet kjem av det tyske verbet 'verlegen' som m.a. også tyder " leggje eitt eller anna slik at ein ikkje finn det att".

fårrlåde mæ! (adv. forsterkings–uttrykk) – sanneleg, jammen.

Døme: "Nå må du *fårrlåde mæ* je dæ! – He du tænkt å bruge opp alle pængane du eie og he?"

Me kan også bruke forma "fårrlade mæ" i staden for "fårrlåde mæ". Den fyrste forma har me frå lågtysk 'verlaten' via dansk 'forlade' (v). Den andre, med rotvokalen 'å', er truleg påverka av svensk 'förlåta' (v). – Igjen ein liten arv etter dei svenske rallarane som var innom Vennesla då bygda blei industrialisert, kanskje?
Både dansk 'forlade' og svensk 'förlåta' tyder m.a. "tilgje, halde opp med å vere bitter mot noen".
Uttrykket her var kanskje opphavleg meint som ei "høflighetsfrase" slik det svenske 'förlåt' og det dansk-norske 'om forladelse' er det. Men "fårrlåde mæ" gjev oftast uttrykk for harme i dag.

fårrsyne mæ! – Også dette er eit forsterkingsuttrykk – på linje med "fårrlåde mæ" ovanfor. M.a. nyttar me det når ein skal uttrykke overrasking og for å få fart på ein som er "treg i starten":
"Geir greidde *fårrsyne mæ* å bli best a alle dei spræ-gingane! – D' æ 'kje te å tru!"
"Nå må du *fårrsyne mæ* kåmme dæ a gåre! Tåge jænge om ti menutte!"

fårrtrædeli (adj) – ergeleg, leitt, ubehageleg, harmeleg, som er til skade, som er "på tverke", (da: fortrædelig = "som giver ærgrelser", sv: förtretlig = "som vållar tillfälligt, förargligt

obehag", lty: vordretlik, ty: verdriesslich, bm: fortredelig).

Døme:"D' æ så *fårrtrædeli* mæ alt detta ringne. Æ skolle så jønne ha fått inn dei siste potetsane!"

Ordet er eit lån frå lågtysk via dansk. Det lågtyske substantivet 'vordrêt' = "harme" (da: 'fortræd') ligg til grunn.

fåsskar (s,m) – tømmerfløytar (Aasen: Fossekar).

Døme: Ein fåsskar i Venneslafjorden va udstyrt mæ fåssåreige og båsshage.

fåssåreige (s,f)



– eike, klinka pråm med rundla botn og tverr akterende, som 'fåsskarane' i Venneslafjorden brukte i arbeidet med å skilje og fløyte tømmeret (lasta) til dei ulike verksemdene som var knytta til "Ståoråna" (Otra).

Døme: Fåssåreiga æ lett å råo både i strøymen, i fåssestrygane og nå de blæse hart.

Her har me eit heimsleg døme på språkleg assimilasjon, dvs. – at éin språklyd påverkar ein annan slik at denne blir lik – eller nesten lik – den fyrste.

Ordet skulle eigentleg vere 'fåsskareige'. Men å-en i 'fåss', stavinga med hovudtrykket, har påverka a-en i 'kar' slik at denne er blitt runda og har gått over til 'å'. Samstundes fell også k-en vekk. Såleis har ordet blitt langt smidigare å uttale.

Slike utviklingsendringar skjer lettast i veike stavingar eller ledd. 'Kar' er leddet med veikast trykk, og det er her endringa har skjedd som førte fram til forma 'fåssåreige'. (Les nærare om 'assimilasjon' i språkdelen av boka!).

G

gabe (v) -gapte – skrike, rope, vræle, gape; halde munnen open; stire med open munn, måpe (Aasen: gapa, norr: gapa, sv: gapa, da: gabe, nl: gapen, ty: gaffen).

Døme: "Hå æ de du *gabe og skrige* fårr?"
Hos tannlægen må du *gabe høgt og længe* uden å seie ett åor.

Dansårane va så fantastiske at fålk bare *sadd og gapte*.

*Germ. verbal grunnform er *gápen = "skrike; gape; glo med ope gap".*

gallflad (adj) – så flat som gald

Døme: "Du må passe dæ fårr hå du seie te Truls. Han slære dæ *gallflad* om 'an bli sinna!"
Han lå *gallflad* ett' 'o. (Om ein gut som audmykjer seg til det ytste for å få tak i ei jente han likar godt).

'Gald' el. "gall" har m.a. tydinga 'grunn el. plass som er hardtrampa'.

Ivar Aasen forklarer ordet slik i ordboka si: "– – haard Grund eller Sted, hvor Jorden er bleven fast sammentrampet ved idelig Betrædelse; saaledes ogsaa: en optraadt Plads i Sneen".

Om 'gald' er eit ord som er i bruk i Vennesla-dialekten med denne tydinga i dag, kjenner eg ikkje til. Men ettersom det finst som ledd i eit av våre godt kjende målføreord, har det truleg vore i vanleg bruk hos oss tidlegare. 'Gald' er her altså nytta som del av eit forsterkingsledd og gjev oss eit klart og malande bilde av kor flat t.d. vedkomande gutunge er tenkt å bli som ein annan gutunge kan kome til å denge opp.

*"flad" tyder flat, jamn, slett (norr: flatr, sv: flat, da: flad) . Germ. grunnform er *flata-.*

Ei avleiing til dette adjektivet er det norrøne substantivet 'flet' som me finn att i ulike variantar hos andre gamle germanske språk med tydinga "hus, golv, husvære, leilighet". Engelskmennene har gjeve det forma 'flat' (utt.: flæt).

gams (s,f) – det å vere langt borte i tankane, det å ikkje sanse seg, tankeløyse, sanseløyse, distraksjon (Aasen: Gams og Gamsing).

Døme: *I gamsa* jekk 'an rætt måod et tre. – Han måtte vere foll!

Han sidde og ede *i gamsa.* – D' æ dærfårr han æ blitt så feid.

glane (v) – glo, glåpe, stire med store auge mot ein og same staden fordi du er svært og respektlaust nyfiken (Aasen: glana. da: glane, sv. dial.: glana

Døme: "Hå æ de du *glan'* ette? – En skolle tru du ikkje hadde sett fålk før!".

Verbet er svakt bøygd (e-verb i vm): glane – glante – glant.

glaning (s,f) – folkeleg og litt vulgært uttrykk for andlet el. ansikt (Aasen: Glaning = "nysgjerrig Stirren").

Døme: Åola fekk sæ ein kjyving *midt i glaninga.* Det va Pedår som slåo.

Ordet er verbalsubst. til 'glane' med tydinga "det å glane". Verbalsubstantiva er hokjønnsord i vm, slik dei også er i det nynorske skriftmålet. – 'Glaning' heng elles saman med substantivet 'glans' (frå ty 'Glanz') og verbet 'glinse' (ty 'glinzen'): – Andlet som stirer nyfikent og vedvarande beint på deg kan i fantasien din godt tykkast å ha ubehageleg glinsande og lysande overflate.

glatte (s,f) – glatt føre, holkeføre.

Døme: Han datt så lang 'an va på glatta.

glogg (adv) – heilt, fullstendig, beintfram, glugg.

Døme: "Me hadde de så måoro på festen at æ hålt på å læ mæ *glogg i hæl*! "
"Johan kjæme te å *arbei' sæ glogg fårrdærva* mæ alt han he tatt på sæ å udføre før jul!"

Ordet er for det meste nytta til å forsterke andre adverbial og høyrer som regel heime i nokre få faste uttrykk.

gløyme (v) – ikkje kome i hug, motsett av 'å minnast', miste noe av minnet (Aasen: gløyma, norr: gleyma, sv: glömma, da: glemme).

Døme: "Æ du *fæl te å gløyme*?"

– "Ja, de kan du lide på! Mæn æ vi' 'kje fårrtele dæ om alt æ *he gløymt* i de siste, viss d' æ de du vil ha mæ te?!"

Verbet er svakt og har slik bøying i vm.: gløyme – gløymte – gløymt.

*Ved sida av tydinga "miste noe av minnet" hadde norr. 'gleyma' også tydinga "vere lystig og glad, halde leven, ståke av glede" som er det opphavlege innhaldet. Verbet stend såleis i avlydsforhold til norr. 'glaumr' (< germ. *glauma-) = "ståkande moro, laussleppt glede".*

Tydingane viser behovet for å gløyme kvardagens slit og slep ein gong i blant med lått og moro i festleg lag. – Den svenske etymologen Hellquist seier det slik: "Glömma betyder alltså: hängiva sig åt uppsluppen glädje (så at man försummar el. glömmer)".

*Verbformene 'gleyma' og 'gløyma' har i-omlydte rot-vokalar av gammal 'au' (*au > ey / øy) Sannsynleg germ. grunnform er *glaumijan.*

Verbet høyrer heime i dei nordiske landa.

Gode dialektord knytta til dette ordet er t.d. ***gløymsken*** *(adj) = "fæl te å gløyme" og* ***gløymebåga*** *(s,f) = "boka" der alt me gløymer og som me gjerne vil gløyme, blir lagt inn.*

glåbe (v)

– glo, glane, stire med open munn og store auge, glope (Aasen: glopa = "gabe, spærre Munden op", sv dial.: glúpa = ete grådig, eng dial.: glope = gape, stire dumt).
Døme: Rålf ståo og *glåpte* mæ ståore aue og åben monn på dei tåo follingane som slåsst.

Svakt verb med slik bøying i vm.: glåbe – glåpte – glåpt. Ordet høyrer saman med ***'glåb'*** *(s,n) = hol, gap, opning. Ord som 'gløype' (v) og 'glupsk' (adj) høyrer til same ordfamilien som «glåbe» (Jf. den svenske dialektforma 'glúpa' i parentesen ovanfor!).*

glåbur (s,f)

– ur med svære steinar som dannar store hol og opningar (glop) inngjennom, glopur (Aasen: Glop-urd = "en "Urd" med flere Huller imellem Stenene").



Døme: Mæ Mørkekjærr på Venneslaheia æ dær ei ståor *glåbur*.

glåo (s,f)

– glo, kol som gløder og vermer utan loge (Aasen: Glod, norr: glóð, da: glød, sv: glöd, nl: gloed, ty: Glut).

Døme: Fisk som bli steikt på *glåoa*, fær' ein spesiell og fin smag.

Me grave fram *glønnane* i åmnen mæ ei *glåorage*.

Dette hokj.ordet har litt spesiell bøying i vm.: ei glåo – glåoa – glønne – glønnane

Tidlegare hadde venndølane ein tendens til å føye inn ein 'n' i eintalsformene, slik: ei glåon – glåona, – slik me gjer i fleire andre hokj.ord som i skriftmåla endar på rotvokalen i ub. eintal (Jf. ei ån, ei kråon, ei brun, ei øyn osv.!).

Me ser elles at fleirtalsformene har i-omlyd (o > ø) som ordet fekk alt i før-norrøn tid.

*Germ. grunnform er *glóði- som har gjeve i-omlyd til da. 'glød' og sv. 'glöd' som begge er eintalsformer. Den norrøne (og norske) eintalsforma er utan slik omlyd fordi ho kjem av ei kasusform som ikkje har i-lyd i endinga (t.d. genitivsforma 'glóðar').*

graud (s,m)

– graut, tjukk velling som for det meste er kokt på mjøl og mjølk (Aasen: Graut, norr: grautr, sv: gröt, da: grød).

Døme: Dei hadde allti *graud* te midda på frædda'ane, som regel *risengrynsgraud* ellår *havregraud*.



*Nemninga på denne matretten er nordisk. Germ. *grauta– (el. *grauti-) = " noe som er knust el. grovmale" ligg til grunn.*

*Indoeuropeisk verbalrot er *ghru- som tyder "male sund, knuse"*

Ordet er i slekt med ei rekke substantiv med tyding 'oppmalen eller knust masse': grus, grjot, grøpp, grums, grut.

grause (v)
grause – grauste – graust

– knuse, male i stykker.

Døme: Småbånnane vil helst ha potetsane *graust* og blanna sammen mæ sausen nå dei ede midda.

Hos oss er 'grause' kvardagsord fyrst og fremst i Agder-

*bygdene. Etymologisk høyrer det saman med ordgruppa som me finn under **'graud'** ovanfor.*

grele (s,f)
ei grele – grela – grele – grelane

– stripe av skit og støv, t.d. i ansiktet.

Døme: Gudongen hadde follt a *grele* i fjæse då 'an ændeli hadde fått tørka tårane.



grepa (adj og adv)

– 1. greisleg og real, ordentleg
– 2. svært, veldig; realt, ordentleg, skikkeleg

Døme: 1. Per æ ein *grepa kar*! Og Tora æ ei *grepa kåne*!
2. Dei æ *grepa greie*! Arbeie va *grepa jårt*!

Dette adjektivet / adverbet er utan samsvarsbøying, dvs. at det ikkje endrar form i samsvar med kjønn og tal på substantivet det står saman med.

grine (v)
grine – grein – grene

– gråte , sutre, "flæbe", vise misnøye ved å sutre og klage (Aasen:grina, norr: grína, da: grine = fordreie andletet, le, sv: grina = fordreie andletet av lått el.gråt, ty: greinen = grine, tute).



Døme: Veslejænta *grein* så tårane trilla då 'o hadde dåtte og skrobba kneane.
"Hå æ de du *grine* fårr?" spørte måora.

I vm. erstattar 'grine' fullt ut ordet 'gråte' som derfor eigentleg er litt framandt i dialekten vår.
'Grine' har heller ikkje tydingane 'fordreie ansiktet', 'vri på nasa' hos oss, slik den vanlege tydinga er i austnorsk.

gromsa (adj)

– om vatn og andre væsker: uklar, urein, grumset, full av ureinande partiklar.

Døme: Vanne nerenfårr fabrikkane va så *gromsa* at de va livsfarli å drikke de.

Adjektivet er avleidd av substantivet 'grums' = botnfall, slam o.a. som ureinar vatn og andre væsker.

gronne (s,f) – stad i havet eller i eit vatn der det er etter måten liten avstand mellom vassyta og botnen, grunne (norr:grunn s,n).

Døme: Dei fekk mest fisk då dei setta gånane ifrå ænnen a *gronna* og nerøve mårbakken.
De va fint å fiske mæ "flua" ifrå båd – både på *Måseigronna* og *Drivenesgronna* .

Dette hokjønnsordet er avleidd frå adjektivet 'grunn' (= motsett av 'djup').

græsseli (adj og adv) – 1. grysjeleg, grueleg, fælsleg, stygg, som er til å grøsse av. – 2. svært, veldig. (Aasen grysjeleg, eng: grisly, ty: grauslich, nl: grijzelijk).

Døme: 1. "Jakob he hatt ein *græsseli* da på jåbben, sei' 'an".
"D' æ ein *græsseli* farve på dænn sjurta. Du kan 'kje vise dæ ude i noe så fælt!"
2. Dei hadde *græsseli møe* måoro på festen om kvellen.
De *jekk græsseli fårt* i svingane!

grøe (s,f) 1. – avling, årsvekst, grøde (Aasen: Grøda, norr: gróðr).

Døme: "Ja, dær he me heile *grøa* i hus!" sa Jåon gla då dænn siste pøsen mæ potetse blei tømt i bingen, "Nå jænge me te kjykkene og ser om grauden stænne på båore".

2. – groe, spire , blad som veks fram på poteter og andre lagra grønsaker når vårvarmen kjem (Aasen: Groe, norr: groði).

Døme: D'æ vanli å pele *grøane* a mad-potetsane om våren.

3. – tidleg grasvekst (Aasen: Gror, norr: gróðr).

Døme: D' æ fint fårr kjyrane å kåmme ud i *grøa* tili i mai!

Verbet 'gro' ligg til grunn for dette substantivet – som har i-omlydt rotvokal (o > ø).

grøesmag (s,m) – spesiell smak som kan kome i mjølka når kyrne et den fyrste saftige grasveksten om våren.

grøevêr (s,n) – godt vêr for plantevokster med ideell blanding av lys (sol), varme og væte (regn).

grøybe (v)
grøybe – grøybte – grøybt – å grovmale korn (Aasen: grøypa, norr: greypa, sv: gröpa, bm: grøppa).

Døme: Pedår *grøybte* noe a havren te mjøldrikke fårr krætture. Han visst' at *havregrøyb* te kjyrane ga møe og gåo mjælk.

*Verbet har i-omlyd au > øy. Germ. grunnform er *graupian.*
*'Grøpp' er grovmalt el. sammalt mjøl som du får kjøpt på butikken. Det gamle vennesla-ordet for 'grøpp' er **'grøyb'** (s,m).*

gåd (s,n) – aure-yngel, fiske-yngel, kôt (Aasen: Gaatt og Gott).

Døme: Gudongane i Nesane pleid' å fange *gåd* i strøymen nerenfårr Nesodden. *Gådane* bar dei te none småvanne innpå heia dær de ikkje va fisk ifrå før.

'Gådane' (b. fl.tal av 'gåd') uttaler me med tonem 1.
*'Gådane' (b. fl.tal av **'gåde'** (s,f)) blir uttalt med tonem 2.*

gålaus (adj) – tankelaus, gløymsken, distré, som ikkje går (legg merke til) mangt av det som hender omkring ein (Aasen: gaalaus, norr: gálauss).

Døme: "Æ he blitt så *gålaus* i de siste", sa Torstein, " Æ mærk' æ bjønn' å bli gammel!"
Fyrsteleddet 'gå-' er eig. det svake verbet 'gå' som tyder


'anse', 'bli var', 'legge merke til', 'sanse'. Bøying: å gå – går – gådde – gådd .

gålva (adj og adv) – veldig , diger, ovstor, golveleg

Døme:Per va ei *gålva* kjæmpe.
Han va *gålva* stærk.

Ordet er vel perf. part av verbet 'golve' (a-verb). Det tyder ' å slå el. kaste ein i golvet' – og er gjerne knytta til slåsting. Truleg har adjektivet (og verbet) blitt til i eldre tid då det var vanleg at "gålva" slåstkjemper fór bygdemellom for å prøve kreftene på kvarandre.

gån (s,n) – garn, fiskegarn, "ned" (Aasen: Garn, norr: garn, da og sv: garn, ty: Garn, nl: garen, eng: yarn).
Døme: Dei fiska møe mæ *gån* i Venneslafjåoren føritia. *Ollgån* je dei varmaste såkkane.



*"Gån" er ei form med u-omlyd (a > å / ǫ). Ho går tilbake på den germanske forma *garna- (s,n) som opphavleg tydde "snøre av tørka tarmar" og svarar til norr. 'gǫrn' ("tarm").*

gåodåi (adj) – som har stor medkjensle, medynksam; som syner godhug for, goddåig (Aasen: goddaaig).

Døme: "Jåon æ et *gåodåi* mænneske som allti stille opp fårr dæ om noe trist skolle skje".

Andreleddet "-dåi" ('-dåig') i dette samansette adjektivet er knytta til substantivet 'då' (f) som tyder "medkjensle", "medynk"; "godhug" – og til det gammalnorske verbet 'dá' = "ovundre", "beundre", "bli fortrylt av".

gårpe (v)
gårpe – gårpa – gårpa – rape, garpe (el. gurpe), sleppe utatt gjennom munn og nase luft som har samla seg i magesekk og matrøyr (Aasen: garpa).

Døme: Tor *gårpa* længe og indårli då 'an va færi mæ øle.

Ordet heng saman med det gammalnorske substantivet 'garpr' (m) som tyder "hardhaus", "rå og vørdlaus person".

'Garp' var elles ei svivyrdsleg nemning bergensarane i si tid hadde på ein hanseat. – Hanseatane var, som kjent, tyske handelsmenn som hadde hand om det aller meste av handel i Bergen omkring slutten av Mellomalderen. Dei kom frå dei såkalla Hansabyane ved Østersjøen.

Her kan det høve å nemne at ***'Garpe-genitiven'*** *har namnet sitt frå denne perioden og er eit norsk språkfenomen med grunnlag i språket Hanseatane tala (lågtysk).*

*Døme: "**Kven si bok** er dette?" "Det er **Turid si.**"*
Me finn garpe-genitiven brukt i begge skriftmåla våre.

gårr-råden (adj) – gjennomróten (Aasen: gorróten).

Døme: "Æ finn' ikkj' ei einaste potets me kan bruge. Dei æ *gårr-rådne* all' ihåb!"

Det finst mange ord i vm. der 'gårr-' er nytta som forsterkande førestaving, t.d. 'gårrblaud', 'gårrgalen', 'gårrnauden', 'gårrstygg', 'gårrknegen', 'gårrslamp'. "Gårr" (= 'gor' el. 'gørr') som sjølvstendig substantiv har tydingar som 'gjørme', 'søle', 'magevelling'.

H

hal (adj) – som utgjer den eine delen av noe som er delt i to like partar, halv (Aasen: halv, norr: halfr, sv og da: halv, ty: halb, nl og eng: half).



Døme: "Vil du ha *ein hal abbelsin* a mæ?" "Nei, takk! Mæn æ konne tænke mæ *et halt eple* isteden."
Hale bygda va mæ i tåge 17. mai.

*Germ. grunnform til ordet er *halba- (adj).*

harli (adj) – nifs, uhyggeleg, skummel, fæl, hardleg (Aasen: hardleg, norr: hardligr).

Døme: "Se på Birgår! – Han bli så *harli i fjæse* nå 'an æ sinna!"

"D' æ *et harli lass* du he dær, de hølle ju på å tippe!"

D' æ *harli* å gå aleine jænnom skauen ett' at de he blitt mørrt.

harpeis (s,m) – harpiks, seig væske som tyt ut av sår i borken på gran eller furu, kvae (Aasen: Harpeiss).



Døme: Føritia brugte me å ha *harpeis* på såre nå me la på fårrbinninga – så de ikkje skolle sette sæ vont i de.

Ordet har me frå fransk 'harpois' via lågtysk (av lty 'hart' (ty 'Harz') = "kvae" og fr 'poix' (av lat 'pix') = "bek").

haue (s,n) – hovud (Aasen: Haud og Hovud, norr: hǫfuð og hauð, bm: hode, da: hoved, sv: huvud, isl: höfuð, nl: hoofd).

Døme: "D' æ *godt haue* på dænn guden!" (dvs.: "Guten er evnerik").

Alle mannfålkane som va mæ på turen, hadde *snauklyppte haue,*

*Sannsynleg germ. grunnform for dei nordiske formene er *habudá. – For vår form 'haue' føreset dette ei utvikling der både *b og *d i grunnforma har falle.*

*Enkelte forskarar viser til døme på at *b mellom vokalane *a og *u (*-abu-) i ein del germanske grunnformer har falle alt tidleg i utviklinga av dei nordiske formene. – Og venneslamålet har mange døme på at 'd' er ein "svak" konsonant som ofte blir borte som uttalt endingskonsonant (Vestlendingane uttaler som regel slike d-ar).*

*Sannsynleg utvikling: germ. *habudá– > urn. *hauda > norr. hauð > haud / haude /* ***haue****.*

Bokmålsforma 'hode' har me frå bymålet i Køben-

havn – truleg brakt hit opp med nordmenn som i eldre tid studerte ved universitetet der.

Å-lyden 'ǫ' i norr. 'hǫfuð' er ein u-omlydt vokal (a > ǫ).

hauebråd (s,n) – grubling, intens tankeverksemd (Aasen: Hovudbrot).

Døme: "D' æ altfårr møe *hauebråd* fårr mæ å finne ud a sånnone vanskelie spørsmål".

*Eit mykje brukt synonym til "hauebråd" er **"hauebry"**. Andrestavinga "-bråd" kjem av norr. 'brot' som heng saman med det sterke verbet 'bryte' medan "-bry" er eit lån frå lågtysk og heng saman med det lågtyske verbet 'brüden' = "plage, erte, pirre".*

hauekråge (s,f) – det å stupe kråke el. å gjere kollbytte, hovudkråke.

Døme: D' æ måoro fårr ongane å *stube hauekråga* nerøve bakkane i slåttånna.



hauestops (adv) – brått, utan å tenke seg om, uventa, med hovudet føre, hovudstups (Aasen: koma hovudstup, norr: fara hofuðsteypa).

Døme: Pedår *fåor hauestops nerøve trappane* og slåo sæ nesten i hæl.

Måora *kåm hauestops øve* gudongen mæns 'an råoda ette pænge i veska hosses.

Finn *kåm hauestops på* at de va i da han skolle te tannlægen.

hausen (adj) – som tåler mykje, hardbalen, hardfør.

Døme: Tore æ så *hausen* at 'an tåle de utrulie.

Hankj.ordet 'haus' (norr 'hauss'), som tyder "skalle, skolt, hovud", ligg til grunn for dette adjektivet.

***'Haus'** er også nytta i vm: "Dær æ mange slags rare tanke i hausen på dænn karen!"*

*Og ein mann el. ei kvinne som er djerv og tåler litt av kvart, kallar me gjerne **ein hause / ei hause**.*

'Hausen' som b. form eint. av hankj.ordet 'haus' har tonem 1-uttale. Adjektivet her uttaler me med tonem 2.

hauste (v) – rope til ein / ei som er tolleg langt frå der du sjølv er, rope "hau" (Aasen: høysta).



Døme: "Hør! – D' æ none som *hauste på hi sia*. Dei vil væl øve. – Kan 'kje du råo øve og hænte dei?!"

*'**Høyste**' og '**hoiste**' er au brukte i denne samanhengen i Vennesla. Alle tri orda er lydord.*

heljeli (adj og adv) -fælt, frykteleg, ofseleg, veldig, uhyggeleg (Aasen: heljarleg, norr:heljarligr).

Døme: "De va et *heljeli* vêr å vere ude i. De va mæ naua æ kåm fram mæ helsa i behåll!"

Bilane kjøre *heljeli* fårt nå fårr tia!

Som adverb er 'heljeli' brukt til å forsterke adjektiv. Ordet blir gjerne rekna for å vere litt for "kraftig", som ei form for halvbanning, fordi grunnordet er 'Hel', det gammalnorske namnet på dødsriket og dødsgudinna.

helle (s,f) – helde, fotband, reip som blir bunde om framføtene på husdyr, særleg hestar, slik at dei må hoppe av garde med samla bein. Dette blir gjort for at dei skal vere lette å fange når dei har vore sleppte på beite (Aasen: Helda, sv: hälla, da: hilde, lågtysk: helde).

Ordet har me frå lty 'helde'. Det heng saman med det sterke verbet 'halde' (vm: 'hålle') til germ. grunnform

**haldiôn som opphavleg tydde "vakte (halde) buskap". Me har minningar om denne opphavlege tydinga i ord som 'hestehald', 'svinehald' osv..*

Ordet finn me elles att i uttrykket "hoppe i hella", noe me dreiv mykje med då me var born og som tyder å hoppe så langt som råd med samla bein og utan å ta springfart. I idretts-språket heiter det 'å hoppe stille lengde'

Gunnuf Drivenes fortalde at når dei slo høy ved Gustavs Eldhus ved Drivenesvannet, sette dei helde på hesten og sleppte han laus når arbeidsøkta var omme. Men denne helda var laga av eit stutt lekke med ein ring i kvar ende. Ringane kunne låsast rundt føtene til hesten. Helda fekk dei kjøpt ferdiglaga, og ho hadde den fordelen at ho skrangla lydt slik at det var lett å finne hesten om han hadde teke vegen bort i skogen.

Minstebroren, "Todden", som då var ein liten gutunge, tok ein gong av garde på eiga hand slik at foreldra ikkje kunne finne han. Men heldigvis hadde han drege med seg ei av desse heldene, og skranglinga av den hjelpte til at guten kom til rettes.

hellså (adv) – elles (bm: ellers).

Døme: "Me må jårr færi arbeie i da', *hellså* kan me 'kje dra på fisketur i måra tili".

(hin) – hi – (hitt – hine) – den/det/dei andre (norr: hinn, Aasen: hin).

Døme: Bli du mæ øve på hi sia.? – Me he setta ud none fiskegån langs strånna dær."

Me har her med ulike former av eit peikande pronomen å gjere. Dei er alle i vanleg bruk både i skrift og tale. Men i Vennesla-målet nyttar me på ein naturleg måte bare forma 'hi' (f), og det bare i uttrykket "på hi sia" = 'på andre sida av elva'. Derfor er formene 'hin' (m), 'hitt' (n) og 'hine' (pl) sette i parentes. I staden for desse bruker me "dæn/de/dei andre"

hitt te (adv) – bort til, hen til, til ein annan stad enn der ein sjølv er.

Døme: "Me te ein tur *hitt te* Åola og fær' åss ein gåo prat".

Uttrykket har i Vennesla-målet motsett tyding av 'hit' = 'til denne staden her'.

hittårst (adv, superl) – inst, ytst, lengst borte.

Døme: "Du fære dæn *hittårste ståolen*, dær hitte mæ sia Gyro. Då bli du siddanes *hittårst a alle ongdommane* på dæn fysste ståolrækka".

Me ser at superlativforma 'hittårste' fungerer som adjektiv. Sjå nærare om 'hitt-hitte' og 'hittårst-hittårste' under adverba i språkdelen!

hyste (v)
– hysta – hysta – hive ein ting opp i lufta og take han att, huste.

Døme: Jæntongane tykte de va så gøy *"å hyste ball"* oppette veggen på huse. De va et spel som dei konne hålle på mæ heile daen.



hænn te (adv) – bort til, av stad til (Aasen: hen til).

Døme: "Æ ska *hænn* te Nils og låne båden", sa Arne, "æ tru æ kan få fisk på sjeia i kvell!"

Jf. "hitt te" like ovanfor her! Sjå også nærare om 'hænn / hænne' og 'hænnårst' under adverba i språkdelen!

hæra el. **hærane** (adv) – her, på denne staden (Aasen: her, norr: hér).
'Dæra' el. 'dærane' er tilsvarande grammatiske former med tydinga 'der', 'på den staden der borte'.

Døme: "Jåon! – Æ de møe blåbber hos dykken *dæra(ne)*? – – Kåm hellår hænn te åss! – *Hæra(ne)* æ de veldi møe!"

hærle (adv) – temmeleg, ganske, ikkje så reint lite, nokså, monaleg (Aasen:hardla, herlege, norr: harðla).

Døme: "De va *hærle* møe fålk i kjørka i da".
"D' æ *hærle* længe sia æ så dæ sist!"

hør (s,f) – skulder, aksel, herd (Aasen: Herd, norr: herðr, sv dial.: härd, isl og fær: herðar (pl)).



Døme:Snikkåren bere jønne matrialane på *høra* nå 'an jåbbe på byggeplassen.

'Herðar' (isl og fær) er fleirtalsform med tyding "aksler og akselblad med øvste delen av ryggen". Ordet finst bare med slik fleirtalsform i desse språka.

høresjinn (s,n) – barka skinn av småfe til å legge på herdane for å verne dei mot trykket av ei tung bør. "Høresjinne" var gjerne forma slik at det også var lagleg regnvern for overkroppen når du arbeidde ute. Midt på skinnet var det skore ut eit hol til å smyge hovudet gjennom (Aasen: Herdaskinn).



Døme: Jåon fekk lånt *høresjinne* te Bestefar då 'an skolle hænte kjyrane heim i reinvêre.

Hø-øy! (interj) – Hei! Hallo! (sv: Hej!)

Døme: "*Hø-øy*, å ska dykken hæn?"

Dette langdrege "Hø-øy!" var tidlegare typisk å bruke når born eller ungdomar i Vennesla møtte kjenningar på vegen. Ein starta med "høgtone" og enda med "lågtone" når det blei sagt fram. – Kan hende er det sånn den dag i dag? – Eller har det svenskpåverka "Hei!" teke over fullt ut, slik det er mange andre stader?

hå (1. spørjepron, 2. stadadv) – 1. kva , kva for (Aasen: haa, kvat, norr: hvat, sv: vad, da: hvad, bm: hva, eng: what, ty: was).

Døme: "*Hå* æ de du he dær?" "*Hå* ti' kjæme du?" "*Hå* hølle du på mæ nå?"

– 2. kor, kvar (Aasen: kor, kvar, norr: hvar, Vest-Telem.: hår, bm: hvor, sv: var, da: hvor, hvorhen, eng: where, ty: wo, wohin).
Døme: "*Hå* jænge du hænn?" "*Hå (Å hænne)* he de blitt a brællane mine nå, tru? – Og æ vett' 'kje *hå (å hænne)* æ ska leid' ette dei hellår!".

håg (s,m) – hug (Aasen: Hug, norr: húgr, sv: håg, da: hu).

Døme: Han *kåm 'kje i håg* at de va jebursdaen te kåna før seint på kvellen.

Ordet blir fyrst og fremst brukt i uttrykket 'kåmme i håg' = minnast.

håga (adj) – som har lyst til (hug til), som har lyst på, lysten, som er kjønnsleg opphissa (Aasen:hugad, norr: hugaðr).

Døme: "*Æ æ så håga på* no' kjesk i kvell", sa Berte. Ho ståo innmæ komfyren og steikte ei panne mæ beiken.
"Du kan då se at kjyra æ *håga* og må te studen!" sa Gonil te mannen sin då ho va færi mæ målkinga.

hålle (v) – hølle – hålt – hålt – halde (Aasen: halda, norr: halda, bm: holde).

Døme: "Tåone, du hølle dæ godt!" sa Nils, – han kjikka hæn på kåna si.
Pedår *konn' ikkje hålle sæ*, han måtte smage på kaga mæ éi gång!
De *hadde hålt opp* mæ å reine.
"Hå æ de du *hølle på mæ*?"

Les meir om 'hålle' under 7. klasse av dei sterke verba (reduplikasjonsverba) i språkdelen!

håmmår (s,m) – hamar,fjellhamar, bankereiskap til m.a. å spikre med (Aasen: Hamar, norr: hamarr).



Døme: "Je mæ *håmmåren* så æ fære slått i dænnæ spigåren!"

Opphavleg tyding av ordet er "stein" som var den fyrste bankereiskapen menneska nytta seg av. Me bruker framleis 'hamar' i namn på markerte og framståande fjell (fjellhamrar).

Er "Ulsommåren" ved Drivenesgardane eit slikt hamar-fjell ("Ulfs-håmmåren"?)?

hånk (s,f) – hank, handtak på ein kopp, ei gryte, ei mugge osv. (Aasen: Honk, norr: hǫnk, da: hank, lty: hank = "handtak", ty: Henkel = "hank").

Døme: Kåppen datt i gålve så *hånka* jekk a.



*Grunntydinga som ligg til den indoeur. verbalrota *ke(n)g er "vere krokut", "vere krumbøygd". Ord som 'hekte' (v) og 'hake' (s,m) kjem av same rota.*

"Honk", 'hånk' og 'hǫnk' er alle u-omlydte former.

hånnstein (s,m) – hjørnestein i grunnmuren på eit hus, hornstein (Aasen: Hornstein, norr: hornsteinn).

Døme: De jelle om å få støddie *hånnsteine* nå du lage gronnmur a ståor stein.

håodevann (s,n) – godluktande "vatn" som kvinnene dynkar seg med, parfyme.(bm: hodevann).



Døme: Ho dynka sæ allti mæ *håodevann* bag øyrane før 'o jekk ud om lørdaskvellane.

Ordet kan vere ei omlaging av fr. 'eau de lavande' = "lavendelolje". Lavendel er ein plante i leppeblom-familien. Dei vakre blå blomane dannar godangande "olje" som m.a. blir brukt i parfyme.

hårj (s,f) – stor mengd, hop, flokk, haug, horg (Aasen: Horg, norr: hǫrgr) .

Døme: De ståo ei heil *hårj* mæ fålk og vænta på å kåmme inn på kjinoen.

Opphavleg tyding av ordet er "steinhaug". Den norrøne nemninga kom også til å tyde "steinaltar". – Og namnet 'hǫrgr' blei etter kvart hangande på sjølve bygningen der dyrkinga av Åsa-trua gjekk føre seg.

I dag er meiningsinnhaldet utvida til å gjelde 'haugar', 'hopar', 'samlingar' av mange og ulike slag.

Ein kan elles merke seg den palatale uttalen av 'g' som framleis eksisterer hos oss i dette ordet.

håsta (adv) – nesten for (mykje), helst, vel, temmeleg, ganske (Aasen: hoste, norr: hǫlzti og helzti).

Døme: "Dettæ blei *håsta møe* a de gåoe!"

'Håsta' blir nytta til å underbygge / forsterke adjektiv og andre adverb:

"De bli ein håsta lang vei å gå så seint på da'en!"

"Æ tykke de jænge håsta fårt i svingane!"

I

ie (s,f) – straumkvervel, t.d. stad i elvestraumen der vatnet sviv i stor fart og dannar "hol" som strekkjer seg eit godt stykke ned mot botnen av elva, bakevje (Aasen: Ida, norr: iða).

Døme: Nå d' æ fløym i elva, kjæme de fram none fæle *ie* i strøymen.

Rev-ia æ ei bagevje et stykke nerenfårr Nesodden.

i jærkvell (adv) – Gammal seiemåte i Vennesla for 'i gårkveld':

Døme: "*I jærkvell* sadd me og spelte kårt heilt te klåkka øllau (ellve)".

Her har me palatalisering (g > j) og omlyd (å > æ). Dei gamle hadde (og har) palatalisering også i uttrykka "i jår", "i jårmårra", "i jårnått".

Les om talordet "øllau" ("ellve") under bokstaven 'ø' i ordlista!

ikkje (adv) – nektingsadverb som har kortforma *'kje* som me til vanleg bruker etter ein vokal inne i setninga. – Og kortforma *'kj'* får me når nektingsadverbet har vokal både før og etter seg (Aasen: ikkje, norr: ekki, bm: ikke, da: ikke, sv: icke, sv dial.: inte),

Døme: "*Ikkje* vett' æ hå de bli te!"
"D' æ *'kje* no' å snakk' om!"
"Ho æ *'kj'* a dei snillaste damane, akkorat!"

Det gammalnorske 'ekki' (og vårt 'ikkje) har utvikla seg frå eit eldre 'eitt-gi' = "ingenting". 'eitt-gi' er inkjekjønnsform. Tilsvarande hankjønns– og hokjønnsform er høvesvis 'einn-gi' og 'en-gi' = "ingen", "ikkje nokon".
Me finn t-ane i 'eitt-gi' att i t.d. austlandsforma 'itte'.

ikkje de dogga (el. 'ikkje de dogg') – ikkje det minste, ingenting, ikkje det grann (Jf. bm.: "Ikke det dugg!").

Døme: Ho hadd' *ikkje de dogga* ijæn a pængane ho vant i tipping.

Uttrykket har me fått frå svensk "inte ett dugg" som me godt kan omsetje med "ikkje ein doggdrope".
Svenskane har to ord som kjem av same rot som vårt 'dogg', nemleg 'dagg' og 'dugg'. – Dei har litt ulik meining. 'Dagg' er synonymt til vårt 'dogg', – og det svenske 'dugg' = "findroppigt regn", dvs. 'fint regn el. yr'.
Den svenske forma 'dugg' har venndølane teke over temmeleg direkte, men med litt "venneslapreg" her og der:
– For det fyrste så uttaler me den korte u-lyden som trong og kort o-lyd som i 'bokk' (= 'bukk') og 'stonn' (= stund). – For det andre markerer endinga –a i 'dogga' at me har med eit hokjønnsord å gjere – altså same kjønn som vårt "dågg" (nyn: 'dogg'). Samstundes uttaler me 'dogga' med tonem 1, slik me gjer det med den bundne hokjønnsforma "dågga".
Men me skal også merke oss partikkelen 'de' – som eigentleg er den bundne førestilte inkjekjønnsartikkelen 'det' som har kome i staden for den svenske ubundne inkjekjønnsartikkelen 'ett' – Slik samanstilling av inkjekjønnsartikkelen og hokjønnsordet som me møter her,

gjer til at uttrykket får eit framandsleg drag og knyter nektingsordet 'ikkje' fastare til seg for å gje god meining. 'Ikkje de dogga' er såleis spesielt, men det er eit godt fungerande vennesla-uttrykk likevel.

ikkje kon – bare, ikkje anna enn, ikkje meir enn.

Døme: "D' æ *'kje kon* leven og bråg mæ dæn gudongen!"
"Æ he *'kje kon* fæm kråone ijæn i lomma".

Her har me med dansk påverknad å gjere. Me kjenner igjen den gamle danske forma 'ikkun'. Den har same tyding som vårt 'ikkje kon'.
Det danske 'ikkun' er ei samantrekt form av 'ikke uden'.
I dag er bare kortforma 'kun' nytta i dansk språk – og i norsk bokmål. Ikkje minst er 'kun' flittig brukt i butikkreklamane.
Vårt 'kon' er dss. det danske 'kun' uttalt med Vennesla-uttale, og det tyder 'bare'.
'Ikkje kon' burde difor tyde 'ikkje bare'. Men slik er det ikkje. I Vennesla-målet er 'ikkje kon' = "bare".

ikonn (s,n) – ikorn el. ekorn, lite gnagardyr med lang buskete hale (Aasen: Ikorn, norr: ikorni, lat: sciurus vulgaris).



Døme: Onne krigen "skaud" dei ståore gudongane *ikonn* mæ springbørse. Sjinnhandlåren i Byen ga fæm kråone fårr vært *ikonnsjinn*.

Det engelske namnet for ikorn, 'squirrel', har opphavet sitt i dei romanske språka. – Jf. med det latinske namnet!

ikonntapp (s,m) – drope gulblank og storkna harpiks frå lite sår i granborken, Blir brukt som "tyggis", og får då ein raudaktig farge. – Retteleg fin 'ikonntapp' har ein liten søtsmak (Aasen: Ikornknapp).

illa (adv) – værre - værst – uheldig, elendig, dårleg, fælt, vondt, "søndeli" (Aasen: illa, norr: illa, isl: illa, sv: illa, da: ilde).

Døme: "At de skolle gå så *illa* (ille), hadd' æ 'kje tænkt i min villaste fantasi. Ja, de konne ju 'kje gått værre enn detta!"

'Illa' er den "gamle" forma i vm. – Dei fleste venndølane bruker nok 'ille' i staden for 'illa' i dag.

illri (s,f)

– sterke smerter som varer ei kort stund,
– fælsleg sinne som gjev seg utslag i skriking med spark og slag.
– fælt uvêr med frost og snø (Aasen:Illrid).

Døme: Ho fekk ei *illri* så 'o måtte støtte sæ te båore.
Gudongen fekk ei *illri* mæ skriging og sinne.
"De va de værste vêre du skolle ha sett. De va ei årntli *illri*!"

Fyrstestavinga 'ill-' er adjektiv til adverbet 'illa' (Sjå ovanfor!). Dei høyrer heime i dei nordiske språka. Såleis er det engelske 'ill' med tydingane "sjuk", "dårleg", "vond" lånt frå nordisk.
Andrestavinga '-ri' tyder "kortvarig utbrot" t.d. av sjukdom, kjensler, smerter, "intenst uvêr": "Fastelavensria" (Aasen: Rid, norr: hrið).
– Germ. verbal grunnform: 'hriðian' = "ha feber", "skjelve".

ingaleis (adv)

– på ingen måte, slett ikkje (Aasen: ingileid el. ingileides).

Døme: "Turen me legge ud på i da, bli *ingaleis* som turane me hadde i gamle dae".

inneståans (v, pres. part.)

– Uttrykk som fortel om pengar ein har i banken.

Døme: "Pedår he så møe pænge *inneståans* at 'an konne kjøbe hale bygda om 'an ville!"

i sta (adv)

– nettopp, nyleg, for litt sidan; – straks, om litt (Aasen: i stad, norr: í stað).

Døme: "Æ sa de ju te dæ *rætt i sta*! Du æ så gløymsken atte!"

Døme: Vennesla-fjåoren æ ganske *jyb*, – ijallfall dær 'an æ på de *jybaste*.

"Me he ein gåo talår på besøg. Du må kåmme og høre på han! Du vil få mange *jybe tanke* om live mæ dæ heim om du kjæme!"

Her har me eit vennesla-ord som er sett saman av element frå både det norske ordet 'djup' (utt.: 'jup') og det danske 'dyb'.

Merk elles desse orda:

***'jybde'** – avstand mellom overflate og botn i t.d. eit vatn el. ein innsjø.*

***'Jybålen'** – er langsetter elva der ho er på det djupaste og straumen gjeng sterkast. 'Jybålen' svingar og buktar seg nedetter omtrent langs midten av elva.*

***'Jybdalen'** og **'Jybdalsvanne'** er namna som venndølane bruker på dalen og vatnet som ligg i Birkenes kommune aust for sørenden av Ogge. Nemninga på kartet er 'Djupedalen'.*

jæntedalt (s,m) – gut som heng mykje etter (diltar etter) jentene.



Døme: "Per æ litt a ein *jæntedalt*, Han lige møe bær å lege sammen mæ jæntane enn mæ gudane! Æ begrib' ikkj' at 'an gidde!"

jænvårdi (adj) – innvikla, innfløkt, krevjande, vanskeleg; vidløftig (Aasen: gjenverdug = "fordringsfuld").

Døme: "De va då ein jænvårdi skrue! Æ tru 'kj' æ fære løyst 'an!"

"Petra æ uden tvil mellom dei mest jænvårdie damane me he i bygda!"

Ordet har me frå eit eldre dansk adjektiv 'genvordig' = 'som vender imot', 'vanskeleg'.

jømmel el. **ijømmel** (prep og adv) – gjennom, t.d. inn frå ei side og ut på den andre (Aasen: gjenom, norr: gegnum).

Døme: "Jåon kjæme te å ha flyskrækk *jømmel* heile live, tru æ!"

"Gonil he gått *ijømmel* ei fæl ti' ett' at ho mista minsteguden i ei ulykke!"

'Jømmel' er ei heilt spesiell form av ordet.Men me finn ho også i enkelte av grannebygdene til Vennesla. Det er ei eldre form som er lite brukt i dag.

Rotvokalen 'ø' finn ein elles i andre dialektformer av ordet: 'jømon', 'jønom', 'jøno', 'jønå'.

jønne (adv) – gjerne, med lyst og glede (Aasen: gjerna el. gjarna, isl: gjarna, da: gerne, sv: gärna, fris: jerne, nl: gaarne, ty: gern).

Døme: "Æ skolle *så jønne* ha vore mæ te Syden dænna gånga au, mæn æ tru 'kj' æ he rå i år".

Gradbøying: jønne – hellår – helst

*Adverbet her kjem av eit germ. adjektiv *gerna med tydingar som "grådig", " lysten". Dette adjektivet finst ikkje lenger i moderne germanske språk, men i dei gammal-germanske språka var det framleis i bruk, såleis t.d. med den gammalengelske forma 'georn'. Dette kom ikkje ut som adverb hos engelskmennene seinare. Men dei har ei minning om tydinga til adjektivet 'georn' i eit avleidd verb 'yearn' (av germ. *gernijan-) som tyder "hige etter", "brenne av lengt".*

jåo (s,m el n) – kraftig rop som ein gjev frå seg t.d. i skogen for å få kontakt med andre som er i nærleiken, men som ein ikkje ser, 'hoist', 'haust'.

Døme: Pettår hadde gått sæ vill i tåga og ga frå sæ *none fæle jåo* fårr å høre om dær va fålk i nærheden.

Ordet er ei vennesla-form av substantivet 'ljod' (norr: hljóð)**.** *'Ljod' er ikkje lenger i bruk hos oss med den vanlege tydinga "lyd", men har fått si særeigne meining som synt her.*

Som kjent, så uttaler venndølane til vanleg lang o-lyd med tvilyden 'åo'.

jåod (adj) – utspjåka, ufjelg, stygg, fæl (Aasen ljot, norr: ljótr, isl: ljótur, sv dialekt: ljut, Vest-Telem.: jått).

Døme: "Æ tykk' ikkje Berte æ no' fin mæ dæn hatten. Æ tykke hellår ho æ *jåod*.

*Germ. grunnform er *leuta- med den opphavlege tydinga "falsk, uærleg, svikfull" Venneslaforma og alle formene i parentesen ovanfor her er brotne former. Les om 'bryting' i språkdelen av boka!*

jårr (v) – gjere, gjøre, utføre (Aasen: gjera, norr: gera, isl: gera, sv: göra, da: gøre).

Bøying: å jårr – jårr – jåore – he jårt

Døme: *"He du jårt* leksa te i måra? " "*Jåore* du nå som æ sa!? "
"De kan 'kje vere sant at du *he jårt* alt detta arbeie på bare éin time?!"

jårs på (v) – gjere med vilje, gjere på trass, skape seg til (Aasen: gjerast på).

Bøying: å jårs på – jåores på – he jårst på

Døme: Han *jåores på* å sleppe flaska på ein stein så 'o jekk i tusen bede.
"Du bare *jårs på*. Du æ 'kje sjug i de heile tatt !"

K

kagelinna (s,f – b.sg) – mildvêr el. tøyr like før jul mens ein held på med julebaksten (Aasen: Kakelinna, Kaketøyr, Lefsetøyr).

Døme: *Kagelinna* kåm tili de åre. Bestemåor hadd' ikkje bjønt å bage smultringane eigång.

Andreleddet '-linna' høyrer saman med adjektivet 'linn' (Aasen: lin, norr: linr) som m.a. tyder "mild, mjuk, behageleg".

kaklåm (s,m)



– kakkelomn, omn som er sett saman av plater og gjerne bygd opp i fleire høgder (da: kakkelovn, ty: Kachelofen).

I eldre dagar var platene av brend leire, gjerne prydde med glasur på eine sida (kaklar). – I nyare tid nyttar ein plater av støypejern.

Fyrsteleddet 'kakl' som me har frå da 'kakkel' (ty: Kachel), kjem truleg opphavleg frå gr 'kákabos' som var namnet på eit kokekar av brend leire.

kampestein (s,m)

– stor, rundslipt og hard stein som ein finn i morener og ra (Aasen: Kampestein og Kamperstein = "Graasteen, haard Steenart; også om smaa, rundaktige Stene").

karte (v)



– snøye eit tre for greiner og utvekster etter at det er felt, kviste (Aasen: karta).

Døme: Då 'an hadde *karta* fåora, fant 'an fram abærkspaen.

Verbet er avleidd av substantivet 'kart' som også kan tyde "knort", "knute". – Jf. også "kåorte" lengre ut i ordlista!

kasen (adj)

– ute av lage, trøytt, kvalm, uopplagd, slapp (Aasen: kasen, shetl: kasen = sur, ufrisk).

Døme: Ho såv lide om nåtta og va litt *kasen* udøve daen,

Adjektivet er partisipp av det norrøne verbet 'kasa' som tyder «leggje ned el. grave ned i kòs el. dunge». Dette refererer til korleis ein i eldre tid behandla fisk som ein ynskte skulle halde seg i lengre tid så pass at han var etande for menneske (Jf. prosessen som gravlaks og rakfisk går gjennom!).

'Kòs' (norr: kǫs – pl. kasar) er hokjønnsord og tyder «haug», «dunge». Det er avlydsform til det norrøne verbet 'kasa' som er nemt ovanfor. Den opphavlege tydinga av 'kasen' er såleis «sur», «skjemd», «halvroten». Aasen stillte vår tyding av dette adjektivet opp som tyding nr.2 slik:

« – 2) sløv, udmattet, afkreftet, (mest i Spøg). Mandal.»

kastebytte (v) – det at to personar byter ting med kvarandre på slump, – utan mellomlegg og utan å ha granska verdien nøye på tinga fyrst, kastebyte (Aasen: kastebyte).

Døme: Pettår og Jåon *kastebytta* klåkkane sine mæ verandre, og begge pusta letta ud ettepå.

kjadre (v) -snakke fort og støytvis, le og prate på same tid, skravle, mase, sladre, tjadre el. tjatre (Aasen: tjadra).

Døme: «Hå æ de dykken sidd' og *kjadr'* om?»

«En bli så indårli lei a *kjaddåre* te Gorine. Ho æ utruli *kjadren*!»

*Verbet her saman med avliingane **'kjaddår'** (s,n) og **'kjadren'** (adj) kan ein godt rekne som lydhermande ord.*

Det er elles interessant å merke seg det Aasen skriv om kj-lyden i samband med forma 'tjadra':

«Det maa her bemærkes, at «tj» kun i nogle faa Distrikter (Hard. Nhl. Sdm.) bliver tydelig udtalt, da det nemlig i de fleste Egne faar samme Lyd som «kj».

kjambals (s,m) – kamerat, venn, kompis.

Døme: «Hei, *kjambals*! Bli du mæ åss te byen ein tur?»

Dette ordet finst ikkje i noen vanleg norsk ordbok.Det er truleg eit slang-ord som var nylaga i Vennesla ein gong i mellomkrigsåra – eller noe seinare – og var velkjent i kameratflokkane den gongen.

Det er Toralv Askedal som har skaffa ordet til samlinga her.

kjase (v) – skravle og prate i eitt; arbeide og streve utan at ein liksom får gjort noe.

Døme: «Jårr dykken ikkje ant enn å *kjase* nå dykken kjæme sammen?»
«Nå he æ *kjasa* og mast mæ detta heile daen uden å kåmme noen vei!»

'Kjas' *(s,n) er ei avleiing til dette verbet. Det har tydingar som «tomt snakk», «masete strev», «person som har snakketøyet i orden og pratar som ein foss om alt og ingenting». – Ein slik person blir også kalla «ein* ***kjasekåpp****».*

kjasse (v) – vere ureinsleg, vere likeglad om ein skitnar til kring seg (Ross: kjasse).

Døme: «Trænge du å *kjasse* sånn fårrde om du rænske fisk?».

Avleiingar til dette verbet er m.a. ***'ei kjasse'*** *(= ei ureinsleg og ufjelg kvinne),* ***'ein kjass'*** *(= ein motbydeleg og ureinsleg mann) og* ***'et kjass'*** *(= noe som er ufyseleg og klissent).*

kjasseli (adj) – klissen og våt, skitten, ureinsleg, motbydeleg, ufyseleg.

Døme: Vêre bli *kjasseli* nå de ringne fårr møe!
«Dær va så *kjasseli* på hytta. Dei hadd' ikkje jårt reint på allri dænn ti!»

Adjektivet 'kjassen' – 'kjassent' er synonymt med 'kjasseli' og båe er avleidde frå verbet 'kjasse'.


kjeftesmelle (s,f) – éin / éi som kjeftar og skjeller ut med høg røyst – og har dette som vane, kranglefant, pratmakar, sladrekjerring.

Døme: Ho prøvt' å onngå å møde Pedår fårrde 'an va ei *kjeftesmelle* som likt' å rakke ner på fålk.

Ivar Aasen har i ordboka si ført opp tri nemningar som er gode synonym til vårt 'kjeftesmelle'. Dei kjem frå

ulike kantar av landet og har alle 'kjeft-' som «forstaving» : 'Kjeftause', 'Kjeftauk(j)e' og 'Kjeftaure'. 'Kjeftause' er det mest kjende av dei i dag.

kjellårhals (s,m) – trong trappenedgang frå utsida av eit hus og inn i kjellaren (Aasen: Kjellarstrupe).



Døme: De va fint fårr bånnane å spele ball i trappane i *kjellårhalsen*.

kjosse (v) – rote, lage uorden, ikkje halde orden på tankane, vere forvirra, tuste (Ross: tjusse).

Døme: Dei *kjossa* længe før dei fekk ud alle fiskegånane.

«Æ tykke du *kjosse* fælt mæ detta reinestykke! – Fære du d' ikkje te?»

*Avleiingar til dette verbet: **'kjosse'**(s,f) (= noe som er samanfiltra, tuste, usse; kvinne som er fæl til å rote), **'kjoss'**(s,m) (= mann som har problem med å klare seg i ulike praktiske situasjonar, **«kjossekåpp»**), **'kjoss'**(s,n) (= uorden, virvar, rot).*

kjosseli (adj og adv) – planlaus, meiningslaus, tungvinn, rotete, forvirra.

Døme: De blei ein *kjosseli* da. Dei fekk 'kje jårt hallparten ei gång a de dei hadde tænkt å jårr.

– Han snakka så *kjosseli* fårrde 'an hadde slotta å bruge heimedialekten sin!

kjossen (adj) – som er fæl til å rote og lage uorden, som ikkje greier å halde orden på tankane sine.

Døme: Tåone he allti vore litt *kjossen*. Ho he probleme mæ å hålle ården på tingane sine.

«Tykk' ikkje du Jåon he blitt meir *kjossen* ett' at 'an mista kåna si? – Han he nåkk fått møe å tænke på, stakkar!»

kjuring (s,m) – gjætar; hjuring, hyrding (Aasen: Kjuring og Hjuring, norr: hirðingi, sv. dialekt: höling).

Døme: Siggur va *kjuring* fårr Vennesla-bøndane fleira somre på rad. Han hadde mellom fem-og-tyve og trædve kjyre å passe på.



*Norrønt har også forma 'hirðir' v.s.a. 'hirðingi' for dette ordet. 'Hirðir' kjem av germ. *herdija. Til same stamma høyrer sv. 'herde', da. 'hyrde', eng. 'herd' og ty. 'Hirte' – alle med tydinga «gjætar».*

Hirðir' har i dag ingen «etterkomarar» i norsk mål med denne tydinga, men bokmålet har teke opp i seg den danske forma 'hyrde'.

Dei norske formene 'hyrding', 'hjuring', 'kjuring' og det svenske dialektuttrykket 'höling' viser alle tilbake mot norr. 'hirðingi' (glsv. hirþinge') som er avleidd form.

kjyr (s,f) – ku (Aasen: Ku, norr: kýr).



Døme: Litago va ei grei og fin *kjyr* som ga møe mjælk.

I gammalnorsk (norrønt) er begge formene 'kýr' og 'kú' eintalsformer. Gammalnorsk har kasusbøying med fire kasus (nominativ, genitiv, dativ og akkusativ) – slik det også er i tysk i dag. 'Kýr' er den gammalnorske forma i ***nominativ eintal****. 'Kú' er tilsvarande form i* ***akkusativ eintal****.*

Når venndølane såleis seier 'ei kjyr', så brukar dei ei eintalsform som dei har arva frå gammalnorsk.– Det må elles nemnast at gammalnorsk også har forma 'kýr' i fleirtal. Der seier venndølane 'kjyre'.

Ordet blir bøygd etter dei vanlege reglane for hokj.ord i vm. mens nynorsk har former med i-omlyd (u > y) og samandraging i fleirtal:

vm: ei kjyr – kjyra – kjyre – kjyrane
nyn: ei ku – kua – kyr – kyrne

kjyving (s,m)

-støyt eller slag med neven mot kroppen eller hovudet (Aasen: Kyving = «Nedtrykning»)

Døme: «Nå må du vere fårrsikti mæ hå du seie te Morten! – Ellårs fær du dæ ein *kjyving*!»

Ordet heng truleg saman med adjektivet ***kuv*** *= nedtrykt, nedbøygd og verbet* ***kuve*** *= trykke el bøye ned, gjere kuven – og er i tilfelle ei i-omlydt form.*
På Voss har dei ei dialektform 'kyvling' med same tyding som ordet vårt her.

kjærv (s,m)

– bunt, knippe, kjerv (Aasen: Kjerv og Kjerve, norr: kerf og kerfi).

Døme:Onne krigen lagte me mange *lau-kjærve* te krætture, helst a åsp og eig.

Ordet har i-omlyd (a > æ/e) og høyrer saman med verbet 'karve'= «skjere i smått» (ty 'kerben', nl 'kerven' og eng 'carve' (utt.: ka:v)) .

kjølslå (v)

– å varme opp ei drikke så pass at kjølden (kulda) i ho ikkje er så ubehageleg lenger.

Døme: Måora *kjølslåo* mjælka før dei minste bånnane skolle drikk' 'o.

kjøregar (s,m)

– kyrkjegard (Aasen: Kyrkjegard, bm: kirkegård).

Dette er ei ordform som «dei gamle» brukte. Men ho syner at 'gard' var den opphavlege nemninga i vm. for eigedomen der bonden budde.
I dag brukar venndølane ordet 'kjørkegår' i staden for 'kjøregar'.

kjørke (s,f)



– kyrkje, gudshus, samfunn av kristne (Aasen: Kyrkja, norr: kirkja, sv: kyrka, da: kirke, ty: Kirche, eng church).

Ordet kjem av gr. 'kyriakón' som eig. er eit adjektiv med tydinga «som høyrer Herren til» (av gr. 'kyrios' «herre»).

kjørkefålk (s, mengdeord)

– 1. Folk som er på veg til gudsteneste i kyrkja.
– 2. Lokalt namn på stemorsblom, «natt og dag» (viola tricolor).

Døme: – De va follt a *kjørkefålk* langs veien dæn sønda'n då dæn nye præsten skolle preke fårr fysste gång i Vennesla kjørke.
Ongane plokka *«kjørkefålk»* så Bestemåor konne få litt å pønte mæ i staua.

kjørrmaule (v)

– Ete t.d. brødmat utan å ha drikke innåt, tørrmaule(Aasen: turrmaula).

Døme: Pettår sadd og *kjørrmaulte* et halt brø før kaffien kåm på båore. Han va solten som ein skrobb.

'Kjørr' er sett saman av element frå 'tjurr' og 'tørr' (Aasen: turr, norr: þurr).
Verbet 'maule' blir ofte brukt vulgært. Det fortel gjerne om uvyrden og grådig eting. Det kjem av same rot som 'mule' som er nemning for munn' hos enkelte dyreslag (Sjå nærare om 'maule' lengre ut i ordlista!).

kjånne (s,f)

– kjerne; frø som finst inni frukt som eple, pærer og ulike steinfruktslag (Aasen: Kjerne,norr: kjarni, sv: kärna, da: kerne, ty: Kern).

Døme: «De va et nydeli eple! Æ åd de opp mæ *kjånne* og *kjånnehus* og alt!»

'Kjånnehus' *= «hus» med stive «veggar» midt inni eit eple t.d.. 'Kjånnehuse' gjev vern til 'kjånnane' fram til dei er mogne.*
'Kjånne' blir i vm. brukt som nemning for frø som finst i ulike frukt– og berslag: 'eple-kjånne,' 'abbelsinkjånne', 'bringeberkjånne', 'jåorber-kjånne' (– som er festa til overflata av jordberet).

klodre (v)

– skjemme ut t.d.ei side i skriveboka med strekar og likeglad skriving, rable (bm: kludre, lty:kluteren).

Døme: «Læråren bli sinna viss du *klodre* i bøgane!».

klomne (v) – bli delt i to, rivne, sprekke, bli kløyvd (Aasen: klovna, norr: klofna, sv dial: klovna og klumna, da: kløvne).

Døme: Ho hadde så vont i haue at 'o trudde de skolle *klomne*.

'Klomne' er eit ***inkoativt verb,*** *dvs. verb som fortel om ein byrjande overgang frå éin tilstand til ein annan. Gjerningsord som 'rivne', 'svartne', 'somne', 'vakne', 'jamne', 'hemne' er inkoative verb (frå lat.****inchoare*** *= «byrje, take til»).*

klådre (s,f) – usse av hår som ikkje er til greie ut

Dæme: Håre hosses va follt a *klådre*. De så 'kje ud!

klåo (s,f) – skarp nagl på tåspissen hos rovfuglar og rovdyr, klo (Aasen: Klo, norr: kló, sv: klo).

Døme: D' æ ingen som he så skarpe *klønne* som katten.

Ordet høyrer heime blant hokjønnsorda som endar på rotvokalen i ub. eint. og har litt spesiell bøying i vm.: ei klåo – klåoa (el. 'klåona') – klønne – klønnane

knausekule (s,f) – lita, mangefarga og gjennomskinleg glaskule som borna får å leike med. Blir m.a. brukt til å spele 'knaus' (el. 'femstein'), klinkekule.



Døme: *Knausekulane* he lett fårr å trælle vekk så du ikkje finne dei ijænn.

knegen (adj) – gjerrig, gniken, småleg, som ikkje kan dele godene med andre (Aasen: knekjen, gniken).

Døme: «Gå 'å *knegen* du æ! Ska du ha *alt* fårr dæ sjæl!?»

'knegelus' *er vår lokale nemning for 'gnikelus', 'gjerrigknark'.*

kneipe (v) – springe barbeint i nysnøen.

Døme: «Då de kåmm nysnø, fekk ongane lov te *å kneipe*. De va spennanes! – Og så blei du så varm og gåo på beinane ettepå!»

Her har me eit vennesla-ord der me held på den harde konsonanten 'p' sjølv om han kjem mellom to vokallydar i innlyd. Les om årsaken til dette under språkprøvene bak i boka!

kneskjøll (s,f) – ovalt forma senebein som dekkjer sjølve kneleddet, kneskål, kneskjel (Aasen: Kne-skjel, norr: knéskel, bm: kneskjell).

Døme: Han slåo knee så stygt at *kneskjølla* sprakk.




Rotvokalen i andreleddet '-skjøll' er truleg ein i-omlyd o>ø av ***skjǫl*** *(s,f). – I Alf Torps «*Nynorsk etymologisk ordbok*» er dette ordet presentert med fylgjande tekst: «***Skjǫl*** ***f*** (haardt, ytterste lag, f.e. emalje på tand, ytterste rand av hov, Tel, *skjoll* Seljord). Vilde være gno. **skjǫl*. Beslegtet med s k j e l og med gno. s*kjall n* hinde (bak eggeskallet)».

'Skjøll' finn me elles som fyrsteledd i ***'skjøllsand'****, – som er vennesla-nemning for eit produkt som inneheld mykje kalk i form av skjell frå skalldyr i havet. Produktet nyttar ein som jordbetrings-middel i landbruket.*

knisegraud (s,m) – Når ungane er i slikt humør at dei knisar og småler og har det gildt saman heile tida, seier me til dei: «Æ tru dykken he ede knisegraud i da'!».

knivskapt (s,n) – handtak på ein kniv, knivskaft (norr: knifsskepti).



Dei gamle venndølane brukte lydkombinasjonane 'ps' og 'pt' ein god del der me seinare har fått kombinasjonane 'fs' og 'ft', t.d. i orda «løpse» = lefse, « jipte sæ» = gifte seg, «lopt» = luft, «låpt» = loft.

Og framleis seier me «opsedråbane» («ops» = ufs), «kvilerøpt» («røpt» = rift = kort tidsrom, dvs. 'ei lita rift av tida') og Heptekjerr («hepte» = hefte, dvs. 'stanse

opp og bli verande ei stund') – her namn på eit kjerr der «kjuringane» let «krætture» bli verande ei tid for å beite det saftige graset som voks der.
Lydkombinasjonane 'ps' og 'pt' i desse døma har me som arv frå det norrøne språket. 'Skapt' og 'skepti' er både gammalnorske nemningar for inkjekjønnsorda våre – 'skaft' og 'skjefte'. Rotvokalen 'e' i 'skepti' / 'skjefte' er ein i-omlyd a>e. Omlyden finn me au i verbet 'å skjefte' = å setje skaft på (ei øks t.d.).

knøe (s,f) – deigklump som er passe stor å kna, knôde (Aasen: Knoda, norr: knoða, Setesdal: knøde).



Døme: Ho hålt på mæ ei gåosli *knøe* som 'o skolle lage smultringe a.
Jf. ***'knø'*** *(v),* ***'knøtrau'*** *(s,n) og* ***'knøost'*** *(s,m).*

kogle (s,f) – kongle, blomsterstand hos bartre (Aasen: Kongla og Kokul, norr: kǫngull, da: kogle, Evje – Hornnes: kåkle).



Døme: Granskauen va foll a *kogle (kångle)* i fjåor, og gudongane kjénte gåoe pænge på å pele *frøkogle (frø-kångle)* te planteskulane.

I vm. er ***«kogle»*** *og* ***«kångle»*** *synonyme ord som båe høyrer heime i dialekten vår. Men etymologisk har dei litt ulikt opphav:*
Kogle, kåkle, kokul osv. er former som truleg høyrer saman med t.d. tysk 'Kugel' = «kule» og svensk (dial.form) 'kokkel' = «klump».
Kångle og kongla heng saman med norr. 'kǫngull' som opphavleg hadde den vidare tydinga «klase».

komne (v) – kovne, kvelast, miste pusten, kjøvast, kvamne (Aasen: kovna, kvamna og kvavna, norr: kafna og kvafna, isl: kafna, sv dial: kvamna, da (jysk): kvavne og kvovne).

Døme: Han låo så 'an hålt på *å komne.*

Mange venndølar ville truleg nytte forma 'kåvne' i staden for 'komne' i dømet her. Slik «vingling» har me også


når det gjeld variantane 'omn' / 'åvn' og 'somne' / 'såvne' – med lydovergangen trong og kort 'o' > kort og open 'å' i rotvokalen.

konsti (adj) – småpen og nusseleg, barnsleg og nydeleg, fin og god.

Døme: «Lille Pedår æ allså så *konsti* mæ ny matrosdræss og ny lue!»

Her har adjektivet 'kunstig' fått rett venneslauttale med særeigen, lokal tyding. Når venneslafolk bruker 'kunstig' med allment innhald, er uttalen «kunsti»: «Sånn kunsti oppførsel ser bare dommt ud!»

koter (s,n) – kvarter = 15 minutt, korter (Aasen: Korteer, eng: quarter).



Døme: Dei gamle sa: «Klåkka æ tri *koter* i fire». I dag seier me: «Klåkka æ kvart på fire».

Lat. 'quartus' ligg til grunn for ordet. Me har fått vår form «koter» via eldre dansk 'korter'.

kraune te (v) – kome seg av ein sjukdom (saman med litt klage og syting), friskne, kråne (Aasen: kraana).

Døme: «I da' kåmm Finn sæ ændeli ud a sænga. Nå ser de ud som 'an *kraune te*».

'Kraune' tyder 'syte', 'klage' i normert norsk, og 'kråne' tyder 'kome seg', 'friskne'. – Det ser ut til at venndølane med «kraune te» har fått eit uttrykk som inneheld både det 'å friskne' og 'å syte', – noe som høyrest svært så naturleg ut.

kræe (s,f) – samling av fiskar som er trædde inn på ein kvist eller ein taustump for at ein skal kunne bere dei med seg.
– namn på sjølve kvisten som fisken blir trædd inn på (Aasen: Kræa = «Krog eller Kvist at hænge Fisk paa»).



Døme: Tore hadde mæ sæ heim ei foll *kræe* mæ småaure som han hadde fått på beidemakk neri strånna.

krækseli (adj) – motbydeleg, ufyseleg, vemmeleg, til å bli kvalm av (Aasen: krekseleg, Ross: krekseleg, Rauland: kråsleg).

Døme: «Romme va innmari *krækseli* mæ gamle madrasse som lokta fælt».

'Krække' (f) *blir brukt som nemning på kvinne som er ureinsleg og ufjelg.*

kræsen (adj) – som er nøye på kva han/ho et, – som liker bare enkelte og bestemte matslag (Aasen: kræsen , Ross: kræsen = «svagelig og blødaktig»).

Døme: «Åola æ veldi *kræsen*. Han ed' ikkje ant el' brø mæ smør og sokkår på».

I dømet ser me at den jamstellande konjunksjonen 'eller' («el'») i vm. også kan fungere som samanliknande konjunksjon (– kjem i staden for konjunksjonen 'enn').

krættur (s,n) – kyr, kveg, krøter (Aasen: krøter, norr: kreatýr, eng: creature, lat: creatura = «skapning»).

Døme: Siggur jætte *krætture* fårr Vennesla-bøndane i mange år.

Det latinske verbet 'creáre' (= «skape», «forme») ligg til grunn for vennesla-ordet her.

Oldtidskyrkja brukte det i tydinga «danne el. skape noe av ingenting». Denne tydinga nytta den engelske kyrkja til å lage sine nemningar 'The Creator' («Skaparen» el. «Gud») og 'The Creation' («skapinga av verda» – slik Bibelen skildrar ho).

I norsk er t.d. orda 'kreere' (v), 'kreativ' (adj), 'kreasjon' (s,m) og 'kreativitet' (s,m) danna av det latinske verbet.

krøsskaste (v) – å slenge det ein beinet framom og over det andre når ein svingar på skeiser, å slenge krossvis over hinannan (Aasen: krosskasta).

Døme: Rolf va veldi flink te å sjeise. Han konne *krøsskaste* både te vænstre og te høyre.



'Krosskaste' er nok den forma som blei brukt i Vennesla tidlegare, for ho var også vanleg i andre bygder i det indre av Agder. Stadnamnet 'Krossen', som er namnet på eit gammalt vegskilje litt nord for kjøpesenteret Trekanten, seier oss at 'kross' var også eit vanleg vennesla-ord i si tid.

Fyrsteleddet, 'krøss-', i det omhandla ordet her ser ut til å ha blitt endra etter påverknad av nemninga 'kryss'. Både 'kross' og 'kryss' kjem opphavleg av lat. 'crux'. Forma 'kross' (s,m) kom til landet vårt i gammalnorsk tid via England eller Irland. 'Kryss' (s,n) kom hit via Tyskland.

– Venndølane bruker ofte kort 'ø' der normert norsk har kort 'y': 'sønge', 'pønte', 'løst', 'bøtte', 'tønn', 'krøss'.

'Et /ein 'krøss' (el. 'et kryss') har teke over funksjonen som 'ein kross' hadde tidlegare i vm.. I dag seier me «veikrøss» (el. «veikryss»). – Me har likevel ei viss vingling når det gjeld «krøss», – er det inkjekjønnsord eller blir det oppfatta som hankjønnsord og såleis er ein ekte etterkomar til «kross» i vm.?

'Kross' har elles tydinga 'kors' (i bibelsk meining) både i normert nynorsk og i mange dialektar.

krå<u>m</u>bu (s,f) – butikk, landhandel med mange slag småvarer, krambu (Aasen: Krambud).

<u>Døme:</u> «Du fære de bårtpå *kråmbua*, Dær he dei så møe rart».

Jf. ***'kråmkar'*** *(Aasen: Kram-kar) = ein kar som dreg rundt til bustadhusa og sel små kvardagsting som han ber med seg i ein koffert eller ein ryggsekk – og* ***'kråm'*** *(Aasen: Kram, norr: kram) = små kvardagslege bruksting som er til sals.*

kråon (s,f) – krå, krok, kro, ro, hjørne i eit rom (Aasen: Kraa, norr: krá, kró, ró og vá, da: vrå, sv: vrå).

<u>Døme:</u> Han setta sæ bårti *kråona* mæ ei gåo båg.
Ho va nøye mæ å vaske godt i alle *krønnane*.

Formene i parentesen ovanfor kjem av germ. **kranhõ*



*eller *wranhõ som båe tyder «krumming», «vinkel». Stadnamn som Vrå (Telem:), Vå (Telem.) og Ro (Agder) – eller samansette namn med desse som grunnord (t.d. Vrådal, Våland, Rodal) er truleg danna av desse nemningane.*

Bøying: ***ei kråon – kråona – krønne – krønnane***

køpti (adj) – stram, strak, flott og spenstig, som er rett i ryggen og ser kry ut.

Døme: Per så så *køpti* ud i dæn nye unifårma si.

kålljyb (s,n) – Der det er så djupt vatn at ein ikkje kan sjå botnen, koldjup (Aasen: Koldjup).

Døme: Ændeli hadde Ingri lært å sømme så 'o vågte sæ ud på *kålljybe*.

Ordet fungerer også som adjektiv: «De kan 'kje nytte å fiske mæ flua dær vanne æ ***kålljypt****».*
«Me fiska mæ beide dær tjønna va ***kålljyb****».*

kåorte (s,f) – umoge bær el frukt, kart (Aasen: Kart (m), Kort (m) og Korta (f), Ross: Kort (m) og Korta (f), norr: kartr, sv: kart).

Døme: Ongane åd så mange *eple-kåorte* at dei fekk vont i magen.

Forma 'Korta' hos Aasen er funnen i Setesdal og i Telemark (Vinje). Det er nok same forma som vårt 'kåorte': Det er hokjønnsord og har lang 'o' som rotvokal. I vm. blir denne uttrykt med diftongen 'åo'. – Aasen gjev 'Korta' slik forklaring: «Multebær (udvoxet, men ikke ganske fuldmodent) –. – – Korta er ogsaa et lidet Traadnøgle.» (Traadnøgle = «garnnyste»).

Ross gjev 'Korta' bare forklaringa «lidet Traadnøgle». Men han har funne ordet med denne tydinga også i Nedenes og Smålenene (Østfold). I Oslo-området er dialektforma iflg. Ross «Kaate».

Hokjønnsordet 'korte' er ikkje teken inn i vanlege norske ordbøker.

L

labr (s,n) – stivna, gelé-aktig og gjennomskinleg kjøtkraft som ein får når ein t.d. lagar «suss» (Aasen: Lap, Ross: Labr, da (jysk): læbber).

Døme: *Labre* lå og skalv på beden før 'an beid te. En skolle tru de va rædd fårr dei stærke tænnane hanses.

langsammeli (adj) – langvarig og kjedeleg (Aasen: langsamleg, norr: langsamliga).

Døme: Somti he me none *langsammelie* møde på bedehuse.

larinde (s,f) – kvinneleg lærar, kort form for den gamle nemninga 'lærarinde'. Forma blei brukt på Vennesla skule før «frøken» fekk innpass.

Døme: «*Larinda* ga åss bestandi et salmeværs i lekse». «*Larinda!* – Æ fære ikkje te dettæ reinestykke!»

lasteskåd (s,n) – brattheng eller fjellskrent der ein sender tømmeret utfor.

Døme: «Me sænte ti tølte udfårr *lasteskåde mæ Bommebekken* på éin da!»

Tradisjonelt bruker venndølane ordet 'last' synonymt med 'tømmer'.Det gjeld au i ein del samansette ord som t.d. 'lastehåggår', 'fåorelast', 'skurlast' – og 'lasteskåd'.

*Ordet **'last'** har tysk opphav med m.a. tydinga 'ladning på skip '. Den norrøne forma er 'lest' som i vår tid er kjend som gammal måleeining for lasteevna til ei skute.*

lausbeden (adj) – om fisken når han bare er så vidt borti agnet utan å bite skikkeleg til, lausbeitt (Ross: 'lausbeitt' og 'lausbiten').

Døme: Fisken va så altfårr *lausbeden* dæn kvellen. Gudongen fekk ein heil hau mæ napp, mæn bare tåo fiske!

lausmonna (adj) – laus på munnen, flåkjefta, – fæl til å prate om alt og ingenting, – som seier ting ein helst burde halde for seg sjølv, – som er fæl til å sladre, lausmynt, lausmunna (Aasen: 'lausmynt' og 'lausmunnad', da: åbenmundet).

Døme: Dær va ingen som tårte betru sæ te Bjørn fårrde 'an va så *lausmonna*.

lausmålka (adj) – om kyr som er svært lette å mjølke, lausmjelt, lausmjølka (Aasen: 'lausmjelt' og 'lausmylkt', Ross: 'lausmjølk' og 'lausmolka').

Døme: Då Berit lærte sæ å målke, måtte ho prøve sæ på «Branndåkka», fårr «Branndåkka» va så *lausmålka* at mjælka bjønt' å rænne mæ éi gång Berit tåo i pattane.

led (s,m) – farge, fargenyanse, kulør, let el. lett (Aasen: Lit, norr: litr, da: lød, Grimstad-/Arendalsdistriktet: lødd, sv dial.: 'lit' og 'let').

Døme: «*Æ* lig' ikkje *leden* på såkkane. Ellårs æ di greie nåkk.»

Fjæse hosses sjifta *led* då ho hørt' at 'o hadde vonne dæn ståore pængepremien.

Truleg hadde ordet tydinga 'andletsfarge', 'utsjånad' opphavleg. Såleis blir 'lød' forklart med desse orda i ei moderne dansk ordbok: «– den farve som noget har, især om menneskers hudfarve.» Jf. 'annled' lengre framme i ordlista!

*Formene i parentesen går tilbake på germ. *wliti- (s,m) som i sin tur er danna av eit germ. sterkt verb *wlítan (norr: inf. 'líta' – pret. 'leit' = «sjå – såg», «få auge på – fekk auge på»). Jf. andreleddet i 'raudleitt' (bm: rødlett)!*

leg (s,m) – ei form av ordet 'leik' som nok har blitt til etter påverknad frå dansk, kan hende via bymålet i Kristiansand. Forma 'leg' finn me i barnemiljøet fyrst og fremst, men me kjenner også ordet 'selskabsleg' godt.

Døme: «Kåmm, så ska æ lære dykken ein ny *leg*!»

Elles kjenner me godt til orda 'tereleik' og 'årreleik' i Vennesla-målet. Desse gamle nemningane syner nok at 'leik' er den opphavlege forma for 'leg' i dialekten vår.

lekkeblom (s,m) – lokalt namn for planten løvetann (gr. 'leontodon'), mest brukt av borna (Aasen: Lekkjeblom).

Døme: «Hær æ de mange høge og fine *lekkeblome*! Ska me lage none lange lekke te å ha ront halsen?»

Stilken på løvetann-planten er hol som eit røyr og smalnar av mot toppen. Borna lagar ringar av desse stilkane ved å stikke den tynne topp-enden inn i den romslegare botn-enden. Når ringane etter kvart blir smøygde i kvarandre, får ein til slutt eit lekke som kan hengast rundt halsen. Sånn har namnet 'lekkeblom' blitt til.

libbe (s,m) – kjælenamn eller kallenamn på sau, lubb (Aasen: 'Libba', 'Lubb' og 'Lubba', norr: lubba = svær, rund torsk, sv: lubber = treg og tjukk kar).



Døme: «Kåmme då *libben*, så ska du få mad!»

'Libbe' er dialektform som høyrer heime på Agder der ho erstattar hankjønnsorda 'lubb' eller 'lubbe' som me finn i dei offisielle ordbøkene med tydinga 'lubben skapning' ,oftast om dyr. Men 'lubbe' er også hokjønnsord og tyder då 'lubben jente' eller 'lubben kvinne'.

lid (s,f) – tidspunkt, augneblink,lit (Aasen: Lit, norr:litr = tid).

Døme: Han sprang de 'an konne fårr å røkke tåge og fekk slængt sæ på *i siste lida*!

Jf. 'li' el. 'lide' (v) = «gå» (om tida): «De li' alt langt på da'en».

ligfår (s,f) – gravferd, likferd, gravfølge, «begravelse» (Aasen: Likferd, norr: 'líkferð' og 'líkfǫr').

Dette er eit ord som «dei gamle» brukte, og som kjem av den gammalnorske forma 'líkfǫr' ('fǫr' = ferd, reise. Det høyrer saman med det sterke verbet 'fara').

ligge (v) – liggje (Aasen: liggja, norr: liggja).

Døme: «Æ he 'kje følt mæ no' gåo i de siste, – så æ he leie (lågge) pal i heile da!»

Dette sterke verbet har tri ulike partisippformer i Vennesla-målet, ei eldre form 'leie' og to yngre 'lågge' og 'ligge'. Det blir bøygd slik:
å ligge – ligge – lå – he leie / lågge / ligge

(Sjå nærare om 'ligge' under 5. klassa av dei sterke verba i språkdelen!).

lime (s,m) – bunt med bjørkeris som er bunden saman til ein kost for feiing i fjøs, på låve og i tun. Kosten er somtid festa rundt eit treskaft (Aasen: Lime, norr: límonly).



Døme: «Kan 'kje du ta *limen* og feie fjøsgålve fårr mæ, – så æ du ein grei gud!»

lise (s,f) – lindring, lette, lite opphald i smertene (Aasen: Lisa, norr: lísing, eldre dansk: lise = ro, kvile; dovenskap).

Døme: Medesinen værka fårt. Ho fekk ei lida *lise* før 'o bjønt' å værke værr' enn før.

Ordet kjem frå det lågtyske adjektivet 'lise' = roleg, sakte, stille.

livlåort (s,m) – lokal og vulgær nemning for 'innvollar'. Kan t.d. bli brukt av ein gutunge som er svært sinna.

Døme: «Viss du ikkje passe dæ, kjæm' æ te å slå *livlåorten* ud a dæ».

loks (adv) – beint, direkte, lukt, raskt og rett fram, utan vidare (Aasen: lukt).

Døme: Ho va så fårrtvila at 'o sprang *loks* på elva.
Han fåor *loks* ner i avgronnen.

'Lukt' er perf. partisippform til det norrøne verbet 'lykja' = 'avslutte', 'ende'.

'Loks (el.'luks') er ei form me finn på Agder fyrst og fremst. Ho er «etterkomar» av norr.'loks' (adv) = 'til slutt', 'endeleg', 'omsider'.

Dette adverbet er eig. norr. genitivform av substantivet 'lok' (s,n) = 'ende','slutt' og kjem truleg frå uttrykket 'til loks'= 'heilt', 'fullt ut' (preposisjonen 'til' styrte genitiv i norrønt, jf. 'til fjells', 'til havs' osv. i moderne norsk).

Ordet blir gjerne brukt om bråe og dramatiske avslutningar.

lomsk (adj) – skummel, upåliteleg, uberekneleg, listig, lumsk (Aasen: lynsk og lønsk, Ross: lymsk, norr: lymskr, sv: lömsk).

Døme: «Pedår æ ein *lomsk* mann. Du vette allri hå du he 'an hænne!»

'Løsmk' *er ei anna form som me bruker i Vennesla. – Me har kan hende fått ho frå det svenske 'lömsk' som har same meining som vårt 'lomsk'.*

'Løsmk' kan i visse høve au ha ei positiv tyding 'flink', 'dyktig' i vm: «Du æ jammænn løsmk! At du skolle greie de dær, hadd' æ allri trudd!»

lure (s,f) – ein «porsjon» lort som t.d. kua legg frå seg medan ho beitar (Aasen: lura, norr: lúra),skitklatt.



Døme: Litago la frå sæ *ei lure* midt i tuna heime.

'Mannelure' er nemning i vm. for skitklatt frå menneske.

lysgråo (v) – å legge settepoteter i sollyset innomhus, t.d. i eit vindauge, tidleg om våren – for å få fram kraftige groer som gjer at potetene skyt raskare opp når dei har kome i jorda.
Bøying: lysgråo – -gråo – -grådde – -grådd

Døme: Dei he *lysgrådd* settepotetsane i alle år. Då fære di fram *nygrådde* potetse veldi tili.

læbete (adj)



– om kjolekant som er ujamn slik at tøyet heng lengre ned her og der rundt kanten når du har kjolen på (Aasen lepputt).

Døme: «Kjåolen din æ *læbete*, Turid! Du må få stelt 'an før me jænge te kjørka!»

Her har me med dansk påverknad å gjere. Adjektivet 'læbete' har det danske substantivet 'læbe' (= 'lippe') som utgangspunkt.
*Germ. grunnverbal er *lep som tyder «henge ned».*

læden (adj)

– som lagar mykje låt el. læte, – som har lett for å ta til tårene når ein ikkje får viljen sin (– helst om såkalla bortskjemde born).

Døme: «Sånn ein læden onge! Han grine ju fårr ingenting!»

Det sterke verbet 'låte' (norr:láta) ligg til grunn for dette adjektivet. Rotvokalen har i-omlyd å > æ.

låortesogge (s,f)

– vulgært og nedsetjande namn på ei kvinne som ikkje kan halde det reint ikring seg, og som er svært ureinsleg med seg sjølv.

Døme: «Æ lig' ikkj' å bli bedt te båors dær i huse, fårr kåna æ ei låortesogge», sa Jens.

lårje (s,f)

– gammal, stygg og vasstrekt pråm med flat botn, lodje, lorje.

Døme: Finn tårt' ikkje legge ud på fjåoren i dæn gamle *lårja* som han hadde lånt a Åola.

Ordet kjem av russisk 'lodija', ein type elve– og kystfartøy som blei brukt i pomorhandelen. Pomorhandelen var ein bytehandel som gjekk føre seg mellom norske og russiske kystbuarar i Finnmark og Nord-Russland frå omlag 1750 og til starten av fyrste verdskrigen (pomor = «kystbuar»).

M

maddlei (adj) – utan lyst på mat av eit bestemt slag, som har mista matlysten, matlei (Aasen: matleid, norr: matleiði (s,m) = ulyst på mat).

Døme: Somti ede me så møe sødsage at me bli *maddleie* fårr ei stonn.

makkeståkken (adj) – som er «stukken» av insektlarver, makketen.



Døme: «Dænna potetsa æ *makkeståkken*. Se dæn krækselie, gule og stive makken dær!»

mare (s,f) – tilstand av redsle i samband med ein vond draum, person som masar og plagar heile tida (Aasen: Mara, norr: mara).

Døme: «Du hadde visst *mara* i nått, Signe. Du bar dæ så fårrfærdeli i sømne!»
«Håll opp, Truls! Du æ ei *mare* sånn som du drive på og plage mæ!»

Frå gammalt er Mara oppfatta som eit overnaturleg kvinneleg vesen, t.d. eit gjenferd, som om natta set seg på brystet til ein som søv, og rir av stad (Jf. 'mareritt'!)

marodår (adj) – småsjuk, litt dårleg, uvel, lemster, maroder (via ty 'marode' (adj) = «uvel», «sjuk» frå fr 'maraud' (s,m) = «kjeltring», «slyngel»).

Døme: «Æ æ så *marodår* i da at æ tru 'kj' æ kan på arbei'».

Det franske substantivet 'maraud' er også grunnlag for 'marodør' (s,m) som er nemning for ein soldat som lest

vere sjuk og difor legg seg etter avdelinga si for å plyndre sivilbefolkninga.

masti (adj) – trassig, styrlaus, eigenrådig, mastig (Ross: 'mastig' og 'mastrig', lågtysk: 'mastig' = sterk, mektig, stolt; feit , gjødd, oppfora).

Døme: «Æ ska seie gudongen he blitt *masti* ette vært. Æ kan 'kje rå mæ 'an længår!»

Dette adjektivet er ikkje å finne i nyare (rettskivings)ordbøker korkje på nynorsk eller bokmål.

Hos oss er det fyrst og fremst knytta til Agder og Setesdalen. Men det finst i søraust-svenske dialektar med tydinga 'frodig' (om korn) og i eldre dansk der det tyder 'modig', 'mektig'.

Me har ordet frå lågtysk der 'mastig' er danna av substantivet 'Mast' som har to ulike tydingar: 1. mast (skipsmast), lang stong – og 2. oppfeiting, gjøding; kraftfor.

Ein talar då om oppfeiting av og kraftfor for grisar.

Frå gammalt var eit viktig kraftfor for grisar nøtter 190

ketre.

Adjektivet vårt representerer såleis opphavleg eigenskapane både hos mastetrea og hos frukten desse ber fram.

I si tid kom adjektivet på folkemunne til å stå for – i overført tyding – eigenskapar som galdt mektige, kravstore og velfødde lokale herskarar (Jf. dei lågtyske tydingane i parentesen ovanfor!).

maule (v) – ete mat av eitt slag, ete «bart» utan å ha drikke innåt (Aasen: maula, isl: maula, sv: mole = ete tjurt brød, ty: maulen = surmule, furte, henge med lippa).

Døme: Me fekk lov te å maule så møe pølse me årka. D'æ nydeli å maule rosine!

Jf. ty Maul (s,n) = «kjeft», det tyske uttrykket «Halt's Maul!» – og verbet 'kjørrmaule' lengre framme i ordlista!

maun (adj)



– moden el. mogen, fullt utvikla (Aasen: mogen, sv: mogen, da: moden).

Døme: «Æ lure på om blåbberane æ *maune* alt, me he hatt så gåo varme i de siste».
«Pærane æ alt *øvemaune*. – Dei æ 'kje te å ede længår.»

'Maun' bruker venndølane som eigenskapsord for bær og frukt. Men me seier t.d. «ei moden kvinne», «i moden allår», «skulemoden».

merakkels (s,n)

– uforståeleg hending, under, mirakel (lat: 'miraculum' (s) av 'mirare' (v) = «undre seg»).

Døme: «D'æ då et *merakkels* at de jænge væl!», seie dei i Vennesla om ei nestenulykke.


mjøllen el.

– lett, tørr og laus (t.d. om snø), lett som mjøl, mjølen (Aasen: mjøllen, **møllen** (adj)norr: mjǫll (s,f) = mjøll el. mjell, «tørr nysnø», sv: mjäll (s,n) = «flass», «fin og laus snø»).

Døme: Kers Pink æ ein potetsslag som gje gåoe og *mjølne (*el. *mølne)* knålle te midda'smaden.

*Indoeuropeisk verbal grunnrot er *mel som står i avlydsforhold til det sterke verbet 'male' = «knuse til pulver» (bøying: male – mel – mol – male). Ei rekke velkjende ord i språket vårt har utvikla seg frå dette verbalet og er såleis i slekt med 'mjøllen', t.d. desse substantiva: 'mølle', mold', 'malm', 'mjøl', 'mølje' – og det svenske 'moln' som tyder «små spreidde godvêrsskyer».*

moffe (s,f)



– Kort «sylinder» av pelsverk el. tjukt ullstoff til å stikke båe hendene i når det er kaldt vêr, muffe. 'Muffe' er også fagnamn på ein 'røyrskøyt'.
(Aasen: Muffa (s,f) og Muffel (s,m) = 'halvhanske', 'hanske utan 'fingertuppar', ty: Muff el. Muffe = 'hylster', av lat. muffula = 'pelshanske').

Døme: Onne krigen lagte dei *moffe a kaninsjinn* både te jæntane og damane. Gudane og mannfålkane hadd'

igronnen ikkje brug fårr sånn no'. Dei he som regel ikkje tålmåodihed te å hålle nevane inni *sånn ei moffe* lange stonna a gånga. De passe møe bær fårr mannfålkane å stelle mæ *moffe som du sjøyde røyr mæ*!

mogl (s,n) – Muggsopp som ein ofte finn på ulike matslag, t.d. på heimelaga syltetøy og saft., mygl el. mugg, skimmel (Aasen: Mygla (s,f), norr: mygla (s,f), sv: mögel, da: mul).

Døme: Dær va *mogl* på tåppen a saftflaskane. Kårkane hadd' ikkje vore årntli tette.

moske (s,f) – garnlykke i eit strikketøy el. eit hekletøy, maske, maske i fiskegarnet (Aasen: Moske, norr: mǫskvi, ty: Masche, eng: mesh).

Døme: Helga æ så fæl te å miste *moskane* og spøda nå 'o strikke, og då bli ho lei a heile bonningen.

Dei fiska mæ *småmoska gån* i åna. Då fekk dei uhårveli møe småfisk!

*Ordet er truleg av germansk opphav med verbal grunnform *meskw = «knytte».*

Om 'bonning', sjå lengre framme –, og om 'spøde' lengre ute – i ordlista!


møe (s, adj og adv) – mykje el. mye, stor mengd, i høg grad (Aasen: mykje, norr: mikill (adj) og mjǫk (adv), sv: myket, da: meget).

Døme: Arne tykt' 'an *fekk møe* fårr pængane. Mæn måora visst' at *møe* jekk opp i røyg.

«Dær va *møe fålk* i kjørka på sønda'», sa Pedår då 'an møtte præsten.

Gradbøying: møe – meir – mest

mønsås (s,m) – Den øvste bjelken eller åsen oppunder mønet på eit hus (Aasen: Møneås).



«Se! Bjarne ballangsere langsette *mønsåsen*! Æ tykk' ' an æ heilt galen!» sa søståra hanses som beundra ståorebråoren veldi, «han ska visst legge på *mønesteinane*».

møssmårr (s,n) – nedkokt, skilt mjølk som er tilsett bruna sukker og litt mjøl, myssmør. Blir brukt som pålegg.


Døme: Kan du 'kje smør' ein *møssmårr-bede* te mæ?» sa gudongen då 'an kåmm inn te måora, «æ æ skrobb-solten!»

møyge (v) – gjere mjukare, møykje, mykje (Aasen: møykja el. mjuka, norr: mýkja).

Døme: «Nå ska 'an *få møygt sæ*! – D'æ 'kje spøg å hågge last!»
Pianisten må *møyge fingrane* før 'an bjønn' å spele.

*Adjektivet 'mjuk' (bm: myk, norr: mjúkr, vm: mjug) ligg til grunn for ordet. Germ. verbal gr.form er *maukian = 'gjere mjuk').*
I-omlyd au > øy.

mærj (s,m) – merg, substans av feit masse inst i knoklane, kjerne, kraft, styrke (Aasen: Merg, norr: mergr, bm: marg, sv: märg, da: marv).



Døme: De va nydeli å su ud mærjen a beinane nå di lagte suss!
«Dær æ mærj i dæn karen!»

Her er igjen eit døme på palatalisering i Vennesla-dialekten, dvs. at 'g' blir uttalt som 'j'.
'Mærj' er ei gammal vennesla-form som er lite i bruk hos oss i dag. Dei fleste nyttar no bokmålsforma 'marg'.

mårje (v) – vere iherdig, halde på, halde på med eitt og det same utan å gje seg, mare, murke, maure (Aasen: mara, norr: mara, sv dial.: móra).

Døme: Per *mårja og arbeidde* frå tili om mårraen te seine kvellen.
«Æ tænke Tårkel *fære mårja a sæ* nå 'an ska te mæ lastehågging!»

mårrbakke (s,m) – bakke som under vatnet går skrått nedover frå ei

grunne til koldjupt vatn, marbakke (Aasen: Marbakke, norr: marbakki el mararbakki).

Døme: Me sette gånane akkorat dær *mårrbakken* bjønne. Dær fære me allti fisk.

Forstavinga 'mårr-' kjem av norr. 'marr' = «hav», «sjø». Jf. ord som 'mareflyndre', 'marhalm', 'marekatt', 'marulk' osv..

N

nadi (adj) – flink til å passe på sitt, gjerrig,, nask, natig, grisk, nærig, naten (Aasen: naten, da dial.(Bornholm): nadog.

Døme: «Æ trudd' ikkje du va så nadi. Du kan ju 'kje onne andre no'n ting!»

narrvoren (adj) – som har ein tendens til å oppføre seg narraktig og tåpeleg i enkelte situasjonar, narrvoren.

Døme: «Sjæl om Jåon æ reint fårr å vere ein klåg mann, så æ 'an no' *narrvoren* ei gång iblant».

Andreleddet '-voren' i dette samansette ordet er perf. part. av 'å vere' (hankj. / hokj.-form).

nasekrim (s,m) – snue, «naseforkjølelse» (Aasen: Krim = forkjøling, isl: krim = slim).

Døme: Heile loktesansen va fårrsvonnen fårrde 'an hadde fått *nasekrim* om nåtta.

Jf. 'krimsjuk' som tyder 'forkjøla'.

naube (v) – be inntrengande og lenge, trygle, naudbe (Aasen:naud-bidja).



Døme: Ho *nauba* di om ikkj' å ta båne frå 'o.

Bøying i vm: å naube – -be – -ba – -bedd

ner (adv) – ned, frå eit høgare til eit lågare nivå (Aasen: ned, norr: niðr, da: ned, sv: ned el. ner, ty: nieder, nl: neder el. neer).

Døme: «Me va på vei *ner* Drivenes-kleivane – – – ».

Me ser at vm. har 'r' i dette ordet der skriftmåla våre har 'd'. Denne r-en finn me i den norrøne forma 'niðr' I det tyske 'nieder' har dei halde på både d-en og r-en. Det har også hollendarane gjort i forma 'neder', medan 'neer' lydleg er identisk med vårt 'ner'. – Svenskane har både 'ned' og 'ner' som skriftmålsformer.

*Sannsynleg germ. rotform er *niþara- .*

nogge (s,f) – (ei minste) skramme, skrape, ripe, (eit minste) fnugg, nogg (Aasen: Nogg (s,n)).

Døme: «Dær finst 'kje *nogga* på bilen min sjæl om æ he hatt 'an i fleira år!»

«Dær æ 'kje *nogga* ijænn a heile stasen!»

Ordet heng saman me det sterke verbet 'nygge' = få små skader ved skubbing, gniding, smågnaging, gnissing. Bøying av verbet (nynorsk): å nygge – nygg – nogg – nogge

nogra (s,f) – tilstand då ein er svært uroleg og fer hit og dit tilsynelatande utan mål og meining.

Døme: «En skolle tru du hadde fått *nogra* i da! Hå æ de du springe og mas' ette?»

Ordet høyrer heime på Agder.

'Nogra' er bunden eintalsform. Me finn ei ubunden eintalsform 'nokr' hos Hans Ross. Men ei slik er snautt i bruk hos venndølane i dag.

«Nogra» heng elles saman med verbet 'naukre' el. 'nokre' som m.a. har tydingane «streve el. slite for hardt» og «skjelve av veikskap».

Ivar Aasen skriv i kommentarane sine: ««Han naukra se for mykje» om en som arbeider mere, end han har godt af».

nærkåne (s,f) – kvinne som står nær og hjelper til ved fødslar, jordmor, nærkone (Aasen: Nærkona, norr: nærkona).

Døme: Dei reinte Gonil som ei gåo *nærkåne*. Dei sænte allti bu' på ho nå ei a kånane i nabolage skolle ha lide.

nøre onne (v) – tenne opp i vedkomfyren for t.d. å koke kaffi.

nøre på – legge ny ved på glørne i bålet eller i komfyren (Aasen: nøra, norr: nœra).



Døme: «Nå må æ visst opp og *nøre onne*», sa gamle Jakob støtt nå 'an vångna om mårraen.

Han måtte stadi *nøre på* udøve kvellen. – Hær va kalt og stjærneklart øve skauen og tjønna dær dei øvenåtta.

'Nøre' er eit verb som ikkje er i vanleg bruk i Vennesla – anna enn i faste uttrykk som vist her.

Ordet tyder «styrke», «kveike», «gje næring til» og er av same rot som verbet 'å nære'.

Som substantiv har det t.d. meininga «småved el. bjørkenever til tenning av eld».

Det er også blitt nytta som norsk nemning for 'oksygen' – t.d. i nynorske lærebøker.

nøte (adj) – nære på, så vidt, på hogget, på nære nippen.

Døme:»De va *nøte*! – Æ va sikkår på æ skolle ha gått uddfårr!»

'Nøte' er inkjekjønnsform av 'nøten' som m.a. har tydinga «som er nøye avpassa», «som er i nøyaktig balanse». 'Nøten' er lite i bruk i vm. i dag. Det ser ut til at bruken av ordet er avgrensa til inkjekjønnsforma i eit fast uttrykk, slik dømet syner.

nått (s,f) – natt, mørkaste tida på døgnet (Aasen: Natt, norr: nátt el. nótt).

Døme: «Æ he 'kje såve i heile nått. – Æ æ gårr-trøytt!»

Bøying:ei nått – nåtta – nette – nettane

nåttvår (s,m) – 1. namn på eit av sakramenta i den kristne kyrkja, innstifta av Jesus kvelden før han blei krossfest, nattverd. 2. eldre nemning for kveldsmåltid, kveldsmat (Aasen: Nattverd, norr: náttverðr el. náttvórðr el. nótturðr, sv: nattvard, da: nadver).

'Nåttvår' er ei eldre vennesla-form som går tilbake på det gammalnorske 'náttvórðr'. Ho er ikkje lenger i bruk i vm. korkje som nemning for sakramentet eller for kveldsmåltidet.

I dag nyttar me forma 'naddvær' når det er tale om nattverds– sakramentet. Ho er ein variant av den danske forma.

Og når kvelden kjem, «ede me kvellsmad».

nåvår (s,m) – navar, kraftig borereiskap som dei nytta til å bore hol for jernlekke i endane av lastestokkar som skulle brukast til bom eller tømmerlense (Aasen: Navar el. Naavaar, norr: nafarr).

Døme:De va møe arbei å lage *nåvårshål* te ein dobbelbom som strækte sæ frå Nesådden te Måsei'lanne!

'Nafarr' er sett saman av dei norrøne nemningane 'nǫf' = «nav» og 'geirr' = «spyd» [–fleirtalsformer til 'nǫf' er 'nafar' el. 'nafir']. Opphavleg tyding på 'nåvår' er eigentleg «spiss reiskap til å lage hol til hjulnavet med».

O

obstanasi (adj) – som har sterk eigenvilje, som ikkje er til å rå med, stri, trassig, obsternasig.

Døme: «Gudongen he blitt så *obstanasi* i de siste at me ikkje længår kan rå mæ 'an».

Ordet er ei omlaging av lat. 'obstinatus' som kjem av verbet 'obstinare' = «å vere stri og stivnakka».

omfar (s,n) – omgang; mål for storleiken på maskene i eit fiskegarn (Aasen: Umfar) .

Døme: Aurane i Vennesla-fjåoren æ så små at me må bruge gån mæ firåtyve omfar fårr å få di!

omikjoss (adv) – i eit einaste rot, hulter til bulter (Ross: 'tjusse' (v) = rote, vere forvirra, tuste).

Døme: «Nå æ de på ti'e at du fære rødda opp. Alt du eie og he ligge ju *omikjoss*!»
Han va heilt på kneane så vont hadd' 'an de, og tankane hanses fåor *omikjoss* heile tia.

Jf. elles orda 'kjosse', 'kjosseli', 'kjossen' og 'kjossekåpp' lengre framme i ordlista!

onne (prep) – under, på undersida, motsett av 'over' (Aasen: under, norr: undir).

Døme: Dær æ 'kje møe ly *onn'* ei gran nå de reine længe.
Dær va møe potetse *onne* risane i år.

Som kjent, så uttaler venndølane til vanleg den korte u-en i skriftmålet som kort 'o'. Derfor er mange av orda under bokstaven 'o' her ord som i skriftmålet har former med førebokstaven 'u'.

onnebåor (s,n) – bord (planke) som ligg under ytreborda på ein vegg med ståande kledning.



Døme: Me konne bruge mange a dei gamle *onnebåorane* då me sjifta klænning på udhuse.

onnseli (adj) – blyg, sjenert, smålåten, beskjeden, tilbakehalden (bm: unnselig).
Døme: Marie va så *onnseli* at 'o jekk lange omveie fårr ikkj' å møde fålk!

Ordet tyder eigentleg «som ser vekk frå». Det har låg-tysk opphav.

onntagen (prep) – ikkje medrekna, med unntak av, unnateken / unnateke (bm: unntagen, da: undtagen).

Døme: Alle bånnane, *onntagen* Per, konne sømme.

Ordet er eigentleg perf.part.form av det danske verbet 'undtage'.

onnår (s,n) – overnaturleg gjerning el. hending, nifs hending el. ulykke som utruleg nok endar godt, under, mirakel (Aasen: Under, norr: undr, da: under, sv: under, eng: wonder, ty: Wunder, nl: wonder).

Døme: Bibelen fårrtele at Jesus jåore mange *onnår.* «Torleif datt så stygt i håppbakken at de va et *'onnår'* han ikkje drab sæ!»

*Her har me eitt av orda som i dei nordgermanske språka har mista framlyden 'w' (Jf. dei nordiske og dei mellom-europeiske formene i parentesen!) Germ grunnform : *wundra- = «undring», «det å undre seg».*

opphallsvêr (s,n) – vêret ein får når det sluttar å regne eller snø, opp-haldsvêr.

Døme: «Ændeli va de blitt *opphallsvêr* så me konne kåmme åss ud!»

Ordforma «opphallsvêr» er ført opp i ordlista til gamle lærar Olav Hagen og blei brukt av dei gamle venndø-lane.

Ordet har tri stavingar og er sett saman av to sub-stantiv som er knytta til kvarandre med ein s-genitiv: 'opphall-s-vêr' (nyn: opphald-s-vêr).

I dag bruker dei aller fleste venndølane ordforma 'opphållsvêr' i dette høvet. Endringa frå gammal til ny form finn me i andre stavinga (-hall- > -håll-).Denne stavinga er eit substantiv. Formene er høvesvis danna av det nynorske verbet 'halde' og det danske verbet 'holde'. Det nynorske verbet 'halde' (uttalt 'halle')har altså vore

i vanleg bruk i Vennesla tidlegare. Nå seier me 'hålle' som kjem av den danske forma 'holde' som også er den vanlege forma i bokmål.

Om me bøyer desse tri formene 'halde' (nyn), 'hålle' (vm.) og 'holde' (bm), er skilnaden mellom sterke og svake former tydeleg:

å halde – held – heldt – halde
å hålle – hølle – hållt – hållt
å holde – holder – holdt – holdt

'Halde' er sterkt bøygd, 'holde' er svakt bøygd .

Vennesla-forma 'hålle' har sterk bøying i presens ('hølle') og svak bøying i preteritum og perfektum partisipp ('hållt'). Formene med svak bøying har dansk opphav. Den sterke presensforma er ei fornorska venneslaform med omlyd (o > ø), tonem 1-uttale og svarabhaktivokal (tilleggsvokalen -e).

Den gamle venneslaforma 'halle' har sannsynlegvis hatt ei bøying som svarer til den nynorske, men med dei språkelementa som ligg naturleg i dialekten – assimilasjonen ld > ll og svarabhaktivokal i presensforma, slik: å halle – helle – hellt – halle

Me ser at både den eldre presensforma 'helle' og den yngre 'hølle' har omlyd (henholdsvis a > e og o > ø) + svarabhaktivokal. Den einaste reelle endringa er overgangen av rotvokalen frå e til ø som er eit resultat av at infinitiven har fått den danske forma 'holde' («hålle») i staden for den norske 'halde' («halle»). For omlydsvokalen til a er e , og omlydsvokalen til o er ø (såkalla i-omlyd).

Dette dømet saman med fleire andre døme på bøying av sterke verb i Vennesla-målet viser at presensformene av sterke verb som regel er meir motstandsdyktige mot ytre påverknad enn dei andre bøyingsformene av desse verba.

oppsetsi (adj) – som set seg opp mot ein eller annan autoritet, sjølvrådig, ulydig, trassig (ty: aufsässig).

Døme: «Skolle du ha sett sånn *oppsetsi* gudonge!? Dær he fårælrane noe dei kan bryne sæ på».

Ho mærka fårt at non' a jæntane i dænn nye klassen va veldi *oppsetsie.*

ops (s,f)



– ufs, bratt overhengande fjellskrent, nedre kant av eit hustak, takskjegg (Aasen: Ufs, norr: ups).

Døme: Dær va ei stygg *ops* nerenfårr dær fjelklatråra va.

Grase grådde fræsst udøve *opsa* på de gamle huse.

opsedråbe (s,m)

– drope som fell frå takufsa eller takskjegget, ufsedrope, takdrypp (Aasen: Ufsedrope, norr:upsadropi).

Døme: Ho fanga *opsedråbane* i ei balje så 'o hadde vann te å sjylle klæane i. Så slapp 'o å bruge brønnvanne.

Frå gammalt av hadde venndølane p-lyden i ord som 'lopt', 'låpt', 'løpse', 'knivskapt', 'jipte sæ'. – P-en er i dag skifta ut med f slik at det nå heiter 'loft', 'låft', 'lefse', 'knivskaft', 'jifte sæ'.

Det er der konsonantkombinasjonane ps og pt stod mellom to vokalar i innlyd og etter vokal i utlyd i desse orda at endringa har skjedd. Men framleis står altså p-en i 'ops' og 'opsedråbe'.

Og 'Heptekjerr' var opphavleg ikkje eit byggefelt, men eit kjerr med godt gras der hjuringane stoppa opp, brukte tid, 'hefta' for at kyrne skulle få beite seg ferdig.

'Heptekjerr' er elles eitt av døma i dialekten vår på at gamle språkelement som regel blir ståande i namn og faste uttrykk.

osse (s,f)

– t.d. samanfiltra tull med garn, vase, floke (Aasen: Ussa).

Døme: Fiskegånane lå i ei einaste *osse* i bonnen a båden – folle a småfisk. – Han grudde sæ te å rænske dei.

osse sæ (v)

– bli samanfiltra og rotete; bli forvirra.

Døme: «Tøymen *ossa sæ* så æ ikkje fekk fiska i de heile tatt!»

Tankane he lett fårr å *osse sæ* nå en ska seie no' i ei fårr-samling.


P

pagge sæ (v) – kose og stelle vel med seg sjølv.

Døme: «Se 'an! – Nå ska han rækti *pagge sæ*. – Sette sæ inn i sofakrågen mæ ei gåo båg, ei kolaflaske og ein påse mæ pianødde!»

Ordet har truleg samanheng med 'bagge' (norr: 'baggi') som er nemning for ein tjukk, velfødd og klumpete skapning el. person.

pal (s,m) – stoppebolt el. – hake som hindrar eit gangspel i å gå i revers (Aasen: Pal, nl: pal , eng: pawl).



Døme: Nå fåsskarane brugte gangspele te å sveive inn bommane mæ, hørte du *palen* klikke måod tænnane på tannjule *(jf. 'pal' (adv) nedanfor!)*.

pal (adv) – urørleg, bomfast, heilt stille.

Døme: «Jåon æ gårrdåven. Han he leie *pal* i heile da!» «Dænna skruen æ 'kje te å få løyst. Han sidde *pal*!»

Ordet er eit lån frå hollandsk (frisisk) 'pal' eller 'pall' og det engelske 'pawl'. Ordformene har kan hende blitt til i sjøfartsmiljøa i desse landa når dei brukte gangspel om bord i skipa – t.d. for å hive anker.

Ein veit ikkje for visst kvar ordet opphavleg kjem frå, men kan hende det er avleidd av eit gammalindisk 'bala' som tyder «kraft». (Jf. 'pal' (s,m) ovanfor!).

papper (s,n) – papir,stoff av samanfiltra plantefibrar som er valsa ut til tynne flak (Aasen: Papir, norr: pappir, sv: papper).

Døme: På Honsfåss lage di mange slags *papper.*

Denne forma av ordet – med uttaletrykket på fyrste stavinga – vil ein nok høyre mest mellom folk som er knytta til Hunsfoss, kan hende på grunn av påverknad frå svensk som elles har ei form som er svært lik den gammalnorske.

Venndølane seier elles for det meste 'papir' – med trykk på andre stavinga. Ordet kjem av det greske 'papyros' og har kome til Skandinavia via latin og tysk.

pebbår (s,m) – pepar, det mest kjende og mest brukte krydderet ved sida av salt, laga av fruktene til planteslekta 'piper' (Aasen: Pipar, norr: piparr, bm: pepper, lat: piper, gr: peperi).

Døme: «Du må 'kje ha så møe *pebbår* i maden! – De bli fårr stærrt fårr bånnane».

Ordet kjem opphavleg frå orientalske språk.

peise (s,f) – skolm el. belg på erteplanten (Aasen: Pesa, Setesdal og Telem.: peskje, gml. eng: pease, lat: pisum = «ert»).



Døme: «Du kan sjønne at ongane må få lov te å ede så møe *ærtepeise* dei bare vil. D' æ sunn mad!»

peise på (v) – drive hardt på, vere iherdig.

Døme: Dei peiste på oppøve bakkane så svetten rant.

Verbet er avleidd av 'peis' som er namn på eit slag svepe. Det kjem av det lågtyske 'pese' som er nemning for kjønnslemmet hos store hanndyr som t.d. oksar.Dette lemmet er brukt til å lage svepe av, svepe som sjølvsagt blir nytta til å få fart på hestane t.d..

pele (v) – plukke, sanke; pirke, fingre med (Aasen: pila, sv: pela el. pilla, Grimstad-området: pille, nl: pelen, lat: pilare = «dra ut hår»).

Døme: «D' æ måoro å pele tyddeber nå d' æ rødt oppøve bakkane!»
«D' æ 'kje no' gåosli mæ fålk som pele sæ i nasa!»

Verbet har kome til oss via lågtysk av lat. 'pilare'.

pele sæ vekk (v-uttr) – forsvinne, bli borte, «pitla seg vekk» (vestl. dialekt: pitla = «gå med stutte steg», «trippe»).

Døme: «Nå må du se å *pele dæ vekk.* Du æ så i veien atte!»

Uttrykket blir gjerne nytta for å få småborna or vegen slik at dei ikkje hindrar vaksne i arbeidet, – eller for at borna sjølv ikkje blir skadde.

pinegran (s,f) – seintveksande gran som t.d. stend i myrkanten, under andre tre eller på karrig mark.



Døme: Dær æ tidt ein gåo del jogl i *pinegrane.*

pjoskeli (adj) – pjuskete og småsjuk, urven, ugreidd og ustelt, uopplagt. Om dyr: – som har dårleg pels.

Døme: «Æ æ litt *pjoskeli* i da. Mæn nå he æ tatt et par tablette. – Æ fær' håbe de jælpe!»
Mons va blitt *pjoskeli* og stygg ette all slåstinga mæ nabokatten.

plondre (v) – ha problem med å gjennomføre arbeidet du held på med, streve, bale, plundre (Aasen: plundra).

Døme: Per *plondra* og sjaua mæ dæn gamle bilen heile da'en.


Den opphavlege og vanlege tydinga av verbet er 'plyndre', 'røve'.Det gjeld sv: 'plundra', nl: 'plunderen', eng: 'plunder', ty: 'plündern'. Desse språka har ikkje laga verbavleiingar med innhald som svarar til det norske 'plundre' (vm: 'plondre').

'Plyndre' er dansk form som er adoptert av båe dei norske målformene med denne opphavlege tydinga.

Her har norsk såleis to verbformer avleidde av same rot, men med tolleg ulikt innhald, – den eine med i-omlyd (u>y), den andre utan slik omlyd.

Formene er eit lån frå lågtysk 'plunderen'.

pløse (s,f)



– skinnlapp som ligg under snøringa på ein sko. – Skinnlappen som ein legg steinen i på springbørsa (spretterten); – hudpose, blemme, blære (Aasen: Pløsa, sv: pløs, eldre da: pløs).

Døme: «D' æ ei plage nå pløsa legge sæ i rynke oppå vrista».

«Pløsa på springbørsa haddee gått isønn så æ måtte sjere ud ei ny ei a ein gammel skåo».

Ho hadde follt a pløse på ryggen a all såolinga.

Jf. ***'pløsete'*** *som er adjektiv i vm. til ordet her. – 'Pløse' kjem av lågtysk 'pleuse'.*

plåstår (s,n)



– plaster, hefteplaster (Aasen: Plaaster, norr:plástr, sv: plåster, eng: plaster = plaster, gips, kalkblanding til murpuss).

Døme: En legge *plåstår* på såre fårr å få de te å gråo.

'Plåstår' er ei gammal Vennesla-form av ordet.Den har rotvokalen 'å' som svarar til 'á' i den gammalnorske forma. I dag seier venndølane 'plastår'. Men framleis kan ein høyre folk som talar om «å plåstre et sår». Då har me verbforma av ordet.

Ordet er svært gammalt, og den eigentlege og opphavlege tydinga er «deigliknande masse til å smørje på sår». Det er lånt frå lat. 'emplastrum' som igjen kjem frå gr. 'emplássein' som tyder «å forme».

pokka (adv)

– heilt, ganske, fullstendig – i uttrykket «pokka nødt».

Døme: Han va *pokka nødt* te å få opp potetsane før snøen kåmm!

Ordet er perf. part. av verbet 'pokke' el. 'pukke' som tyder «mukke, knurre, stå på sitt, ikkje gje seg».

Verbet 'pukke' med tydinga «slå, knuse stein» kjem av same rota. – Lån frå ty 'pochen' = «banke, slå, hamre på sitt, pukke på sitt».

porken (adj) – vriden, vrang, tverr, sur, purket (sv: purken, = sur, gretten, norr: purk (s,n) = 'gjerrigskap').

Døme: «De kan 'kje nytte å spør Nils om jælp. Han æ så *porken* at!»

Jf. elles ***purk*** *(s,m) = «vrang og sur person» og «nedsetjande nemning på politimann» – og* ***purke*** *(v) = «vere motvillig, furte».*

potets (s,f) – potet, jordeple (Aasen: Poteta, sv: potatis,nl: potaat, spansk og italiensk: patata, portugisisk: batata).



Døme: «De bli lissom ikkje årntli midda uden at me he *potetse* innte fisken ellår kjødde».

S-endinga i ordet kjem truleg frå den engelske fleirtalsendinga i 'potatoes' slik det også har skjedd i svensk. Ordet har såleis kome til oss frå engelsk, kan hende via svensk. Den engelske fleirtalsendinga har vm. behalde i alle formene både i eintal og fleirtal som bøyinga her viser: ei potets – potetsa – potetse – potetsane .

Ordet kjem opphavleg frå eit indianarspråk på Haiti.

potetssmør (s,n) – «Smør» som blei laga under krigen der poteter var viktigaste ingrediensen. Andre ingrediensar kunne vere vanleg smør, fløte eller mjølk i varierande mengde alt etter kor mykje ein hadde av det i dei harde rasjoneringstidene då det var vanskeleg å få tak i feitt til matlaginga.

Potetene, som var godt kokte, blei knuste og rørte saman med dei andre ingrediensane både lenge og vel til ein hadde fått ei jamn og fin masse. Så smakte ein til med salt og hadde gulfarge i slik at det såg ut som om

ein hadde med skikkeleg smør å gjere. Dette «smøret» danna underlag for pålegget som ein hadde på skiva. Og ein «søltebede» var kanskje resultatet.

Ivar Aasen har dette ordet med i ordboka si med forma «Potetesmør». Han gjev det slik forklaring: «En Blanding af stødte Poteter og Smør».

«Potetssmør» høyrde såleis med til kvardagskosten hos nordmenn lenge før Andre Verdskrigen. Og det vitnar om «smalhans» i kvardagen for mange.

Ordboka til Aasen kom ut fyrste gongen midt på 1800-talet.

preke(v) – prate, snakke, snakke i det vide og det breie; halde tale, forkynne (Aasen: preika el. preka, norr: prédika, da: præke, sv: predika. Frå lat 'praedicare' = «forkynne», «rope ut»).

Døme: «Håssen æ de du *preke*!? – D' æ 'kje sant de du fårrtele dær!»

«Pedår *prekte* som ein præst længe før 'an fyllte fæmm år!»

prime (v) – vase, tøyse, skrøne, ha rare innfall (Aasen: prima, da: prime = «vere frå seg», sv: prima = «snakke tankelaust», lågtysk: primen = «tale over seg»).

Døme: «Nei, nå mein' æ du *prime*! Dænna gånga æ de fantasien som spring' a mæ dæ!»

Ordet høyrer saman med lat: 'primum' (s) med tyding «grunnlag, begynnelse».

Eng: 'prime' (adj) har same opphav som vårt 'prime' (v), men med eit innhald som høver betre med det latinske: «fyrst, fremst, opphavleg» (Jf. t.d. vårt 'prima vare' og eng. 'primeminister').

Elles har ordet tidlegare vore mykje brukt for å fortelje om eit «grunnlag» som er lagt for ein alkoholrus hos ein person som treng «å stive seg opp», – noe tydingane våre i innleiinga her vitnar om.

pryle (v) – straffe med juling, rise, banke, slå (Aasen: pryla, da: prygle, sv: prygla, ty: prügeln).

Døme:Pettår *blei prylt* fårrde han hadde ståle tobakk på «Kopra».

Verbet høyrer saman med det tyske 'Prügel' (s,m) som tyder «kjepp», «påk» – og som etter kvart også har fått eit innhald som er synonymt med vårt «juling».

pråm (s,m) – liten, open båt – flat– eller rundbotna, pram, eike (Aasen: Praam, sv: pråm, norr: prámr).

Døme: «Æ må ner te åna og ause pråmen. Han æ foll a vann ett' alt reine».

*Nemninga er eit lån frå gammalslavisk 'pramu' som rett og slett tyder 'båt'. Indoeuropeisk verbalrot er *per med tyding «sette over».*

pustfoll (adj) – andpusten, som pustar tungt.

Døme: Trond va så pustfoll då 'an kåm fram at 'an nesten ikkje fekk sagt de han skolle.

pysedråbe (s,m) – Når kyrne blei handmjølka, gjekk fyrste mjølkeskvetten ofte til katten som såleis fekk 'pysedråben' sin. Men same namnet fekk au den mjølka som borna drakk straks ho var sila. – 'Pysedråben' hadde framleis varmen frå kua i seg.



Døme: Katten malte gla' då 'an fekk skåla mæ *pysedråben.*

Jåon hålt allti kåppen onne silen nå 'an skolle ha *pysedråben* sin.

pæse (v) – puste tungt, stønne; drikke tomt utan opphald (Aasen: pæsa, sv: päsa, da: pæse).

Døme: «Finn *pæse* fælt nå han jænge i bakkane. Han he blitt altfårr kjokk i de siste!».

Terje va både tyst og solten då han kåmm heim frå skauen. Så han *pæste* li'e godt i sæ ein heil litår mæ nysilt mjælk.

pøntevåon (s,f) – von om at ein kan pynte på, forbetre eller reparere eitt

eller anna. Helst brukt i negative samanhengar, t.d. om vanskelege born – eller om svært slitne klede eller sko (Jf. *'bødevåon'*!)

Døme: «Dænn gudongen æ så umauli at de ikkje æ *pøntevåon* på 'an længår!»

Onne krigen hænte de nåkk at skomagår Jørgen Fossheim sa: «Nei, dessa skåoane æ d' ikkje *pøntevåon* mæ længår».

pøntedåkke (s,f)



– Dokke som blir stilt opp til pynt; kvinne som er ekstrem til å sminke seg og stase seg ut, pyntedokke (bm: pyntedukke).

Døme: På kommåoden hadde Bestemåor ei fin *pøntedåkke* ståanes som småjentane bare fekk lov te å hålle fårrsikti mæns Bestemåor så på.

Berte blei litt a ei *pøntedåkke* ett' at 'o flytta te byen.

pøs (s,m)



– bytte, vassbytte, skipsspann; nemning på den mengda som ein pøs inneheld (Aasen: Pøs, da: pøs, sv: pyts, nl: puts, lågty: pütse).

Døme: Han bar vann i *tåo ståore pøse* te kjyrane som va tjåora udpå jåore. Dei va så tysste at 'an måtte gå fleire gånge. «De bli sikkårt møe gåo mjælk a detta», tenkt' 'an.

Notto ga vekk *ein pøs* mæ fine potetse te naboen.

Dette er eit ord som høyrer heime i skipsfartsmiljøet. Me har fått det via dansk frå lågtysk 'pütse'.

pøse ner (v)

– regne kraftig, styrtregne.

Døme: De *pøste ner* heile daen, og om kvellen va bekken blitt ei lida elv. (Jf. ***'pøsrein'*** (s,n) = styrtregn).

pådde (s,f)

– klasse av skiftevarme virveldyr, padde; – i vm også nedsetjande nemning på ein person som er sta og stri og held på sitt (Aasen: Padda og Podda, norr: padda, sv: padda, gml.eng: pad el. paddock, eldre nl: podde).



Døme: Dær va follt a *pådde* som hålt te ront dænn lille tjønna.

«Gorine æ ei *pådde*! Ho je sæ 'kje sjæl om ho vett at 'o ikkje he rætt!»

(Jf. ***pådden*** (adj) = sta stri, sjølvrådig, vriden og vrang).

R

rab (s,n) – skred, ras, utgliding, namn på skråning ned mot elva der stein og sand glid (rapar) ut stundom når det er flaum (Aasen: Rap, norr: hrapa (v) = styrte ned, falle; fare fort, skunde seg).

Døme: *«Rabe»* ellår *«Rabane»* æ navn på elveskråninga frå Revia oppøve måod Nesodden i Vennesla.

radd (s,m) – fant, knekt, vrang og vriden person (Aasen: Radd, sv. dialekt: radd = fillet person, tørkeklut).

Døme: «Dei seie Pettår æ ein gammel *radd*, mæn æ æ 'kje så sikkår på de. *Æ* tykk' 'an æ grei å preke mæ!»

radda (adv) – fullt, i mengdevis, tett i tett.

Døme: «Dær æ *radda* mæ tyddeber i Ivelannsskauane i år, seie dei!»

Dær va *radda* mæ fålk øve alt på festplassen då Kronprinsen skolle tale.

raddfoll (adj) – heilt full, fylt til randa.



Døme: Randi hadde tåo *raddfolle* pøse mæ fine blåbber mæ sæ heim frå skauen.

rade (adv) – leitt, trist.

Døme: «De va *rade* at du slåo fåoden din så stygt!»

raden (adj) – vondskapsfull, stygg, sur og tverr, vrang, raten (Aasen: raten, norr: hrata (v) = forkaste, vrake; snåve, stupe, sv. dialekt: ratig = usedeleg).

Døme: Måora hadde d' ikkje godt nå sønnen va heime. Han va rætt og slett *raden*.

radesjuge (s,f) – namn på eit slag syfilis eller lepra (spedalsksjuke) som var vanleg i den sørlegaste delen av landet frå 1600-talet til ut på 1800-talet, ratesjuke (Aasen: Ratesjuke).

Ivar Aasen skriv i si 'Norsk Ordbog' fylgjande om denne sjuka: «Navnet siges at grunde sig derpaa at Sygdommen skal have en fordærvelig Indflydelse paa Sindelaget».
I Telemark kalla dei sjukdomen for «fillesjuke».

radeskab (s,m) – vondskap, vrangskap, det å vere sur og tverr.

Døme: «D' æ reine *radeskaben* nå han seie at 'an ikkje lige maden du he lagt te han».

ratning (s,m) – person som er 'raden', sur, tverr og vrang (Aasen: Rating, Vinje i Telem.: ratemann).

Døme: Åola va ein *ratning* heime, sa dei. Kåna va allti letta nå han jekk på arbei'.

ragekniv (s,m) – barberkniv, eit slag faldekniv med svært hardt stål til å ta skjegget med, rakekniv (Aasen: Rakekniv, norr: raka (v) = rake, barbere).

Døme: Han brynte *ragekniven* på ei brei lêrreim før 'an tåo te å rage sæ.

rallar (s,m) – lausarbeidar som dreg ikring og får seg arbeid på ulike anlegg, slusk; fri og ubunden mytefigur (sv: rallare).

Døme: Dær va *mange rallare* mæ på å bygge Sørlandsbanen.

Ordet heng saman med svensk 'rall' og 'rallväg' og blei truleg til under den sterke jernbaneutbygginga i Sverige mot slutten av 1800-talet. 'Rall' er svensk nemning på ein vagg som gjekk på skinner og som rallarane frakta skotstein på. 'Rallväg' er svensk omlaging av eng. 'railway'.

Men ein må au rekne med at verbet 'ralla' har virka sterkt med ved danninga av ordet. – 'Ralla' (som både er norsk og svensk verbform) har tydingar som peikar hen mot det som er særmerkt for rallaren og det han driv på med:

flakke, fare omkring;
snakke mykje, skvaldre, røde;
trille, rulle.

ramle (v) – dette, falle, gå over ende; skramle, buldre (Aasen: ramla, sv: ramla, lågty: rammeln, nl: rammelen).

Døme: «Siggur æ ein gåo sjihåppår. Han *ramle* nesten allri!»

De *ramla* fælt då steinrase jekk!

«Tru du 'kje Tormod snåvla i sine ei'ne bein og *ramla* så lang 'an va – midt på flade veien!»

raske på (v) – skunde seg, få opp farten (av 'rask' (adj) = fort, snar, snøgg, kvikk, frisk og sprek).

Døme: «Nå må me raske på så me ikkje kjæme fårr seint!»

raske sammen (v) – samle saman i full fart (av 'rask' (s,n) = avfall, bos, skrap).

Døme: Gudongen *raska sammen* none klæe, potta dei i ryggsekken og fåor a'gåre.

rause (v) – falle ned, dette i mange bitar; knuse, øydelegge (Aasen: rausa = styrte fram = «ruse fram»).

Døme: «Då me ræsta krafti i tree, *rauste* plommane ner. Så va de bare å pele så fårt me konne!»

«Jørgen æ så umauli at 'an *kjæme te å rause alt* de me he bygd opp!»

Døma viser at 'rause' er eit verb med både intransitiv og transitiv funksjon .

ravgal (adj) – heilt gal, fullstendig uriktig (Aasen: ravgalen, eldre da: ravgalen, sv. dialekt: ravgalen).

Døme: «Reinestykke du kjæme mæ dær æ *ravgalt!*»
«En skolle tru han va *ravgalen* sånn som han oppføre sæ!»

'rav-' er eit prefiks til forsterking av grunnordet (Jf. ***«ravfant», «ravfollt», «ravtjokt», «rav-roskanes galen»).***

rege (v) – flyte, drive,spasere utan mål og meining, flakke, gå og slenge (Aasen: reka, norr: reka, sv: räka).

Døme: Dær æ litt a vært som *rege* nerøve elva nå d' æ fløym.
Nå ongdommane ikkje he no' å jårr, så bli dei *reganes* langs veiane.

ryme (v) – flykte, springe sin veg, rømme, løpe (Aasen: røma og ryma, norr: rýma, lågty: rümen, sv: rymma, isl: rýma, da: rømme, nl: ruimen, ty: räumen).

Døme: «Nå må me *ryme*!» viska Per. Han og Jåon hadde lommane folle a gåoslie eple som dei hadde knabba i hagen hos Pettårsen. Så *røym* dei og setta sæ te å ede oppi skauen.

Dette verbet har hatt avvikande og spesiell bruk i barnemiljøet i Vennesla fordi det i mange samanhengar blei fullt ut nytta som synonym til 'springe' el. 'løpe'.
Ein lærar frå Kristiansand fortalte meg at han i studietida ein gong stillte opp som vikarlærar for ein 5.klasse ved Moseidmonen skule. Då dei ein dag skulle ha gymnastikktime ute, kom ein av gutane bort til han og spurde: «Du lærår, kan mi 'kje ryme 60-metåren i da'?»
Verbet er opphavleg sterkt verb i vm. og høyrer til 2.klassa av desse verba med slik bøying: å ryme – ryme – røym – he røme.
I dag blir presensforma uttalt med tonem 1 – slik det

skal vere for dei sterke verba – og enkelte bruker framleis preteritumsforma 'røym'.

*Germ. verbal grunnform til formene i parentesen ovanfor er *rúmijan- som hadde den opphavlege tydinga av ordet «gjere det rommeleg / ope ikring seg» (Ein som «ryme» el. flyktar, søkjer bort frå det som stengjer til ein rommeleg stad der han kan bevege seg fritt).*

*Den verbale grunnforma er ei avleiing av det germ. adjektivet *rúma = «romsleg», «vid». Substantivet 'rom' (s,n) er ei anna avleiing til denne rotforma. Venndølane uttaler dette substantivet med kort og trong o-lyd («romm») som i vm. «burde» skrivast med 'u'. Det ville gje litt forklaring til at «ryme» har i-omlydt rotvokal (u > y). – Det svenske språket gjer denne samanhengen tydeleg med substantivet 'rum' og verbet 'rymma' = «ha rom til», «flykte». Norsk språk har valt i-omlyden o > ø (rom / rømme).*

rænnefåg (s,n) – snøfók, snødrev, rennefók, kaldt vêr med vind som får laussnøen til å renne bortetter oppå den hardare snøen (Aasen: Rennefok).

Døme: De va bidanes kall vinn mæ *rænnefåg* då Tore ændeli kåmm sæ på vei heim øve isen

Sisteleddet '-fåg' (fók) er avleidd av verbet 'fyge' (fyke). Jf. elles da: fog = 'sne-fog', shetlandsk: fog = «fykande snø», «lett og tynt skydekke» og eng. 'fog' = «tåke»!

Det shetlandske 'fog' syner truleg påverknad frå både den danske og den engelske forma. Men dei to formene har ulike opphav.

råga (adj) – ròka, så fullt at det held på å gå over kanten, med toppmål, med overmål, med «råge» (Aasen: Roke (s,m), norr: hroki (s,m), sv. dialektar: roka el. ruka (s,m), bm: ruke, nyn: ròke, vm: **råge** (s, f / m)).

Døme: «Me pelte så follt at alle spannane va *råga* mæ tyddeber».

Substantiva 'ròke' el. 'ruke' = «liten haug» (Jf. 'kuruke'!) har altså same opphav som adjektivet 'råga'.

Når me seier «Blåbberspanna æ råga», så ser me for oss ein liten haug med ber som stikk opp over kanten på spannet.

rånl (s,f) – skorpe på ei brødskive, rand av t.d storkna fløte, saus, suppe e.l. rundt kanten av ei mugge, ein bolle, eit spann eller eit fat (Aasen: Raand, setesdalsk: rond; jærsk (etter Ross): rannla (v) = «gjere stripet»).

Døme: Måora likt' ikkj' at ongane låod ver' å ede *rånla* på bedane.
Rånla i flødemoggen va blitt sur og lokta 'kje godt.

S

sadde (s,m) – tjukk, seinvoren og somlete person; kraftig skybanke (Telem: sadd).

Døme: «Gori fårr ein sadde du æ! – Nå må du se å få beinane mæ dæ!»

Toralf Askedal har skaffa dette ordet som han au knyter ei lita regle til – om vêret:

> «De sidde ein sadde i vest i kvell, så de bli nåkk ringn i måra».

Ordet er kanskje ei omlaging av verbet 'å sabbe' = «å gå seint og slepande».

sakrasti (s,n) – sakristi, siderom i kyrkja der presten tek på seg dei liturgiske kleda – og ulike kyrkjelege eignelutar er gøymde.



Døme: Præsten sjynta sæ inn i *sakrastie* fårr å sjifte på sæ messehaggelen.

Venneslaforma 'sakrasti' (med vokalen a i staden for i i andre stavinga) er gammal og blei kan hende danna med påverknad frå nemninga 'sakrament'. Det latinske verbet 'sacrare' som tyder 'helge', 'innvie', ligg til grunn for nemningane.

Lat. 'sacrare' (v) har hovudtrykket på a-en i andre stavinga. Når dette trykket blir flytta til siste stavinga i 'sakrasti, kan den nemnde a-en lett få ein veikare uttale som fører til at han blir erstatta med ein slakk e-lyd (ə). I dag seier mange 'sakresti'. Noe tilsvarande er kan hende i ferd med å skje med 'sakrament' som også har hovudtrykket på siste stavinga.

saktens (adv) – nok, vel, kanskje, for så vidt (da: sagtens).

Døme: «De kann du *saktens* seie, mæn æ tru 'kje du he rætt!»

Ordet er ei meir folkeleg eller familiær form av det danske 'sagte' (= «stille», «roleg») som igjen kjem av lty. 'sachte'. Liknande folkelege former med endinga '-(e)ns' er au laga av andre ord, som t.d. 'fluksens' (av lty. 'fluks' = «straks», «brått») og 'muffens' (av ty. 'Muff'' = «muggen lukt»).

Olav Hagen har også ført opp 'sakti' som form ved sida av 'saktens' i ordsamlinga si. 'Sakti' er den eldre dialektforma vår som svarer til da. 'sagte' og lty. 'sachte'.

santen (adv) – forsterkingsord i uttrykket 'min santen' = «jammen», «sanneleg», «for visst», «mi sann».

Døme: «Æ tru *min santen* du he rætt i de du seie dær».

Uttrykket 'min santen' kjem antakeleg frå eit da. 'hille min santen' som igjen har opphav i lty. 'hilge Sunte'. 'Hille' og 'hilge' tyder 'heilag' mens 'santen' og 'Sunte' kjem av lat. 'sanctus' = «helgen».

Vårt uttrykk 'min santen' tyder såleis 'min helgen', mens da. 'hille min santen' med norsk ordstilling tyder 'min heilage helgen'. Men dei norske uttrykka 'mi sann' el. 'min sann' som stadfestingstillegg har kanskje gjort sitt til at Vennesla-forma har blitt bare 'min santen' – utan 'hille' el. 'hellie' framføre. 'Min santen' er i så måte truleg eit dialektuttrykk laga med påverknad frå både norsk og dansk tale.

'Sann' i det norske 'mi sann' kjem av norr. 'sannr' (s,m) = 'sanning', 'sannheit'.

Ei kortform av 'mi sann' er 'sann' aleine – når me t.d.

seier «Å ja sann,, du kann så seie.» eller «Å nei sann, dær he du 'kje rætt!»

sarre (v) gå seint og tungt med klynk og piping – t.d. om eit maskineri (Aasen: sarra).

Døme: «D' æ utruli! Dænn ellgamle fålkevångna *sarre og jænge* ænnå!»

segen (adj) – trøytt og samansigen etter ein lang arbeidsdag, sliten og arm (Aasen: sigen).

Døme: Han va tæmmeli *segen* ett' ein lang da' i skauen.

Adjektivet er eig. perf. partisipp til verbet 'sige'.

seintost (s,m) – mannsperson som tustar og ikkje får gjort det han skal.

Døme: «Sånn ein *seintost* du æ. Nå må du se å bli færi mæ å ede! – Me kann 'kje vænte i de uændelie på dæ!»

*Den kvinnelege varianten av ordet er **'ei seintoste'** (s,f). Og 'ein seintost' har den eigenskapen at han er **'seintosten'** (adj).*

semmår (adj) – uvel, ufrisk, dårleg; simpel, semmer.

Døme: «Æ æ litt *semmår* i da. Æ jænge visst og brygge på ein fårrkjølelse».
«Æ tykte de va ein *semmår* mad dei bøy åss på detta hotelle!»

Svenskane har dette adjektivet bare i komparativ og superlativ som fungerer som gradbøyingsformer til grunnordet 'dålig':
dålig – sämre – sämst .

sette (v) - **sette – setta – he setta** – setje (Aasen: setja, norr: setja).

Døme: «Kåmm, så *sette* me åss i sofaen, dær æ de så godt å sidde».
«He du alt *setta* potetsane? – Æ du 'kje litt tili ude mæ *settinga*?»

Han *setta sæ* i dæn beste ståolen han konne finne.

Dette verbet er tilsynelatande bøygd svakt i vm (a-verb). Og det er tilfellet i pret. og perf. part. (setta – setta).

Presensforma har likevel sterk bøying fordi ho blir uttalt med einstava tonelag (tonem 1). Det samsvarer med andre sterke presensformer i vm som t.d. 'kjæme', 'jænge', 'finne', 'stænne', 'rænne', 'sidde' som alle blir uttalte med tonem 1.

Endings-e-en i desse formene er tilleggsvokal (svarbhaktivokal) som alltid er svært trykklett. – Ivar Aasen kallar slik slakk vokal for ein 'halvvokal'. I lydskrift blir han skriven som ein omsnudd e (ə).

'Sette' er transitivt verb (verb som 'tek objekt'). – Sjå elles verbet 'sidde' nedanfor som er intransitivt (verb som 'ikkje tek objekt')!

sidde (v) -
sidde – sadd –
he sede (he sådde)

– sitje (Aasen: sitja, norr: sitja, sv: sitta, da: sidde).

Døme: Du *sidde* godt i ein leneståol.

«Dæn spigåren *sadd* sjikkeli», sa snikkåren, han måtte bruge «kubeine».

«He dykken *sidde / sede / sådde* hær længe?»

Perf. part. av dette verbet er ført opp med tri ulike former her ('sidde', 'sede' og 'sådde').

Olav Hagen har bare ført opp 'sede' som form i ordsamlinga si, og det er nok den eldste og opphavlege forma i vm.. 'Sådde' eller former som liknar den (t.d. 'sote', 'sotte', 'såte') finst fleire stader og er kanskje danna som analoge (samsvarande) former til andre sterke verb med stammevokallyd på o el. å i perf. part. – så som 'bore', 'skore', 'kome', 'stole'.

Ivar Aasen seier fylgjande om dette fenomenet i sin «Norsk Grammatikk» (1865): «Paa nogle Steder mærkes en stræben efter at gjøre flere Ord lige i Supinum (dvs. perf. part.), nemlig ved at sætte o for e -eller omvendt. Saaledes høres i Bergens Stift ofte gote (for gjete), sote (sete), lose (lese),rokje (reke), gove (gjeve) og fl.; – ved Trondhjem derimod beri (for bore), steli (stole), skeri (skore).»

(I sitatet har eg strekt under verbet som blir omtala her).

'Sidde' er elles ei perf. part.-form som nok i stor grad har teke over for 'sede' og 'sådde' i dagens Vennesla: «Æ he sidde hær længe og vænta!»

'Ligge' har ei bøying som er laga etter omlag same mønster som 'sidde': å ligge – ligge – lå – he leie (he lågge).

Men også her bruker nok mange i dag ei yngre partisippform 'ligge', – kanskje etter påverknad frå bokmålsforma 'ligget': «Han he ligge på sofaen hale da'en og dovna sæ!»

sifua (adj)



– uttrykk som blir brukt om ein mann med bukser som ikkje blir haldne skikkeleg oppe, men som sig nedover hoftene slik at det ser ut som om bakenden er sid.

Døme: Ikkje hadd' 'an sele te å hålle boksane oppe mæ, og ikkje hadd' 'an livreim hellår. Så de va 'kje rart 'an va *sifua*!


sjabår (adj)

– ufrisk, halvsjuk, skral, dårleg, ussel (nl: schabberig).

Døme: Ivar va så *sjabår* at 'an ikkje årka å gå på arbei.

Jf. elles eng, 'shabby' og lågty. 'schabbig' med tydingar som 'sjofel', 'lurvet', 'ussel'!

sjebbe (s,f)



– ferskvassfisk med rutt skinn, og med skarpe piggar på m.a. ryggfinnen, åbor, tryte; nasevist og dyktig kvinnemenneske.

Døme: Dær va møe *sjebbe* i Skulebårvanne føritia.

«Ho dærre Marie æ litt a ei *sjebbe*. Mannen hosses he 'kje ståort 'an skoll' 'a sagt dær i gåren!»

sjebe (v) – **sjebe** – **sjebte** – **he sjebt**

– ordne, stelle til, vise framferd, skipe (Aasen: skipa, norr: skipa).

Døme: Før me reiste heim ifrå hytta, *sjebte* me fint ett' åss.

«Nå *må* dykken *sjebe* dykken greitt i selskabe», sa måora te bånnane sine som skolle i bursda'skalas fårr fysste gång.

«Se håssen ho *he sjebt og pønta sæ* te 'o ska møde kjæresten!»

To ord i vm. som heng saman med dette verbet, må nemnast her:

sjebels *(s,m) = skipnad, ordning, system:*
«Sånn ein 'sjebels' skolle du allri ha sett!» (om ei ordning som oftast er negativ og heilt utom vanleg folkeskikk).

sjebeli *(adj) = ordentleg, ryddig,skikkeleg, skipeleg:*
«Æ lige best å vere sammen mæ sjebelie' fålk», sa Jåon te bestekameraten sin.

sjeggesåbe (s,f) – barbersåpe.

Døme: Han måtte få kjøbt sæ ny *sjeggesåbe* så 'an konne få ragt sæ årntli!

sjeine (s,f) – flat liten stein som er lagleg å få til å hoppe bortetter vassyta.

Døme: Neri strånna finne gudongane allti fine *sjeine* som dei slenge bårtøve vannflada. D' æ om å jårr å få *sjeinane* te å håppe så mange gånge som muli.

sjeine (v) – å kaste ei 'sjeine' slik at ho hoppar bortetter vatnet, fare skeivt og vinglande bortetter (norr: skeina).

Ei meir opphavleg tyding av verbet er 'skjere el. rispe i huda', 'streife skeivt' – noe som greitt kan peike mot vår bruk av ordet her: Gutungen som driv og «sjeine» med desse fine flate steinane sine, snertar eller rispar borti overflata på vatnet. Og steinen fér skeivt og vinglande av garde om det er aldri så lite med bylgjer på vassflata.

sjeis (adv) – dårleg, utan å lykkast, uheldig, ille (frå ty. 'Scheisse' (s,f) = lort, skit).

Døme: «Me trudde de skolle bli et godt ekteskab mellom Jåon og Berte, mæn de jekk *sjeis*».

sjeise (s,m) – jern med stålkant som ein festar under skoen for å kunne gli bortover isflata, skeise (Aasen: Skeisa).

Døme: *Sjeisane* mine hadde ein oppsvingt kroll framme. Dærfårr kalte me di *krollsjeise*.

Ordet kjem frå nederl. 'schaats' via eng. 'skates' (pl) som også heng saman med det lågtyske 'Schake' som tyder 'skank' eller 'lår'; 'lårbein'. – 'Skank' har også tydinga 'legg'.

Den danske avleiinga av ordet blei 'skejte' som seinare utvikla seg til 'skøjte'. Her finn me opphavet til vårt 'skøyte'.

Dei eldste skeisene blei laga av leggbein (skanker) hos store dyr, t.d. hest. Beinskeisene festa dei under fottøyet med skinnreimer, og så skuvde dei seg framover isen ved hjelp av piggstavar. Sånne primitive skeiser blei brukte i Norden i norrøn tid og hadde då namnet 'isleggr'. Ordet 'islegg' er kjent i enkelte dialektar den dag i dag.

sjele (v) – **sjele** – **sjelte** – **sjelt** – halde frå einannan, skilje; vedkome (Aasen: skilja, norr: skilja, da: skille, lågty: schelen).

Døme: «Du må *sjele* dei tåo slåsshanane før dei skade verandre!»

«De *sjele* væl 'kje dæ om æ kjene gåoe pænge!»

Merk: ***'sjelvei'*** *= stad der vegen deler seg i to vegar.*

sjella (adj og adv) – som ikkje hender ofte; ein og annan gong, no og då, sjeldan (Aasen: sjeldan, norr: sjaldan, bm: sjelden, sv: sällan, eng: seldom, ty: selten).

Døme: «De dær va et *sjella* påfonn!»

«D' æ *sjella* du kjæme på besøg nå fårr tia. Hå æ de du æ så opptatt mæ nå om da'en?»

Her kjem eit gammalt lite rim som ungane bruker mykje: «Go' kvella, go' kvella! Æ sere dæ så sjella!» (Sjå nærare om 'sjella' under 'Adverba' i språkdelen!).

sjenne (s,f) – stjerne (Aasen: Stjerna, norr: stjarna, sv: stjärna, ty: Stern, eng: star, lat: stella).
Døme: De va ein klar og fin høstkvell mæ follt a *sjenne* på himmelen.

*Ordet er ei gammal Vennesla-form som neppe er i bruk hos oss i dag. Men du finn ho framleis i levande tale lengre inn i landet – i Setesdal og Øvre Telemark – saman med forma 'sjønne'. Verbal rot er truleg eit *ster med tyding «strø» – noe som gjev oss tankar om ein klar natthimmel som ser ut til å vere strødd med stjerner.*

sjinnbarli (adj) – tydeleg, klar, livaktig, tilsynelatande (ty: scheinbar).

Døme: «Æ tykte så *sjinnbarli* de va Jåon æ så sjimten a i sta?»

sjur (adj) – med smerter i muskulaturen når du har arbeidd hardt og lenge, lemster, stiv, støl, gangsperr.
– med for mykje friksjon, dårleg (om glid på skia) (Aasen: skjur).

Døme: Pedår va tæmmeli *sjur* ette dæn lange turen på heia.
Sjiane va så *sjure* at 'an måtte *gå* nerøve bakkane.

sjurte (s,f) – klednad til overkroppen, laga av tynt tøy, med krage og lange ermar, med knapping framme frå halsen og heilt ned – og som oftast brukt av menn, skjorte (Aasen: Skyrta, norr: skyrta, eng: shirt, ty:Schürze = «forkle»).

Døme: Per fekk ny *sjurte* te jul. Ho va kvid mæ stiv krave.

Eit eldgammalt angelsaksisk adjektiv 'scort' (= kort) ligg til grunn for dette ordet.
Me talar om ein kort klednad som i norrøn tid til vanleg hang utanpå buksa. I dag går "sjurta" som regel ned i ytterbuksa.
Ordet er elles i familie med 'skjørt (eng 'skirt') som au er ein kort klednad.
Desse orda høyrer saman med verbet 'skjere' (jfr. ty

'scheren' og eng 'shear' = 'klyppe') . Det er såleis tale om avskorne kledeplagg.

Vårt "moderne" 'shorts' er au ei nemning som høyrer denne ordfamilien til. Men denne gongen er det buksene som er avskorne. – Og kanskje blei den fyrste skjorta og det fyrste skjørtet laga ved at den heile klednaden (kjolen t.d.) blei skoren av og gjort kortare – og dermed lett og ledig å lee seg i. – Og likeeins med den fyrste shortsen som frå fyrst av truleg var ei vanleg langbukse som beina blei klyppte av på når dei var blitt slitne og svært bøtte på knea. Mange shorts blir laga slik den dag i dag.

«Sjurte» er den gamle forma for dette plagget både i Vennesla og i mange bygder både aust, vest og nord for oss. Forma er framleis i bruk hos oss, men «sjorte» er likevel den vanlegaste nemninga i dag.

sjyde (v)
sjyde-skaud (sjøyd)
– skåde (sjøde)

– fyre av eit våpen, dynamittladning e.l., skyte (Aasen: skjota, norr: skjóta, eng: shoot, nederl: schieten, ty: schiessen).

Døme: Harald *skaud (sjøyd)* inn jula mæ tri skåd ifrå hagla.

Presensforma 'sjyde' har einstavings tonelag (tonem 1) som er eit kjennemerke for dei sterke verba. (Infinitiv har tonem 2).

Dialekten vår har to ulike former av dette verbet i preteritum og perf. part.. 'Sjøyd' – 'sjøde' er døme på yngre former som breier seg ut i fleire dialektar i dag. – Me har ein del sterke verb med rotvokal y i infinitiv som har eit liknande vokalskifte som 'skyde' – t.d. 'fryse', 'ryge', 'stryge', 'bryde'. – Meir inngåande omtale av desse verba finn du under dei sterke verba i språkdelen av skriftet.

Som ein kuriositet nemner eg at dei i Øvre Telemark har eit adjektiv 'skjot' som er laga av verbet 'skjota'. Dei seier t.d.: „Han Bjørn er ein skjot skiløypar!" – Då gjeng det fort!

sjæbe (v)

– lage grimasar, vrenge munnen og rekke tunge, – særleg om born som er sinna for eitt eller anna (da (jydsk): skæbe, norr og isl: gera skelpur)

Døme: Veslejenta *sjæbte* stygt då ho ikkje fekk lov te å kjøbe meir is.



'Sjæbe' er svakt verb. Formene både i infinitiv og presens blir uttalte med tonem 2 (tostavings tonelag). Dette skil seg frå dei sterke verba der infinitiven blir uttalt med tonem 2 og presensforma med tonem 1 (jfr. 'sjyde' ovanfor). Her har me eit trygt skilje mellom opphavleg svake og sterke verb.

Det danske (jydske) 'skæbe' tyder 'vrenge andletet mot'.

Det islandske (norrøne) 'gera skelpur' har same tydinga og siktar til forma på munnen hos eit barn som er fornærma og held på å grine. 'Skelpur' (utt.: 'sjelpur') er fleirtalsform til 'skelpa' (s,f) som er nemninga på eit boga merke som t.d. eit holjern lagar. – 'Sjæbe' kjem truleg av eit gammalt verb 'skjelpa'.

sjæl (pron) – på eiga hand, utan hjelp, sjølv (Aasen: sjølv, norr: sjalfr, Vest-Telemark: sjav (m) – sjov (f) – sjavt (n) – sjave (pl), sv: själf, da: selv).

Døme: Ho sydde allti kjåolane sine *sjæl*.

(Sjå nærare om 'sjæl' under 'Ubundne pronomen' i språkdelen!)

sjævilla (s,f) – Noko ein gjer av eigen fri vilje; det å vere fri til å fylgje sin eigen vilje, dum og unødvendig gjerning, sjølvvilje (Aasen: Sjølvvild, norr: sjalfvili, Vest-Telemark og Setesdal: 'sjavilla' el. 'sjavili').

Det er snautt at dette ordet er i dagleg bruk hos noen i Vennesla nå. Men det høyrer heime hos oss og mange andre bygder på Agder frå gammalt av, og hos eldre folk er det nok levande enkelte stader framleis. – Vest-Telemark-forma 'sjavilla' er mykje i bruk der ho høyrer heime.

Adjektivet (og adverbet) til 'sjævilla' er 'sjævilsli' som tyder noe slikt som 'frivillig, men dumt', 'unødvendig'.

sjøvår el. **sjevår** (adj) – tynn og sprø, som har lett for å gå sund, spinkel og hjelpelaus (Jf. sjevre (v) = blafre, slå att og fram (t.d. om segl), eng: shiver = skjelve, blafre).

Døme: «Du må vere fårrsikti mæ de glase dær! D'æ veldi *sjøvårt*!»
Nyklekte fogl'onge ser veldi *sjøvre* ud.

sjåg el. **sjog** (s,n) – sus, brus; lyd av eitt eller anna som fer forbi i veldig fart; stor fart, sjog.

Døme: Langt bårti skauen hørte me *sjåge (sjoge)* a årrfoglane.
De jekk *som et sjåg* på kjælke nerøve bakkane.

sjågar (s,m) – vifteomn.

Døme: Då me setta *sjågaren* på follt, blei de snart varmt i dæn lille staua.



Dette er eit nylaga ord som dei bruker på Eikeland. Åse (Eikeland) Jortveit har kome med det. – Eg synest det er så treffande at eg tek det med her.

sjåge el. **sjoge** (v) – lage ein fresande el. susande lyd, bruse.
– arbeide raskt – med mange lydar og store rørsler (Aasen: sjoga).

Døme: Årrhanen *sjåge (el. sjoge)* nå 'an leike.
Ho *sjågte i vei* mæ husarbeie.

skabelåon (s,m) – merkeleg skapning, skikkelse, skabelon.



Døme: "Hå æ de fårr slags *skabelåon* som kjæme gåanes oppøve bakken, tru? – De kan 'kje vere Nils, væll?"

Det tyske 'Schablone' (= utskore mønster, modell) ligg til grunn for ordet. 'Schablone' kjem i sin tur frå fr 'echantillon' (= prøve, modell).
I skriftspråket vårt har ordet forma 'sjablon' og ber same tydinga som det tyske ordet.

skaberakkels (s,n) – ting som ser stygg og uformeleg ut, underleg framtoning, skaberakk.

Døme: – "Æ de du som he lagt detta fæle *skaberakkelse*? – Hå ska du bruge de te?"
– Han ser ut som et *skaberakkels* i dei klæane!

Opphavet til ordet er det tyrkiske 'caprak' som er namnet på eit kunstferdig utsauma hestedekken. Via polsk fekk ordet den tyske forma 'Schabracke' (eldre: 'Schabrack') som igjen ligg til grunn for vårt 'skaberakk'.

Skaberakkels' er lokal form med ei ending (-els) som understreker det negative innhaldet i ordet. – Noe liknande finn me i Vennesla-formene 'merakkels' og 'sjebels'. Alle desse tri orda er folkelege former som meir eller mindre har mista dei opphavlege tydingane og er i staden brukte på ein påfallande måte for å få fram særskilde (og ofte negative) trekk ved det dei skal fortelje:

"Æ de du som he lagt detta fæle skaberakkelse?"
"D'æ et merakkels at de jænge væl!"
"Hær æ 'kje sjebels på noe i detta huse!"

skau (s,m) – område der det veks tre, skog (norr: skógr, da: skov, sv: skog, angelsaksisk: scaga = krattskog).



Lydmessig ligg ordet ganske nær det danske 'skov', og forma kan ha utvikla seg derifrå.

Ordet heng elles saman med 'skage' som tyder 'noe som stikk fram el. skyt i vêret' (jf. særnamnet Skagen som både er namn på ein langstrekt og velkjend odde i Danmark – og namn på ein gard innmed eit framstikkande fjell i Luster i Sogn, – det same gardsnamnet som ligg til grunn for seternamnet Skagastølen og fjellnamnet Skagastølstindane).

skaugabe (v) – rope høgt og fritt – utan å take omsyn – slik ein kann gjere det når ein er langt til skogs.

Døme: "Du trænge væl 'kje *skaugabe* fårde om du æ sinna. Fålk i nabohusane konne ju høre dæ!"

Ordet kan au henge saman med verbet 'skaua' som Hans Ross nemner i si "Norsk Ordbog"(1895) med tydinga "raabe i vilden Sky, helst af Kaadhed". Verbet fann han i Hardanger.

skodre (v) – lage ugreie for ein som held på med eit finarbeid, skiple (Aasen: 'skutra ' el. 'skutla', norr: skutla = skuve til sides). Jf. 'skonse' nedanfor!

Døme: "Du ser ju æ skrive brev! – Nåde dæ om du *skodre* mæ!"

skonse (v) – støyte borti, skubbe (Aasen: skunsa, norr: skunza).

Døme: "Nå må du 'kje *skonse* bårti Gonil mæns 'o pønte blaudkaga!"

skrabekage (s,f) – yngste barnet i ein syskenflokk – fødd fleire år etter den nest yngste, "etterpåsleng".

Døme: Per va *skrabekaga* i famelien. De va dærfårr han va så bårtsjæmt.

skramlekasse (s,f) – kjøretøy som er gammalt og skranglete.

Døme: Bilen 'an kjørte va ei gammel *skramlekasse*. Han hadd' ikkje rå' te no ant.

skravlebytte (s,f) – person som er fæl til å skravle og prate fort og høgt om alt og ingenting, pratmakar.

Døme: Berit va litt a ei *skravlebytte*. Ho prekte så fårt at de va umauli å fye mæ.

*'**Skravlekåpp**' er au eit uttrykk som er mykje brukt i Vennesla. Det har omlag same meininga som 'skravlebytte', men blir nok mest nytta når born skal irettesetjast fordi dei skravlar fælt og er urolege.*

skrobb (s,m) – ulv, varg, skrubb (Aasen: Skrubb, norr: skrubbi).

Døme: Skrobben æ fæl te å drebe sau.

Skrubb' med tydinga 'ulv' finn me opphavleg bare sønnafjells. Meir alminneleg tyding er 'barsk og morsk person' eller 'gammal skrinn mann'.

Ordet 'skrubb' er brukt til å fortelje om rufsut og grovlagd utsjånad eller om ru og grov overflate – noko som høver på ulven med sin ofte magre kropp og strie og grove pels – eller på t.d. skrubbsopp med si ru og grove overflate.

skrobbsolten (adj) – svært svolten, svolten som ein ulv, holsvolten.

Døme: Han va *skrobbsolten* då 'an kåmm a heia.

Det er naturleg å tenkje på 'ulv' når ein ser forstavinga 'skrobb-' i 'skrobbsolten'. Men 'skrobb-' kjem her av ei dansk forstaving 'skrup-' som er laga av verbet 'skruppe' med tydinga 'buldre', 'boble'.

Når du er svært svolten, så boblar og buldrar det i magen.

'Skrup-' er ei forstaving som skal forsterke sjølve hovudordet – slik det t.d. er i dansk 'skrupfed' som tyder «smellfeit».

skroll (s,m) – krok, krumming, topp, pukkel (Aasen: skrull).

Døme: William så 'kje fræsk ud – mæ udståanes mage og *skroll* på ryggen. Han va rætt og slett blitt *skrollrygga*.

*Ordformene **'skrøll'** og **'skrøllrygga'** er au brukte i Vennesla. Ø-lyden har truleg kome inn med påverknad av orda 'krølle' eller 'krøll' som er danske former (norske former er «krulle» og «krull»).*

skrækkeli (adj) – forferdeleg, skræmande, nifs, stygg (ty: schrecklich).

Døme: "D'æ ein *skrækkeli* farve du he fått på huse ditt, tykk' æ!"

skrællinge (s,pl,ub) – matavfall, avfall særleg etter poteter, grønsaker og frukt som har blitt skrelt. Ordet er laga av **'skrælle'**(v) = fjerne «skalet» el. «skinnet» på frukt og grønsaker.

Døme: Erling hadde mange grise som 'an fåora opp på *skrællingane* frå husane ront-fårbi i heile nabolage.

skrøbeli (adj) – som har lett for å gå sund, skøyr, skral, veik, dårleg, skrøpeleg (Aasen: skrypleg, norr: skrjupr = forgjengeleg, sv: skröplig).

Døme: "D'æ ein *skrøbeli* farkåst du he dær. Æ tår 'kje legge ud i dæn, kan du sjønne!"

skrøme (v) – skremme, gjere redd, støkke (Aasen: skræma, norr: skræmast = rømme, flykte).

Døme: Småbånnane bli *skrømt* mæ 'bøken' fårr å få dei te å bli greie.

Som ein ser, så har Vennesla-forma den opprinnelege lange rotvokalen – som i norrønt. I dag seier mange 'skrømme' med kort rotvokal og lang konsonant (mm).

skule (s,m) – ein stad der ein gjev undervisning, opplæring, skole (Aasen: skule, norr: 'skóli' el. 'skúli', eng: school, ty: Schule, lat: schôla).



Ordet er opphavleg gresk med tydinga 'fritid', 'det å vere oppteken i ledige timar med "åndelege syslar"'.

Kvar forma 'skule' (med rotvokalen u) har opphavet sitt, er ein ikkje sikker på, men det finst nederlandske dialektar med denne rotvokalen i ordet. Likeeins finn ein han i ein svensk dialekt. Og det engelske 'school' har ein uttale av rotvokalen som ligg mellom vår (lange) o og u. – Ein påverknad derifrå kunne for så vidt slå båe vegar(mot o eller u) når ordet skulle tilpassast vårt heimlege lydsystem. – Noe tilsvarande kan seiast om den "europeiske" uttalen av tysk u i 'Schule'.

Likevel, den lange u-lyden i 'skule' heng hardt i hos innfødde venndølar. – Og det finst ingen grunn til å endre på det!

skåll (s,f) – skodd el.skodde, tåke (Aasen: Skoll, Skodda, sv dialektar: skadda el. skadd, færøysk: skadda).

Døme: *Skålla* lå så kjokk at me jekk åss vill på heia.

'Skodde' er i slekt med gotisk 'skadus' (= 'skugge'). Jf. også eng. 'shadow' el. 'shade' og ty. 'Schatten'.

Rotvokalen a i desse orda gjer sitt til at Aasen kommenterer slik: "Formen 'skadda' er maaske den ældste" (Sjå den svenske og færøyske forma i parentesen ovanfor!).

I Vest-Telemark og Setesdal finst mange ord med overgangen ll > dd, noko som språkhistorisk ligg langt tilbake i tid. Døme: kall > kadd, hellar > heddar, fjell > fjedd el. fjødd, full > fudde, alle > adde.

'Skåll' har motsett overgang (dd > ll), og den er spesiell. Det er eit fenomen som er kalla falsk analogi, som ein altså finn litt av i Vennesla-målet og andre meir kystnære dialektar på Agder.

*Til substantivet 'skåll' har me eit adjektiv **'skålla'** (med tostavings tonelag) som tyder 'tåkete'.*

skåode (v) – drive ein robåt fram med akterenden fyrst ved at ein *skuver* på årene. Roaren kan då sjå i den retninga han skal utan å vri på hovudet (Aasen: skote, norr: skotta).

Døme: Nå me te opp fiskegånane, må dæn som sidde mæ årane, *skåode* heile tia.

Den vanlegaste tydinga av 'skote' (v) er "stake ein båt fram ved hjelp av ei skote". 'Skote' (s,f) er nemning på ei lang stong som er lagleg for denne jobben t.d. i grunne elveløp og kanalar.

skåorænsle (s,f) – islåm el. isrensle der ungane har moro med å gli på skorne (Aasen: Rensla, norr: renzl).

Døme: I skulegåren lagte bånnane ei *skåorænsle* på øve ti metår.

skåobesparels (s,m) – små runde jernflak med to-tri piggar – til å "spikre" fast under lêrskorne så solen ikkje skal slitast for fort (bm: skobespar).

Døme: Onne krigen hadde me tett i tett mæ *skåobesparelse* onne skåoane. – De klapra fælt nå me jekk på semæntgålv!

skårre (v)



– bremse med føtene når farten blir for stor. Dette gjeld særleg når ein akar med kjelke eller spark i bratte bakkar.

– Men ein må *ikkje* 'skårre' når ein akar på flat veg eller bortetter ei isflate.

Døme: "Nå må du *skårre* så me ikkje kjøre rætt i husveggen!"

"Ikkje *skårr* så! D'æ så tongt å sku sparken atte!"

Den alminnelege tydinga elles av ordet er 'gli / renne på is' (Aasen: skorra). Svensk 'skurra' el. 'skorra' tyder 'fare med stor fart'.

Ordet er lydhermande med tydinga 'skrape'. 'Skarre' og 'skurre' er ord med same lydhermande innhald. I Aust-Frisland har deira heimlege 'schurren' tydinga 'fare raskt bortetter ei flate så det gjev skrapande lyd'.

slabbedask (s,m)

– slask, slubbert, mannsperson som går rundt og gjer småvondt og ikkje gidd å gjere nyttig arbeid (eng: slapdash = person som er uvøren og forhasta i alt han gjer).

Fyrsteleddet i dette samansette ordet er eit verb 'slabbe' som tyder 'søle' (med ei eller anna væske), 'smaske', 'slurpe', 'slikke'. – Sisteleddet kan kome av verbet 'daske' (vm: «dasse») som også har tydingane 'gå tungt', 'daffe'.

slag (s,m)

– art, sort, type (Aasen: Slag (s,n), norr: slagr (s,m), ty: Schlag (s,m)).

Døme: "Æ skolle så jønne ha hatt ein gåo del eple a dæ. – He du *ein slag* som æ sød og gåo? – Dæn kjøb' æ ei kasse a. Og så fær' æ tåo kjilo a vær a dei andre *slagane* du he".

Fleirtalsforma 'slagane' blir uttalt med tonem 2. Inkjekjønnsordet 'slag' (= dask, klask) har også skriftleg form 'slagane' i bunden form fleirtal, men blir uttalt med tonem 1.

Opphavleg g i utlyd er "svak" i dialekten vår og kan falle vekk i enkelte ord (t.d. i ordet da' = dag), men me held altså på han i 'slag'.

I dialektane sør for oss, ute ved kysten, blir g borte også i dette ordet. Der seier dei t.d.: "Hå sla' har du der?"

slangne (v) – bli litt fuktig, slå seg (Aasen: slagna, norr: slagna = skvalpe, skvette).

Døme: "Æ tru æ la' klæane hænge ude te såola jænge ner – sånn at dei *slangne* litt udøve kvellen, så slepp'æ å dynke dei nå æ ska stryge".

sled (s,n) – slit, strev, møde, hardt arbeid (Aasen: Slet el. Slit, norr: slit).

Døme: De va et *sled* å vere lastehåggår i gamledae!
(Jf. adjektiva **'sleden'** = sliten, trøytt; velbrukt – og **'udsleden'** = utsliten; ubrukande)

slå (v)
slære – slåo -
he slått (sleie) – slå, banke, vinne over – osv. (Aasen: slaa, norr: slá).

Døme: Han *slåo* neven i båore så de smalt.
Per *slære* alle konkurrentane i håpp-bakken.
"Nå *he* me *sleie (slått)* hale jåore alt, så nå kan dykken bjønne å sette opp hesje."

slårpe (s,f) – tjukk blandingsvæske , søyle, gjørme (Ross: Slurpa).

Døme: "Hå slags *slårpe* æ de du he oppi dænnæ gryda?"
"D'æ meininga de ska vere brun saus og kjøddkage!"

smellanes (adv) – svært, veldig, ovleg (nyn: smellande, bm: smellende).

Døme: Per bli *smellanes* feid ette vært. Han ede altfårr møe kage og andre sød-sage.

Ordet er eit forsterkingsadverb med form som presens partisipp av verbet 'smelle'. – Presens partisipp har altså endinga -anes i dialekten vår: gåanes, syklanes, sønganes, smilanes.

snagen (adj) – som snusar og leitar ivrig etter noe å ete – slik at det verkar påtrengande og plagsamt, grådig, hæken (Aasen: snak el. snakjen).

Døme: «Jåon hølle sæ møe i kjykkene om da'en. Han æ så *snagen* atte!»

'Snagen' kjem av verbet 'snage' (norr: snaka, nyn: snake) = leite, snuse etter noe å ete.

*Verbet 'snoke' (med same tyding) står i avlydsforhold til 'snake' med sannsynleg germ. grunnform *snak = lage ein snusande lyd.*

I dialekten vår har me også former med 'å' (el. 'o') som rotvokal: ***'Snåge'*** *(v) og* ***'snågen'*** *(adj).*

snapp (adj) – rask, fort, snøgg, snar, snåp (Aasen: snaap, norr: snápr, sv: snabb, da (jysk): snap).

Døme: Birgit æ *snapp* i vænninga (dvs.: Ho arbeider raskt og fint).

Jf. elles adjektivet ***'snappsinna'*** *(dvs.: som har lett for å bli sinna, men som au lognar seg fort) og substantivet* ***'snappvei'*** *(= snarveg, beinveg).*

snavl (s,f) – munn, snut, kjeft, snabel (Aasen: Snavl, nederl: snavel, ty: Schnabel, da: snabel).

I Vennesla blir dette substantivet fyrst og fremst brukt i uttrykket "Håll snavla på dæ!" (= Hald kjeft!) med endinga –a (hokjønnsending) i bunden form eintal. – Det er elles hankjønnsord, – også hos Aasen. Jf. elles 'snåvle' (v) nedanfor!

snibete (adj) – nasevis, tverr, frekk, uforskamma, uomgjengeleg og avbitande, snipen (lågty: snippsk, sv dialekt: snippsk, nederl: snibbig).

Døme: «Ella æ frækk og ufårrdrageli vær gång æ prate mæ 'o. Ho æ så snibet' atte!»

Adjektivet er laga av substantivet 'snibe' (snipe) som er ein vadefugl med langt spisst nebb og spisse venger. Det høyrer til ein ordfamilie der det kvasse og spisse er karakteristisk:' Snipe' er også namnet på ein liten seglbåt med spiss stamn og spisse segl,– og 'snipp' finn me i nemningar som snippkjole, øyresnipp, snipp på kragen,

*snipp (hjørne) på ein duk. Og i Vennesla-dialekten blir ei nasevis og frekk jente gjerne kalla **'ei snibe'**.*

snåodi (adj) – merkeleg, rar, underleg; kvikk og morosam, (Aasen: snodig, norr: snúdigr, sv dialekt: snodiger = rask, flink). Ordet er avleidd av norr. 'snuðr'= snuing, raskhet.

Døme: «Præsten sa møe *snåodi* i talen sin i da. – Dei seie at han æ litt *snåodi i haue*».

snåvle (v) – støyte foten mot eitt eller anna slik at ein kjem ut av balanse – og kanskje dett, snuble, snåve; stamme, stotre (Aasen: snaava og snuvla).

Døme: Tormod snåvla i ein stein som stakk opp på stien og datt så lang han va.

Hildur va så ivri då 'o fårrtelte om turen at 'o snåvla i åorane rætt som de va.

Med utgangspunkt i dei to formene 'snaava' og 'snuvla' hos Aasen har me to utviklingsliner som synest å ha påverka kvarandre og vore med på å danne dialektordet vårt:

Aasen: snaava, færøyisk: snava, eldre da: snave, sv: snafva,, lågty: snaven, nederl: sneven.

Aasen: snuvla, Ryfylke: snuvla, aust-frisisk: snövelen, nederl: sneuvelen, da: snuble, sv: snubbla.

(Jf. 'snøvle'= tale utydeleg – fordi ein ikkje har kontroll på musklane i taleorgana, t.d. når ein er sterkt påverka av alkohol).

*Ordet er i slekt med 'snavl' (Sjå ovanfor!), og felles germ. rot er truleg eit *snab 'med tydinga 'munn'.*

snårr (s,m) – naseslim, snørr (n) [Aasen: snòr (n), eng: snot, sv: snor (m)].



Døme: Bånnane va fårrkjøla, og *snårren* hång onne nasane på dei.

"Ta et krafti snyd så du kan bli kvitt *snårren*!"

Merk at formene 'snørr' og 'snòr' er inkjekjønnsformer mens dialektforma vår er hannkjønnsform – som i svensk.

*Ordet er antageleg avleidd av 'snuse' (v) med germ. verbalrot *snus = snøfte.*

snyd (s,m) – fremste del, ytste kant eller spiss, tipp, topp (Aasen: snyt, sv dialekt: snut):

Døme: Han ståo ude på ysste *snyden* a fjelle og glodde ner i dalen.

'Snyd' er i-omlydt form avleidd frå substantivet ***'snud'*** *(snut).*

snøden (adj og adv) – skuffa, narra, lurt, bedradd, sviken (bm: snytt).

Døme: Du følte dæ allri *snøden* nå du hadde hanla mæ Pettår på Kopra. Han ga bestandi rigeli mål.
Berit blei *snøden* då 'o fekk bare fæm kråone fårr jåbben.

Ordet er eigentleg perf. part. av det sterke verbet ***'snyde'*** *(= narre, bedra) som me bøyer slik:*
snyde (m/ tonem 2) – snyde (m/ tonem 1) – snøyd – he snøde
'Snøden' er hankjønns– og hokjønnsform som altså blir brukt adjektivisk.

soggestir(s,m) – det å stire framfor seg som ei sugge (ho-gris), dvs å stire på eitt og same punkt ei god stund mens du ser ut til å tenke intenst på noe heilt anna enn det som skjer omkring deg. (Folk som har kjennskap til svinehald, veit at grisen ofte stirer slik).

Døme: "Se på Monrad! – Nå he 'an fått *soggestiren*! – Hå æ de han tænke på nå tru?

sonle *(v)* – kjenne seg ør og fortumla, svimle (Aasen: sundla, norr: sundla).

Døme: Dei fleste bjønn' *å sonle* nå dei stænne udpå et stub.
«Somti sonl' æ så æ hølle på å dette. – Då bli æ rædd!» sa gamle Bestefar.

Sonle' el. 'sundla' er ei form som fyrst og fremst høyrer heime i Telemark, Agder og på Sørvestlandet. Ho høyrer til same språkfamilie som 'svimle'. – 'Svimle' og 'sonle' er synonyme ord. Dei kjem av eit lågtysk 'swimelen'.

Andre norske former som høyrer heime her er 'svimra' – med same tyding – og 'svamla' som høyrer heime i Gudb.dalen (= sv: svambla) og som au har tydingane 'døse', 'drøyme'.

*Ei eldgammal germ. verbalrot *svi = 'svinge',' dreie' reknar ein med ligg til grunn for alle desse formene.*

speli (adj) – farleg, vågal, som lett kan føre til ulykke (Aasen: speeleg, Trøndelag: spægle, lågty: spee = som ligg ope og utan vern).

Døme: "D'æ *speli* å gå ud i båd i sånn ein vinn som me he i da' !"

Lån frå lågtysk med utgangspunkt i verbet 'spêen' som tyder 'speide'.

spjagete (adj) – fliset og uryddig, tynn (tynt) og strittande (Ross: spjakete).

Døme: Håre hanses va *tønnt og spjagete.*

"Juletree me he kjøpt i år, æ 'kje no fint. D'æ altfårr *spjagete*".

spjågete (adj) – som er kledd og pynta på ein narraktig måte, – gjerne med sterke fargar, tilstasa, som har maia seg ut (nyn: spjåkut el. spjåkete, bm: spjåkete).

Døme: Helga klædde sæ allti litt *spjågete,* – antageli fårr å imponere mannfålkane.

Ordet inneheld også eit hint om hossen den "spjågete" personen beveger seg: – med stive og tilgjorde steg og armrørsler. – Det er avleidd av verbet 'spjåke' som m.a. tyder 'bevege seg stivt og tilgjort'. 'Spjåke' er lånt frå lågtysk 'spôken' (ty: spuken) = 'gå igjen','spøke'. – 'Spøke' har også same språklege opphavet.

spege [sæ] (v) – slanke [seg], vere avhalden og nøktern med omsyn til mat og drikke; varme [seg] så intenst at det nesten svir; tilberede kjøt el. fisk med salting, tørking og/el. røyking (da: spege, isl: speikja = tørke, sv dialekt: speka = tørke, varme).

Døme: «Æ he blitt så altfårr feid, så æ he tænkt å *spege mæ litt*».

De va godt å *spege sæ oppette åmmen* ett' at me hadde vor' udi kulda.

Nå me *spege sill,* fær' me *spegesill.*

spikk (s,m) – samnemning for småfuglar som gråsporv, kjøtmeis osv. (Aasen: Spikke, norr: spiki, da (jysk): spink). Er au nemning på tynn og spinkel person.



Døme: D'æ *mange spikke* (el. *'møe spikk'*) på foglebrætte vårt udøve vintåren.

*Som dømet viser, så blir nemninga også brukt som mengdeord. Sannsynleg indogerm. rot er *sping- .*

spikk (s,n) – revestrek, pek, puss, skøyarstrek (Aasen: Spikk).
– noe som ikkje er til å fatte, noe underleg.

Døme: Finn prøve allti å finne på ett ellår ant *spikk.*

"D'æ et *spikk* håssen 'an fære de te. Æ begribe d'ikkje!"

splittår (adv) – heilt, fullstendig, aldeles, splitter (ty: splitter).

Døme: Dei kjøpte *splittår nye* sykle te bånnane sine.

"Tru du 'kj 'an lå og såolte sæ *splittår nagen*!"

'Splittår' er fyrst og fremst forsterkingsadverb for adjektiva 'ny' og 'nagen'.Det er avleidd frå det lågtyske verbet 'splitten' (v) = 'kløyve', 'skilje',' spalte', 'splitte'.

sporenstregs (adv) – med éin gong, straks, direkte

Døme: Marie fåor *sporenstregs* heim og fårtelte de 'o hadde sett.

frå ty: 'Spornstreich' (s,m) = 'sporehogg' – når ryttaren vil ha fart på hesten.

sprademagår (s,m) – ein som likar å syne seg fram i nye og dyre klede, spradebasse, motenarr, jålebukk, snobb.

Døme: Per æ ein typisk *sprademagår*. Han bruge de meste a de 'an kjene te nye og dyre klæe fårr å vise sæ fram på «strøge»!

Ordet heng saman med verba 'sprelle' (vm: ***spradde****) = 'vri seg' – og 'make' = 'gjere', 'lage'. Det er altså tale om ein som lagar rørsler – vrir og vender på seg – for å vise seg fram i dei nye kleda sine.*

spradde (v) – sparke og vri seg, sprelle, spratle (Ross: spradda, Aasen: sprala, norr: spradla, sv dial: spralla).

Døme: Ongen lå og *spradda* og koste sæ på et mjugt teppe i de fine vêre.

Olav Hagen har også ordforma ***'spralle'*** *med same tyding i samlinga si.*

springbørse (s,f) – leike med kløfta pinne og gummistrikk til å "skyte" småstein med, lokalt namn på 'sprettert'.

Døme: Dei beste *springbørsane* fekk du nå du konne få tag i strikk som va klypt ud a ein motorsykkelslange. Dænn gommien va passeli kjokk. – Sånn va'dde ijallfall føritia. Og så måtte du finne ei gåo og mjug pløse på ein gammel skåo te å legge steinen i.

spreg (s,n) – tørrkvist, kvas – helst av lauvtre (Aasen: Spræk, norr: sprek).

Døme: Ho plokka opp *sprege* ette laukjærvane fårr å bruge de te å tænne opp mæ på grua.


'Spreg' (sprek) kjem av verbet 'sprage' (sprake) som eig. er eit lydord. Når t.d. sauane hadde ete opp det beste av lauvkjerven, blei 'sprege' (spreket) liggande igjen. Desse tørrkvistane som dyra ikkje ville ete, blei brukte til å nøre opp med – eller for å få fart på varmen – i grua eller i komfyren. Det sprakte friskt når 'sprege' tok fyr.

spydi (adj) – som uttrykker seg kvast for å såre, spotsk, hånande, sarkastisk, spitig, spydig (Aasen: spitig, eldre da: spidig, nederl: spijtig, ty: spitzig, sv dial: spitot).

Ordet er ei forvanska form av det eldre danske 'spidig' som er lån frå lågtysk 'spîtisch' som igjen er danna av substantivet 'Spît' = 'hån', 'forakt'. Til grunn ligg lat. 'despectus' (= fr: 'despit') med tyding 'det å sjå ned på'.

Språkhistorisk er dette adjektivet såleis ikkje danna av substantivet 'spyd'.

spænnel (s,m) – vidjering til å feste eit tau i – eller til å stenge ei grind med, spennel (Aasen: Spennel, Vest-Telem.: spænoli, sv dialekt: spännel = klave av vidje).



Døme: *Spænnle* lage me helst a mjuge viårkviste (vidjekviste).

Ordet er språkleg i slekt med 'spenne' (v) og 'spenne' (s,f). Både 'spennel' og 'spenne' (s,f) er reiskapar som omsluttar og held i hop noe slik at det ikkje fer frå kvarandre. Då har me med ei kraft, ei 'spenning' å gjere som held seg heile tida. – 'Spenning' høyrer såleis au heime i denne ordfamilien.

*Sannsynleg grunnform er germ. *spannila. – 'Spennel', 'spenne', 'spenning' er såleis alle i-omlydte former.*

spøde (s,f) – strikkepinne, bundingsstikke (Aasen: Spita, Spyta, Spøta, Vest-Telemark: spít, skånsk: speda).

Døme: "Du må ha fæm *spøde* nå du ska strikke raggsåkke," sa Berte te dattåra si som just hadde lært å strikke.

'Et spød' *(= eit strikketøy) og* ***'å spøde'*** *(= å strikke) er ord som kan ha vore i bruk i Vennesla tidlegare, men*

*som neppe er nytta hos oss i dag. 'Spøde'(= strikkepinne) er framleis i bruk. Ordet kjem av 'spít' (= spiss, odd, spiss nagle el. pinne). Sannsynleg grunnform er eit verbal *spi som tyder 'vere spiss'.*

'Bonning' er elles eit ord for 'strikketøy' som me framleis kan høyre hos eldre Vennesla-damer. Det kjem av vebet 'binde' som m.a. også har tydinga 'strikke'.

'Strikke' kjem av lågty. 'stricken'(= snøre, binde, knytte, strikke).

stae (s,m) – samanpakka mengd, stabel, haug, lag (t.d. vedlag) (Aasen: Stade, norr:staði).

Døme: Dei hadde fått ein gåo *stae* mæ høy inn i løa.

stakk (s,m) – rund og høg haug el. stabel med høy som er festa rundt ei kraftig stong som er støyrd loddrett ned i bakken (Aasen: Stakk, norr: stakkr, sv: stack, da: stak, eng: stack).

Døme: Nå dei gamle slåo høy innpå heiane, setta dei opp *stakke* fårr å lagre de. Dei henta høye ijænn udpå vintåren nå sle'eføre va fint.

*Ordet er i slekt med 'stake' = 'stong', 'påle'. Indoeuropeisk verbal grunnform er antatt å vere *stag el. *steg med tyding "gjere stiv".*

'Stakksneis' er namnet på stonga som høyet er festa til.

stakk (s,m) – kvinnekledning, skjørt som rekk frå beltestaden og ned til føtene (Aasen: Stakk, norr: stakkr = kufte el. sid trøye til å tre over hovudet, sv dialekt: stakk = kjole, eldre da: skind-stak).



Døme: Dei gamle kånane jekk mæ svart *stakk* som råkk heilt ner te føddane. Og på haue hadde di svarte hauetørklæ.

*Mogeleg indoeuropeisk verbal grunnform er *(s)teg' = 'dekke heilt', 'dekke over' – som kanskje også ligg til grunn for lat. 'toga' som er namnet på ei vid romersk kappe som ein sveiper seg inn i slik at heile kroppen blir dekt. – Hit høyrer kanskje også vårt 'tåge' (toke = utetak på hus) som au har som oppgåve 'å dekke over'.*

stampegraud (s,m) – graut av råskrelte poteter. Når potetene er kokte og "tærte" (kokevatnet er slått ut), blir dei knuste med ein stamp og blanda saman med litt mjøl og ørlite salt til ein får ei fast og jamn grautmasse,

Døme: *Stampegraud* mæ et godt smøraue og sur mjælk innte æ krafti mad.

staue (s,f) – rom som gjerne er møblert med sofa, gode stolar, store lamper, bilde på veggane,ein god vedomn og vindaugskarmar med blomar. – I det heile ein stad der det er behageleg å opphalde seg (Aasen: Staua, Stova, Stoga, norr: stofa, stufa, stoga, sv: stuga, da: stue, ty: Stube, bornh: staua). Heng au saman med nederl: stoof = eldstad, eng: stove = omn og fr: étuve = badstove, omn.



Ulike "staue" i vm.: «**daglistaue, bestestaue, peisestaue, arbeisstaue».**

Døme: Ette maden jekk mannfålkane inn i *staua*, setta sæ i vær sin leneståol og tåo fram pibane sine.

staugen (adj) – som gjeng stivt og ustøtt, vaklevoren, ustø (Aasen: stauka (v) = gå ustøtt og vaklande, gå med stav).

Døme: Ånen he blitt veldi *staugen* mæ årane, og i da' må 'an bruge stav nå 'an æ ude og jænge.

staurjage (v) – jage el. skræme bort med ein staur som "våpen".

Døme: "Æ va så sinna på 'an at æ konn' 'a *staurjagt* 'an!"

stenul (s,m) – steinugle, bergugle, svært stor ugleart med to kraftige fjørtoppar på hovudet, hubro, – namnlaging med 'stein' el. 'berg' fordi 'stenulen' bygger reir på fjellhyller, Endingane '-ul', '-uv' osv. er lydhermande (Aasen: Steinulv, isl: steinugla, da: stenugle, ty: Steineule, nederl: steenuil, andre dialektformer: stenuv, stønnul, stunnuv, stínulv m.fl.).



Døme: Somti konne me høre *stenulen* opponne Urane i mørkninga. Me tykte de va skommelt.

Ordet er truleg lite i bruk hos oss i dag. 'Hubro' har teke over som nemning på dette ugleslaget. 'Hubro' er laga av lydordet 'hu' og substantivet 'bror'. Det er altså tale om ein "bror" som ropar "Hu!". I eldre ordbøker blei nemninga skriven 'hubror'. – For den som var ute og vandra einsam i mørkninga om kvelden, var det liksom litt trygt å kunne kalle ein mystisk nattfugl som lagar nifse lydar, for "bror".

stevel (s,m)



– fottøy med høge skaft, støvel (Aasen: Styvel, norr: styfill, sv: stövel, da: støvle (eldre da: støvel el. stevel), ty: Stiefel, nederl: stevel) – frå italinsk 'stivale' som igjen kjem av lat. 'æstívális' som tyder 'sommarleg' (– opphavleg altså eit slag sommarfottøy!).

Døme: Åola he allti *stevle* på nå 'an jæng' i skauen.

I dag brukar nok venndølar flest den danske forma 'støvle' og bøyer det slik: Ein støvle – den støvlen – fleire støvle – alle støvlane

("He du tatt støvle mæ dæ te ferieturen?"). – Men du kan nok framleis høre enkelte eldre seie 'stevlane' med rotvokalen 'e'. 'Stevel' er elles ei ordform som høyrer heime mange stader i Agder og Rogaland.

stikkårt (s,m)

– slank og lang stong som har ein kraftig stålspiss med mothakar festa til enden, – brukt til å "fiske" opp søkketømmer med.

Døme: Knud kjørte *stikkårten* inn i kjokkænnen a ein lang ståkk som lå på bonnen a elva. – Så måtte Kåre te å råo så dei konne få ståkken i lann. De va hart arbei'!

Ordet er ikkje å finne i noka ordbok. Kan hende er det laga nokså spontant og ureflektert under krigen då ein del pråm-eigarar skaffa seg ved av søkketømmeret som t.d. fanst i Venneslafjorden.

Les elles i Vennesla Historielags årsskrift for 1985 ss 7-9 om dette "søkkingfisket"!

stomp(s,m)

– stort rundt brød ("kake") som er steikt i bakaromn, omnsbrød (Aasen: Stump, norr: stumpr = stump, stykke av surbrød, – frå lty: strump = stykke av surbrød).



Døme: Dær va ingen som konne bage så gåo ein *stomp* som Berte.

Den eigentlege tydinga av ordet er 'stubb' el. 'ende'.

strygereim (s,f) – Brei lêrreim til å kvesse (stryke) rakekniven (barberkniven) på.

Døme: Han måtte ta kniven et tag på *strygereima* før 'an ragte sæ.

strånn (s,f) – sjøkant, elvebreidd, strand (Aasen: Strand og Straand, norr: strǫnd, sv: strand, ty: Strand).

Døme: Føritia kåkte og vaska kvinnfålkane klæe i ståore jenngryde neri *strånna*. Dær va de au greitt å sjylle tøye i åna.

Strånn' er den gamle forma i Vennesla-dialekten. I dag seier dei fleste 'strann'. 'Strånn' er eigentleg gammalnorsk nominativsform eintal av ordet (strǫnd) – med u-omlydt rotvokal . (Sjå avsnittet om u-omlyd i språkdelen av boka!).

stuvill (adj) – som er så vill at han/ho ikkje er til å styre (gjerne på grunn av glede) – og slik at det kan hende ser "naudent" ut, ellevill, på styr.

Døme: Honnen va *stuvill* då 'an fårrståo at me skolle på jakt.

Forstavinga 'stu-' heng saman med substantivet 'stuv' = 'stubbe', 'trestamme' og peikar i samansetningar på noko som er sterkt og vedvarande

styben (adj) – som luter framover, framoverbøygd, krokut.



Døme: Torstein va blitt gammel og tæmmeli *styben*.

Frå gammalt av var i store område av Agder 'styp' el. 'styb' brukt som nemning for 'bratt fjellvegg' el. 'bratt skråning'.I dag er 'stup' el. 'stub' det vanlege. Men me finn att 'styp' ('styb') i gardsnamnet Stypstad (Stybstad) t.d. i Songdalen kommune og aust i gamle Holum kommune. Dette

er dei gamle namna som framleis lever på folkemunne mens nye kart har nemninga Stupstad (Stubstad).

'Styben' kjem av ei gammalnorsk form 'stypinn' med i-omlyd u < y. Verbet 'stupe' ligg til grunn. Det er opphavleg sterkt verb og er bøygt slik i nynorsk:
stupe – styp – staup – stope.

Hos oss er det bøygt svakt i dag.

stylle (v) – fore og stelle krøtera, stulle (Aasen: stulla, isl: stuðla = hjelpe til).


Døme: "Konne du stylle fårr kjyrane i kvell? – Æ skolle så jønne ha vore på møde i frikjørka."

stølphus(s,n) – hus som stend på stolpar, stabbur, stolpehus.



Døme: "Du må ha et *stølphus* på gåren. – De høre lissom heime dær."

ståbel (s,m) – noe som er lagvis ordna i haug, stabel, stapel, stopul (Aasen: Stopul, norr: stǫpull, sv: stapel, da: stabel, ty: Stapel). – Antatt indoeuropeisk verbalrot er eit *steb med grunntyding "støtte". Dette er også grunntydinga for 'stav'(s,m).



Døme: Aslag hadde hågd ein svær *ståbel* mæ ve på none få time.

Her har me igjen med ein gammal u-omlyd å gjere då ein opphavleg 'a' blei runda og gjekk over til å-lyd etter påverknad av ein 'u' i neste staving. Norrønt 'stǫpull' har kan hende endra seg slik i dialekten vår gjennom hundreåra etter påverknad utanfrå:
Stǫpull > stǫpul > stopel > ståbel > stabel

Dei gamle hos oss brukar framleis forma 'ståbel'. Dei yngre brukar helst 'stabel'.

Om u-omlyd: Jf. t.d. dialektordet 'svinsåkse' nedanfor!

ståår (s,m)

– vrang og vriden person, , person ein helst ikkje har selskap med, stotar (da: stodder, sv. dialekt: ståtare = fattig stakkar, norr: stoti el. stotr = ein som stammar el. stotrar).
Døme: "Se og kom dæ vekk, *din ståår*!"

Kjem av 'stota' (v) som tyder 'stamme', 'stotre'.
I Vennesla har ordet helst blitt brukt som skjellsord.

stålpe (v)

– gå med lange og tunge steg, stolpre, stabbe, stampe, stavre (Aasen: stolpa, da (jysk): stolpe = ty: stolpern = gå stivt og ustøtt).



Døme: Oskar måtte *stålpe* i jyb nysnø bårt te vesjule. De hadde snødd møe om nåtta.

suss (s,m)

– geléaktig kjøtpålegg – laga av oppmalt kalvekjøt (Aasen: Suss = "et Slags Mad af Kalvekjød").


Har kan hende samanheng med adjektivet 'sossen' som tyder 'dissande', voggande'.

svalldaue (s,m)

– skade på graset slik at det døyr på grunn av is og barfrost, isbrann (Aasen: Svalldøya).

'Svall' – fyrste stavinga i dette samansette ordet – har Aasen forklart med "Is på Markerne". Denne forma høyrer m.a. heime på Agder. Andre former av ordet er 'svell', 'svoll' og 'svull'. Setesdølane har forma 'svodd' med den generelle overgangen ll > dd.
Norrøn form er 'svell' som kjem av det sterke verbet 'svella' (– svell – svall – sullum – sollin) = svelle, hovne opp, trutne.
Dei ulike norrøne bøyingsformene av verbet ligg til grunn for dei forskjellige substantivformene vist ovanfor.
– "Vår" form 'svall' svarer til preteritumsforma i eintal.

svill (s,f)



– dørstokk, underlag for jernbaneskjenene (Aasen: Svill, norr: syll, sv: syll = bjelke til underlag, da: syld = grunnstokk, eng: sill = grunnstokk, terskel. Jfr. elles tysk 'Schwelle' = dansk 'svelle' = jernbanesvill).

Eit latinsk ord 'solum' høyrer denne ordfamilien til. 'Solum' tyder 'grunn', 'underlag', og me finn det att i vårt ord 'sole' i t.d. 'fot-sole', 'sko-sole'.

svinsåkse (s,f)



– grevling, svintoks (Aasen: Svintokk og Svintoks).

Døme: *Svinsåksa* æ feid og lang, he smal og lang snud – og kårte bein. Ho æ så ståor som ein middels honn og æ svart, grå og kvid på led.

*Fyrsteleddet 'svin-' tyder 'gris'. Andreleddet '-såkse' (-toks) kjem truleg av eit gammalnorsk u-omlydt 'þoks' (þ blir uttalt som klanglaus eng. th-lyd) som igjen kjem av eit eldre (urnordisk) *þaksu med tydinga 'byggar' (ein som er flink til å bygge). Namnet fortel at "svinsåksa" er dugande til å bygge hi. Hiet har i så måte fleire utgangar og er tolleg velforma.*

*'-såkse' (-toks) er av same opphav som ty. 'Dachs' som tyder 'grevling'. – 'Dachs' er hos oss namn på ein hunderase med lang kropp og stutte bein, og som har noe av utsjånaden til ein grevling. Sjølve ordet 'grevling' har tysk opphav og heng saman med verbet 'grave' Sannsynleg grunnform til '-såkse', 'toks' og 'dachs' er eit indoeuropeisk verbal *tecs med tyding 'bearbeide', 'bygge'.*

sydål (adj)

– som har lett for å syte og klage, syten.

Døme: "Sjæl om han æ ong og stærk, så æ 'an *sydål* som ein bårtsjæmt onge. – Æ begribe mæ 'kje på 'an!"

Adjektivendinga '-ål' høyrer fyrst og fremst heime i Agder og øvre delar av Telemark. (Endinga er '-all' eller '-al' elles). Men dialekten vår kan i dag ikkje syne til mange adjektiv med slik ending. 'Fråstål' er nemnt tidlegare.

'Gåmål', el. 'gåmåle' knyter me i dag helst til dialektane i Setesdal, men det har nok vore i levande bruk langt sør i Agder tidlegare.

sæde (v) – stå fast, passe, stemme med (Aasen: sæta, norr: sæta. sv: säta, da (jysk): sæde).
Døme: «Du ska' 'kje bry dæ om hå Torstein seie. De han kjæme mæ, *sæd'* ikkje allti. Hør hellår på Konrad. De han seie, kan du stole på æ rætt».
«Bare ett a dessæ tri tallane æ de som *sæde*. Kan du jette hå fårr et de æ?»

*Kjem av norr. 'sát' = stad der ein sit på lur eller i bakhald. Sannsynleg germ. grunnform er *sêtô til verbet 'sitje'.*

sælte (s,f) – flót eller duppe som kjem fram når du t.d. steiker salt flesk, salt feitt som er smelta i steikepanna (Aasen: Selta og Solta).

Døme: D'æ godt å dyppe brø i *sælte* og ede de sammen mæ steikt flesk!

Sælte' er laga av ordet 'salt'. Nemninga har eg fått frå Åse (Eikeland) Jortveit til samlinga her.


særrop (s,m) – gulbrun sukkermasse blanda med litt vatn, sirup (Aasen: Sirup, norr: sirop, lat: sirôpus).



Døme: Ein loffe-bede mæ *særrop* på æ nydeli innte nykåkt kaffi!

Kjem av arabisk 'sharab' som tyder 'drikke'.
Elles har me her endå eit døme på at 'i' går over til 'æ' i enkelte ord i dialekten vår der i-en står innmed ein 'r'. Dette kan henge saman med at uttalestadene i munnhola for 'æ' og skarre-r ligg svært nær kvarandre, og dei to lydane såleis er lette å uttale saman (Jf. t.d.. 'fræsk', 'ræps', 'ræste', 'lakræss').

søkk (s, m og n) – Hole eller dump, sukke; overgang i skibakke (Aasen: Søkk, norr: søkkr = det å vere nedsokken, da: sænkning, sv: sänk = sid mark).



Døme: – De blei fæle *søkk i ågåren* dær dæn ståore steinen hadde rolla nerøve.

– Då 'an kåmm ner i *søkken på sjibakken*, ramla han så lang 'an va.

søkking (s,m) – tømmerstokk som under fløyting blir så gjennomtrekt av vatn at han søkk.

Døme: De va mange som "fiska" *søkkinge* i elva onne krigen. De ga møe fin ve. Mæn du, hå lang ti de tåo før 'an va kjørr! (Jf. artikkelen om «stikkårt» ovanfor!)

sønnli (adj og adv) – trist, sørgjeleg, syndleg; svak, veik, dårleg, skral (Aasen: syndleg).

Døme: – De jekk så *sønnli* mæ Pettår, stakkar!

"D'æ none gamle og *sønnlie* klæe du he fått på dæ i da, tykk' æ! Kan du 'kje finne no' ant så du ser litt sjebeli ud?"

*– laga av substantivet 'synd', – til eit germ. adjektiv *sundia med tyding 'skuldig'.*

sålebåod (s.f) – velgjerning, hjelp når ein er i stor naud både kroppsleg og sjeleleg, sælebot (Aasen: Saalebot, norr: sálubót, gammalisl: sálubati, sv dialekt: själubot, eldre da: sjælebod).

Døme: Me preke om *sålebåod* nå me jælpe og trøste dei som he de vont.

Fyrsteleddet 'sål' tyder 'sjel' og er det same som det gammalnorske 'sál' som igjen er lånt frå og er ei samandraging av angelsaksisk 'sáwol'. Dette 'sáwol' har i England utvikla seg til 'soul' (= sjel).

Ordforma 'sjel' har me fått via da 'sjæl' el. sv 'själ' frå ei gammal lty form 'seola' el. 'siola'. Også ordet 'sæle-

bot' må ein rekne med er blitt laga i ein slik meir austleg ordlagingstradisjon. Jf. elles ty 'Seele' (= sjel) og 'selig' (=sæl, salig).

Andreleddet 'båod' (norr:bót) tyder betring, bøting, soning og kjem av same rot som 'bate' (= gagn, nytte) og komparativforma 'betre'.

såve (v) – **søve - såv – såve** – vere i søvntilstand, sove (Aasen: sova, norr: sofa, sv: sova, da: sove, angelsaksisk: swefan).

Døme: Pedår æ så heldi at han *søve* som ein stein heile nåtta.

*Olav Hagen har ført opp i ordlista si fylgjande ord som har med soving å gjere: somne, sove, svæve, svømnu, sømne (gå i sømne), søvn. Dei blir tekne opp kvar for seg like under her. Ei antatt indoeuropeisk rot *svep ligg til grunn for desse orda. P-en i denne rota finn me m.a. i sanskrit (gammalindisk) 'svapati' som er presensform og tyder 'søv'.*

Norr. 'sofa' har slik bøying: sofa – sef – svaf – sofit.

somne (v) – falle i svevn, sove inn, sovne (Aasen: somna el. sovna, norr: sofna, sv: somna, bornh: sävna, da: sovne).

Døme: Han *somna* mæ ei gång 'an la haue på puda.

Forma 'somne' er nok lite i bruk i Vennesla i dag. Dei fleste venndølane vil heller bruke forma 'såvne'.

svæve (v) – få til å sove, dysse i søvn (Aasen: svæva, norr: svæfa, sv: søva).

Døme: Ho prøvt' *å svæve bånnane* mæ å sønge none bånsulle.

*Sannsynleg grunnform er germ. *swêbian. Slektskapen mellom 'svæve' og 'såve' ser me tydeleg i den norrøne preteritumsforma 'svaf' (Sjå bøying av norr. 'sofa' under 'såve' ovanfor!).*

svømnu (adj) – som gjerne vil sove, tung av søvn, svevnug, søvnig (Aasen: svevnug, norr: svefnugr, svøfnugr, sømnugr. Andre dialektformer: syvjug, søvjug, svemnug).

Døme: "Æ bli så *svømnu* a å se på dænn dærre TV-en somti !"

V-en i dette ordet kan vere teikn på at Vennesla-dialekten har hatt eit substantiv 'svømn' (= søvn) tidlegare.

søvn (s,m) – Det å sove, svevn, søvn (Aasen: svevn, andre norske dialektformer: svebn, svæmn, svømn, sømn, norr: svefn og søfn, sv: sømn, da: søvn, angelsaksisk: svefn = draum , svevn).

Døme: Berte drøyme møe, sei 'o. Ho he sånn ein *uråoli søvn* vær nått, mein 'o.

Olav Hagen har uttrykket 'gå i sømne' i ordlista si (Sjå under 'såve' ovanfor!). Forma 'sømne' er dativform etter preposisjonen 'i' i eit gammalt ståande uttrykk.. Dette tyder at 'sømn' truleg har vore dialektform i Vennesla tidlegare, – kanskje saman med forma 'svømn' (Jf. 'svømnu' ovanfor!).

T

tai (adj) – seig, uthaldande, tåg, som ikkje gjev opp så lett (Aasen: tai, nederl: taai, eng: tough).

Døme: Jåon æ ein *tai arbeiskar*. Han mårje og stræve da'en lang.

Aasen held ordet saman med adjektivet 'taug' som han gjev tydingane "som gaar sagte", "langsom", "spagferdig", – men skriv vidare:

> *"Vel egentl. 'dragende' eller 'udstrækkende' (jf. 'tøygja'), af et gammelt verbum 'tjuga'. En mere fremmed Form er «tai»: 'sei', 'utrættelig', 'udholdende'. (Ved Mandal). Jf. Ang. 'tóh' ('sei'), Eng. 'tough'; Holl. 'taai', T. 'zähe', Ght. zág".*

Aasen har altså på studiereisene sine omkring midten av 1800-talet funne dette ordet "ved Mandal", – dvs. i Agder.

Kan hende har me fått denne forma av ordet hit med nederlandske sjøfolk som kom med skutene sine

til Agder-kysten (Jf. forma 'taai' i parentesen ovanfor!)
I dag bruker me helst det engelske adjektivet 'tough' med vår norske uttale 'tøff'.
*Germ. grunnform er * 'tanhu' (adj) som tyder 'seig'.*

talle (s,m) – Lag av møkk og strø som etter kvart dannar seg på golvet i eit saue- eller geitefjøs, talle (Aasen: Talle, sv dialekt: talle = møkk + strø av gran- eller furebar).

Døme: Nå sauane he kåmme ud om våren, æ tia inne te å læmpe ud *tallen* som kan vere ganske kjokk ett' ein heil vintår.

Ordet kan vere danna med innverknad frå både norr 'tað' (= 'møkk', 'gjødsel') og 'þoll' (pl 'þallar' = 'ungfurer'). – I eldre tid var strø av fure- og granbar vanleg.

tare (v) – **tar–tarte – tart** – trenge, behøve, vere nødvendig (Aasen: turva og tarva, norr: þurfa).

Døme: «*Æ tar 'kje* ha alle te å jælpe mæ. Æ trænge bare tåo mann».
«Du *tart' ikkje ha sagt* de dær te Per! Du va så ufårrdrageli atte!»

Verbet er svakt bøygt i Vennesla-målet. I praksis bruker me stort sett bare formene i presens og preteritum.
Verbet er svakt også i nynorsk, men med skifte i rotvokalen (turve – tarv – turvte – turvt) som i norrønt.
Det finst dialektar på Sunnmøre og i Nordland der dette verbet blir bøygt utan vokalskifte – som hos oss. Slik er det også i svensk (tarva – tarv – tarvade – tarvat).
Eit gotisk verb ' þaurban' (presens 'þarv') = 'behøve', 'trenge' syner grunnlaget for dei formene som er nemnde. I tysk har dette utvikla seg til infinitiven 'dürfen' med ein liten nyanse i tydinga ('få lov til'). Det har bøyingsformene dürfen – darf – durfte – gedurft. Her kjenner me igjen rotvokalane i dei norrøne og nynorske formene. (Jf. elles substantivet 'tarv' = 'behov', 'trong', 'nødvendighet').

taske (s,f) – veske, pose, mappe av lêr el. skinn; – skjellsord for upåliteleg og usømeleg kvinne (Aasen: Taska, norr: taska, ty: Tasche, italiensk: tasca).

Døme: Han hadde fått sæ *ny taske* te skulebøgane.

teie (s,f) – open handleveske el. handlekorg fletta av skinnremser, tæger o.a. (Aasen: Teia og Tægja).



Døme: "Du må prøve å få alle varane *opp i teia*. Så sleppe me å dra heim ein a dessa plastpåsane ijænn".

Tæger (trerøter) var det opphavlege materialet som blei brukt til å flette ei teie (tægje). – Ordet er såleis laga av fleirtalsforma 'tæger' til 'tåg' = 'rottrevle, rotgrein av tre (norr: tág – tægr).

I eldre tid blei teiene laga til å sile mysa frå ostestoffet under ystinga. Store og grovlagde teier (tægjer) blei t.d. i Setesdalen og Vest-Telemark nytta til oppbevaring av flatbrød.

teine (v) – teikne, lage bilde av, forme med blyant og fargar på papir, vise noe med teikn, notere (Aasen: teikna, norr: teikna = vise med teikn, sjå ut til, sv: teckna, da: tegne, nl: teekenen, ty: zeichnen)

Døme: På skulen lære me båd' *å reine og teine* – og møe ant.

De *teine te å bli* fint vêr.

"Æ vil *teine mæ som medlem* i idrættslage".

Ei anna Vennesla-form av dette verbet , som ein kan høyre av og til, er 'tingne'.

Elles blir bokstavsamansettinga '-egn' uttalt '-ein' hos oss: – segne om (seine om), regne (reine), hegne om (heine om), degn (dein). Det kan såleis tyde på at det er den danske forma 'tegne' me har i tankane når me seier 'teine'.

*Ordet er avleidd av eit germ. verb *taikian = 'vise til' som også ligg til grunn for m.a. eng. 'teach' = undervise.*

tele (v) – **telte – telt** – finne kor mange einingar det er av ei eller anna

mengd, halde tal på, seie tal etter kvarandre, ha noe å seie, ha betydning, omfatte, råde noen til noe, telje (Aasen: telja, norr: telja, sv: tälja, da: tælle, ty: zählen, nl: tellen).

Døme: Gudongen hadde lært å *tele te honre*.

"Nå *he* æ *telt* alle flaskane og he kåmme te honråfæmmåtyve. Mæn me skolle ha honråtrædve. He du knust none?"

"*Æ vil tele dæ ifrå* å ha no' mæ Per å jårr. Æ tru 'kje du kan stole på 'an rætt og slett!"

"De *tele* så lide hå me gamlingane meine".

*Germ. grunnform er * 'taljan' til substantivet 'tal'.*

Ein skal merke seg den lange rotvokalen både i 'tele' og 'tal'. Dei eldre venndølane seier helst orda med lang rotvokal. Dei yngre har nok som oftast kort rotvokal her og uttaler orda 'telle' og 'tall'.

temre (v) – bygge hus av tømmer , drive med tømmerarbeid, tømre, (Aasen: timbra, norr: timbra, sv: timre, ty: zimmern, eng: timber, nl: timmeren).

Døme: D'æ mange som tykke d'æ stas å få sæ ei hytte som æ *temra*.

*Ein germansk verbstamme * 'temra-' ligg til grunn. Det kjem i sin tur av ei indoeuropeisk rot * 'dem-' = bygge. Merk at det tyske substantivet 'Zimmer' som opphavleg tyder 'tømmer', i dag har hovudtydingane 'værelse', 'opphaldsrom'.*

I vm. får ei tømra hytte i dag nemninga 'ei tømre'.

tere (s,m) – hann av storfugl i skoghønsfamilien, tiur (Aasen: Têr, Tere og Tidur, norr: þiður, sv: tjäder, da: tjur).



Døme: D'æ spænnanes å "springe på *teren*" nå 'an leike på tåppane!

*Germ. grunnform er * 'þiþura' el. * 'þeþura'.*

Den svenske etymologen Hellquist syner til fleire ulike ordformer som finst på denne fuglen i heimlandet hans (tjädur, tidur, tjödör t.d.) og konkluderer slik: "Den

starka formväxlingen beror på ordens ljudhärmande ursprung".

tettemjælk (s,f) – eldgammal nordisk form for surmjølk som inneheld mjølkesyrebakteriar og gjær, tettemjølk, tjukkmjølk (Aasen: Tettemjølk, sv: tätmjølk, långmjølk).

'Tettemjælk' er svært seig og tjukk (tett) og held seg frisk lenge, Ho kan jamvel tørkast utan at mjølkebakteriar og gjærsopp døyr før etter lengre tid.

Ein har gjennom hundreåra meint at tette blir skapt i mjølk frå kyr som har beita på tettegras – ein insektetande plante i blærerotfamilien med tjukke og kleimne blad. Men vitskaplege granskingar har ikkje greidd å stadfeste dette.

tila (adv) – i uttrykket "*i da' tila*" = tidleg på dagen i dag (Aasen: tidlege [utt.: 'tile'], norr: tiðliga = fust, ivrig).

Døme: "*I da' tila* plaskreinte de. Nå sjine såola frå klar himmel! D'æ 'kje te å tru at de kan sjifte så fårt!"

Endinga -a i dette ordet kan vere det gamle norrøne avleiingssuffikset -a i 'tiðliga' som har overlevt i dette faste uttrykket i dialekten vår. Noe tilsvarande har me i adverbet 'illa' (norr: 'illa' el. 'illiliga'). "De va illa!" seier me.

tivêr (s,n) – mildvêr som får snø og is til å smelte (tine), tøvêr, tøyr (Aasen: Tidveder, isl: þiðviðri).

Døme: Me fekk 'kje *tivêr* før langt udi april.

tjadre (v) – plapre, skravle, sladre, tjatre, prate fort og lågt (Aasen: tjadra, Vest-Telem: tjodre, sv dialekt: tjattra, da: tjadre. bornholmsk: kjäddra)

Døme: Dei sadd og *tjadra* om alt og ingenting udøve heile kvellen.

Lydane tj og kj blir uttalte likt hos oss.

todre (v) – småsynge for seg sjølv, sutre smått og monotont, pludre lågt og stille, tutre

Døme: Ho *todra på ein liden melodi* mæns 'o skurte gålve. Ho va visst gla' li'væll.

Båne lå og *todra og smågrein* mæns de vænta på å bli stelt.

Både 'tjadre' og 'todre' er lydhermande ord.

togge (s,f) – munnfull med mat – passe stor til å tygge greitt, matbit; tolleg stor tyggegummi, bit av kokt kvae som skal tyggast for å reinse tennene (Aasen: Tugga, norr: tugga, sv: tugga).

Døme: Han hadde løst te å spytte ud heile *togga.* – De va altfårr møe pebbår i maden!

Maren hadd' ei ståor *togge mæ "toy"* som 'o koste sæ mæ.

*Ordet høyrer saman med verbet 'tygge' (Aasen: tyggja, norr: tyggja / tyggva, sv: tugga, da: tygge; urnordisk: *tyggwan, eldre urnordisk: *kiggwan; ty: kauen, nl: kauwen, germ. grunnform: *kewwian).*

*Som ein ser av dei to urnordiske formene i parentesen, så har det skjedd to endringar frå eldre til yngre form, – med framlyden (k>t) og med rotvokalen (i>y). – Overgangen k>t skuldast sannsynlegvis såkalla dissimilasjon (= det å gjere ulik), og endringa i>y er omlyd (w-omlyd/ u-omlyd). Ulikgjering kan vere tenleg når lydar som blir laga på same staden i munnhola, skal uttalast like innpå kvarandre. Slik er det med k og g i *kiggwan, – ikkje minst når dei blir uttalte som palatale lydar.*

Ein kan merke seg at det er dei nordiske landa som har utvikla dissimilasjonen i dette høvet.

Dei nemnde formene for tysk og nederlandsk har utvikla seg annleis enn dei nordiske formene, m.a. ved å halde på den opphavlege k-lyden som framlyd.

toki (adj.) – dum, gal, tosket, "nauden", – "som saknar grundläggande själslig förmåga och altså inte är tilräknelig, som ofta beter sig dumt eller oberäkneligt, som känner sig mista självbehärskningen", token, tokig (Aasen: Toka (s,f) = tåpeleg kvinne, finsk: tokko = "dumhufvud", dumskalle).

Døme: "En skolle tru du va heilt *toki* sånn som du oppføre dæ!"

Me kjenner dette adjektivet best frå svensk, og sitatet ovanfor er frå ei svensk ordbok. – Kan hende var rallarsvenskane med på å gjere ordet alminneleg i Vennesla den gongen bygda fekk storindustri og jernbane?

– Det er mogeleg at ordet er lånord frå lågtysk med grunnlag i verbet 'token' = spøke, leike – og substantivet 'Tok' = forvirring.

tokke (v) – flytte på, skuve til sides, gje plass (Aasen: tukka og tokka, norr: þoka, Sør-Vestlandet: toka, sv dialekt: tokka, da (jysk): tokke).

Døme: "*Tokk* ståolen bårt te båore og sett dæ, så ska æ slå i litt kaffi te dæ!"

*Indoeuropeisk verbalrot er *tug = støyte.*

tolle (s,f) – ferdigkarda, langstrekt krull av ull, klar til spinning (Aasen: Tull [m] , sv. dialekt: 'tulla' og 'tylla' [f]).



Døme: Berte kara olla og lagte fine *tolle* mæns måora sadd og spant.

tommelomsk (adj) – fortumla, forvirra, omtåka, ør, tummelumsk.

Døme: "Håll nå opp då, alle sammen! – Bestefar bli aldeles *tommelomsk i haue* a alt bråge dykkårs!"

Adjektivet skal vere avleidd av eit eldre dansk substantiv 'en tummelom' som er ei avleiing av verbet 'tumle om'.

topt (s,f) – tuft, tomt, grunn til å bygge hus på (Aasen: Tuft, norr: topt, tuft, tupt, sv: tomt).

Døme: Du konne ænnå se *topta* dær dei gamle husane hadde stått.

*Indoeuropeisk rot er *dem- = bygge (Jf. merknad under 'temre' ovanfor!).*

'Topt' er ikkje lenger i vanleg bruk hos oss. Det er blitt erstatta av det austnordiske 'tomt'.

Dei gamle venndølane brukte p i ein del ord der me i dag har f: skapt (= skaft), gipte sæ (= gifte seg), låpt (= loft), lopt (= luft). – Framleis seier me 'ops' (= ufs) og 'opsedråbane' (= dråpane frå takufsa).

Desse p-ane er fyrst og fremst eit vest-nordisk språkfenomen.

tosle (v) – gå stilt og roleg omkring, tasse, subbe, pusle og stelle (Aasen: 'tusla' og 'tutla', Bornholm: tössla, da (jysk): tusle).

Døme: Bestemåor *tosle* ront i kjykkene og staua på filttøflane sine heile da'ane. – Dær æ så møe å posle mæ at!

toste (v) – vere sein og ineffektiv, vere gammal og seinvoren, lage ugreie, vikle i hop, tuste (Aasen: tusta, frisisk: tûsteren).

Døme:Tåone *toste* så nå 'o lage mad. – Ho lige rætt og slett ikkje sånn et arbei'.

Gonil he *tosta* møe i de siste. – Ho bjønn' å bli gammel.

"Nå he du *tosta* gåne fælt! – Æ kjæme te å bruge veldi møe ti på å få de greitt ijænn!"

*Germansk verbalrot er *tus = rive, ruske i*

Her kjem ein del ord som høyrer saman med verbet 'toste':

tost (s,f) – Det å vere gammal og senil.

Døme: Besta jårr så møe rart og ufårrståeli. Ho må ha bjønt å bli *på tosta.*

tost (s,n) – noe som er ugreitt, vanskeleg eller leitt.

Døme: De va *no' tost* at så få blei mæ på turen!

toste (s,f) – samanfiltra bundel av trådar, hår, garn o.l., floke, vase, tuste.

Døme: Fisketøymen va *ei einaste fæl toste*.
Jf. **hårtoste** og **grastoste**.

tostekåpp (s,m) – person som rotar og har problem med å bli ferdig med det han held på med.

Døme: "Du æ ein *tostekåpp*, Torleif! Bli du allri færi mæ å pakke de du ska ha mæ dæ?!"

tosteli (adj) – som er ugrei, lei, vanskeleg, upassande, tusteleg.

Døme: "D' æ none *tostelie* klæe du he fått tag i! – Du kan 'kje vise dæ i kjørka mæ sånn no' på dæ!"
"Så *tosteli* at du he blitt så fårrkjøla!"

tosten (adj) – sein og ineffektiv, tuslut, seinvoren, puslet, **"seintosten".**

Døme: "Per he blitt så gammel og *tosten* at d'æ sønnli. – Æ tykke så vondt om 'an atte."

tott (s,m) – hardt samanrulla hårknute som kvinnene "føritia" bar i nakken eller oppå hovudet, topp, spiss, tutt (norr: tuttr = stubb, stabbe [om lubben smågut], ty: Tüte = kremmerhus, spisspose, da: tutt = kremmerhus. – Ordet høyrer språkleg saman med 'tut').



Døme: Ho setta de flåtte håre sitt opp i ein *elegant tott* bag i nakken.

trabelt (adv) – annsamt, travelt

Døme: "Hå møe ska du røkke i da' sia du he de så *trabelt*?"

Ordet høyrer truleg saman med eit lite brukt verb i norsk: 'trabelere' = spasere fram og tilbake, springe hit og dit (sv dialekt: trabellera, sveitsisk dialekt: trabellen). Likeeins er ordet i slekt med fr: 'travail' (= arbeid), spansk: 'trabajo' (= arbeid) og eng: 'travel' (= reise, farte omkring).

Det var "dei gamle" som brukte ordforma 'trabelt'. Når det gjeld overgangen b>v (trabelt >travelt), kan ein godt tale om ein viss analogi med overgangen p>f (Sjå under 'topt' ovanfor!). P og b blir danna på same staden i munnen og blir kalla labiale lydar («lippelydar»). P er ustemt (klanglaus) mens b er stemt (klangfør), noe som au gjeld tilsvarande for f og v. F og v blir båe danna mellom underlippa og framtennene i overmunnen. Me kallar dei labiodentale lydar («lippe mot tann– lydar»).

tranle (v)

– legge ut trandlar (kløyvde stokkar) på tvers der ein gangveg for hest eller folk skal gå over myr eller kjerr, – slik at ein ikkje søkk i.



Døme: Me måtte *tranle* veien øve ei tåli brei myr før me fekk fram lasta. – Me lagte allså ein **'tranlevei'**.

*Germ. rot er *tren til ty 'trennen' = splitte, skille frå.*

trassi (adj)


– strilyndt, sta, eigenrådig, som står hardt imot, trassig, motvillig (da: trodsig, sv: trotsig, ty: trotzig, norr: þrjózkr).

Døme: Bånnane he ein periåode i triårs-allåren då dei æ veldi *trassie.*

*Germ. grunnform er *þrutta- = "gjenstridig person"*
***'Trassipådde'** er elles eit godt dialektord hos oss for ein tverr og motvillig person.*

trau (s,n)

– Stort, avlangt og uthola trefat (Aasen: trau el. trog, norr: trog, sv: tråg, da: trug, nl: trog, ty: trog, eng: trough, germ: tru-ga = "kar av tre").



Døme: Han håolte ud et romsli trau som kåna konne sette brøddei' i.

trege (v) – ønske at noe var ugjort, angre; gjere misnøgd (Aasen: trega, norr: trega, sv dial.: träga = ergre, bedrøve, eldre da: treje = vere lei seg, ang: tregian = pine .bedrøve).

Døme: «Nå æ de fårr seint å trege. – Jårt æ jårt!»

Me kjenner den gamle danske forma 'treje' frå bygdene utmed Agder-kysten, t.d. frå Flekkerøya. Der seier dei: "De dær treiår æ på!"

Og ein som var misnøgd med giftet sitt, skal ha sagt – etter det soga fortel: "Å du, som æ treiår på dænn turen te Skjærnøya!"

***'Tregeli'** (adj) er elles eit ord som høyrer heime i vm. med tydingane – 'som er til å harmast over' – eller – 'som ein er lei seg for', 'ergeleg'.*

treneva (adj) – som er keiveleg og lite flink med hendene, trehendt (Aasen: Treneve (s,m) = "ubehendig Person", "En som ikke kan gjøre fint Arbeide").

Døme: Han æ så treneva at 'an ikkje kan spisse ein blyant mæ kniv eigång!

tri (talord) – grunntalet 3, tre (Aasen: tri, norr: þrir (m) – þrjár (f) – þrjú (n), eng: three, ty: drei, nl: drie).

Setesdølane har tri ulike former for dette talet, éi for kvart kjønn: tri (m) – trjå (f) – trju (n) som svarer til formene i norrønt.

Her fylgjer eit par ord frå det gamle vm som heng saman med talet tri:


trisleien (adj) – om ei eng som kan haustast (slåast) tri gonger i løpet av sommaren og hausten. (I eldre tid blei verbet *'slå'* bøygd slik: *slå – slære – slåo – he sleie*).

trispent (adj) – om ei ku som mjølkar bare på tri spener.

trolte (s,f) – kortvokst, rund, rask og triveleg jente el. kvinne, trulte.

Døme: Tåone æ ei lida ronn og bli' *trolte* som arbei' fårt og fint.

tromleståkk (s,m)



– kraftig, rund og tung stokk som ein rullar (tromlar) over ein nysådd åker for å gjere overflata jamn og fast, åkerrull. Ein *'tromleståkk'* er rigga til med drag for hest.

Døme: Dænn gamle *tromleståkken* va 'kje så ronn længår. Han hadde fått none fæle sprække langsette og va tosteli å bruge.

truden (adj)

– oppsvulma, hoven, truten (Aasen: truten, norr: þrutinn).

Døme: Berta va *truden* i heile fjæse ett' at 'o blei vapseståkken.

Jf. ***'trutne'*** *(v) = svelle ut, utvide seg (Aasen: trutna, norr: þrutna).*

tryde (v) – **tryde trøyd (traud) he trøde (trode)**

– bli tom, ta slutt, bli oppbrukt (Aasen: tryta og trjota, norr: þrjota, sv: tryta, eldre da: tryde).

Døme: På gåren te Jåon og Gonil hadde dei ein brønn som allri *trøyd (traud).*

'Trøytt' (adj) er avleidd av 'tryte' og kan tyde noe slikt som 'tom for krefter'.

Her har me igjen eitt av dei sterke verba som har rotvokalen y i infinitiv og med ei eldre bøying ' tryde – tryde – traud – trode'. Tilsvarande vokalskifte har me t.d. i verba sjyde, ryge, fyge, snyde (Sjå under 2. klassa av dei sterke verba i språkdelen av boka om rotvokalovergangen au–o > øy–ø i preteritum og perfektum partisipp!).

trælle (v)

– rulle, trille (Aasen: trilla, da: trille, nl: trillen = skjelve. Germansk verbalrot er *tri = 'svinge', 'dreie').

Døme: Han *trælla* ve'en inn i sjule mæ ***trællebåra.***

'Trælle' er endå eit døme på ord der 'i' har gått over til 'æ' i talemålet til venndølane (Jf. brælle, fræsk, lakræss, ræps, ræste, særrop!).

træskåo (s,m)




– sko laga og utholt av tre (fullt og heilt) – eller med såle av tre og overdel av lêr (Aasen: Tresko).

Døme: Du hølle dæ gåo og varm mæ *træskåo* på fødane!

'Træskåosjebbe' *er eit godt lokalt namn på ei skjebbe (åbor, tryte) som er svær og brei som ein vaksen tresko.*

tråon (s,f)



– avlangt kar til mat og drikke for husdyr, opphavleg laga av ein kløyvd stokk som blei holt ut, tro (Aasen: Tro, norr: þró. Av germ. *þrûh = kløyvd stokk. Indoeuropeisk verbal grunnrot: *tru = hole ut).

Døme: Bjørn tømte skrællingane opp i *tråona* te grisen ***(grisetråona)***.

Einstava hokjønnsord som i norrøn tid endte på rotvokal, får i dialekten vår som regel ein 'n' lagt til stamma som fast inventar i alle bøyingsformene. Denne 'n'-en kjem frå den gammalnorske bundne hokjønnsartikkelen 'hina'. Utviklinga for den bundne forma i eintal har kanskje vore om lag slik: þró hina > þró-ina > þróna > tróna > tråona

(Jf. fylgjande hokj.ord i b. form eintal: bruna, kråona, øyna, åna).

trås (s,n)

– tørre, morkne kvistar som fell frå trea i skogen, vedrask etter hogst, "kvist og kvas" (Aasen: Tros, norr: tros, bornh: tråss, da (jysk): tros, germ rot: *trus).

Døme: Dei hadd' ikkje ant enn *trås* å fyre mæ.
Ordtak: «Dær æ *trås* i alle skaue»

Verb: ***'tråse'*** *= samle småved i skogen, trose.*

'Tråse-ve' *er elles eit godt Vennesla-ord for tros som kan brukast som ved for omnen.*

tråsen (adj)

– om rotgrønsaker og poteter som utover våren er blitt mjuke, seige og innskrumpa på grunn av groing.

Døme: Kolrabia va blitt så gammel og *tråsen* at 'o va 'kje te å skrælle.

Om våren pele me grøane a potetsane så dei ikkje ska bli *tråsne*.

tun (s,f) – uteromet mellom bygningane på ein gard, gardsplass, tun (Aasen: tun, norr: tún, eng: town, gammal svensk: tun = innegjerd jordstykke).

Døme: D'æ fint fårr ongane å konne lege i *tuna*.

Ein skal merke seg at 'tun' opphavleg er inkjekjønnsord, mens det i Vennesla er hokj.ord i dag. – Kan hende er ordet blitt analogisk påverka av 'to' (= lita grasslette), eit hokjønnsord som i innhald kan forvekslast med 'tun'(n).

'To' høyrer til hokjønnsorda med grunnform som endar på vokal og ville i si tid i Vennesla-dialekten hatt eintalsformene ' ei ton – tona' (tåon – tåona). Jf. utgreiinga under 'tråon' ovanfor! Eg seier "i si tid" fordi ordet 'to' (s,f) truleg ikkje er levande i dialekten vår i dag. Men det ville vere rart om det ikkje har vore i bruk hos oss i tidlegare tider. – Aasen fann det andre stader i Vest-Agder. – Kanskje ser me ein rest av det her i form av påverknad på eit ord med liknande tyding og uttale. Det kan altså vere tale om analogisk påverknad mellom 'to' og 'tun' og då fyrst og fremst i b. eint. med formene 'tona' og 'tuna'.

tune (s,f) – (rein) lyd som held same høgda over ei viss tid, tone; melodi (Aasen: tone, norr: tóni el. tón, gr: tonos, lat: tonus, eng: tune (utt. *tju:n*), sv: ton, nl: toon, ty: ton, indoeuropeisk verbalrot: *ten = 'strekke ut').

Døme: "Pettår! – Kan 'kje du finne fysste *tuna* på dænna sangen? Du æ så gåo te de!"

"Kåmm hitt te pianoe så ska æ lære dæ *tuna* på ein ny sang. Ho æ så nydeli!"

tusan – svensk kraftuttrykk som kan hende har kome til bygda med rallarane.

I Sverige høyrer me det særleg i uttrykket "Ta mig tusan!"

Døme: "De va då som *tusan*!" "Fy *tusan*!"

tvitånn (s,f) – dobbeltann. – Når mjølketanna ikkje er felt før den nye tanna veks fram, kan barnet få ei 'tvitånn' med den nye tanna stikkande fram over mjølketanna.

Døme: Lille Tåone så så rar og konsti ud nå 'o smilte mæ tåo *tvitænne* oppe i monnen.

Venndølane har frå gammalt ein del særmerkte ord med 'tvi-' som forstaving:

Tvibekkane – Namn på to bekkar som renn parallelt og nær kvarandre eit langt stykke.

Tvidøblane – Namn på to "døble" (= deplar , pyttar) som låg innmed kvarandre i eit kjerr som blei tørka ut (drenert) då dei gjorde byggefeltet Tvidøblane klart ein gong i 1950-åra (norr: depill = pytt, vasshol).

Tvitjønnane – namn på to tjønnar som ligg innmed kvarandre.

tvihålle (v) – halde seg så fast at knokane kvitnar; vere påståeleg og sta.

Døme: Han *tvihålt* sæ fårr ikkje å ramle a lasse.
Arne æ ein a dei som *tvihølle* på meiningane sine.

tvisleien (adj) – (om ei slåtte) som kan slåast to gonger same sommaren.

tvistae (s,m) – dobbelt islag med snøsørpe mellom.

tvitolla (adj) – tvikjønna, hermafrodittisk, av uvisst kjønn.

tvitolling (s,m) – tvikjønna individ, hermafroditt.

tyddeber (s,n) – plante av lyngfamilien, raudt og smakfullt skogsbær, tyttebær (Aasen: tytebær, tyting, sv: lingon, Bornh: tyssling).



Døme: Å pele *tyddeber* æ både måoro og nytti. Då fære me et søltetøy som fårr eksæmpel æ veldi godt innte kjøddmidda mæ brun saus.

tyddeværs – uttrykk som borna bruker til å seie frå om at dei er ute av leiken ei stund, t.d. når dei leikar 'sisten' (el. "tikken" som det heiter i Vennesla).

Dette ordet er ikkje å finne i noen ordbok. – Kanskje det kjem frå fransk 'tu devers' (utt.: ty døvær) som tyder noe slikt som 'du – ved sida av'?

'Devers' er eit noe gammalmodig fransk ord. (Etter opplysningar frå Astri Jortveit Horn).

tykke
tykke – tykte (totte) – he tykt (tott) – synast, meine, ha tankar om, føle, ha som kjensle el. inntrykk (Aasen: tykkja, norr: þykkja, sv: tycka, da: tykkes, isl: þykja, færøyisk: tykja, nl: dunken, ty: dünken).

Døme: «*Æ tykke* Jåon he vore så stille og sturen i de siste. Æ han ikkje fræsk, tru?

*Enkelte stader på Sundmøre, i Hallingdal og Telemark har dette verbet 'i' som rotvokal (tikja). Slik er det også i frisisk (tinken). Germ. grunnform er *þunkijan. Samanliknar me denne forma og formene i tysk og nederlandsk med dei nordiske formene (Sjå parentesen ovanfor!), ser me den vanlege nordiske overgangen av nk > kk (k). – Det same gjeld t.d. au for verbet 'takke' (eng 'thank', ty 'danken', nl: 'bedanken').*

Denne tendensen er likevel ikkje like sterk for alle ord i denne kategorien. 'Tenke'(v), som høyrer til same ordfamilien som 'tykke'(v), har t.d. fylgjande former i nordisk: Aasen: tenkja – og tekkja = merke, bli var, "fornemme" –, norr: þekkja, gammal sv: þækkia, gammal da: thænkia, isl: þekkja, færøyisk: tekkja, nyn: tenkja, da: tænke, sv: tänka.

Formene 'totte' (preteritum) og 'tott' (perf. part.) har vore i bruk – og er kanskje framleis i bruk hos enkelte eldre venndølar, særleg nord i bygda.

tvårke (s, ubøyd) – tverrstilling, motvilje, tverke, mest brukt i uttrykket 'på tvårke' = bakvendt, skeivt, gale stilt, på tverke, til hinder.


Døme: Jørgen æ ein vriompeis som allti stille sæ *på tvårke*.

tvårken (adj) – som set seg på tverke, tverr, trassig, vrang, tverken (Aasen: tverken)

Døme: Per æ bestandi så vanskeli og *tvårken* å ha mæ å jårr.

tænne (tinne) (v) – sette "tenner" (tindar) i ei rive (Aasen: tenna el. tinda)

Døme: Ett' ein lang arbeisda i høyånna sadd karane og *tænna (tinna)* rivane som hadde mista *tænne (tinn)*, sånn at redskaben va klar te brug neste mårra.



Både 'tænne' og 'tinne' er verb som har vore brukte i Vennesla til å fortelje kva som må gjerast for å vøle ei trerive som har mista tenner (tindar). Dette var i tida før plastrivene kom i vanleg bruk. Eik var treslaget som blei mest nytta til rive-tenner (-tindar).

Verbet 'tænne' er avleidd av substantivet 'tann'. Den gamle Vennesla-forma for 'tann' er 'tånn' (norr: tǫnn) som er omtalt lengre ut under bokstaven 't'.

Legg elles merke til fleirtalsordet 'tinn' i parentesen under dømet ovanfor. 'Tinn' er hankjønnsord i dei fleste dialektane og i skrift, men inkjekjønnsord hos oss.

– Det er ein viss tendens i Vennesla-dialekten at einstava inkjekjønnsord med kort rotvokal ikkje får bøyingsending i ub. fl.tal (et tinn – fleire tinn). – Tilsvarande inkjekjønnsordord med lang rotvokal har gjerne bøyingsending i ub. fl.tal og blir uttalt med tostavings tonelag i denne forma (et hus – mange huse).

tære (v) – skilje el. helle vatnet frå noe som er kokt (Aasen: tæra).

Døme: "Kan 'kje du *tære potetsane* fårr mæ – og tøme dei opp i dænna bållen, – så æ du grei!"

Karl *tærte* siste dråbane a kaffikjelen.

Denne tydinga av 'tære' ser ut til å høyre heime i Agder fyrst og fremst. Ivar Aasen har den med i si "Norsk Ordbog" frå 1873 der han legg tydinga fram slik: "– klare, hælde Vandet af (noget som er udblødt eller kogt, f.ex. Fisk). Lister, Mandal, Rbg."

Lister, Mandal, Rbg. er altså området der han har funne denne meininga av 'tære'. Vest-Agder fylke heitte Lister og Mandals Amt den gongen. Rbg. er forkorting for Råbyggelaget (norr: Råbyggjalǫg) som er ei eldgammal nemning for dei indre bygdene på Agder og Setesdal. Aust-Agder fylke hadde tidlegare namnet Nedenes og Råbyggelagets Amt.

*Indoeuropeisk grunnform: *der- = skilje frå, kløyve.*

tø (v) –
tø – tødde – he tødd

– reservere for seg sjølv (Brukt av born som vil sikre seg den beste tingen, den beste plassen osv.).

Døme: «*Æ he tødd* ein fin plass heilt framme mæ scena!»

«*Tø mi tue!*» (= «Eg reserverer denne fine bærtua for meg aleine!»).


tøe (s,f)

gras som veks opp etter den fyrste slåtten, hå, tøde (Aasen: Tøda, norr: taða = gjødsla eng, gras på gjødsla eng, sv dial.: taduhø = høy som har vakse opp i nærleiken av fjøset).

Døme: Kjyrane lige å kåmme ud i *tøa* udpå sommåren.

tølle (v)

– drikke fort og lenge; helle; renne, tøme fort og rikeleg, tylle.



Døme: Han va så tyst at 'an *tølte i sæ* tåo flaske øl på "nau taim".

Berte kåmm beranes på ein ståor mogg som 'o hadde *tølt* foll a nysilt mjælk.

tøym (s,m)

– taum, (Aasen: taum, bm: tøm el. tømme, norr: taumr, sv: tøm, da: tømme, nl: toom, på Austlandet : tom. I Setesdal kan 'taum' også vere ulltråden som blir tøygd ut mellom fingrane når ein spinn på rokken).
– snor el. reim som ein styrer eit trekkdyr med.

Døme: Småen hadde kjøpt sæ ny *tøym* te fiskestånga.
Han råpte "proo –" og stramma *tøymane* fårr å få hesten te å ståppe.

Ein må rekne med at venndølane brukte ordforma 'taum' "føritia". Forma 'tøym' kan ha blitt til samstundes og analogt med verbformer (preteritumsformer) der diftonglyden 'au' har gått over til 'øy' – t.d. 'fraus' > 'frøys', 'naus' > 'nøys', 'skaud' > 'sjøyd', – eller at 'tøym' rett og slett er laga av verbet 'tøyme', – sjølv om ein frå gammalt reknar at verbet 'tøyme' kjem av substantivet 'taum' (med i-omlyd).
*Indoeuropeisk rot: *tu = trekke (v) (Jfr. den spesielle tydinga ovanfor for 'taum' i Setesdal!).*

tå (s,f) – kvar enkelt av dei langsmale rørlege delane ytst på foten, fremste delen av ein sko eller ein sokk (Aasen: Taa, norr: tá, nl: teen, ty: Zehe, eng: toe).
Bøying (eldre former i parentes): *ei tå – tåa (tåna) – tæe (tæne) – tæane (tænane)*

Døme: Et mænneske he ti *tæe (tæne)* og ti fingre.
Skåoen va altfårr trång frammi *tåa (tåna).*

Her har me igjen eit hokjønnsord som endar på rotvokal, og som i dei (eldre) bøygde formene får med seg ein 'n'. Denne 'n'-en er ein rest av den gammalnorske hokjønnsartikkelen 'hina' som var med på å danne bunden form av substantivet . Me har sett det tidlegare i andre hokjønnsord som endar på rotvokal: Bru – bruna, klåo – klåona, kråo – kråona, tråo – tråona, øy – øyna, å – åna.

tåd (s,n) – munn, trut (– Helst brukt i nedsetjande vendingar.).



Døme: Håll *tåde* på dæ! (= Hald kjeft!). "Hør på de *tåde*!"

*Ordet høyrer saman med **'tåde'** (s,f) = drikke som barnet får suge frå ei **'tådeflaske'**. **'Tådemjælk'** = mjølk som barnet drikk frå ei 'tådeflaske'.*
*Frå gammalt var 'tåde' nemning på **ein liten tøypose med oppbløytt mat** som spedbarnet kunne suge på når*

*det skulle roe seg. Blei også kalla **'patteklud'** (Aasen: Taata, isl: táta).*

tåfes (s,f) – vond lukt frå skitne tær.

Døme: Nå en jænge mæ foktie såkke i gommistøvle, te d'ikkje lang ti' før du mærke lokta a *tåfes*.

tåge (s,f) – utvendig tak på eit hus, toke (Aasen: Toka).

Døme: Han la ny tåge på udhuse. Dæn gamle va råden og lakk fælt.
"Hør! – De rabe frå tåga! Nå bli de millvêr!"

Ordet er ei avleiing av 'tag' (tak).

tåll (s,f) – furu, – særleg ungfuru el. furu som er i god vekst (Aasen:Toll el. Tall, norr: þollr, sv: tall, da: tol, Østerdalen: tall, Setesdal og Vest-Telemark: todd).

Døme: Åore 'tåll' æ 'kje møe brugt i Vennesla i da'. Mæn me he de i navne Tållemåonen.


"Toll, furu, tyri ", sa bjørnen då han kappast med reven om å seie fram namna på tri treslag fortast. "Ask, or, eik", sa reven.

tållekniv (s,m) – kort og kraftig kniv til å telgje eller spikke med, slirekniv, tollekniv (Aasen: Tolekniv, norr: tolguknîfr, da: tælgekniv, sv: täljekniv).

Døme: En må ha kvass tållekniv nå en ska' spikke tænne te riva.

Det norrøne verbet 'talga' (= telgja) ligg til grunn for fyrste delen av dette samansette ordet (tålle-). Rotvokalen 'å' er u-omlydt 'a' som ein kan sjå av den norrøne forma 'tolgu'.

tång (s,f) – tong, reiskap av stål som du bruker til å gripe og knipe med, – sett saman av to delar som formar eit kryss: knipetong, røyrtong, nebbtong osv. (Aasen: Tong, norr: tong, bm: tang, eng: tongs, nl: tang, sv: tång, da: tang).



*Her har me nytt døme på eit ord med gammal u-omlyd, dvs. at ein 'u' i ending har påvirka rotvokalen 'a' slik at denne har blitt runda og gått over til å-lyd. Samstundes har u-en falle (apokope): * 'tangu' > tong (tång). Dette skjedde i overgangen mellom urnordisk og norrøn tid (om lag 500 – 800 e.Kr.).*
Legg elles merke til eng. 'tongs' som er fleirtalsform fordi ei tong er sett saman av to (like) delar (Jf. eng: 'scissors' = saks).

tånn (s,f) – hard bitereiskap som me har i munnen, tann [tonn] (Aasen: tonn, (pl: tænne), norr: tǫnn, da: tand, sv: tand, eng: tooth, ty: Zahn, nl: tand, isl: tönn).

Døme: Ein våksen pærsåon kann ha så møe som tåoog-trædve tænne.
«Æ værka så i ei tånn at æ fekk 'kje såve».

tånna (tåtta) (s,f) – bar mark, tå (Aasen: Taa, norr: þá).

Døme: "Nå kan me snart gå på tånna (tåtta) øve alt. D'æ godt at snøen ændeli bli vekke!"

Dei to substantiv-variantane er førte opp i b. eint. fordi dei i praksis blir brukte bare i denne forma.
'Tånna' (uttalt med tostavings tonelag) er antakeleg b.eint. av 'tå' (= bar mark) og høyrer heime mellom b.eint.-formene som er nemnde under 'tå' ('tåna' – 'tæne' – 'tænane') ovanfor. Rotvokalen kan ha blitt forkorta for å skilje ordet frå b.eint.-forma 'tåna'. Og uttalen med tostavings tonelag skil ordet frå b.eint. av bitereiskapen 'tånn'.
*'Tåtta' er laga av inkjekj.forma **'tått'** til adjektivet 'tåen', – eit adjektiv som elles er lite nytta hos oss anna enn i inkjekjønn: «Nå æ de snart tått i alle bakkane!»*

U

ubåodeli (adj) – som ikkje kan bøtast el. gjerast god igjen, uopprette-leg, uboteleg (Aasen: ubotleg og ubøtande, norr: ubø-tiligr, da: ubodelig).

Døme: Me må pass' åss så me ikkje jårr *ubåodeli* ska'e på naturen!

udjårt (adj) – forheksa, fortrolla; ergeleg, harmeleg, forbaska; utgjort.

Døme: «Nei!! – Nå he æ gløymt nyglane te hytta ijænn heime i da au! – D'æ som *udjårt*!»

udfårrbi (prep og adv) – utanfor; utomhus, utandørs.

Døme: Jåon fekk ein svær aure på fluestånga *udfårrbi* Nesådden.

"Hær stænne ein gudonge *udfårrbi*. Han ska spør dæ om noe, sei' 'an".

udløe (s,f) – løe i utmark (Aasen: Utløda).



Døme: Dei ellste *udløane* va jønne ståkkebygde, og dei blei setta opp innmæ gåoe slåttemyre.

udsjegel (s,m) – heieslått, utkantslått (skjekel = hjørne, snipp, utkant, Aasen: Utskjekel, norr: skekill).

Døme: Te slott slåo dei alle *udsjeglane*, Dei fekk litt høy dær au.

udvårtes (adj og adv) – som vender ut, utvendes, utvendig, utvertes, utvortes (Aasen: utverdes, da: udvortes, sv: utvärtes, ty: auswärts, eng: outward, gammal da: udvertes).

Døme: *Udvårtes* ser 'an fin ud, mæn håssen æ 'an *innvårtes* tru?

«Dænna medesinen æ bare te *udvårtes* brug».

Frå lågtysk 'ûtwordes' = som vender ut mot.

Rotvokalen i endingsorda '-vertes' (nyn.), '-vertes' (gl.da.) og '-värtes'(sv.) finn me att i det norr. 'utan-

verðr' (subst. og adj.) som tyder 'ytre'(s,n); 'som er ytst'.

Endingsorda tyder 'som vender mot', og me finn dei igjen i ord som 'sjøverts', 'landverts' (Jf. ty 'seewärts', 'meerwärts', 'vorwärts' og eng 'seaward', 'landward', 'homewards', 'forwards').

ufårrbedårli (adj) – som det ikkje er von om å betre, som ikkje vil eller kan betre seg (bm: uforbederlig).

Døme: Hans æ ein *ufårrbedårli* ongkar og spelemann.

Verbet 'forbedre'(bm) ligg til grunn for dette adjektivet. Verb med forstavinga 'for-' har som regel lågtysk opphav.

ufårrdrageli (adj) – utåleleg, svært plagsam, som ikkje er til å halde ut, ufordrageleg (bm: ufordragelig).

Døme: "Du æ så *ufårrdrageli* nå du seie sånn no' at æ fære løst te å smelle te dæ!"

Ordet er laga av verbet 'fordrage'(= tåle, like, halde ut).

uhamskeli (adj) – om reiskap, utstyr eller hjelpemiddel som er vanskelege å handtere eller meistre, uhandterleg, ulagleg (Aasen: uhandsleg el. uhandtleg).

Døme: "Dænna motorsaga æ fæl og *uhamskeli*. Fårr de fysste æ 'o alfårr tong, og så æ 'o fårrfærdeli vonn å starte au!"

'Uhamskeli' er truleg ei forvansking av 'uhandsleg'. Det er vel sett saman av element frå ulike adjektiv, – kanskje frå desse tri: 'uhandsleg', 'uhamsleg' (= sjusket, uhøveleg) og 'vanskeleg' (= vriden, vrang).

uhårveli (adv og adj) – veldig, umåteleg, svært stor, uhorveleg (Aasen: uhorveleg).

Døme: "Meine du d'æ så *uhårveli* langt å gå før me kjæme fram?"

«Me fekk none *uhårvelie* mængde mæ snø dænn vintåren».

Ordet kjem av eit verb 'horve' (norr: 'horfa') som tyder 'gå i ei viss lei', 'falle på plass', 'kome til ro'. Til dette høyrer substantivet 'horv' med tydingar som 'god og rett skikk og orden', "passelighet".

'Horve' og 'horv' fortel altså om tilpassing og innordning medan 'uhorveli' uttrykker det motsette – om forhold som nær sagt tek av utan meining og kontroll.

ujæve (s,f) – ukjure, rå og simpel person, ugjæve (Aasen: Ugjæva).

Døme: "Ei sånn *ujæve* skoll' en bare se å få potta inn!"

Ordet heng saman med adjektivet 'gjæv' (norr: 'gæfr') og verbet 'gje' (norr: 'gefa'). 'Gjæv' fortel såleis om ein person som syner storsinn ved at han er gjevmild og samstundes har evne til å take mot gåver på ein grei måte.

Ei 'ujæve' har motsette kvalitetar.

Både 'ujæve' – og 'ujåo' og 'ukjure' som fylgjer nedanfor, skal lesast med tostavings tonelag.

ujåo (s,m) – fælsleg lyd, stygt vræl, uhyggeleg rop, uljod el. ulyd (Aasen: uljod, norr : uhljóð, sv: oljud).

Døme: "Æ hørte ein lang og nifs *ujåo* inne frå skauen. Så blei alt stille".

Ordet seier oss at norr. 'hljóð' og 'uhljóð' var levande i daglegtalen hos oss i gammal tid. I dag er 'jåo' el. 'ujåo' nok helst nytta for å skildre uvanlege, uventa eller nifse rop og lydar ute frå skogen og andre einsame naturområde. Dei har såleis ei meir innsnevra og spesiell tyding enn før, 'Lyd' og 'ulyd' har teke over den generelle tydingsrolla (Jf. 'jåo' lengre framme i ordlista!).

ukjure (s,f) – usømeleg, rå og vørdlaus person, ugagnsmenneske (Aasen: Ukjura).

Døme: "Håll dæ vekke frå Konrad, guden min, han æ ei fæl *ukjure*".

Ordet er i slekt med 'kjuring' som er nemning for 'gjætar' i Vennesla frå gammalt av. 'Kjuring' er eit dialektord som høyrer heime på Agder og i Ryfylke. 'Hjuring' (utt. "juring") er ei meir allmenn form som også er godkjend skriftform

*Nyn. 'hyrding', da. 'hyrde', sv. 'herde' og eng 'herd' kjem av same rot som 'kjuring' Eit germ. substantiv *herdo (= 'dyreflokk') ligg til grunn for desse nemningane.*

Jf elles adjektivet ***'ukjuren'.***

ulagli (adj) – som ikkje passar, uhøveleg, lite brukande (Aasen: ulagleg).

Døme: Du kjæme på ei *ulagli* ti. Me skolle just te å legg' åss".

"Dænn trøya æ nå litt *ulagli* te dæ. Du bli seanes så hængslete ud".

uleven (s,n) – bråk, dårleg forhold, "vondt blod".

Døme: De he allti vore møe *uleven* mellom dei tåo fameliane.

"Æ vi' 'kje ha no' *uleven* mæ Jåon. Han he vore grei fårr min del".

ulilli (adj) – som er til å skjemmast over, flaut; usympatisk, upassande, ulikleg (Aasen: ulikleg, norr: ulíkligr).

Døme: "D'æ så *ulilli* å gå inn te dei fine fålkane. Æ he så stygge klæe på mæ!"

"De va så *ulilli* at æ fekk sagt de dærre te 'o. – Æ trege *så*!"

"Du æ så *ulilli* atte nå du snakke te mæ på dænn måden!"

umag (s,m) – strev, bry, umak, besvær, møye (Aasen: umak, norr: úmaki).

Døme: "Dæ 'kje *umagen* vært å sette potetse i sånn ei skrinn jåor".

"Du ska 'kje jårr dæ *umag* fårr mi skoll".

umauli (adj) – utenkjeleg, umogleg; vriden, vrang, svært vanskeleg (Aasen: umogleg, norr: úmuguligr, ty: unmöglich).

Døme: "De dær æ så ståort et problem at d'æ *umauli* å jårr no' mæ de".
"Dænn gudongen nytte d'ikkj' å snakke te. Han æ heilt *umauli*!"

unyden (adj) – ubrukande, øydelagd; duglaus; lemster; unyt el. unyten (Aasen: unyt, norr: únýtr).

Døme: "Dær æ 'kje no' mæ mæ i da'. Æ æ lige *unyden* som ein nyfødd kalv".

uråoli (adj) – som stadig flyttar el. lear på seg utan mål og meining; som forstyrrar og bråkar; skiftande; ustabil; travel; utrygg, sutfull.



Døme: – «Æ ska seie Tåone he fått sæ ein *uråoli* gudonge. Pettår æ ju nesten ikkje ne'på».
«De he vore et veldi *uråoli* vêr i vintår».
Byen va altfårr *uråoli* te at 'an konne bu dær.
Guri va så *uråoli* fårr håssen flyturen ville bli.

uråoskråge – person som forstyrrar og er bråkete og uroleg, urokråke.

Døme: Per æ dænn værste *uråoskråga* me he i nabolage hæran.

u-udgronneli (adj) – som det er uråd å skjøne, ufatteleg, gåtefull, mystisk, (bm: uutgrunnelig).

Døme: "Guds veie æ *uudgronnelie*", seie dei tidt i bedehusane i Vennesla.
Pedår æ ein stille og *uudgronneli* type.

uvansli (adj og adv) – enkel, uvand, liketil; uvandsleg (Aasen: uvandsleg).

Døme: «D' æ så *uvansli* mæ Tåone. Ho æ lige bli om

d'æ sånn ellår sånn. Mæn æ tykke nåkk ho jænge fårr *uvansli* klædd somti!»

uvegårli (adv) – utan tvil, absolutt, nødvendigvis, sikkert (bm: uvegerlig, ty: unweigerlich = 'som ein ikkje kan vegre seg mot').

Døme: "Viss du hølle på mæ å røyge så møe som du jårr nå, så vil du *uvegårli* bli sjug".

uvyrsli (adj og adv) – som ikkje vyrder noe, vågal (vågalt), uvyrdsleg, dumdristig (Aasen: uvyrdslege).

Døme: «De kjæme te å gå galt mæ Truls ei gång, så *uvyrsli* som han fere fram!»
«Mæ sånn ein *uvyrsli* oppførsel skoll' en tru 'an ikkje va heilt rækti!»

uåonli (adj) – utriveleg, ukoseleg, ikkje uneleg ("ikkje åonli").

Døme: D'æ *uåonli* å vænte på fålk som ikkje kjæme på tia!

Til grunn for dette adjektivet ligg verbet 'une' som har mange positive tydingar som t.d. 'like seg', 'trivast', 'slå seg til ro', 'ha lyst til'.
'Une' er språkleg i slekt med ei rekkje andre ord som fortel om trivnad, gode kjensler og nære band mellom menneske. Dette er nærare behandla under 'åone' og 'åonli'.

V

va (s,n) – stad i eit vassdrag der det er så grunt at ein kan vasse frå den eine breidda til hi, vad, "vadested" (Aasen: Vad, norr: vað, sv: vad).

Døme: *Åmdalsvae* bli heilt inntørka nå sommåren æ veldi kjørr.

*nl: 'wad' og ty : 'watt' har også tydinga 'grunt hav som er tørrlagt ved fjøre sjø'. Germ, grunnform er *wada-.*

vable (s,f) – blemme, blære på huda t.d., vable (bm: vable, da: vable).



Døme: Torleif hadde follt a *vable* i nevane ett' å ha brugt spa'en heile da'en.

vablete (adj) – som har fullt av vabler.

Døme: Ho hadde såolt sæ i nesten éin time og va blitt *vablete* øve heile ryggen.

vadre (v) – drive planlaust omkring, gå seg vill; vase, tulle, vrøvle.

Døme: Dei *vadra* ronnt på heia i kjokk tåge.
"Æ tru 'kje på alt du *vadr'* om!"

"Gange i voddrone" (Setesdal) el. " – – voddrune" (Vest-Telem.) er uttrykk som tyder "gå i båndømma". Ein finn også eit tilsvarande "gå i vadder'n" i meir kystnære område i Aust-Agder.

'Voddrone', 'voddrune' og 'vadder'n' er substantiv til verbet her – som truleg kjem av same rot som verbet 'vade' (vm. 'å va').

***'Vadren'** (adj) = 'som går planlaust omkring', 'som pratar tull og tøys'.*

vadsekk (s,m) – Djup og sterk lerret-sekk som er mykje brukt av sjøfolk og soldatar til å bere klede i (lågty: watsak = sekk til klede, da: vadsæk).

Døme: Tormod heiv *vadsekken* opp på høra og stegte a gåre. Nå skoll' 'an te sjøs!

Fyrsteleddet 'vad' (nyn: våd, norr: vád) høyrer språkleg

saman med verbet 'veve' og tyder noe slikt som 'stykke av ein vev' el. 'duk laga av heile vevbreidda'.

Andreleddet 'sekk' er greitt å kjenne igjen på ulike språk: Sv: säck, da: sæk, eng: sack, nl: zak, ty: Sack, lat: saccus, gr: sakkos hebr: saq (Aasen: Sekk, norr: sekkr).

***'Vadmål'** el. **'vadmel'** har same fyrsteledd som 'vadsekk'.*

*Andreleddet 'mål' el. 'mel' (Aasen: Maal, norr: mál, sv: mål, ty: Mal, osv.) kjem av germ: *mela- (s,n) = mål, målemerke, tidspunkt.*

Eng: 'meal' og ty: 'Mahl' som båe tyder 'måltid', kjem av same rota og syner til faste tidspunkt på dagen då ein et.

vag (s,n)

– det at ein fisk bryt vassflata for å take insekt som flyt på eller flyg like over vassflata, vak (fiskevak).

– ring på blankstilt vatn etter fisk som vaker.



Døme: I dei stille sommårkvellane ser du de eine *vage* ette de andre udøve fjåoren. Dær æ nåkk a fisk!

Ordet kjem av 'vake' (v) med tyding 'kome opp i – ' el. 'sprette i vassflata' (Aasen: vaka, norr: vaka, sv: vaka = flyte lett og fylgje bylgjerørslene [t.d. om småbåtar], da: vage = flyte lett, nl: waken = vere synleg like over vassskorpa, ty: wachen, eng: watch).

Ordet høyrer elles nøye saman med 'vake' i tydinga 'ikkje sove'.

*Indoeuropeisk verbalrot er *weg- = vere livleg, vere i rørsle.*

Men når ein venndøl fiskar med 'flue', bruker han å seie noe slikt som: «Fisken slære godt på 'flua' i kvell!» – Fiskaren bruker verbet 'slå' med tanke på det raske slaget auren gjer med sporden idet han tek 'flua'.

valen (adj)

– Kjenslelaus på grunn av kulde, kraftlaus av redsle el. spenning, vissen, nomen, stiv; likesæl (Aasen: valen, sv: valen, da: valen, bm: valen, gammal frisisk: wela = vissen, slapp).

Døme: Jorun Stiansen sa 'o va *heilt valen a spænning* då 'o va mæ i "idol"-kongkurrangsen.

Nils va så *valen på nevane* at 'an ikkje konne kneppe ijæn jakka si eigång.

*'Valen' kjem av substantivet **'val'** som er brukt i tydinga 'djup svevn', men som eigentleg tyder 'noe som er slapt og vissent'.*

***'Valne'** er verbet som høyrer med her. Det tyder 'bli så kald at muskulaturen etter kvart sluttar å fungere'. Adjektivet høyrer ogsa saman med norr. 'valr' som tyder «dei falne». Og substantivet 'val' har såleis au fått tydinga «slagmark» (val-plass).*

*Germ. verbalrot er *welh = visne, bli slapp.*

vann (s,n)

– liten innsjø, ferskvatn; klar gjennomsiktig væske som kjemisk er sett saman av molekylar med to atomar hydrogen og éin atom oksygen (H_2O) (Aasen: Vatn, norr: vatn, sv: vatten, da: vand, skånsk: vann, bm: vann, nl: water, eng : water, ty: Wasser, frisisk: wetter).



Ordformene i parentesen syner ein tydeleg skilnad mellom dei nordiske og dei vest-germanske formene:

Vatn(Aasen), vatn (norr), vatten (sv), vand (da), vann (bm og skånsk).

Water (nl og eng), wetter (frisisk), Wasser (ty).

*Begge ordgruppene har utvikla seg frå same grunnrot, men etter bøyingsmønsteret til ulike kasus av ordet i grunnspråket (n-stammer for nordisk og r-stammer for vest-germansk. Jf. endingane i orda!). Germ. grunnrot: *wat– .*

'Vass-' (norr: 'vaz-') som fyrste leddet i Vennesla-former som 'vassarv', 'vassause', 'vassbytte', 'vass-sjug', 'vasstrokken' er gammal genitiv av 'vatn'. – I ein del av desse orda er 'vass-' erstatta med 'vann-' i dialekten vår i dag (t.d. 'vannbytte', 'vannkjele').

Endringa watn > vand i dansk er etter måten ny. 'Vand' er forma som ligg til grunn for bm 'vann', forma som me har i Vennesla-dialekten i dag. Dette er eitt av ein del ord målet vårt har fått frå dansk via Kristiansands-dialekten.

Dyrenamnet 'oter' har same språklege opphav som 'vann', men har utvikla seg etter stamme-mønsteret til t.d. eng. 'water' (Jf. uttalen av eng. 'otter' og 'water'!).

vanne (v)

– verne om ein slåtteteig, dvs. – syte for å halde buskapen unna ei slåtte med høy som skal bli vinterfôr, seie frå om fare, varne (Aasen: varna, norr: varna, sv: varna = "göra nogon uppmärksam på nogot som en möjlig fara", eng: warn, ty: warnen = åtvare).

Døme: Gonil sprang de 'o konne fårr å *vanne* om kjyrane som hadde brøde sæ jænnom jære ront havr'ågåren.

*Høyrer saman med 'var' (adj) = forsiktig, sky, merksam. Indoeuropeisk verbalrot er *wer- = bli var, passe på, "iaktta".*

Varsam, varleg, varsku, varsemd er ord av same rot. Vennesla-målet har assimilasjonen rn > nn (bjørn > bjønn, born > bånn, korn > kånn, horn > hånn). Slik også her (varne > vanne).

– 'Vanne' i tydinga som vist her, er snautt i vanleg bruk hos venndølane i dag.

vannen (adj)

– som er skeptisk til mat som ein ikkje er van med å ete, som er nøye på det, som er vanskeleg å tilfredsstille, kresen (Aasen: vand og vandig, norr: vandr, sv dialekt: vannig, da (jysk): vånden).

Døme: De kan 'kje nytte å kåmme mæ sill og potetse te Finn. Han æ altfårr *vannen* te å ede sånn no'!

*Ordet høyrer saman med verbet 'vande' som tyder "velje og vrake" av ei germansk verbalrot *wend– som også høyrer til verbet 'vinde' = vri, tvinne, sno (Jf. også 'vind' (adj) =skeiv, vridd).*

Innom denne ordfamilien finn ein også ord som 'vanske' (s,m) og 'vanskeleg' (adj) – og det danske substantivet 'vånde' (=sorg, pine), eit ord me kjenner igjen frå dei gamle danske salmene.

vaps (s,m)



– veps el. kvefs, insekt i familien Vespidae (Aasen: Kvefs, da: hveps, svenske dialektformer: väfs, väspe, andre norske dialektformer: kveps, kveks, gvæps, kvaks, vafs, gammal tysk form: wafsa, frisisk: waps, eng: wasp, ty: wespe).

Døme: Jåon lig' ikkje *vaps*. Han æ livrædd fårr å bli

vapseståkken. Og han hølle sæ langt onna ***vapsebølane***.

*Germ grunnform: *wáfs.*
Formene med bokstavsamansetjinga -sp- kan ha kome av påverknad frå lat. 'vespa' = veps.

vare (s,m) – sylindrisk topp som er laga av fint oppstabla steinar for å markere høgste punktet på eit fjellplatå, vete, varde (Aasen: Varde, norr: varði, da: varde).

Døme: "Æ dykken eni'e i at me finne fram nista nå me kjæme opp te *Varen*?"

Ein varde kan også fungere som minnesmerke for ei eller anna særskild hending i utmarka.
I gammal tid tennte dei bål ved ein varde for å varsle om ufred.
Og det er framleis vanleg å merke ein sti som går over snau fjellgrunn, med små vardar.
*Det danske 'varde' tyder 'observasjonsstad', 'vakttårn'. – Same tydinga har ty 'Warte'. Eng 'ward' tyder 'vakthald'. Germ. grunnform er *warþan.*
*Ordet høyrer til same ordfamilie som "vanne" med indoeuropeisk verbalrot *wer (Sjå ovanfor!).*
'Varde' er ofte knytta til særnamn. I Vennesla har me t.d. namna "Vareheia", "Måseivaren" og "Naspevaren" ("Nasbøvaren").

vede (v) – **vette / vett (veid) – visste – visst** – ha kunnskap om, ha greie på , skjøne, vere sikker; vite (vete) (Aasen: vita, norr: vita [= ha sett], da: vide, ty: wissen, nl: weten, sv: veta, gotisk: witan (med presensforma 'wait')).

Døme: «Du må *vede* hå du ska drive på mæ før du sett' i gang».
«Æ vette / *vett (veid)* 'å æ snakk' om!»

'Vede' høyrer til dei såkalla preterito- presentiske verba. Dei er opphavleg sterke verb med preteritumsform som seinare fekk presenstyding. 'Veid' er t.d. formalt identisk med preteritumsformene 'beid' (av 'å bide') og 'peib' (av 'å pibe') , men blir brukt i nåtid (presens). –

Preteritum og perfektum partisipp fekk etter kvart dei svakt bøygde formene 'visste' og 'visst'.

*Germ grunnform er *wita-.*

'Veid' er direkte "etterkommar" av norrønt 'veit', men har fått den sørlandske "blaude" endingskonsonanten.

Presensforma 'vette' el. 'vett' har kanskje også utvikla seg direkte frå norrønt 'veit', – ved monoftongering, dvs. at diftongen 'ei' har gått over til monoftongen 'e' som samstundes er gjort kort ved lenginga av endingskonsonanten (dobbel konsonant). Ei slik utvikling er meir sannsynleg enn at monoftongforma 'vet' (med lang 'e') i bokmålet ligg til grunn for Vennesla-forma.

Andre døme på monoftongering i målet vårt som har relevans her, finn me i preteritum og perf.part. av verbet 'heide' og nøytrumsforma til adjektivet 'heid' (= varm, heit):

Verbformene: heide – heide – hette – hett

Adjektivformene: heid (m og f) – hett (n) – heide (pl).

(Om 'vede' elles: Sjå under «preterito-presentiske verb» i språkdelen!).

ved (s,n) – forstand, fatteevne, evne til å skjøne og tenkje, klokskap, omtanke, vit, vett (Aasen: Vit, norr: vit, sv: vett).

Døme: Godt *ved* æ lett å bere mæ sæ.

Ordet kjem av verbet 'vede' og høyrer heime mellom verbalsubstantiva.

vedu (adj) – som har godt vit, forstandig, klok, vitug, vettug (Aasen: vitug, norr: vitugr).

Døme: "En skoll' ikkje tru du va *vedu* sånn som du brøle!"

Ordet er laga av substantivet 'ved' og høyrer til adjektiva som endar på -ugr og -igr i gammalnorsk (nyn: -ug og -ig). I Vennesla-målet har g-en i desse endingane falle bort. Jf. fylgjande adjektiv i dialekten vår: 'fjoru' (= livleg, rask, fjørug), 'leu' (= mjuk, smidig, ledug), 'sømnu' (= søvnig, svevnug).

Opphavleg 'g' i ending er i det heile "svak" i Vennesla-målet og fell ofte bort.

vege (s,f) – tidsrom på sju døgn, veke (Aasen: Vika, norr: víka, bm: uke, isl: vika, sv: vecka, da: uge, fris:wike, nl: week, eng: week, ty: Woche).

Døme: "Kan du ta vare på pásten fårr åss *heile neste vege*. Me ska på biltur te Sværje".

*Alle formene ovanfor syner tilbake på eit germ. *wikõn (= "skifting") som etter kvart har fått tydinga "regelbunde skifte av eit fast tidsrom".*

Den gotiske forma 'vikõ' er i Wulfilas bibelomsetjing nemning for "rekkefølgje" el. "tur" (– til å gjere teneste i tempelet) .

Den norrøne nemninga 'vika sjóvar' (genitiv av 'sjór' = "sjø") tyder "sjømil". I den samanhengen har ein gjeve 'vika' tydinga "skifte av roarar" og knytta det til det norrøne verbet 'víkja' (= "gå til sides", "vike unna").

At 'vika' har blitt nemning for eit tidsrom på sju dagar botnar i påverknad frå den romerske kalenderen (Jf. fr. 'semaine' < lat. septimãna (= "veke") til lat. 'septimus' (= "sjuande")).

I dag bruker mange venndølar den danske forma 'uge' som truleg har kome til oss via Kristiansand. Hos eldre venndølar lever forma 'vege' framleis.

veilaus (adj) – som er utan køyreveg, veglaus (Aasen: veglaus).

Døme: Me he 'kje mange *veilause gåre* ijæn i lanne vårt i da.

vere (v) – **æ – va – he vore (vort, vært)** – eksistere, finnast, ha visse eigenskapar m.m.m. (Aasen: vera, norr: vesa / vera, bm: være, nyn: vere/ vera, isl: vera, da: være, sv: vara, fris: wêze, got: wisan, ty: sein, nl: zijn, eng: be).

Bøying: å vere – æ – va – he vore – (hos eldre folk)
Å vere – æ – va – he vært/vort – (hos dei yngre)

Døme: Tåone *æ* i byen og kjøbe klæe. Ho *he* allti *vore (vært/vort)* så gåo te å prute, så ho fære nåkk møe fårr pængane.

Dei mange forskjellige bøyingsformene av dette verbet i germanske språk i dag har utgangspunkt i fleire rot-variantar.

*For å illustrere dette, kan ein ta utgangspunkt i den gamle germanske infinitivsforma *wesan med rota *wes- som ligg til grunn for dei norrøne infinitivane 'vesa'(eldre) / 'vera'(yngre) med røtene 'ves-' /'ver-'.*

(Overgangen s > z > r høyrer til ein lydendringsregel i germansk språk som har fått namnet Verners lov etter han som oppdaga endringa).

Grunnforma 'wes-' finn me att t.d. i engelsk 'was' og tysk 'gewesen'.

Norsk 'var', tysk 'war' el. 'waren' og engelsk 'were' har den yngre 'wer-' (ver-) som grunnform.

*Former som tysk 'ist' og engelsk 'is' har ei eldre grunnform *es- (presens) sams. Felles grunnform har også engelsk 'be' og 'been' med tysk 'bin' og 'bist'.*

Sånn er det likeeins med formene – 'sein', 'sind' og 'seid' (ty) – og 'zijn' (nl).

*Ei urnordisk form *is- ligg til grunn for både den eldre norrøne presensforma 'es-' og den yngre norrøne og nordiske 'er' ('är').*

vesen (adj) – slapp, kraftlaus, vissen (Aasen: visen og vesen, norr: visinn, sv: vissen, da: vissen, færøyisk: visin, gammal høgtysk: wesan).

Døme: "Fy te grisen, de va nære på! – Æ bli heilt *vesen* nå æ tænke på hå som konne ha hænt!"

"Armane æ heilt *vesne* så trøytt æ æ."

Ordet blir uttalt med tonem 2 og lang rotvokal og har fylgjande samsvarsbøying: vesen (f. og m.) – vesent [nyn: vese](n.) – vesne (pl.).

Det har form som perf. part. av eit sterkt verb slik som t.d. 'beden' (av 'å bide') og 'reven' (av 'å rive') i Vennesla-dialekten. Men ein har ikkje noe spor etter eit slikt sterkt verb som grunnlag for adjektivet her.

Om ein for moro skuld ville rekonstruere eit såvore verb på Vennesla-dialekt, måtte ein truleg bøye det som verb i 1.klasse av dei sterke verba, sånn:

vise (tonem 2) – vise (tonem 1) – veis – vese

(Jf. bøyingsformene til 'bide' og 'rive': bide – bide – beid – bede / rive – rive – reiv – reve).

Samtidig synest det naturleg å tenkje seg at eit slikt verb kan ha hatt eit aktivt innhald med tydinga 'få til å visne'.

Truleg har rotvokalen i 'vesen' langt tilbake i tida blitt endra frå 'i' til 'e' ved a-omlyd (Jf. den gammalhøgtyske forma 'wesan' ovanfor).

*Germ grunnform: *wis- .*

vesle (v) – forbruke, spille, øyde, minke på, gjere liten, arme ut, vesle (Aasen: vesla, norr: vesla).

Døme: Frædrik *vesla* bårt de meste a pængane han hadde arva.

Ordet heng saman med adjektivet 'vesal' (norr: vesall) = liten, tynn, veik, ussel, skrøpeleg.

Språkleg er 'å vesle pengar' noe heilt anna enn 'å veksle pengar'. 'Veksle' (norr: vixla) er avleiing frå ty: 'wechseln' og tyder 'byte', 'skifte': "Kan du veksle dænna honrelappen i tåo fæmtilappe?"

vestan (adv) – frå vest, frå den himmelretninga der sola gjeng ned, vestan (Aasen: vestan, norr: vestan, sv: västan, nl: westen, da: vesten, gammal lågtysk: westan).

Døme: "Vinnen æ meir *vestan* nå, så då klarne det kansje opp?"

Tilsvarande adverb for dei andre himmelretningane i dialekten vår er 'nåoran', 'østan', 'sønnan'.

*Indoeur. rot er *ves = 'kveld' (Jf. lat 'vesper' = 'kveld').*

viljevêr (s,n) – godt grovêr, ønskevêr; – i overført tyding: lagleg høve, viljevêr (Aasen: Viljeveder).

Døme: "Nå he me fått årntli *viljevêr* fårr potetsane!"

Torleif va flink te å få sagt de 'an meinte nå *viljevêre* va godt i fårrsamlinga.

vinnaue (s,n) – glas i ein karm som er sett inn i ein ljosopning i eit



bygg, vindauge (Aasen: Vindauga, norr: vindauga, bm: vindu, da: vindu, sv: vindöga, gammal dansk: windughæ, fær: vindeyga).
Døme: D'æ allti jilt å få possa *vinnauane* om våren.

'Vindauge' er opphavleg namn på glugge eller luftehol på veggen i dei stokkebygde husa i eldgammal tid, altså eit "auge" som vende ut mot vind og vêr.
'Vinnøye' er ei anna gammal form som har vore mykje brukt i Vennesla tidlegare, og som framleis er nytta av enkelte.
I dag bruker dei fleste likevel den danske forma 'vindu'.


vinne (s,f) – arbeid, tid for storarbeid som gjentek seg kvart år, onn (Aasen: Vinna, norr: vinna).

Døme: *Vårvinna* æ ti' fårr ud'arbei, svette og møe fræsk loft.

I dei gammalgermanske språka nede i Europa hadde dette substantivet tydinga "smerte", "liding" med former som 'winnõ' (gotisk) og 'winna' (gammal høgtysk). Ordet høyrer saman med verbet 'vinne' som også har tydingar som 'utføre og gjennomføre eit arbeid', 'greie', 'makte'.
'Onn' (utt. "ånn" i Vennesla) er synonym til 'vinne', og det er meir brukt enn 'vinne' i desse samansette orda i dag: "Høyånn", "skurånn", "vårånn", "høstånn".

vinnsjei (s,f) – bord som er festa på høgkant langs taket over ein gavl, vindskie (Aasen: Vindskeid, norr: vindskeið).

Døme: *Vinnsjeiane* he lett fårr å rådne, så en må sjifte dei rætt som de æ!



vragbåor (s,n) – bord eller fjøl som snikkaren vrakar som byggemateriale fordi det har ein eller annan skavank.

Døme: None a båorane hadde vankant, andre va vinnsjeive. – Alle sammen va bare *vragbåor.*

Fyrsteleddet kjem av lågtysk 'wrak' som tyder 'havarert skip', 'drivgods', 'rekved'. 'Wrak' er i slekt med det norrøne verbet 'reka' som til vanleg tyder 'drive', men som au blir omsett med 'kaste', 'slenge frå seg', 'vrake'.

vrange (s,f) – rangstrupe, innside av eit kledesplagg, range.

Døme: Gudongen setta maden i *vranga* og bjønt' å håoste fælt.

«Æ tru jammæn du he fått gænsåren på dæ på *vranga* i da'!» smilte måora te småjænta si.

Ordet høyrer saman med adjektivet 'vrang' (= 'rang', «vri'en», «umauli»).

Om adjektivforma 'vrang' seier Aasen fylgjande i ordboka si: «Ord med «vr» forekomme kun i nogle af de søndenfjeldske Egne og ere desuden kun faa. De fleste i Rbg. og Tel.»

vre (s,n) – skade som kjem av for sterk og brå vriding av ein kroppsdel, vrikk, vri.

Døme: "Æ fekk et *vre* i ryggen så æ blei ligganes pal ei heil vege!»

vreist (s,f og m) – vidjering eller kort kjetting som blir festa kring ein sledemei for å bremse farten nedover i bratte bakkar, reist (Aasen: Vreist og Reist, norr: reistr), eigentleg 'noe som er vridd'.

Døme: Ivar festa *vreista* godt framme på sleemeien før hesten dråo velasse ner dei bratte kleivane.

Ordet heng saman med verbet 'å vri' og peikar då på dei vridde tægene i ein vidjering.

vriar (s,m) – dørklinke, dørhandtak, vriar el. vridar (Aasen: Vridar).

Døme: Han tåo fårrsikti i *vriaren* og åbna dønna på gløtt.



'Vriar' kjem av det sterke verbet 'vri' (el. 'vride').
Enkelte eldre menneske i Vennesla bruker nok framleis somme substantiv på -ar, laga av verb: bagar, skåomagar, talar, helar, stelar ("Helaren æ 'kje bær enn stelaren!").
'Dønna' var daglegdags Vennesla-form i gamle dagar.

vriompeis (s,m) – vrang og vanskeleg person, vrangpeis.

Døme: Ingen ting æ godt nåkk fårr ein *vriompeis*.

Sisteleddet 'peis' er nemninga på ei svepe som er laga av kjønnslemmet hos ein okse. Det kjem av lågtysk 'pese' = "kjønnslem". Jf. verbet 'peise på' = "drive hardt på" lengre framme i ordlista! ("Nå må me peise på så me bli færi mæ arbeie før kvellen!").

vræl (s,n) – fælsleg skrik, uhyggeleg gaul, fælt hyl.

Døme: Me hørte et *fårrfærdeli vræl* ifrå gudongen då 'an tåo på dæn glåoheide plada på komfyren.

vyre (v) – akte, setje høgt, respektere; bry seg om, ta omsyn til (Aasen: vyrda, norr: virða el. vyrða, germ: *werþian).

Døme: Somme mænneske *vyre* du meir enn andre.
Han va heilt vill og jekk på uden *å vyre* noen ting.
Ordet er ei avleiing av adjektivet 'verd' ("Bilen æ mindre værd enn du tru"!).

væde (s,f) – fukt, råme , regn, væte (Aasen: Væta, norr: væta, da: væde, sv: väta, bm: væte).

Døme: "Dær æ så møe *væde* i ågåren nå at du søkke i te opp på leggen om du jæng' ud på 'an. – De he ju reint i ei heil vege uden stans!"

Ordet er danna av adjektivet 'våt' ("våd") med i-omlyd å > æ .

*Germ. rot er *wat- som ein au finn igjen i 'vatn' (s,n). Sjå under «vann» ovanfor!*

vænge (s,m) – kroppslem til å fly med hos insekt og fuglar, venge, veng (Aasen: Vengja, norr:vængr, bm: vinge, sv: vinge, da: vinge, isl: vængur, fær: vongur, eng: wing).

Døme: "Han dær springe så fårt at en skolle tru 'an hadde *vænge*!"

Her har me døme på eitt av dei særnordiske orda som er "eksporterte" til England. Engelskmennene har det i forma 'wing'. I moderne tid har me fått det tilbake som ei av nemningane i fotballspråket. Ein 'ving' er ein fotballspelar som har dei viktigaste spelaroppgåvene sine langs sidelinja som 'ytreløpar' eller 'ytreving' på høgre eller venstre side av banen.

*Sannsynleg urnordisk grunnform er *wãinga som gjev den norrøne forma 'vængr' ved i-omlyd ã > æ.*

*Det færøyske 'vongur' er ei form med u-omlyd ã > o. Germ. verbalrot er *we- som tyder "blåse". 'Vind' (s,m) kjem av same rota.*

Det tyske ordet for 'venge' er 'Flügel. Det nederlandske er 'vleugel'. Hos oss finn me desse orda igjen som namn på instrumentet 'flygel'. Nemningane har same grunnrot som t.d. 'fly' (v), 'flue' (s,f) og 'fløy' (s,m).

vængebåor (s,n) – Kjøken– el. stovebord som i kvar ende har ein lem("venge") som kan slåast opp slik at det blir lengre og romslegare for matservering.



Døme: D'æ greitt å ha *vængebåor* på et lide kjykken.

værka (s,f – b. form) – arbeidsdagane el. virkedagane (**"værkedaane "**) i veka, til skilnad frå 'helga' ("helja").

Døme: Me jæng' 'kje mæ søndasklæane *i værka*. Dei spare me te helja, Ijallfall jåore me de føritia.

Heng saman med verbet 'verke' ***("værke")*** *= arbeide med, lage til, "tilvirke" (Aasen: verka, norr: verka, bm: virke, sv: verka, nl: werken). Indoeur. verbalrot: *wer-g- = gjere, arbeide*

værken (s,n) – heimevove tøy av ull med renning av bomullstråd (Aasen: Verken).

Døme: Pedår hadde fått sæ ny *værkens-trøye*.

*Frå lågtysk 'werken' (adj) som kjem av 'Werk' (s,n) med tydinga 'opptrevla tauverk'. Germ. grunnform: *werka- (n) = arbeid, gjerning (Jf. eng. 'work').*

værje (v) – forsvare, verne, verje (Aasen: verja, norr: verja, bm: verge, da: værge, sv: värje, isl: verja, fær: verja, nl: weren, ty: wehren).

Døme: "En må *værje sæ* så godt en kan om en skolle møde bjønnen", sa Jåon, han bar på ein svær lork.

Vennesla-dialekten har halde på palatal-lyden 'j' i dette ordet – sånn som i dei fleste nordgermanske språka.
*Germ. grunnform: *warijan (eldre) > *warjan (yngre).*
*Endringa a > e i rotvokalen (*warjan > verja) skuldast i-omlyd (j-omlyd).*
*Indoeur. rot: *wer- (Jf. «vanne» ovanfor!).*

værsli (adj) – verdsleg, profan, ikkje-kyrkjeleg, jordisk, timeleg (Aasen: verdsleg, norr: veraldligr).

Døme: D'æ 'kje bra å sønge *værslie* sange på bedehuse!

værme (v) – gjere varm, verme (Aasen: verma, norr: verma, sv: värma, da: varme, ty: värmen, nl: warmen).

Døme: Per hadde vor' ud' i kulla og ståo og *værmte* sæ framfårr peisen.

*Germ. grunnform er *warmijan. Former i parentesen med rotvokal 'e,' 'æ ' el. 'ä', er i-omlydte former.*

vønen (adj) – som har altfor god von,som ventar seg for mykje, kravstor, kresen, vand, vanskeleg (Aasen: vønen = "dristig i sine forventninger, fordringsfuld, ubeskeden").

Døme: Kalle rynke bestandi på nasa nå 'an fære mad. Han æ rætt og slett *vønen*.

'Vønen' heng språkleg saman med 'von' (s,f) (= håp, det å sjå fram til noe med forventning). Ordet er nok stort sett gått av bruk hos venndølane i dag og blitt erstatta av ***'vannen'*** *som heng saman med adjektivet 'vand' (som har same innhaldet) og verbet 'vande' (= vrake, «forsmå», ikkje like).*

vådeskåd (s,n) – skot som går av i vanvare på grunn av uforsiktig omgang med skytevåpen og ammunisjon.

Døme: Han va domm nåkk te å vime mæ børsa sånn at 'an skaud sæ sjæl et *vådeskåd* i fåoden.

Fyrsteleddet 'våde' (s,m) (norr: váði, sv: våda, da: våde) tyder 'stor naud', 'fare', 'angest', 'ulykke', 'sorg' – og er ei avleiing av 'vå' (s,f) = uhell, skade; angest, otte, "engstelse".

Våde' har tidlegare vore brukt som poetisk uttrykk for "engstelse", frykt, otte i salmediktinga.

vågemad (s,m) – underlag for ei våg el. eit spett når ein skal lyfte eller bryte laus noe tungt, t.d. ein svær stein eller ein trestubbe, vågmat (Aasen: Vaagmat.).

Døme: Du kan fårr eksæmpel bruge ein gåo stein ellår ein kjokk klåss som *vågemad*.

Fyrsteleddet 'våg' heng saman med verbet 'vege' ("veie") og er her nemning for ei vektstong (t.d. ein smal stokk el. eit spett) som ein kan presse noe tungt opp med over ein "vågemad".

vågål (adj) – som vågar meir enn det som er ansvarleg, som tek sjansar, (dum)dristig, uredd, vågal (Aasen vaagall).

Døme: De jænge snart galt fårr ein så *vågål* gudonge som Lars!

Her har me endå eit adjektiv med endinga -ål der nynorsk har -al som ending. 'Fråstål' og 'sydål' er døme me har vore inne på tidlegare. Endinga -ål i desse høva er den opphavlege i Vennesla-målet – og i dialektane i store delar av Agder elles.

våorte (s,f) – knuteforma utvekst i huda, vorte (Aasen: Vorta, norr: varta, isl: varta, da: vorte, eng: wart, sv: vårta).

Døme: Føritia brugte dei mange rare remedie fårr å bli kvitt *våortane* – Og de jårr dei visst i da au!. Bruge du fleskesvåor ellår pimpestein fårr eksæmpel?

Grammatisk kjem 'vorte' av den norrøne u-omlydte akkusativforma vortu'. Det er ofte akkusativformene som står igjen frå det gamle språket etter at kasussystemet blei oppløyst.

vårheis (s,f) – det at huda tørkar og sprekk i vårvêret, vårgjæle, vårhæse (Aasen: Vaarhæsa).

Døme: D'æ på hænnane og i fjæse en fære *vårheis*.

Sisteleddet "-heis" høyrer saman med eit verb 'hæse' som tyder 'tørke med vind', 'blåse kaldt og tørt'.

vårknibe (s,f) – det at ein har for lite næringsrikt fôr til buskapen om våren [noe som nær sagt var ein regel i eldre tid], vårknipe (Aasen: Vaarknipa).

Døme: I *vårkniba* fekk kjyrane lide godt fåor og mang slags rosk og rask å ede på.

vått (s,m) **(pl. 'vette'** el. **'våtte')** – plagg til å kle handa med, – med eit mindre "rom" for tommelen og eit større for resten av handa, vott (Aasen: Vott, norr: vottr (pl. 'vettir'), sv: vante, da: vante, lågtysk: wante, nl: vant, sv dialekt:vatte, da dialekt: vat, lat: vantus).

Døme: Te slott dråo 'an på sæ *våttane (vettane)* før 'an jekk ud i kulla.

Det var dei "gamle" venndølane som brukte fleirtalsforma 'vette' – som kjem beinveges av norrønt 'vettir' (med i-omlyd a > e av rotvokalen i grunnstavinga 'vatt-').

Eintalsforma 'vott' ("vått") er elles ei u-omlydt form ("eldre" u-omlyd frå før-norrøn el. urnordisk tid).

Ein skal au merke seg konsonantendringa nt > tt frå t.d. lågtysk til norrønt (wante > vottr). – Den kan jamførast med overgangen nk > kk som me har vore innom under 'tykke'.

'Vante' er elles eit ord som er i vanleg bruk hos oss ved sida av 'vott', men med ein liten variasjon i tydinga: 'vante' = 'handplagg med "rom" for kvar enkelt finger', oftast kalt 'fingervante'. Men som regel brukar me "vått" og 'vante' synonymt, – – kanskje med 'vante' som namn på eit finare og pyntelegare plagg.

Y

yde (v)
ytte – ytt

– klare, orke, ha styrke til; gje tilskot til, yte (Aasen: yta, norr: ýta = skuve ut [ein båt t.d.], leggje frå land; levere noe frå seg, rekke noe fram, gje ut, da: yde, gammal svensk: yta, lty: ûten).

Døme: "D'æ 'kje ståort æ kan *yd'* i da. Æ æ så slapp at!"

"Litt kan du væl *yde* te ei gåo sag?"

"Me *he ytt* så møe te gåoe sage i de sisste at me he 'kje rå te meir nå".

*Verbet er avleidd frå adverbet 'ut' med Vennesla-forma 'ud' (germ. *ût).*

Opphavleg tyding knytt til 'yte' var vel ved synleg handling å få noe ut eller fram reint konkret: Skuve ut ein båt, rekke fram ei gåve.

Ordet har så fått meir abstrakt innhald etter kvart som den konkrete handlinga fell vekk i uttrykk som 'yte skatt', 'yte hjelp', 'yte rettferd', 'utføre eit godt arbeid', 'prestere'.

*Germ. verbal grunnform er *ûtian. 'Yte' ('yde') er i-omlydt og synkopert form til denne.*

ydelse (s,m) – bidrag, støtte, yting (bm: ytelse el.ydelse)

Døme: D'æ rætt som de æ at Røde Kors fære ståore *ydelse* frå rigfålk.

'Ydelse' er verbalsubstantiv til verbet 'yde'. Du finn ganske mange substantiv med endinga –else i Vennesla-målet, t.d. 'fårrståelse', 'bestæmmelse', 'ænnelse', 'inn-rømmelse', 'fårrlængelse', 'hænnelse'.

Denne måten å lage verbalsubstantiv på kjem frå Danmark.

Men det er ikkje alle verb i målet vårt som det høver å lage slike verbalsubstantiv av. Me brukar ikkje verbal-substantiv som 'vaskelse', 'kastelse', 'bagelse', 'kågelse' (av verba 'vaske', 'kaste', 'bage', 'kåge') t.d., men 'vas-king', 'kasting', 'baging', 'kåging'. Ein kan godt seie at endinga -ing på ein måte "konkurrerer" med endinga -else når ein lagar verbalsubstantiv av dette slaget.

Noen verb dannar verbalsubstantiv både på -else og -ing, men får då gjerne ulike innhald: 'skrivelse' – 'skri-ving', 'hevelse' – 'heving', 'stivelse' – 'stiving'.

Substantiv på -else er hannkjønnsord i Vennesla-målet . Dei på -ing er hokjønnsord.

Danskane skil ikkje mellom hannkjønns- og hokjønn-sord i grammatikken, men har det me kallar 'gramma-tisk felleskjønn' for desse kategoriane – med den ubundne artikkelen 'en' (en kone, en mand, en pige, en dreng) .

Nedanfor fylgjer ein del ord som er gradbøyingsformer av adverbet 'ud' (ut) eller som er sette saman med desse formene som utgangspunkt.

yddår-
(adj., komparativ) – som vender utover, ytter- (Aasen: yter-).

Ordet blir brukt som forstaving i samansette ord: 'yd-dårdør', 'yddårvegg', 'yddårklænning', 'yddårplagg', 'yddårklæe', 'yddårjakke'.

yddårst
(adv., superlativ) – lengst ute, "på vippen", svært [som forsterkingsad verb] (norr: ûtarst, bm: ytterst, sv: ytterst, da: yderst).

Døme: Han fekk plass *yddårst på bænken.*
Båden blei vekke *yddårst ude* i havgabe.
Berit tykte ho fekk *yddårst lide* ijænn fårr pængane.

yddårste
(adj., superlativ)

– som er lengst ute, som ligg lengst borte i forhold til utgangspunktet, yttarste (Aasen: yttaste, sv: yttersta, da: yderste).

Døme: Han blei plassert i dænn *yddårste rækka* te vænstre fårr kommandanten.
"Æ bu i de *yddårste huse* på nese dær ude".
"Du må ta dænn *yddårste fila* nå du kjæme te ronnkjøringa!"

Merk uttrykka "yttårste da" (= dommedag) og "i yttårste nød" som blir uttalte slik dei er skrivne (med hard dobbelkonsonant), – fordi dei er faste uttrykk, – og kan hende fordi dei høyrest meir høgtideleg dramatiske ut då.

ydre
(adj., komparativ)

– som ligg langt ute, langt frå sentrum, som gjeld overflate el.utside, overflatisk, utvendig, ytre (Aasen: ytre, norr: ýtri, sv: yttra, da: ydre, germ: *utizan).

Døme: Dei reiv a dænn *ydre båorklænninga* som va tæmmeli råden.
Me mænneske legge fårr møe vekt på *ydre ting*.
"Me te dænn *ydre veien* heim", sa Jåon då 'an starta bilen.

'Ydre' blir også nytta som forstaving (prefiks) i ein del samansette ord (Jfr: 'yddår-' ovanfor!)

Ydrebygda
(s, særnamn)

– nemning som av og til blir brukt for grendene som ligg lengst sør i Vennesla (Nedre Vigeland, Kvarstein , Saga, Heisel , Ravnås).

ydremisjåon (s,m)

– misjon som ein driv i utlandet el. i "framande" land – i motsetnad til "indremisjåon" som er misjonsverksemd i heimlandet.

Døme: Vennesla-fålk je møe pænge te *ydremisjåonen.*

yppårli (adj)

– svært bra, framifrå, ypparleg (sv: ypperlig, da: ypperlig, bm: ypperlig).

Døme: Johan hadde *yppårlie resultate* te eksamen.

*Hovuddelen av dette ordet, 'yppår-' (el. 'yppåre'), er ikkje i bruk som sjølvstendig ordform i Vennesla-målet i dag, men kan ha vore det tidlegare – med tydinga "høgre av rang". Ordet er komparativ form av adverbet 'opp' (Aasen: upp, norr: upp, sv: upp, eng: up, gammal ty: uf) med i-omlyd u > y – kanskje som avleiing frå ei gammal komparativform *yppri = 'øvre' (Jf. Hellquist: 'ypperlig'). Tilsvarande komparativformer i andre germanske språk er t.d. lågtysk 'upper', nl: opper, eng: 'upper'. Desse har ingen omlyd. Omlydsformer er langt vanlegare i nord-germanske språk enn i dei germanske språka i Mellom-Europa.*

yppårstepræst (s.m) – øvsteprest (bm: yppersteprest el. øversteprest).
I den gamle bokmålsbibelen er 'yppersteprest' brukt som nemning på den leiande presten innom jødisk religion.

Døme: Kaifas va *yppårstepræst* fårr jødane då Jesus vandra hær på jåora.

'Yppårst' er superlativ form til adverbet 'opp'.(Jf. adjektivet "yppårli" ovanfor!).

yst
(adv., superlativ) – lengst ute, ytst, "på vippen" (Aasen: ytst, norr: ýztr, isl: yzt, Ross: yyst).

Døme: Han stillte sæ *yst på opsa* og glodde ner i juve, galningen!

Hans Ross markerer lang y med dobbelbokstav. Forma 'yyst' har han funne ved "Mandal" – dvs. i Lister og Mandals Amt som var namnet på Vest-Agder fylke fram til 1919.

yste
(adj., superlativ) – som er lengst ute, ytste

Døme: "Pedår bu i *yste huse*, dær ude på nese."

Adverbet 'ud' har altså to ulike former i komparativ og superlativ i dialekten vår:

ud	-	*yddår*	-	*yddårst*
ud	-	*ydre*	-	*yst*

*Formene har i-omlyd u > y med utgangspunkt i germ: *ût-iz– > norr: ytri.*

*Suffikset (endestavinga) -år i 'yddår' kjem opphavleg av det indoeuropeiske suffikset *-ero som og ligg til grunn for endestavingane i tilsvarande komparativar i andre germanske språk, t.d. norr. 'útar', eng. 'outer' og lågty. 'ûter'.*

Æ

ægre (s,f) – ny og frisk eng, jorde el grasmark som nyleg har vore åker, ekre (Aasen: Ækra, norr: ekra, sv dialekt: äkkra).

Døme: Dær va kjokt og fræst gras på dænn nye *ægra.*

Ordet er ei avleiing av "ågår" (nyn: åker, da: ager, norr: akr el. ákr) med i-omlyd å>æ/e (a>e).

*Germ. grunnform: *akriôn.*

ælj (s,m) – Det største skogsdyret av hjortefamilien i landet vårt, elg (Aasen: Elg, norr: elgr, isl: elgur, sv: älg, ty: Elch, eng: elk)

Døme: Dær æ møe ståor *ælj* i Vennesla-skauane.

'Ælj' er ei eldre form av ordet i Vennesla-målet (med 'g' uttalt som palatallyden 'j'). I dag seier dei fleste venndølane 'elg'.

*Germ. grunnform: *algi– .*

I-omlyd a > e / æ.

"**Æljesteig** æ gåo søndasmidda".

"**Æljemyr** æ navne på ei myr mæ safti og godt gras".

ænne (s,m) – ytste avsluttande punkt, kant el. del (av noe), ende, slutt, avslutning; bakende (Aasen: Ende, norr: endi, da: ende, sv: ända, ty: Ende, eng: end).

Døme: "Då me kåmm te *ænnen a veien*, tåo me skauen fatt".

”Me må få *ein ænne på* dei domme påfonnane hanses!”
”Je mæ *ænnen a taue*!”

„Du æ *foll a rosk i ænnen*. Hå æ de du he sidde (sådde, sede) i ?”

*Germ. grunnform er *andija- av indoeuropeisk (sanskrit) *anta.*

Ordet vårt syner i-omlyd a > e/æ og assimilasjonen nd > nn.

ænse (v) – røre, kome borti, ta forsiktig på, skiple; kritisere (norr: ensza, da: ænse, sv: änsa).

Døme: ”Du må ’kje *ænse* dænn nye kjåolen min mæ dei svarte fingrane dine!”.

”Om du *ænse* allri så lide de Jåon he sagt, så bli ’an flyanes sinna”.

æren (s,n) – tur for å utføre ei teneste som ein annan har bede deg om, oppdrag, gjeremål, ting å gjere, ærend (Aasen: Ærend, norr: erendi el. ørendi, da: ærende, sv: ärende, eng: errand).

Døme: Truls jekk et æren te butikken fårr Bestemåor.

”Vil du jårr et æren fårr mæ?”

”Kjæme du eins æren fårr å ønsk’ åss gåo jul?” (’eins æren’ = bare)

Ordet kan vere avleidd av germ. (gotisk) ’airus’ som tyder ’bodskap’, ’tidende’, ’melding’.

ærg (adj) – sinna, vond, ergeleg, arg, harm; gretten, fæl (Aasen: arg og erg, norr: argr, da: arg, sv: arg, nl: erg, ty: arg, isl: argur).

Døme: ”Æ bli så ærg nå æ høre sånn-no’ tullprat!”

Gammalnorsk ’argr’ hadde m.a. også desse tydingane: feig, umandig, redd; sanseleg, vellystig; vondskapsfull, – tydingar som skil seg klart frå det me legg i ’arg’ el. ’ærg’ i dag.

I dei eldste norrøne kjeldene blir ordet gjerne knytta til seksuelle perversitetar om menn og kvinner som let seg bruke som seksuelle ”offer”.

Finnane har lånt dette adjektivet i forma 'arka' med tydinga 'feig', 'redd'.
*Germ. grunnform: *arga-*
*Indoeuropeisk rot: *erəgh*

Ø

økt (s,f) – i eldre tid eit tidsrom på 3-4 timar, arbeidstid mellom to matpausar, stund (Aasen Øykt el. Økt, Setesd: ykt, norr: eykt, isl: eykt, sv dialekt: ökt, da: øgt).

Døme: Både mannen og hesten fekk ei har' *økt* då dei skolle få none svære lasteståkke fram te bilveien.

Ordet er nemning for tida som går, og arbeidet som blir utført mellom kvar gong ein spenner for og trekkdyra får åket på igjen etter kvilepause.
Grunnformene for 'åg' og 'øyk' gjeld også for 'økt'. Sjå nedanfor!

øktebede (s,m) – lite mellommåltid, lett måltid som ein hadde (har) på gardane utpå ettermiddagen – midt i siste harde arbeidsøkta (Aasen: Øyktarbite – og Øktabede (i Mandalsdistriktet), Ross: Øktebidde (i Lillesand / Grimstad-området).

ølje (v) – gje varme frå seg, utstråle varme som bøljande varmedis, dampe av hete (Aasen: ylja og ølja, norr: ylja).

Døme: Såola ståo høgt på himmelen , og de va blitt så varmt i vêre at de ølja øve dænn nypløyde ågåren.

Verbet har bøying som a-verb i vm.: å ølje – ølje – ølja – ølja.
Det er lite i bruk hos venndølane i dag.

***øl** (s,m) (norr: ylr)* *og **ølrøyg** (s,m) som båe tyder 'varm luft', 'varme- dis', høyrer språkleg saman med 'ølje'.*

Døme: «D' æ godt å se *ølen* dirre øve åvnen. Nå bli hær snart varmt i staua».
– Hær lå ein fin *ølrøyg* bårtøve heile lannskabe. Så-

olvarmen hadde kåmme tebage ette alle reinvêrsda'ane.

*Germ. grunnform er *wulja til verbalrota *wel = koke, syde.*

Hos dei norske formene har w (v) falle etter særlege reglar. Eit tilsvarande bortfall finn me t.d. hos substantiva 'orm', 'ull' og 'ulv' (Jf. 'Wurm', 'Wolle', 'Wolf' i tysk og 'worm', 'wool', 'wolf' i engelsk).

øllau (talord) – elleve = 11 (Aasen: elleve, ellive, elløv og ølløv; norr: ellifu, sv: elfva, eng: eleven, ty: elf, Ross: ølløu (Øvrebø!) – øllug, øddug, øddjug (Sætesdal, Åseral, Bjelland), got: einlif, gammal høgtysk: einlif).

Døme: "Kan me 'kje ta ein kåpp kaffi sammen nå klåkka jænge måod *øllau*? – Så kjæme du bårt te mæ ein tur. Og så prate me om laust og fast ei gåo stonn!"

'Øllau' er ei form som er lite i bruk nå. I dag seier venndølane som regel "ellve" i staden.

*Germ. grunnform er *aina-lifa.*

Fyrsteleddet 'aina-' er talordet 'éin'. Andreleddet 'lifa' tyder 'vere att', 'bli tilbake', 'vere til overs' (Jfr. nyn. 'leive', bm. 'levne' og eng. 'leave'). – "Øllau" er altså talet der éin (1) blir igjen når me tek bort dei fyrste ti (10).

Norr. 'ellifu' og andre norske former med dobbel 'll' har "gjennomgått" assimilasjonen nl > ll (Samanlikne dei norske formene med formene i gotisk og gammal høgtysk i parentesen ovanfor!).

Me kjenner også igjen overgangen ll > dd som høyrer heime i øvre delen av Manndalen, Setesdalen og Vest-Telemark.

*Talordet **"tåll"** (tolv, 12) har vore innom noe av same utviklinga som **"ellve"** el. **"øllau"** (11):*

> *I den germ. grunnforma *twa-lifa står fyrsteleddet 'twa-' for talordet 'to' (2), og andreleddet markerer at i talet me tenkjer på, er to til overs når dei fyrste ti er tekne bort.*

ølost (s,m) – oppkokt søtmjølk blanda saman med oppkokt øl (Aasen: Ølost).

Døme: "Gje mæ no' *ølost* å drikke!. Æ bli så gåo og varm a de," sa Johan som kåmm inn frå råkulla udenfårr.

ørje (v) – vrimle, kry, aure, «kræle», yre, yrje (Ross: "Dæ yrja aa krydde").

Døme: De *ørja* a beidemakke dær me hadde heve potetsrise i fjåor.

Mens 'yrje' i skriftspråket er bøygd som e-verb med lydskifte i rotvokalen (yrje – urde), blir forma i vm. bøygd som a-verb: å ørje – ørje – ørja – ørja. Overgangen y > ø kan skuldast analogi.

ørske (s,f) – forvirra sinnstilstand, sanseløyse (Aasen: Ørska, norr: ørska el. ørsla = vitløyse, galenskap, eldre sv: yrsla, isl: ørsla).

Døme: Ho va gårrsjug og lå bare og *prata i ørska.*

Ordet er avleidd frå 'ør' = svimmel, "uklar i haue", fortumla.

øske (s,f) – eske (s,f), øskje (s,f), ask (s,m) (Aasen: Øskja, Eskja og Ask, norr: eski og askr, isl: eski, fær: eskja, da: æske, sv: ask, ty: Esche).

Døme: Berte hadde søllsmykkane sine i *ei fin råosemalt øske.*

Alle formene av ordet er avleidde frå trenamnet 'ask'. Ask er veleigna som emnetre, og utanom å bli nytta til forming av solide øskjer, har ein gjennom tidene t.d. også laga spyd og ski av ask.

*Germ. grunnform reknar ein med er *áska- (m). Denne forma finn me tydeleg igjen i norr. 'askr', nyn. 'ask' og sv. 'ask' som alle har tydinga "øske" i tillegg til andre tydingar.*

At det innom det germanske språkområdet finst mange variantar av eit ord som opphavleg har kome frå same grunnforma, kan t.d. skuldast påverknad frå kasussystemet som skapte ulike former til eitt og same ordet i det gamle språket. Mange har nominativ-forma

(subjektforma) som utgangspunkt, slik som 'askr' og 'ask' her. Men andre kasus – dei såkalla oblike kasus – er med på å utvikle sine former. Akkusativ, genitiv og dativ er døme på slike kasus i dei gamle germanske språka. – Tysk held på kasussystemet den dag i dag.

*Elles finst uendeleg mange forhold som kan spele inn på utviklinga av nye variantar av ordformer. Omlyd er eit slikt "forhold" som me har vore borti før, og som me finn att her au: a/á > e, á > æ, á/o > ø (i-omlyd) frå sannsynlege germ. grunnformer som *askija, *áskija og *áskijon.*

Vårt ord "øske" har nok tidlegare hatt same form som nyn. 'øskje', men har mista j-en – kanskje etter påverknad frå skriftformene 'æske' eller 'eske'.

øsle (v) – fjase, ertast, apast, fare narraktig og barnsleg fram (Aasen: øsla).

Døme: Jæntongane sadd og fniste og sølte med maden. De likt' ikkje Bestemåor. "D'æ ei skam å *øsle mæ maden* !" sa 'o mæ auane rætt på dei.

Ordet kan haldast saman med 'øse' (øse seg opp) = sette kjenslene i sterk rørsle, egge, hisse – slik born ofte gjer når dei leikar.

øye (adj) – ubygd, fråflytta, utan liv, snau, tom, aud (Aasen: aud, norr: auðr og eyði bm: øde, da: øde, sv: öde, ty: öde, isl: auðr, færøysk: eyður).

Døme: Me kåmm te ei øye heistrækning mæ lide planteliv og møe snaufjell.

*Venneslaforma "øye" er eigentleg den norrøne forma 'øyði' med bortfall av ein svak d-lyd (ð er teiknet for såkalla "stungen d". Denne blir uttalt som th-lyden i det engelske ordet 'this' (klangfør el. stemt th-lyd)). 'Eyði' kjem av urnordisk *au(th)ija (med i-omlyd au > ey). Ordet er også brukt som fyrsteledd i ein del samansette ord som øydemark (norr:Eyðimork), øydeland (norr: eyði land = ubygd og audt land).Båe dei norrøne formene har me i stadnamn som Austad (auðr) og Øygarden (eyði).*

øye (adj) – fæl, skremmeleg; elendig, øyeleg (norr: ægr).

Døme: Båore han hadde snikra sammen va *no' øye klabb*!

Ordet blir brukt for å understreke at ein er misnøgd med eitt eller anna, at noko er så fælt at ein øyar seg over det.

øyk (s,m) – hest (oftast gammal og roleg), arbeidshest (Aasen: Øyk, norr: eykr, isl: eykur, bm: øk, sv: øk, da: øg).



Døme: Jåon og øyken hanses arbeidde ualminneli greitt sammen. Begge tåo va godt opp i årane og så råolie – så råolie.

Ordet 'øyk' er nok i dag helst brukt mellom folk som framleis arbeider med hest i skog og mark. Hos folk flest har forma 'øk' kome i staden, ikkje minst når nemninga er brukt som skjellsord ("Ditt gamle øk"). Slik bruk er alminneleg og har lang tradisjon i mange land. 'Skjellsord' heiter 'okvädinsord' på svensk, og den svenske etymologen Hellquist seier i denne samanhengen fylgjande om 'øk': – " – även som okvädinsord, redan t.ex. Bonteletius 1614: 'tijn förbannade öök', Bellman: 'fulla ök'".

Ordet har i svensk (og i dansk og norsk bokmål) "skifta kjønn" frå hankj. til inkjekj. Den gammalsvenske forma 'öker' (jf. gammalnorsk el. norr. 'eykr') kan i folkespråket etter kvart ha blitt oppfatta som fleirtalsform fordi det var vanleg å spenne to "økar" under eitt og same åket når ein t.d. skulle pløye dei vide åkrane på det svenske slettelandet. Og i den samanhengen seier Hellquist om utviklinga mot 'øk' som inkjekjønnsord: "– ursprungligen som til en pluralt fattad kollektiv singularis med betydelse 'ett par dragare'".

Hos oss var det ikkje vanleg med to-spann, "Øyken" måtte som regel utføre jobben aleine i skogen eller på dei etter måten små åkerlappane våre i eit svært kuppert landskap. 'Øyk' er framleis hankj.ord som gammalnorsk 'eykr', gammalsvensk 'öker' og gammaldansk 'øøk'. 'Øk' som inkjekjønnsord har kome til oss austfrå.

*Germ. grunnform: * 'jaukija' med tydinga "trekkdyr".*

*Indoeuropeisk verbalrot: *'jug- (yew-g-) = spenne for, binde saman (t.d. to trekkdyr under same åk).*

Sjå elles under 'økt' og 'åk' som båe kjem av same indoeuropeiske verbalrot som 'øyk' / 'øk'.

øve (prep og adv)

– over, mots. 'under' ("onne"), på hi sida av elva (frå Moseidmoen)

(Aasen: over og yver, norr: yfir, sv: öfver, da: over, eldre dansk: øver, ty: über, eng: over).

Døme: Han hængte såkkane øve komfyren fårr å tørke dei.

"Nei, nå je æ mæ øve! At de skolle gå sånn hadd' æ allri trudd!"

"Bli du mæ mæ øve? Æ må te Syvårsen og stelle sykkelen. – D'æ så uåonli å gå aleine!"

I samansettingar: 'i øvemåra' = om to dagar, 'øvebåor' (med trykk på siste stavinga) = frå båten og ut i sjøen, 'øvebåor' (med trykk på fyrste stavinga) = namn på ytre bord i ståande kledning på ein yttervegg.

*Opphavleg er ordet ein komparativ til forsterkingspartikkelen 'ov-' (norr: 'of-') som me t.d. finn i ord som 'ovdryg', 'ovmengd', 'ovlang'. 'Ov-' gjeng tilbake på ei adverbial indoeuropeisk grunnform *upo (sanskrit 'upa') som i si tid hadde eit vidt spekter av tydingar som 'over', 'under', 'bort til', og såleis hadde ein meir "nøytral" (positiv) funksjon enn den 'ov-' har som forsterkingsledd i dag.*

åbål (s,m)



«Den gamle åbålen bere godt i år.»

– epletre, apal (Aasen: Apall, norr: apaldr, sv: apel, da: abild, Setesdal: åpåle).

Døme: Sigurd hadd' ein ellgammel åbål ståanes udi tuna. Eplane på 'an va kvinsure, men veldi gåoe te eplemos .

Hans Ross har til sine ordsamlingar vore dyktig til å finne ordvariantar frå Agder. Til ordet her har han funne desse:

Vest-Agder: Apaal og Abaal
Råbyggelaget og Treungen: Aapaali
Vestre Nedenes: Aabaal

Som ein ser, så høyrer vårt 'åbål ' også heime i Vestre Nedenes, t.d. i Birkenes gamle kommune, Lillesand og Høvåg. – Dette viser at vm. sjølvsagt har ein del målmerke sams også med bygdene som ligg over fylkesgrensa aust for oss.

Alle formene er elles lite i bruk i dag. Folk flest nyttar nemninga 'epletre' nå.

Lydleg høyrer 'åbål' saman med substantiv som håmmår, nåvår, åmbår, åsål som alle har vore gjennom ein endringsprosess der vokalane i ordet har påverka kvarandre og blitt like (assimilasjon el. jamning) .

Plassen Åbel som i si tid truleg har fått namnet frå ein stor og markert apal, syner elles ei form som ikkje har gjennomført slik assimilasjon. Eit namn held som regel lenge på den forma det ein gong er laga med.

åd (s,n)

1. – insekt, ørsmå "dyr" som snyltar, gneg og et på ulike bruksting (t.d. klede og møbel) avåt.

2. – oske, sand, mold o. l. som blir strøydd ut tidleg om våren for å få snøen til å smelte raskare. (Aasen: Aat, norr: åt).

Døme: 1. «Dær må ha kåmme åd i dænn nye sjurta mi. Ho he alt bjønt å bli fillete!»

2. Måns samla åska i ei ståor tønne udøve vintåren. Han skolle brug 'o te åd på snøen ront husane te våren.

Ordet kjem av verbet 'ete' (vm: "ede – ede – åd – he ede").

åddår (s,m)

– 1. Rovdyr som stort sett lever av fisk, oter. Høyrer til mårfamilien.

– 2. Fiskereiskap som blir brukt frå båt i sein fart. Ei fjøl med metallkjøl dreg og pressar ei lang line med 8 – 10 fortaumar ut til sida frå båten. Til kvar fortaum er festa ei fiskefluge (Aasen: Oter, norr: otr, da: odder, sv: utter, isl: otur eng: otter, ty: Otter).



Døme: 1. Føritia så me rætt som de va spår i snøen ette åddåren som jakta på fisk nerøve langs Måseilanne.

2. Du fekk møe fisk i Fjåoren om du hadde båd og åddår.

Forma 'åddår har me truleg fått frå det danske 'odder'. Me finn ho også i stadnamna Oddernes (norr: Otrunes) og Odderøya (norr: Otruey) ["Åddårnes" og "Åddårøya"].

Men venndølane bruker nok helst den norske forma 'oter' i dag.

*Ordet gjeng tilbake på germ. *utra– (med "vassdyr" som sannsynleg tyding). Fyrstestavinga 'ut-' er då ei sideform til germ. *wat– (jf. norr: vatn). Denne samanhengen er tydeleg når ein t.d. jamfører uttalen for eng. 'otter' og 'water'.*

*Dei fleste germanske formene har a-omlyd u > o (germ. *utra– > norr. 'otr').*


Som ein kuriositet kan nemnast at mannsnamnet Ottar er ei gammal høgtysk grammatisk form for dyrenamnet 'oter'.

åg (s,n)

– åk, tverrtre som ein legg over herdane – til å bere t.d. vassbytter med. Det er som regel velforma og godt tilpassa nakken og akslene på eit menneske.

I overført tyding: Problem som det er tungt å halde ut med.

(Aasen: Ok, norr: ok, sv: ok, da: åg, isl: ok; nl: juk, ty:Joch, eng: yoke).



Døme: – D'æ greitt å ha et åg nå du ska bere vann ifrå brønnen og heim.

– Alkoholen lå som et åg på Pettår og heile famelien hanses.

Eit åk var frå gammalt av også ein viktig del av seletøyet til trekkdyr i form av ei gaffelforma treramme som blei lagd over nakken på dyra.

*Både dei nordiske og dei mellomeuropeiske formene som er nemnde ovanfor, kjem av germ. *juka. Men hos alle dei nordiske formene har j-en i framlyd falle. Denne skilnaden finn me også t.d. hos adjektivet 'ung' (ty 'jung').*

Dei fleste formene har a-omlyd u > o/å.

*Indoeuropeisk verbalrot er *jug- (yew-g-).*

Sjå også under 'økt' og 'øyk'.

ågle (s,n) – område ved leddet mellom leggen og foten hos eit menneske, okle (Aasen: Okla, norr: okla, da: ankel, bm: ankel, sv: ankel, isl: ökkli, nl: enkel, eng: ankle / ancle).

Døme: Jåon håvna fælt mæ ågle då 'an vrei fåoden.

Også forma 'ankel' er i bruk hos venndølane. Ho er eit lån frå dansk, og bokmålet har ho som skriftform. Dei vest-nordiske formene har assimilasjonen nk > kk / k / g (ökkli / okle / ågle).

*Alle formene i parentesen ovanfor er avleidde frå germ. *ank-, ei rotkjerne som elles ligg til grunn for ein del andre germanske ordformer knytta til ledd. Den høgtyske talemålsforma 'anke' t.d. kan tyde både "fotledd" og "nakke".*

åleden (adj) – som et all slags mat, ålæt, åleten (Aasen: aaleten).

Døme: "Æ tru du æ åleden, du Tomas," sa måora hanses, "d'æ så fint at du ede all slags mad som æ lage te dæ!"

Fyrsteleddet 'ål- kjem av norr. 'al-' (got. ala-). Det tyder "heil", "fullstendig" og blir brukt som prefiks i ein del samansette ord (substantiv og adjektiv), t.d. i former som ålmuge, ålment, ålmenning, ålvak. Det er eiga form av det ubundne pronomenet 'all' (norr: 'allr').

Lydkombinasjonen 'ål' kjenner me elles frå uttalen av eng. 'all'.

Sisteleddet '-eden' er partisipp (hankjønns- / hokjønns-form) av "vårt" verb 'ede'.

åmbår (s,m) – Trekar med lok, og med hank på midten av loket, ambar (Aasen: Ambar, Telemark: ambår, Sirdal: ammar, Hallingdal: embar, sv: ämbar, da: ember, nl: emmer, ty: Eimer).



Døme: De va greitt å ha reisenista i ein åmbår – i gamle dae.

Me har med eit markert målmerke i dialekten vår å gjere når me uttaler substantivendinga '-ar' med '-år' (skomagår, krigår).

'Åmbår' er elles eitt av orda i vm. med assimilasjonen a > å i rotvokalen.

Endingsvokalen i 'åmbår' har truleg påverka den gamle rotvokalen a slik at denne har glidd over til å bli ein å-lyd. Fordi påverknaden finn stad tilbake i ordet, har prosessen nemninga 'regressiv assimilasjon' (regressiv = tilbakeverkande).

Me finn slik påverknad i vm. i substantiv med opphavleg kort a som rotvokal og kort vokal saman med lang konsonant i ending, ein kombinasjon som gjev vokalen i endestavinga "styrke" nok til å påverke rotvokalen (jfr. 'håmmår' [norr: hamarr}, 'nåvår' [norr: nafarr] og 'åbål' [norr: apaldr]).

Denne prosessen kan også kallast 'jamning', ei nemning som er mest brukt om påverknaden mellom rotvokal og endingsvokal i jamvektsord i austnorsk.

I ord som 'bagår' og 'talår' er rotvokalen 'a' markert lang vokal med overvekt, og me får såleis inga jamning her.

Åmdal (s, særn.) – namn på gard nord i gamle Vennesla kommune (uttale med kort rotvokal 'å' og lang 'm').

Fyrsteleddet 'åm-' er gammal lokal nemning på treslaget 'alm' som me au finn i stadnamna Åmli og Åmland. Ein del venndølar slektar frå denne garden og har gardsnamnet som etternamn. Det blir også skrive 'Omdal' av enkelte.

Somme stader blir 'åm' brukt i levande tale den dag i dag som treslagnamn i staden for 'alm' (t.d. i Fyresdal).

å (el.ån) (s,f) – lita elv, stor bekk, å (Aasen: Aa, norr: á, da: å, sv: å, got: ahwa, gammal saksisk: aha, lat: aqua (= vatn), fr: eau (= 'vatn')).

Bøying: ei å (ån) – åna – æne – ænane

Døme: "Kåmm, så jænge me ner te åna og prøv' om småauren slære på flua!"

Ordet er i slekt med lat. 'aqua' og fr. 'eau' [utt. som (lang) 'å'] som begge har tydinga 'vatn'. Ein reknar med at vårt 'å' også har tydd det same frå gammalt av.

Men utviklinga har etter kvart gått mot forklaringa 'rennande vatn', 'elv'.

'Å' høyrer til hokjønnsorda som i ubunden form eintal endar på rotvokalen. I bunden form eintal får dei endinga -na i vm. (Jf. bruna, kråona (='kroken'), tråona, tåna, øyna). Denne endinga er "resten" av den gammalnorske etterhengde bundne hokj.artikkelen 'hina'. Rotvokalen i desse orda har etter kvart nær sagt "slukt" forstavinga 'hi– i artikkelen for å gjere det enklare å uttale dei i den bundne forma.

Sjølv om 'elva' eller 'bekken' i stor grad har erstatta forma 'åna' i daglegtalen no, så finn me ho framleis i ein del særnamn (t.d. Rågåna og Eigelandsåna) – Og enno kan me høyre Otra nemnd som 'Ståoråna' hos enkelte av dei eldre. – 'Storåna' er elles ei nemning som var vanleg i daglegtalen i mange av dei større dalføra på Agder.

Me finn også 'å' som eitt av ledda i mange stadnamn: Åros (Søgne), Årås (Iveland), Årdal (Bygland).

Fyrsteleddet i desse namna er den norrøne genitivsforma av 'å' som har gjennomgått reduksjonen åar- > år- (kontraksjon). Dei tri namna tyder såleis noe slikt som "osen, åsen og dalen som høyrer åa (elva) til".

åone (v) – vere tilfreds,trivast, ha det hyggeleg, like seg, ha sinnsro; ha lyst til; une (Aasen: una, norr: una, gl. sv: una, nl: wonen, ty:wohnen, fris: wenje). (I dei nordiske formene har 'w' falle).

Døme: "Hær æ fint å vere. Hær kan æ godt åone!"

Konrad konn' ikkje åone å vere mæ på turen. De va fårr langt å gå..

*Eit germansk verb *wunen ligg til grunn for alle formene i parentesen ovanfor. Når det gjeld nl. 'wonen' og ty. 'wohnen' så fekk dei alt tidleg tydinga 'å bu'.*

Det danṣk-norske 'våning' (Jf. våningshus!) høyrer også saman med desse verba.

*Indoeuropeisk verbalrot er *wen = "vere glad i", "like". Det har også gjeve oss ordet 'venn'.*

åonli (adj) – triveleg, koseleg, uneleg (Aasen: unaleg).

Døme: "Dær æ så *åonli* på Skådane! Me slær åss ner litt dær før me jænge vidåre innøve".

åorjeden (adj) – som har fått godt ord på seg, velkjend, berømt, vide kjend, namngjeten (Aasen: ordgjeten).

Døme: Guri blei ette vært *åorjeden* som diktår og poet.

Sisteleddet '-jeden' er partisippform (hankj./hokj.) av verbet 'gjete' (Aasen: gita. norr: geta,) som m.a. tyder 'nemne', 'tale om', 'meine'. Det er sterkt bøygd: gjete – gjet – gat – gjete (norr: geta – (getr) – gat – gátu – getinn).

Andre former: gl. sv: gæta, sv: gitta, gl. da: getæ, da: gide, eng: get, ty: gessen, nl: geten.

*Den germ. infinitiven *getan med tydingar som "få tak i", "nå fram til", "oppnå" ligg til grunn for alle desse formene. Verbet har vore nytta til å lage nye ord, t.d. saman med ulike forstavingar:*

Eng 'get' som til vanleg tyder "få", "oppnå", vil såleis med prefikset 'for-' få ei nær sagt motsett tyding ('forget' = "gløyme", " miste noe av minnet") Den same verknaden gjev forstavinga 'ver-' i ty 'vergessen' og nl 'vergeten'.

Verbet har også tydingane "kome på", "greie å løyse ei gåte" (Jf. dei norske formene 'gisse' el. 'gjette').

Substantivet 'gåte' høyrer også til denne ordfamilien. Å-lyden finn me t.d. i forma 'gátu' som er u-omlydt preteritum fleirtal av det norrøne verbet 'geta' (Sjå ovanfor!).

årelade (v) – Tappe ei viss mengd blod frå ei vene (samleåre). Brukt som metode for å kurere ulike plager og sjukdomar – særleg i eldre tid.

Døme: Anders *årelada* sæ tåo gånge i åre fårrde 'an trudd' 'an ville bli fræskare då.

årke (v) – vere i stand til, ha krefter til, greie, makte; gidde, ha lyst til (Aasen: orka, norr: orka, sv: orka, isl: orka).

Døme: En *årk'* ikkje så møe bånemas nå en bli gammel. – "*Årke* du å løfte dænna steinen?"

Den eldre og meir opphavlege og generelle tydinga av verbet er 'å arbeide'. Denne meininga er lite eller ikkje i bruk hos venndølane i dag, men elles vanleg mange stader i Norden.

*Ordet kjem av eit urnordisk *wurkõn, germ. *wurkijan (= arbeide, streve, lage) Jf. eng. 'work'!*

I nordisk fall v-lyden (w) framføre 'u', slik ein også ser det t.d. i substantiva 'ulv' (eng: wolf, ty: Wolf) og 'orm' (eng: worm, ty: Wurm).

*Rotvokalendringa *u > o (= open 'å') i nordiske og vest-germanske språk skuldast truleg ein gammal a-omlyd.*

*Bortfall av 'w' har ikkje skjedd i substantivet 'verk' (=arbeid, handling, gjerning; resultat) som er danna av ei germ. sideform *werka (s,n) med rotvokalen 'e'. Hit høyrer også da: værk, ty: Werk og nl: werk – medan substantiva 'wurk' (fris.) og 'work' (eng.) med same tyding som vårt 'verk', er danna av verbrota *wurk-.*

Substantiva 'yrke' (n) (= "fast lønna arbeid") og 'virke' (n) (= verksemd, arbeid) høyrer båe heime i ordfamilien her. Rotvokalane 'y' og 'i' har blitt til ved i-omlyd: u > y etter at 'w' framføre 'u' har falle – og e > i utan at v-lyden har blitt borte . Norrøne former er 'yrki' og 'virki'.

årmålsda (s,m) – fødselsdag, åremålsdag.

Døme: Tåone he *årmålsda* dænn tållte mai, midt i finaste våren.

årm (s,m) – slangeforma og skjellkledd krypdyr av krypdyrordenen Serpentes, orm (Aasen.: Orm, norr: ormr, isl: ormur, da: orm, sv: orm, eng: worm, ty.Wurm, nl:worm, gl.fris:wirm, fris: wjirm, lat: vermis, got: waurms).



Døme: Ser du ein *årm* mæ svart sik-sak-stribe nerøve ryggen, så æ de ekte håggårm!

*Om rotvokalendringa *u > o (= open 'å'), og om bortfall av 'w' som framlyd, sjå under 'årke'!*

årre (s,m) – orrfugl (Aasen: Orre, norr: orri, sv: orre, da: urhane).

Døme: "Dær va minst trædve *orre* udpå myra. Dei buldra og sjågte og slåst om verandre heile tia mæns me lå musestille i "skrælle"."

Ordet er fyrst og fremst knytta til orrhanen. På grunn av den kraftige og lange "r-lyden" han lagar under buldringa, ser ein gjerne på 'orre' som eit lydhermande ord.

"Skræll" er ei lita, primitiv og låg barhytte der ein kan ligge godt kamuflert medan orrespelet varer.

*Germ grunnform: *urran. Ordforma 'orre' har mest sannsynleg blitt til ved a-omlyd u > o der 'o' blir uttalt som open å-lyd – som i vårt heimlege 'årre'.*

åskårei (s,f) – I gamle segner: Eit tog av vonde vette som fer over himmelen, oskorei (Aasen: Oskereid).

Døme: "D'æ helst i julebele at åskåreia fere i lofta hænøve skauane," sa dei gamle.

Det er sagt mangt og mykje om opphavet til dette ordet og kva det tyder. Men som oftast blir det knytt til den norrøne gudeverda der Tor med hamaren fer av garde i vogna si – dregen av bukkane Tanngnjost og Tanngrisne – i brodden for eit fælsleg fylgje av allslag vonde vette; – i gammal tid ei folkeleg og grei forklaring på kva torevêr var.

*Også forma **'håskålrei'** høyrer heime i Vennesla-dialekten.*

Det svenske ordet for 'tore' (bm. 'torden') er 'åska'.

Etymologen Hellquist knyter fyrsteleddet i dette ordet til gammalsvensk 'ás' = gud (dvs. Tor med hamaren). Andreleddet held han saman med islandsk (norrønt) 'ekja' = køyring, aking.

Sisteleddet 'rei' i 'åskårei' er ein samde om kjem av verbet 'ride' og tyder " ridande fylgje", "ridande flokk".

åsål (s,m) – lauvtre som høyrer til eplefamilien av rogn-slekta. Har glatte oransje el. raude ber. Blada er ujamt takkete, asal (Aasen: Asall, Setesdal: åsåle, sv: oxel, sv. dialekt: åsel).

Døme: D'æ 'kje så uvanli å bruge åsål som pøntetre i hage og parke.



Den svenske etymologen Hellquist seier at namnet på treet er lite utbreidd: "Namnets ringa spridning beror därpå at oxeln är et äkta svenskt träd, vars utbredning nästan är innskrenkt till Sverige".

Vennesla-forma med vokalen 'å' i begge stavingane har sin grunn i fjernassimilasjon eller jamning som i 'håmmår, 'åbål', 'nåvår' m. fl..

åvelta (s,f) – stilling ein blir liggande i når ein dett, åvelte (Aasen: Aavelta og Aalvelta, norr: afvelta (adj) = som ligg omvelta).

Døme: Herman snåvla og blei ligganes i åvelta. Hadd' 'an slått sæ tru?

Språkprøver

Språkprøvene er små forteljingar skrivne på Vennesla-dialekt slik folk i Nesane tala målet sitt i 1940- og 1950-åra. Eg nyttar såleis same «normen» som då eg skreiv 'døma' i ordlista. Forteljingane har vore prenta før, dei fleste i årsskrifta til Vennesla Historielag. Me er to om bidraga her: Olav og Trygve Jortveit.

Å kneipe

Av Trygve Jortveit

I romjula og heilt fram te tyveneda jul jekk me julebokk, håppa på sji, jekk på juletrefeste ellår kneipa. Å kneipe va å springe barbeint i snøen. Somti sprang me barbeint heilt frå Revehåla opp Buveien te Vareheiveien, ront mæ Røllænn og heim, ein tur på éin kjilometår, skoll' æ tru.



Åore 'kneipe' fant æ allri ud a. Æ måtte faktisk bli årntli sjug fårr å finne ud a de. De va føsst hær sist vintår då æ kåmm heim frå Eiken Rekonvalesentheim at æ fant ud a de. Då fekk æ lånt ein heil hau mæ lægebøge – helst bøge om naturmedesin og alternativ lægekonst. I éi a dei bøgane las æ om Fadår Sebastian Kneipp frå Baiåren som lefte frå 1821 te 1897. Han va ein ståor talsmann fårr de dei i lægekonsten kalle fårr hydroterapi dær vann bli betrakta som et værdifollt terapautisk middel. Kneipp udfårma «kneipkuren» dær blant ant de å gå barbeint i snøen jekk inn. Så då fant æ allså ud noe æ hadde gronna på længe. Så fant æ au ud de at dei gamle i Nesane visste meir om lægekonst enn de å drikke salviete og varm mjælk og hånning nå me hadde blitt fårrkjølte a kneipinga.

Då æ skar mæ på abærkspaen

Av Trygve Jortveit

De ståo tåo betångstålpe på vær sie a porten te Vennesla skule då æ jekk dær. Då æ våren 1950 jekk mellom dessa stålpane ette min siste skuleda på dæn skulen, va æ gla. Gla fårr å vere færi mæ skulen og gla fårr å få ei fårandring. Salmeværs, bibelsåge, lannkunne, reining, naturkunne og ei lang række mæ stile lå bag mæ. Nå va tia kåmmen te no' nytt.

